



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2008–2009)

FOR BUDSJETTÅRET 2009

Utgiftskapittel: 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470

Inntektskapittel: 4510–4581, 5445–5446, 5470 og 5607

Innhald

Del I

Innleiande del	7
1 Eit godt velferdssamfunn gir tryggleik for innbyggjarar og næringsliv	9
1.1 Ei open og tilgjengeleg forvaltning	12
1.2 Ei forvaltning med kompetente leiarar og medarbeidarar	14
1.3 Ei framtidsretta offentleg forvaltning som utnyttar teknologien	15
1.4 Eit informasjonssamfunn for alle ...	15
1.5 Konkurransse for å sikre effektiv ressursbruk	16
1.6 Oppmodningsvedtak	17
1.7 Utgifter fordelte på kapittel	17
1.8 Inntekter fordelte på kapittel	19

Del II

Budsjettforslag	21
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	23
<i>Programkategori 00.10 Det kongelige hus</i>	<i>23</i>
Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga	23
Kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	24
Programområde 01 Fellesadministrasjon	25
<i>Programkategori 01.00 Administrasjon m.v. ...</i>	<i>25</i>
Kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet	25
Kap. 1503 Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde	30
Kap. 1506 Noreg.no	31
<i>Programkategori 01.10 Fylkesmannsembeta ...</i>	<i>32</i>
Kap. 1510 Fylkesmannsembeta	42
Kap. 4510 Fylkesmannsembeta	43
<i>Programkategori 01.20 Forvaltnings- og IKT-utvikling</i>	<i>44</i>
Interimsorganisasjon for nytt forvaltningsorgan (tidlegare kap. 1523)	44
Kap. 1521 Direktoratet for forvaltning og IKT	45

Kap. 4521 Direktoratet for forvaltning og IKT	48
Kap. 1522 Servicesenteret for departementa ..	49
Kap. 4522 Servicesenteret for departementa ..	51
Kap. 1523 Tilskott til kompetanseutvikling	51
<i>Programkategori 01.30 Partistøtte</i>	<i>53</i>
Kap. 1530 Tilskott til dei politiske partia	53
<i>Programkategori 01.40 Pensjonar m.m.</i>	<i>56</i>
Kap. 1541 Pensjonar av statskassa	60
Kap. 1542 Tilskott til Statens Pensjonskasse ...	61
Kap. 1543 Arbeidsgivaravgift til folketrygda ...	63
Kap. 1544 Bustadlâneordninga i Statens Pensjonskasse	64
Kap. 1546 Yrkesskadeforsikring	65
Kap. 4546 Yrkesskadeforsikring	66
Kap. 1547 Gruppelivsforsikring	66
Kap. 4547 Gruppelivsforsikring	67
Kap. 2470 Statens Pensjonskasse	67
Kap. 5470 Statens Pensjonskasse	71
Kap. 5607 Renter av bustadlâneordninga i Statens Pensjonskasse	71
<i>Programkategori 01.50 Konkurransopolitikk ...</i>	<i>72</i>
Kap. 1550 Konkurransetilsynet	78
Kap. 4550 Konkurransetilsynet	82
<i>Programkategori 01.60 IKT-politikk</i>	<i>83</i>
Kap. 1560 Spesielle IKT-tiltak	85
Kap. 1561 Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram	91
Kap. 1562 Tilskott til elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosessar	94
Kap. 1563 IKT-tryggleik	95
<i>Programkategori 01.70 Personvern</i>	<i>97</i>
Kap. 1570 Datatilsynet	98
Kap. 1571 Personvernemnda	100
<i>Programkategori 01.80 Statsbygg</i>	<i>101</i>
Kap. 1580 Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	106
Kap. 1581 Eigedomar til kongelige føremål ...	109
Kap. 4581 Eigedomar til kongelige føremål ...	110
Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet	110
Kap. 2445 Statsbygg	111
Kap. 5445 Statsbygg	116
Kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu	116

Del III

Orienteringar	117
3 Omtale av særlege emne	119
Oppmodningsvedtak nr. 247	119
Sektorovergripande miljøpolitikk	121
Grøn stat	123
Oppfølging av § 1 a i likestillingslova	124

Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2009, kapitla 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470, 4510–4581, 5445–5446, 5470 og 5607	130
--	------------

Vedlegg 1

Tal på arbeidstakarar/årsverk i staten per 01.03.2008	138
---	-----

Vedlegg 2

Embetsutnemningar	160
-------------------------	-----

Figuroversikt

Figur 2.1 Årsverk fordelt etter departements-område.	32	Figur 2.2 Antatt utvikling i antall pensjonister i SPK	58
---	----	--	----

Tabelloversikt

Tabell 2.1 Inntekter og utgifter til Statens Pensjonskasse	62	Tabell 3.1 Tal årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste per årsverk 01.10.2003-01.10.2007	125
Tabell 2.2 Balanse Statens Pensjonskasse ..	70	Tabell 3.2 Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2004–2007	126
Tabell 2.3 Oppstarta byggjeprojekt under kap. 1580 (i mill. kroner)	107		
Tabell 2.4 Ordinære byggjeprojekt under kap. 2445	114		
Tabell 2.5 Statsbyggs balanse	115		



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2008–2009)

FOR BUDSJETTÅRET 2009

Utgiftskapittel: 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470

Inntektskapittel: 4510–4581, 5445–5446, 5470 og 5607

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 12. september 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Innleiande del

1 Eit godt velferdssamfunn gir tryggleik for innbyggjarar og næringsliv

Ein sterk offentleg sektor er ein føresetnad for det velferdssamfunnet vi har bygd opp i Noreg, og Regjeringa vil utvikle dette vidare. Regjeringa vil satse på fellesskapsløysingane og redusere forskjellane i samfunnet. Ein sterk offentleg sektor medverkar til å gi innbyggjarane den grunnleggjande tryggleiken som alle treng for å leve eit godt liv. Den nordiske velferdsmodellen med ein sterk offentleg sektor og mange fellesskapsløysingar har òg vist seg å gi næringslivet gode vilkår for vekst og utvikling.

Offentleg sektor må kontinuerleg forbetrast. I arbeidet med å utvikle offentleg sektor er det viktig å lytte til brukarane. Det er deira ønskje og behov som må stå i fremste rekke når offentleg sektor skal fornyast og forbetrast.

Regjeringa la hausten 2007 fram sin strategi for fornying av offentleg sektor. Fornyinga skjer gjennom store reformer (NAV-reforma, Forvaltningsreforma og Pensjonsreforma) og digital fornying. Offentleg sektor må vise veg, opptre på rett måte og vere eit førebilete. Offentleg sektor må gå føre på område som:

- ansvarleg forbrukar og etterspørje miljøvennlige varer og tenester
- ansvarleg samfunnsaktør med høg etisk standard i alle verksemdar
- tilpasse tenestetilbodet gjennom brukardeltaking og medverknad

Digital fornying

Samfunnet er i kontinuerleg forandring. Folk sine behov, krav og forventningar endrar seg heile tida. På same måte som velferdssamfunnet aldri vert ferdig utforma, kan heller ikkje forvaltninga sitt arbeid med utvikling og fornying stoppe opp. Digital fornying ved aktiv bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) er eit heilt vesentleg hjelpemiddel for å tilby betre tenester og effektivisere sektoren.

IKT er ein viktig del av kvardagen for dei fleste, og eit svært viktig verktøy i Regjeringa sitt arbeid for å gjere offentleg sektor betre for brukarane, opnare og meir effektiv. Regjeringa har medverka til at det i løpet av 2008 er mogleg for 99,8 pst. av

innbyggjarane å kople seg til breiband. Prosentdelen av befolkninga som i løpet av ein «gjennomsnittsdag» bruker Internett har auka frå 26 pst. i år 2000 til nærmare 70 pst. i dag.

IKT er med på å endre korleis folk flest ter seg i forhold til offentleg sektor, og er med på å endre korleis offentleg sektor sjølv fungerer og arbeider. Regjeringas politikk for digital fornying av offentleg sektor handlar om å leggje til rette for å ta i bruk dei moglegheitene IKT gir, samtidig som vi sikrar at dette skjer på ein måte som varetek behova til alle brukarane av offentleg sektor. Under er ei oversikt over nokre av dei IKT-tiltaka Regjeringa presenterer i årets statsbudsjett:

Altinn (Nærings- og handelsdepartementet)

Elektronisk rapportering gjennom Altinn har ført til ein kraftig reduksjon i byrdene næringslivet har ved rapportering av skjemadata. I tillegg har dei mottakande etatane spart arbeid, mellom anna fordi det er mindre feil ved elektronisk innrapportering. Regjeringa set no i gang ei omfattande vidareutvikling av Altinn, kostnadsrekna til om lag 1 mrd. kroner (2008–2013). Utviklinga av samhandlingstenester er den største nyutviklinga som vil skje i Altinn II.

Elektronisk ID (Fornyings- og administrasjonsdepartementet)

Regjeringa foreslår å løyve 80 mill. kroner i 2009 til utvikling av felles elektronisk ID (eID). Trygg elektronisk ID er ein avgjerande føresetnad for at offentleg sektor i stor skala og på ein sikker måte skal kunne leggje om tenesteytinga frå papirbaserte til elektroniske kanalar og utvikle meir avanserte tenester. Innbyggjarane skal kunne logge seg på offentlege tenester med same elektroniske identifikasjon uavhengig av kvar tenestene kjem frå.

eResept (Helse- og omsorgsdepartementet)

eResept skal medverke til å sikre at pasienten får rett legemiddel. Det skal bli tryggare og enklare å skrive ut, ekspedere og bruke reseptbelagde varer,

til beste for pasienten. Og det vil spare ressursar i alle ledd.

Innføring av elektroniske reseptar vil på ein grunnleggjande måte gradvis endre den måten folk ber seg åt når det gjeld administrasjon av legemiddel og medisinsk utstyr. Dette gjeld både brukarar av det elektroniske reseptsystemet, brukarar av legemiddel/medisinsk utstyr og brukarar av systemet for handtering av utgifter til legemiddel/medisinsk utstyr. Regjeringa foreslår å bruke 55 mill. kroner på utvikling av eResept i 2009.

Elektronisk faktura (Fornyings- og administrasjonsdepartementet)

Staten ville kunne spare mykje tid og pengar dersom fakturaer vart sende elektronisk og ikkje på papir. Elektronisk fakturahandtering er ei vesentleg administrativ forenkling som vil frigjere ressursar til kvalitetsheving i statleg innkjøpsarbeid og økonomioppfølging. Regjeringa vurderer no oppfølginga av ein arbeidsgrupperapport, som hausten 2008 foreslo at det burde stillast krav til alle leverandørar til staten om at fakturaene skal sendast elektronisk.

Elektronisk tinglysing (Justis- og politidepartementet)

Arbeid for å gjere all tinglysing elektronisk er alt i gang, og det vart igangsatt eit pilotprosjekt i juni 2007. Ordninga har så langt fungert godt, og det tas sikte på å utvide ordninga. Prosjektet vil gi effektivisering og betre brukarretting. Det er berekna at nettogevinsten med elektronisk tinglysing er mellom 380 og 500 mill. kroner.

Opne standardar (Fornyings- og administrasjonsdepartementet)

IKT-system i offentleg sektor har tradisjonelt vore utforma for å løyse konkrete oppgåver på eit avgrens fagfelt, som for eksempel støttesystem for ein bestemt type sakshandsaming. Mange av systema har nok vore gode til sine formål, men det har vore ei utfordring å få dei ulike systema til å «snakke saman». Det har mangla standardar, og mange av systema har bygd på proprietære løysingar som bl.a. har gjort det vanskeleg å utveksle data. Fyrste versjon av Referansekatalog for IT-standardar i offentleg sektor vart publisert i desember 2007. Den omfattar anbefalingar og obligatoriske krav om bruk av dei opne standardane HTML, PDF og ODF i samband med publisering av dokumenter på offentlege internettsider. Det er under vurdering å utarbeide forskrift om bruk av

dei obligatoriske forvaltningsstandardane. Det blir teke sikte på å leggje fram ein ny versjon av Referansekatalog for IT-standardar i offentleg sektor i 2009.

Elektroniske frikort (Helse- og omsorgsdepartementet).

Om lag 900 000 frikort vert utferda kvart år. Helse- og omsorgsdepartementet og NAV planlegg å teste ut ei løysing i 2009 med elektroniske frikort. Løysinga vil spare mykje tid og bryderi for brukarane og det offentlege.

Fri programvare (Fornyings- og administrasjonsdepartementet)

Regjeringa var i 2007 med på etablere Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare, og vil òg i 2009 støtte senteret med driftsmidlar (jf. kap. 1562).

Gjennom denne støtta medverkar Regjeringa til å spreie meir kunnskap om fri programvare, og stiller ressursar til rådvelde for offentlege verksemder som ønskjer å ta fri programvare i bruk.

IKT frigjer store ressursar som kan overførast frå administrasjon til tenesteproduksjon. Samtidig kan offentleg sektor medverke til betre bruk av ressursar hos innbyggjarar og næringsliv, ved at tenester er meir effektive og brukartilpassa.

I fornyingsarbeidet legg Regjeringa vekt på desse prinsippa:

- brukarretting
- openheit
- effektivisering
- kvalitet
- medverknad

Kvart einskilt departement har ansvar for å gjennomføre Regjeringa sin fornyingspolitikk innanfor sine sektorområde, mens Fornyings- og administrasjonsdepartementet i tillegg til eigne politikk-område varetek det overordna koordineringsarbeidet på vegne av Regjeringa.

Fornyng av offentleg sektor – oppfølging av fornyingsstrategien

Regjeringa arbeider for ein vedvarande sterk og effektiv offentleg sektor, som gir innbyggjarane gode tenester, valfridom og medraderett. Dette held fram i 2009 innanfor dei rammene som vart presenterte i Regjeringas strategi for fornyng av offentleg sektor hausten 2007. Målet med strategien var å vise veg i det vidare fornyingsarbeidet og medverke til utvikling av nye fornyingstiltak på

utvalde område. Dei konkrete fornyingstiltaka som ein planlegg å setje i gang eller vidareføre i 2009 vert omtalte i budsjettforslaga til kvart einskilt fagdepartement. Her gir vi berre døme på det meir overordna arbeidet med oppfølging av dei einskilte delstrategiane i fornyingsstrategien som skal resultere i ny politikk.

Offentleg sektor skal gå føre

Offentleg sektor gjer det mogleg for fellesskapet å verkeleggjere visjonar, idear og solidaritet på måtar som ligg utanfor det den einskilte, bedriftene eller marknaden vanlegvis kan klare. Men dette forpliktar. Offentleg sektor må gå føre. Den må opptre på rett måte og vere eit førebilete. Klarer vi ikkje det i offentleg sektor, kan vi vanskeleg krevje det av andre. I 2008 er det mellom anna vorte avdekt at vi framleis ikkje er i mål når det gjeld offentlege innkjøp. Regjeringa arbeider derfor med å utvikle tiltak for korrekte og effektive offentlege innkjøp. Tiltaka vert presenterte i ei stortingsmelding i 2009.

Meir deltaking og medverknad

Eit levande demokrati med openheit, deltaking og medverknad er ein føresetnad for å møte samfunnsutfordringane. Det er når innbyggjarar og tilsette vert involverte at vi best kan løyse miljøproblema, få fleire i arbeid, medverke til utjamning, sikre nasjonal og lokal råderett over naturressursane og norsk eigarskap i næringslivet. Eksempel: Meir medverknad og deltaking føreset at forvaltninga kommuniserer betre med innbyggjarane. Regjeringa arbeider derfor med å omdefinere den tradisjonelle informasjonspolitikken til ein kommunikasjonspolitikk. Denne vil bli lansert i 2009.

Enkelt og greitt for innbyggjarane

I dei fleste tilfelle skjer kontakten mellom innbyggjarane og offentleg sektor med utgangspunkt i forholdsvis enkle og standardiserte oppgåver, slik som søknader, refusjonar og skatteoppgjer. Nye elektroniske tenester og sjølvbeteningsløysingar inneber at alle partar kan bruke mindre tid og ressursar på slike rutinemessige og ukompliserte førespurnader. Eksempel: Etablering av nye og betre IKT-baserte tenester skjer no i heile forvaltninga, frå store prosjekt som Altinn II og elektronisk ID, til mindre prosjekt i dei einskilte verksemdene.

Betre for dei som treng det mest

Innbyggjarar med trong for samansette tenester treng eit mer heilskapleg tilbod. Då vil det vere viktig med tverrfagleg aktivitet og samarbeid mellom offentlege verksemdar. NAV-reforma er eit godt døme på at det er mogleg, men òg at det er krevjande. Eksempel: Eit nytt og viktig tiltak under denne delstrategien vil vere ei ny reform for samhandling i helsesektoren som skal leggjast fram våren 2009. Reforma skal gjere at kommunane og helseføretaka samarbeider betre til beste for pasienten.

Tilretteleggje for verdiskaping

Offentleg sektor er viktig for næringslivet. Ein god offentleg sektor medverkar til stabile og føreseielege rammevilkår, og utgjer eit konkurransefortrinn for næringslivet. Eksempel: Regjeringa vil i 2009 følgje opp arbeidet med å redusere byrdene for næringslivet som følgje av offentlege reguleringar. Eit anna viktig område er betre tilrettelegging for at arbeidsinnvandring kan skje på ein enkel og forvarleg måte. Ei rekkje tiltak vil medverke til å betre sakshandsamingsprosedyrar og redusere sakshandsamingstider. Mellom anna skal ansvars- og oppgåvefordelinga i utlendingsforvaltninga gjennomgåast for å finne løysingar som kan redusere sakshandsamingstida og gi auka brukarretting for utlendingssaker.

Kvalitet og effektivitet

Dei tenestene offentleg sektor leverer innbyggjarane må vere prega av høg kvalitet og effektivitet. Vi er derfor i stor grad avhengige av tilbakemeldingar frå innbyggjarane på kva som fungerer og kva som ikkje fungerer. Regjeringa har derfor sett i gang arbeidet med ei nasjonal innbyggjarundersøking som skal medverke til at offentleg sektor utviklar seg i tråd med innbyggjarane sine behov. Den første undersøkinga vert gjennomført allereie hausten 2008, og vil vere ein viktig reiskap i utvikling av fornyingstiltak i 2009.

Regjeringa gjennomgår finansieringsordningane på viktige samfunnsområde. Regjeringa vil mellom anna innføre eit nytt basisfinansieringssystem for forskingsinstitutta frå 01.01.2009, der målet er å gi institutta betre rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging.

I tillegg til oppfølginga av Fornyingsstrategien, som er meir orientert mot brukarane av offentlege tenester, vil Regjeringa òg leggje fram ei stortingsmelding om forvaltningspolitikk i 2009. Den vil beskrive korleis Regjeringa ønskjer at forvaltninga

sjølv skal utviklast for å møte dagens og morgondagens utfordringar, jf. omtale av Regjeringas fornyingsstrategi på: www.fad.dep.no

Eksempel på viktige fornyingstiltak i 2009 innanfor Fornyings- og administrasjonsdepartementets egne politikkområde er mellom anna:

- leggje fram Regjeringas forvaltningspolitikk i form av ei stortingsmelding
- utarbeide og implementere ein ny kommunikasjonspolitikk som sikrar meir openheit i forvaltninga
- gjennomføre ei nasjonal innbyggjarundersøking som skal medverke til at offentleg sektor utviklar seg i tråd med innbyggjarane sine behov
- følgje opp arbeidet med mogleg innføring av obligatorisk elektronisk faktura til Staten
- følgje opp Regjeringas strategi for utvikling av ei felles eID-løysing for offentleg sektor
- stimulere til meir bruk av fri programvare gjennom vidare satsing på kompetanseutvikling om fri programvare
- vidareføre standardiseringsarbeidet gjennom etablering av andre versjon av Referansekatalogen med obligatoriske krav til, og tilrådingar om, bruk av opne IKT-standardar i offentleg sektor. Standardisering skal mellom anna understøtte ei effektiv elektronisk samhandling og motverke at innbyggjarar og offentlege verksemder vert låste til bestemte teknologiar og leverandørar
- leggje vekt på tiltak som både verkar med til å fornye offentleg sektor og som kan skape eit betre miljø. Noreg skal gå føre i klimapolitikken og offentleg sektor skal vise veg
- utvikle prinsipp og tiltak for korrekte og effektive offentlege innkjøp. Tiltaka vert presenterte i ei stortingsmelding
- innføre ny elektronisk postjournal for statsforvaltninga på Internett
- innføre ny ordning for forvaltning av fengselseigedomane
- tilpasse Statens Pensjonskasses datasystem til pensjonsreforma
- vidareføre arbeidet med klart språk i forvaltningas kommunikasjon med innbyggjarane
- Regjeringa.no skal styrkjast som den offisielle hovudkanalen på Internett for kommunikasjon mellom befolkninga og Regjeringa. Det er viktig å vidareutvikle dialogen med innbyggjarane ved å ta i bruk dei løysingar dagens teknologi tilbyr

Fornyng av statleg bygge- og eigedomsverksemd – innlemming av fengselseigedomane i husleieordninga

Regjeringa foreslår ei omfattande endring og fornyng av statens eigedomsforvaltning ved at ansvaret for å forvalte fengselseigedomane vert lagt til Statsbygg frå og med 2009. Samla bruttoareal er 312 883 kvadratmeter, fordelt på 35 fengsel med til saman 478 bygningar. I dag ligg ansvaret for eigedomsforvaltninga hos Justisdepartementet og Kriminalomsorga. Statsbygg si primæroppgåve er å forvalte staten sine eigedomar. Gjennom å leggje ansvaret for forvaltninga av fengselseigedomane til Statsbygg, ønskjer Regjeringa å betre eigedomsforvaltninga innanfor Kriminalomsorga. Det vert lagt opp til å auke innsatsen på vedlikehald. Eit anna føremål med omlegginga er å frigjere Kriminalomsorga for desse oppgåvene, slik at fokuset og ressursane deira i endå større grad vert retta inn mot å auke kapasiteten og kvaliteten i straffegjennomføringa. Reforma skal gi betre og meir effektiv forvaltning av fengselseigedomane, noko som vil resultere i betre forhold for både tilsette og innsette. Reforma skal òg gi betre oversikt over dei ulike kostnadene knytte til forvaltning og drift av eigedomane. Dette vil gi betre grunnlag for å gjere riktige prioriteringar ved nyinvesteringar i fengsla.

1.1 Ei open og tilgjengeleg forvaltning

Eit velfungerande demokratisk samfunn er avhengig av ein sterk offentleg sektor som kan styre samfunnsutviklinga i samsvar med innbyggjarane sine ønske og behov. Ein demokratisk stat sikrar innbyggjarane grunnleggjande velferdstenester og rettar, samtidig med at dei vert verna mot skade, diskriminering og eksklusjon frå samfunnslivet. Eit sterkt fellesskap skaper eit betre liv for kvar ein-schild innbyggjar.

Som Regjeringas utøvande apparat har statsforvaltninga ei nøkkelrolle i å vareta grunnverdiane til demokratiet og velferdssamfunnet. Samtidig står vi overfor store utfordringar som krev felles innsats. I første rekkje gjeld det miljø- og klimautviklinga og demografiske endringar. Ei sterk og effektiv statsforvaltning er ein sentral føresetnad for å møte dagens og framtidens utfordringar.

Det er 16 år sidan det sist vart lagt fram ei stortingsmelding om forvaltningspolitikken. Sidan då har endringstakten i statsforvaltninga vore høg, og ei rekkje omfattande omstillingar og reformer har blitt gjennomførte. Staten har langt på veg endra karakter, med større konsentrasjon om kjerneoppgåver knytte til sentrale velferdsområde og fellesgode. Samstundes har endringane i statsforvalt-

ninga ført til dårlegare vilkår for politisk samordning. Ein fragmentert stat fører til koordineringsproblem, dobbeltarbeid og mindre effektiv oppgaveløysing. Staten må opptre meir samla og koordinert for å lykkast innanfor viktige område: for å løyse klimautfordringane, utvikle gode digitale løysingar og stette innbyggjarane sine behov på ein god måte. Regjeringas politikk markerer på mange område eit brot med den overordna forvaltningspolitiske tenkinga som prega førre stortingsperiode, med stor tru på marknaden si evne til å løyse offentlege oppgåver. Regjeringa legg til grunn at marknadsbaserte løysingar på nye område ikkje vil vere noko sentralt verkemiddel i effektiviseringa og fornyinga av offentleg sektor. Regjeringa går i mot konkurranseutsetjing og privatisering innan viktige velferdsområde som utdanning, helse og omsorg.

Regjeringa ønskjer ein forvaltningspolitikk som medverkar til å fremje demokrati og deltaking gjennom betre politisk styring og involvering av innbyggjarane, som tek vare på rettstryggleiken til kvar enkelt, som fremjar samordning og heilskaps-tenking og som kontinuerleg medverkar til å setje fokus på effektivitet og omstillingsevne i oppgaveløysinga. Regjeringa ser dei tradisjonelle forvaltningsverdiene knytte til demokrati og rettstryggleik i samanheng med trongen for fornying. Forny- ing i forvaltninga skal medverke til auka brukarretting, resultatoppnåing og god omstil- lingsevne. Samtidig må forvaltninga sin plass i den parlamentariske styringskjeda understrekast, rettsstatsprinsippa understøttast og forvaltninga må ta vare på si faglege rolle.

Forvaltninga har ei unik oppgåve i det demo- kratiske systemet, rår over store ressursar og med- verkar til å sikre grunnleggjande verdiar og ytin- gar for innbyggjarane. Det er heilt vesentleg at for- valtninga vert driven og organisert på ein effektiv og forsvarleg og god måte. Regjeringa ønskjer ein sterk og effektiv offentleg sektor som gir innbyg- gjarane gode tenester, valfridom og medraderett. Staten skal òg framstå som ein attraktiv arbeids- plass i ein situasjon der konkurransen om kompe- tanse vert stadig sterkare. Løns- og arbeidsvilkåra for arbeidstakarane skal ikkje svekkjast.

Gjennom opprettinga av det nye Direktoratet for forvaltning og IKT har Regjeringa signalisert eit klart ønske om å styrkje arbeidet med forvalt- ningsutvikling. Regjeringa ønskjer å medverke til meir samordning og læring på tvers, samtidig som det sektorpolitiske ansvaret vert understreka.

I 2009 vil ein leggje fram dei første resultatata frå den nasjonale innbyggjarundersøkinga. Regjeringa har sett i gang eit systematisk arbeid der bruka- rane av ulike velferdsoppgåver skal delta i undersø-

kingar der deira synspunkt og haldningar til ulike tenestetilbod skal målast. Desse undersøkingane vil kunne gi viktige signal om kva utviklings- og forbetringsbehov som finst for offentlege tenester.

Den nye politikken skal vedtakast i 2009 og gjelde for heile statsforvaltninga. For Regjeringa er det viktig at kommunikasjonspolitikken medverkar til å fremje openheit og gjere forvaltninga lettare tilgjengeleg. På Regjeringas innbyggjarkonferanse i mars 2007 kom det klart fram at innbyggjarane forventar at det offentlege vert betre, klarare og tydelegare i sin kommunikasjon og kontakt med innbyggjarane. Eit enklare språk er viktig i denne samanhengen. Det er òg eit mål å leggje til rette for at kommunikasjonen går begge vegar og at det offentlege er i dialog med brukarane sine.

I 2009 vil offentleg elektronisk postjournal bli tilgjengeleg for alle gjennom Internett. Dette vil verke med til større openheit i forvaltninga. Heret- ter vil alle kunne søkje seg fram til og be om innsyn i postjournalane i forvaltninga, noko som til no berre har vore mogleg for ein del journalistar.

Offentlege bygningar har gjennom alle tider medverka til å skape aktivitet rundt om i landet. Opninga av den nye operaen i Bjørvika våren 2008 viser dette på ein god måte. Offentlege signalbygg medverkar til utvikling og opprustning. Regjeringa ser det som viktig at det i samband med planleg- ging og bygging av offentlege bygg vert teke sterke miljøomsyn og er oppteken av at Statsbygg som ein stor og viktig utbyggjar skal gå føre og stille sterke miljøkrav overfor utbyggjarar. Dermed kan staten medverke til ei positiv og naudsynt mil- jøutvikling for ein heil bransje.

Gjennom handsaminga av St.meld. nr. 12 (2006–2007) «Regionale fortrinn – regional fram- tid» har Stortinget gitt si tilslutning til sentrale pre- missar for fylkesmannen si rolle i forvaltninga.

Forvaltningsreforma inneber endringar i opp- gåveporteføljen til fylkesmannen. Samtidig er det slått fast at kjernen i fylkesmannen si rolle framleis skal liggje fast, slik at forvaltningsreforma dermed representerer både endringar og kontinuitet i for- hold til embeta si rolle. Men fylkesmannen si rolle vert òg aktualisert av andre utviklingstrekk i sam- funnet. Store og samansette utfordringar som til dømes klima, sårbarheit og beredskap, realisering av velferdsstaten sine forpliktingar o.a., vert i dag møtte av ein oppdelt offentleg sektor og eit til dels fragmentert avgjerds- og forvaltningssystem.

På denne bakgrunnen vil Fornyings- og admi- nistrasjonsdepartementet setje i gang eit utvi- klingsarbeid for å beskrive og drøfte innhaldet i dei ulike roller fylkesmannen skal ivareta. Ei slik drøf- ting må skje innanfor dei rammer som følgjer av

forvaltningsreforma, og skal først og fremst ha eit grunnleggjande og prinsipielt utgangspunkt.

I arbeidet med Pensjonsreforma har det til no vore lagt fram forslag om ny folketrygd. Det har òg vore ført forhandlingar om ny AFP-ordning i privat og offentleg sektor. I 2008–2009 vil arbeidet med ny offentleg tenestepensjon vere eit hovudtema. Hausten 2008 vart det sett ned eit partssamansett utval for å utarbeide forslag til ny tenestepensjonsordning i stat, kommunar og helseføretak og slutføre arbeidet med AFP-ordninga som skal gi grunnlag for å føre forhandlingar om ny offentleg tenestepensjonsordning i mellomoppgjeret våren 2009. Arbeidet vert leidd av Arbeids- og inkluderingsdepartementet, i eit nært samarbeid med Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Pensjonsreforma krev at det må gjerast omfattande endringar i Statens Pensjonskasse sine arbeidsprosessar og pensjonssystem. På same måte som NAV gjennomfører sitt pensjonsprogram, har Statens Pensjonskasse starta opp sitt pensjonsprosjekt (PERFORM). Prosjektet starta opp i fyrste halvdel av 2008. Hovudfokus for PERFORM vil vere å støtte nytt regelverk som følgje av Pensjonsreforma, i tillegg til å sikre den daglege drifta. Arbeidet med å følgje opp Statens Pensjonskasses implementering av pensjonsreforma vil vere eit vesentleg satsingsområde for departementet dei nærmaste åra.

Statens Pensjonskasse vil òg få ein markert auke i arbeidsmengda framover grunna i at talet på pensjonar venteleg vil skyte fart, og auke frå om lag 230 000 i dag til om lag 310 000 i løpet av dei neste 10 åra.

1.2 Ei forvaltning med kompetente leiarar og medarbeidarar

I møtet med ei open og serviceorientert statsforvaltning skal innbyggjarane vere sikre på å treffe motiverte og kompetente leiarar og medarbeidarar. For staten som arbeidsgivar er det viktig at statlege verksemdar er konkurransedyktige på arbeidsmarknaden. Derfor vil Regjeringa føre ein arbeidsgivarpolitikk som sikrar dei tilsette gode lønns- og arbeidsvilkår.

Regjeringa ønskjer å vidareutvikle den kompetansen som medarbeidarane har og vere godt rusta til å rekruttere den kompetansen det trengst meir av. For å nå desse måla trengst det òg ein politikk for leiing. God leiing er svært viktig både for medarbeidarane i det offentlege og brukarane av offentlege tenester. Sommaren 2008 la Regjeringa

fram ei plattform for leiing i staten. Den set opp basis, rammer og prinsipp og vert lagd til grunn for leiarskap i staten. Plattformen slår bl.a. fast at leiingspolitikken i staten skal tuftast på staten sitt særpreg, verdigrunnlag og overordna mål. Plattformen skal vere ein viktig reiskap for alle som har eit leiaransvar i statleg verksemd, men òg medarbeidarar, tillitsvalde og andre som er opptekne av leiing i det offentlege vil kunne ha nytte av plattformen. I stortingsmeldinga om forvaltningspolitikk vil Regjeringa komme nærmare inn på den statlege arbeidsgivarpolitikken.

Saman med dei tilsette skal offentleg sektor utviklast, fornyast og forbetrast både for brukarar og dei som jobbar der. Medverknad frå dei tilsette og respekt for reglane som gir grunnlaget for dei tilsettes medråderett er viktig for å lykkast i dette arbeidet. I alle omstillingsprosessar, men òg i det daglege arbeidet, er det heilt avgjerande at det er tett og god dialog med dei tilsette og deira organisasjonar for å få til eit godt resultat.

Eit godt arbeidsmiljø er ein føresetnad for effektiv og brukarretta drift. Det vart i 2008 lagt fram resultat frå ei medarbeidarundersøking der nær 3000 statleg tilsette hadde svart på spørsmål om kor tilfredse dei var med å arbeide i staten. Undersøkinga viste at dei er godt nøgde, samtidig påviste undersøkinga òg at det på enkelte område kan skje forbetringar.

Ein god arbeidsgivarpolitikk skal medverke til at verksemdene skal kunne nå sine mål i samsvar med tildelingsbrev og politiske føringar. Eit godt arbeidsmiljø er ein viktig føresetnad for å nå desse måla. Staten treng arbeidskraft! Vi treng å aktivisere den arbeidskrafta som i dag ikkje vert brukt, eller brukt på feil stad. Det må leggjast til rette for mangfald i arbeidslivet, ikkje minst i staten. Derfor har Regjeringa sett i gang forsøk med kvotering av innvandrarar i ulike statlege verksemdar. Det vert òg gjennomført ulike trainee-program for å rekruttere personar med nedsett funksjonsevne til jobb i staten. Målet er eit samfunn prega av mangfald, openheit, toleranse og inkludering. Med målsetjing om å utnytte dei tilgjengelege arbeidskraftsressursane på ein tenleg og effektiv måte, har Regjeringa ein offensiv seniorpolitikk. Det skal leggjast rette for at seniorar kan stå lenger i jobb. Gjennom avtalar med partane i arbeidslivet har dei kollektive ordningane for seniorar i staten blitt ytterlegare forbetra. Det går no føre seg eit forsøk med redusert arbeidstid for seniorar i utvalde statlege verksemdar. Forsøket vert avslutta i 2009 og skal evaluerast.

1.3 Ei framtidsretta offentleg forvaltning som utnyttar teknologien

Regjeringa vil halde fram med å utvikle avanserte kommunikasjonskanalar mellom forvaltninga og innbyggjarar og mellom forvaltninga og næringslivet. Bruk av nettet står sentralt her, og dette krev ei løysing for elektronisk identitet (eID) som er sikker for brukarane.

Regjeringa har teke eit strategisk grep for å bygge ein viktig samfunnsinfrastruktur – ein felles infrastruktur for elektronisk identifikasjon på Internett. Målet er at innbyggjarar skal kunne logge seg på offentlege tenester med same elektroniske identifikasjon (eID) uavhengig av om tenester dei loggar seg på kjem frå skatteetaten, NAV eller kommunen. Den forenklinga som slik infrastruktur fører til for brukarar av elektroniske tenester og for offentlege etatar, vil skape grunnlag for større utbreiing av elektronisk forvaltning. Dette er eit av Regjeringas viktigaste tiltak for fornying av offentleg sektor. Elektronisk forvaltning inneber fleire og meir avanserte elektroniske tenester, der brukaren kan få løyst saka si utan å måtte kontakte forvaltninga mange gonger. Med denne satsinga tek Regjeringa òg eit samfunnsansvar når det gjeld tryggleik i vern av personopplysningar, ved at innbyggjarar vil få tilbod om gode felles eID-løysingar, og såleis kan få tilgang til tenester som krev høgt tryggleiksnivå.

Fornyng av offentleg sektor krev ein delingskultur. Gjennom deling og gjenbruk av kunnskap og løysingar vil ein ved å hauste av erfaringane gjort andre stader nytte offentlege verksemder sine ressursar betre. Bruk av fri programvare kan medverke til deling og gjenbruk av IKT-løysingar på tvers av offentleg sektor. For at fri programvare i større grad skal takast i bruk i offentleg sektor, gjev Regjeringa støtte til Kompetansesenteret for fri programvare. Senteret skal spreie meir kunnskap om fri programvare, og stille ressursar til rådvelde for offentlege verksemder som ønskjer å ta fri programvare i bruk.

Systematisk bruk av opne IKT-standardar er viktig for å oppnå god elektronisk samhandling, både mellom offentlege verksemder og mellom offentleg sektor og samfunnet elles. I desember 2007 gav Regjeringa tilslutning til første versjon av Referanse katalogen, som stiller opp tilrådingar og obligatoriske krav om bruk av visse standardar i forvaltninga. Det er sett i gang eit arbeid med å utvikle neste versjon av Referanse katalogen som vil ta for seg ei større breidd av standardar og bruksområde. Denne skal etter planen publiseras i 2009.

IKT kan òg medverke til å møte klimautfordringane. Det trengst ei samla tilnærming til korleis Noreg kan gå i spissen for utvikling av grøne teknologiløysingar. Offentleg sektor kan som ein stor IKT-brukar spele ei viktig og banebrytande rolle i dette arbeidet.

Det nye Direktoratet for Forvaltning og IKT skal medverke til god utnytting av IKT i utviklinga av forvaltninga og effektiv elektronisk samhandling med innbyggjarar, næringsliv og internt i forvaltninga.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har som mål å medverke til at det vert utvikla gode metodar for måling og analyse av gevinstrealisering av IKT-investeringar i offentleg sektor. For offentleg sektor, som driv si verksemd etter målformuleringar og løyvde budsjett, krevst det andre måle- og analysemetodar enn i privat sektor. Både nasjonalt og internasjonalt vert det arbeidd med å utvikle metodar for måling og analysar av gevinstrealisering av IKT-investeringar i det offentlege.

Den teknologiske utviklinga som pregar heile samfunnet utgjer ei vedvarande utfordring for personvernet til innbyggjarane. Ikkje fordi teknologien i seg sjølv truar personvernet, men fordi effektive, brukarvennlege løysingar kan stå i konflikt med det å stette brukarane sine ønske om og trong for å få teke vare på personleg integritet. Det vert stadig oftare registrert fleire opplysningar om oss. Kvar registrering for seg utgjer kanskje ikkje nokon stor trussel, men samla vert registreringa massiv og dei færraste har oversikt over eller kan overskodes konsekvensane av registreringane.

Det er viktig for Regjeringa at det vert teke omsyn til personvern ved utvikling av nye tekniske løysingar og utforming av nytt regelverk. For å gjere sitt til å realisere dette målet, arbeider Regjeringa med ein rettleiar i vurdering av personvernkonsekvensar. Eit anna viktig tiltak for å sørje for at det vert teke meir omsyn til personvernet, vert Regjeringas oppfølging av Personvernkommissjonens rapport som vert levert i desember 2008. Kommisjonen som vart oppnemnd i mai 2007, har som mandat å gi ei heilskapleg oversikt over dei utfordringar personvernet står overfor i møtet med blant anna ny teknologi. Dette viktige arbeidet vil gi Regjeringa eit godt grunnlag for prioriteringar i personvernarbeidet.

1.4 Eit informasjonssamfunn for alle

Innanfor IKT-politikken arbeider Regjeringa etter føringane som vart presenterte i St.meld. nr. 17 (2006–2007) «Eit informasjonssamfunn for alle». Regjeringas mål er eit digitalt samfunn der alle er med. Noreg er langt framme når det gjeld utbrei-

ing og bruk av IKT både i offentlig sektor og i samfunnet som heilskap.

Noreg står framleis overfor store utfordringar på IKT-området, mellom anna med omsyn til digital kompetanse og inkludering, men òg når det gjeld felles infrastruktur. Det trengst sterk samordning og samarbeid mellom ulike aktørar for å møte utfordringane som må løysast for at innbyggjarar, bedrifter og offentlege etatar kan realisere det gevinstpotensialet som ligg i avansert bruk av IKT.

Gjennom fleire år har utbygging av breiband stått sentralt i Regjeringa sin politikk. I 2006–2008 er det totalt løyvd nærmare 700 mill. kroner i statlege tilskot til breibandsutbygging i område utan breibandstilbod. Kombinert med lokale tilskot har dette medverka til at 99,8 pst. av innbyggjarane ved utgangen av 2008 vil ha tilbod om breiband. Sjølv om utbygginga av breiband har gjort det mogleg for så å seie alle å vere kopla til nettet, viser undersøkingar at ein av tre husstandar framleis ikkje har breibandsabonnement heime.

Ulempene ved å stå utanfor informasjonssamfunnet vert stadig større etter kvart som stadig fleire offentlege og private tenester vert elektroniske. Liten kjennskap til moglegheitene til å kople seg til breiband er saman med manglande datakompetanse og økonomi truleg hovudårsakene til at mange ikkje tek moglegheitene i bruk. For Regjeringa er det derfor viktig å sikre at alle grupper i samfunnet har den digitale kompetansen som trengst slik at alle kan bli fullverdige medlemmer av informasjonssamfunnet. Tiltak for å sikre at innvandrarar og eldre får auka digital kompetanse vil derfor bli vidareførte. Eit inkluderande samfunn der alle er med, føreset òg digital kompetanse og digital inkludering.

1.5 Konkurransse for å sikre effektiv ressursbruk

Konkurranssepolitikken skal medverke til effektiv ressursbruk. Det inneber at vi brukar ressursane der dei kastar mest av seg. Velfungerande marknader med konkurranse er eit godt grunnlag for å sikre at dette skjer.

Konkurranse medverkar til eit innovativt, omstillingsdyktig næringsliv som produserer varer og tenester på ein effektiv måte. Dette styrkjer konkurranseevna vår internasjonalt. For forbrukarane verkar konkurranse med til å sikre tilbod av varer og tenester med god kvalitet til riktig pris i samsvar med behova våre.

Velfungerande marknader oppstår ikkje av seg sjølve. Næringslivet kan tene store summar på å samarbeide om prisar, fordele marknader mellom seg eller på annan måte skaffe seg og utnytte si

marknadsmakt til skade for samfunnet som heilskap og forbrukarane spesielt. Slik konkurransekriminalitet fører til auka kostnader, høgare priser, dårlegare produkt og mindre produktutvikling. Det er derfor naudsynt å ha ei konkurranselovgeving som forbyr slik skadeleg åtferd og som vert strengt handheva.

Regjeringa har styrkt innsatsen for å motarbeide kartell og motverke konkurransekriminalitet. Større etterforskingsskapasitet, betre analysar og oppbygging av nye, avanserte IKT-system står sentralt i Konkurransetilsynets arbeid med å motarbeide denne forma for kriminalitet.

Konkurransetilsynet har foreslått endringar i konkurranselovgevinga for å styrkje lempingsordninga i lova og dermed styrkje handhevinga av konkurranselova. Lempingsordninga inneber at deltakarane i ulovleg konkurranseregulerande samarbeid kan få redusert eller heilt bortfall av reaksjon dersom dei melder frå om og samarbeider med Konkurransetilsynet slik at det ulovlege vert avdekt og tek slutt. Ordninga gir såleis insentiv til å bryte ut av ulovleg samarbeid. Risikoen for at ulovleg samarbeid vert oppdaga aukar. Lempingsordninga har såleis òg ein sterk preventiv effekt. Konkurransetilsynets forslag om å styrkje lempingsordninga vil bli følgt opp.

Det offentlege kjøper kvart år inn varer og tenester for om lag 250 mrd. kroner. Regelverket for offentlege innkjøp skal medverke til auka verdiskaping i samfunnet ved å sikre mest mogleg effektiv ressursbruk ved offentlege innkjøp basert på forretningsmessige vurderingar og likebehandling. Det offentlege skal få god kvalitet og riktig pris på innkjøpa, samtidig som allmenta skal ha tilitt til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnstilleg måte. Riksrevisjonen har ved fleire høve påvist brot på reglane for offentlege innkjøp. Regjeringa vil i 2009 leggje fram ei stortingsmelding om offentlege innkjøp. Meldinga skal medverke til at det offentlege etterlever innkjøpsreglane og at arbeidet med innkjøp i det offentlege vert ytterlegare profesjonalisert.

Som ein stor innkjøpar har det offentlege eit særskilt ansvar for å sørge for at ein i innkjøpa tek ansvar for miljøet og viser samfunnsansvar. Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar for offentlege innkjøp. Der peiker ein ut konkrete tiltak som skal medverke til at det offentlege etterspør produkt med høg standard knytt til miljø og etikk. Miljøbelastninga knytt til offentlege innkjøp skal reduserast. Dette er følgt vidare opp ved at det er laga miljøkriterium for innkjøp innanfor ulike kategoriar. Dette vil gjere det enklare for offentlege verksemdar å vere miljømedvitne ved innkjøp.

IKT-sektoren har stor og stadig aukande innverknad i samfunnet. Det er viktig at konkurransen fungerer i desse marknadene. Eigenskapar ved marknadene for IKT-produkta, som skalafordelar på både tilbods- og etterspurnadssida, er vesentlege utfordringar for å oppnå ein effektiv konkurranse. Saker frå konkurransemyndighetene i både Noreg og EU viser at aktivt tilsyn og effektiv handheving av konkurransereglane er viktig for å hindre misbruk av marknadsmakt. I tillegg til handheving av konkurransereglane kan andre verkemiddel, slik som offentlig bruk av opne standardar, vere viktige tilskot til å fremje konkurranse. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har bedt Konkurransetilsynet om å prioritere tilsynet med konkurransen i IKT-sektoren og gjen-

nomføre ei vurdering av konkurranseforholda. Tilsynet skal vurdere om det bør gjennomførast tiltak etter konkurranselova eller andre konkurransefremjande tiltak.

1.6 Oppmodningsvedtak

I proposisjonens del III er følgjande oppmodningsvedtak omtala:

Vedtak nr. 247, 9. mars 2004:

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for å øke takten i bredbåndsutbyggingen slik at målet om bredbånd til alle husstander, bedrifter og offentlige institusjoner kan nås i løpet av 2007. Regjeringen bes kommentere status for framdrift i budsjettene.»

1.7 Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
	Det kongelige hus				
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	143 968	145 930	152 212	4,3
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	18 529	20 287	21 289	4,9
	Sum kategori 00.10	162 497	166 217	173 501	4,4
	Sum programområde 00	162 497	166 217	173 501	4,4
	Administrasjon mv.				
1500	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	253 596	276 099	233 500	-15,4
1503	Midlar til opplæring og utvikling av til-litsvalde	114 457	115 348	113 086	-2,0
1506	Noreg.no	40 680			
	Sum kategori 01.00	408 733	391 447	346 586	-11,5
	Fylkesmannsembeta				
1510	Fylkesmannsembeta	1 355 503	1 113 506	1 343 379	20,6
	Sum kategori 01.10	1 355 503	1 113 506	1 343 379	20,6
	Forvaltnings- og IKT-utvikling				
1521	Direktoratet for forvaltning og IKT		112 943	252 825	123,9
1522	Servicesenteret for departementa	469 363	436 247	455 932	4,5
1523	Tilskott til kompetanseutvikling	18 292	20 000	14 000	-30,0
	Sum kategori 01.20	487 655	569 190	722 757	27,0
	Partistønad				
1530	Tilskott til dei politiske partia	303 080	323 003	337 203	4,4
	Sum kategori 01.30	303 080	323 003	337 203	4,4
	Pensjonar m.m.				

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1541	Pensjonar av statskassa	22 349	23 800	21 700	-8,8
1542	Tilskot til Statens Pensjonskasse	7 837 849	9 443 000	8 357 000	-11,5
1543	Arbeidsgivaravgift til folketrygda	823 000	852 000	921 000	8,1
1544	Bustadlâneordninga i Statens Pensjonskasse	2 989 429	1 300 000	3 400 000	161,5
1546	Yrkesskadeforsikring	79 743	85 000	94 000	10,6
1547	Gruppelivsforsikring	84 327	84 000	126 000	50,0
2470	Statens Pensjonskasse	3 099	31 465	315 910	904,0
	Sum kategori 01.40	11 839 796	11 819 265	13 235 610	12,0
	Konkurransopolitikk				
1550	Konkurransetilsynet	92 413	84 209	85 277	1,3
	Sum kategori 01.50	92 413	84 209	85 277	1,3
	IKT-politikk				
1560	Spesielle IKT-tiltak	244 254	60 899	17 463	-71,3
1561	Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram	14 817	22 500	20 149	-10,4
1562	Tilskot til elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosessar	1 400	1 400	5 238	274,1
1563	IKT-tryggleik	4 000	4 000	4 176	4,4
	Sum kategori 01.60	264 471	88 799	47 026	-47,0
	Personvern				
1570	Datatilsynet	27 392	26 443	27 955	5,7
1571	Personvernemnda		1 600	1 650	3,1
	Sum kategori 01.70	27 392	28 043	29 605	5,6
	Statsbygg				
1580	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	1 660 483	1 561 616	1 065 490	-31,8
1581	Eigedomar til kongelege føremål	75 051	59 457	61 586	3,6
1582	Utvikling av Fornebuområdet	54 158	44 500	7 000	-84,3
1583	Utvikling av Pilestredet Park	3 451			
2445	Statsbygg	684 290	1 094 404	1 218 531	11,3
	Sum kategori 01.80	2 477 433	2 759 977	2 352 607	-14,8
	Sum programområde 01	17 256 476	17 177 439	18 500 050	7,7
	Sum utgifter	17 418 973	17 343 656	18 673 551	7,7

1.8 Inntekter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
	Administrasjon mv.				
4500	Fornyings- og administrasjonsdepar- tementet	3 971			
4506	Noreg.no	7 308			
	Sum kategori 01.00	11 279			
	Fylkesmannsembeta				
4510	Fylkesmannsembeta	267 526	15 361	149 961	876,2
	Sum kategori 01.10	267 526	15 361	149 961	876,2
	Forvaltnings- og IKT-utvikling				
4521	Direktoratet for forvaltning og IKT		5 022	7 620	51,7
4522	Servisesenteret for departementa	182 452	135 584	90 887	-33,0
	Sum kategori 01.20	182 452	140 606	98 507	-29,9
	Pensjonar m.m.				
4546	Yrkesskadeforsikring	126 488	116 000	127 000	9,5
4547	Gruppelivsforsikring	46 497	43 000	47 000	9,3
5470	Statens Pensjonskasse	40 898	17 059	17 059	0,0
5607	Renter av bustadlåneordninga i Sta- tens Pensjonskasse	643 701	772 000	1 223 000	58,4
	Sum kategori 01.40	857 584	948 059	1 414 059	49,2
	Konkurransopolitikk				
4550	Konkurransetilsynet	5 222	201	210	4,5
	Sum kategori 01.50	5 222	201	210	4,5
	Statsbygg				
4581	Eigedomar til kongelege føremål	142	125	131	4,8
5445	Statsbygg	1 041 362	900 000	900 000	0,0
5446	Sal av eigedom, Fornebu	108 847		23 600	
	Sum kategori 01.80	1 150 351	900 125	923 731	2,6
	Sum programområde 01	2 474 414	2 004 352	2 586 468	29,0
	Sum inntekter	2 474 414	2 004 352	2 586 468	29,0

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
01-23	Driftsutgifter	11 033 822	12 474 064	11 837 932	-5,1
24-24	Driftsresultat	-381 248	-466 318	-559 988	20,1
30-49	Nybygg, anlegg mv	2 859 175	3 275 824	3 242 531	-1,0
50-59	Overføringer til andre statsrekneska- par	369 920	161 795	158 214	-2,2
70-79	Overføringer til private	547 875	598 291	594 862	-0,6
90-99	Utlån, avdrag mv.	2 989 429	1 300 000	3 400 000	161,5
	Sum under departementet	17 418 973	17 343 656	18 673 551	7,7

Poster med tittel «kan overføres»

Under Fornyings- og administrasjonsdepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30-49

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2008	Forslag 2009
1500	21	Spesielle driftsutgifter	39 033	70 472
1500	22	Forsking		13 000
1510	21	Spesielle driftsutgifter	247	150 000
1521	21	Spesielle driftsutgifter	1 457	42 899
1521	22	Miside	1 457	13 572
1521	23	Elektronisk ID		80 000
1523	70	Tilskott	22 587	14 000
1560	22	Samordning av IKT-politikken	15 384	17 463
1560	50	Breiband	858	
1561	70	Tilskot til internasjonale program	378	20 149
1582	21	Spesielle driftsutgifter	500	
1582	70	Erstatningar og oppgjer	13 730	
1583	21	Spesielle driftsutgifter	500	

Del II
Budsjettforslag

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

Programkategori 00.10 Det kongelege hus

Utgifter under programkategori 00.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	143 968	145 930	152 212	4,3
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	18 529	20 287	21 289	4,9
	Sum kategori 00.10	162 497	166 217	173 501	4,4

Allmenn omtale

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ansvaret for løyvingane til kongehuset. I tillegg til

løyvingane under kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga og kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa, vert følgjande midlar nytta til kongelege føremål i 2009:

Fornyings- og administrasjonsdepartementet	
Kap. 1581 Eigedomar til kongelege føremål	61 586 000
<i>Utanriksdepartementet</i>	
Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet	8 248 000
<i>Forsvarsdepartementet</i>	
Div. kapittel (H.M. Kongens adjutantstab)	5 000 000
Kap. 1732 Sjøforsvaret (Kongeskipet og K/B Stjernen)	21 300 000
<i>Justisdepartementet</i>	
Kap. 441 Oslo politidistrikt (eskorteteneste)	Vert ikkje oppgitt

Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Apanasje	7 900	8 256	8 751
50	Det kongelege hoff	112 068	122 299	127 778
51	Særskilde prosjekt ved Det kongelege hoff	24 000	15 375	15 683
	Sum kap. 1	143 968	145 930	152 212

Post 01 Apanasje

Løyvinga vert nytta til personlege utgifter for H.M. Kongen og H.M. Dronninga, medrekna utgifter i samband med diverse offisielle oppgåver, og til drift og vedlikehald av egne eigedomar.

Post 50 Det kongelege hoff

Løyvinga vert nytta til kongehuset sine utgifter til offisielle oppgåver, drift av organisasjonen, infrastruktur og mindre investeringar til vedlikehald.

Løyvinga skal òg dekkje utgifter til jamleg indre vedlikehald og utvikling av dei kongelege eigedomane Det Kgl. Slott, Bygdø Kongsgard (hovudhuset m/sidebygning og park) og Oscars-hall slott.

Post 51 Særskilde prosjekt ved Det kongelege hoff

Forslaget til løyving gjeld interiørprosjektet ved Oscarshall slott som Det kongelege hoff har ansvaret for. Prosjektet har ei totalramme på 45 mill. kroner, og omfattar innvendig rehabilitering av slottsbygget, inkludert sikring og restaurering av kunst, møblar og anna inventar. Prosjektet hadde oppstart i 2007 og tek sikte på å bli avslutta i 2009, slik at lystslottet kan opnast for publikum. Statsbygg har ansvaret for utvendig rehabilitering av slottet og rehabilitering av bygningsmassen elles ved anlegget, sjå omtale under kap. 1581 post 45.

Kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Apanasje	5 900	6 166	6 536
50	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa sin stab mv.	12 629	14 121	14 753
	Sum kap. 2	18 529	20 287	21 289

Post 01 Apanasje

Løyvinga skal dekkje kronprinsparet sine personlege utgifter til drift og vedlikehald av egne eigedomar.

Post 50 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa sin stab mv.

Løyvinga skal dekkje utgifter til kronprinsparet sin stab på Det Kgl. Slott og betening på Skaugum, og utgifter i samband med kronprinsparet sine offisielle oppgåver.

Programområde 01 Fellesadministrasjon

Programkategori 01.00 Administrasjon m.v.

Utgifter under programkategori 01.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1500	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	253 596	276 099	233 500	-15,4
1503	Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde	114 457	115 348	113 086	-2,0
1506	Noreg.no	40 680			
	Sum kategori 01.00	408 733	391 447	346 586	-11,5

Kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	156 940	154 232	150 028
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	96 656	111 867	70 472
22	Forsking, <i>kan overføres</i>		10 000	13 000
	Sum kap. 1500	253 596	276 099	233 500

Rapport 2007

OEP (Offentleg elektronisk postjournal)

Offentleg elektronisk postjournal (OEP) vil vere heimla i offentleglovforskrifta, og vil derfor bli lansert etter at den nye offentleglova med forskrift trer i kraft.

Fordi arbeidet med offentleglovforskrifta har vore vesentleg forseinka, har lanseringa av OEP vorte tilsvarande forseinka.

Dokumentasjon om statleg ressursbruk og resultat (StatRes)

I 2006 gjekk departementet gjennom konsekvensanalysar innanfor ulike statlege sektorar. Gjennomgangen viste at det er store manglar når det gjeld

kunnskap om samanheng mellom ressursbruk og resultat. Departementet følgjer dette opp mellom anna gjennom arbeidet med StatRes.

Gjennom å utvikle og formidle kunnskap om ressursbruk, produksjon, kvalitet og resultat skal StatRes gi alle betre informasjon om statleg ressursbruk og kva denne skaper. Via Internett skal innbyggjarar, offentleg tilsette, forskarar og andre kunne følgje med i korleis staten sine pengar vert brukte, og dei skal kunne følgje utviklinga i indikatorar knytte til statlege sektorar og verksemdar.

Statistisk sentralbyrå utviklar StatRes på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet og i nært samarbeid med involverte fagdepartement og etatar. Prosjektet held seg i stor grad til internasjonale standardar, noko som legg til rette for framtidige samanlikningar med andre

land i dei tilfelle det gir meining. Det er laga ei brukarvenleg løysing med relevante, etterrettelege og oppdaterte data. Den fyrste publiseringa hausten 2007 dekkjer eit overordna nasjonalt nivå og tre pilotområde: spesialisthelsetenesta, høgare utdanning og statleg barnevern. I løpet av 2008 vert det publisert fem nye område i StatRes: Toll- og avgiftsetaten, Jernbaneverket, Politi- og påtalemakta, Domstolane og Kriminalomsorga.

Innkrevjing

I 2005 oppnemnde Regjeringa eit utval for å utgreie den samla offentlege innkrevjingsfunksjonen. Utvalet leverte si innstilling (Offentlig innkreving 2007:12). Utgreiinga vart send på høyring i februar 2008 med høyringsfrist juni 2008. Departementet handsamar for tida høyringsfråsegnene og vil komme tilbake til vidare oppfølging av saka.

Medarbeidarundersøking

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har i 2007 gjennomført ei spørjeundersøking blant medarbeidarane i staten om arbeidslivsforhold, motivasjon og trivsel. Om lag 4 500 medarbeidarar tok del i undersøkinga. Formålet har vore å skaffe fram systematisk kunnskap om kva som skaper motivasjon og trivsel.

Inkluderande arbeidsliv

Fornyings- og administrasjonsdepartementet er statleg arbeidsgivarpart i IA-arbeidet. Staten har i 2007 sett fokus på alle dei tre delmåla i IA-avtalen. Avtalen frå oktober 2001 vart vidareført for perioden 2006 til 2009 med fleire nye verkemiddel for å nå måla.

Delmål 1: Sjukefråværet i staten

Sjukefråværet i staten har vore uendra på årsbasis i 2005–2007. Summen av legemeldt og eigenmeldt fråvær ligg på om lag 5,6 pst.

Delmål 2: Personar med nedsett funksjonsevne

Staten har for sin eigen del lagt vekt på tiltaksplanen om å rekruttere fleire personar med nedsett funksjonsevne til staten. I planen er det sett eit mål om at minst 5 pst. av nytilsetjingane i staten i perioden 2004–2006 skal vere frå målgruppa. Dette målet vert ført vidare inntil trainee-programmet i sentralforvaltninga for personar med høgare utdanning og med nedsett funksjonsevne er gjennomført og evaluert. Det er òg skipa eit panel som

følgjer arbeidet med planen. Alle dei tre elementa i tiltaksplanen vart evaluerte hausten 2008.

Delmål 3: Pensjoneringsalderen

Forventa pensjoneringsalder for personar over 50 år aukar i Noreg. Den gjennomsnittlege avgangsalderen auka sterkt frå 2005 til 2006, men fall litt attende i 2007. Det er likevel grunn til å rekne med at målet om å heve forventa pensjoneringsalder med 6 månader frå 2001 vil verte nådd i 2009.

Hovudtariffoppgjeret 2008 har forsterka dei kollektive tiltaka for å få seniorarbeidstakarar til å stå lenger i jobb med fridagar og fleksibilitet med omsyn til korleis uttaket av fritida skal vere.

Inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Fornyings- og administrasjonsdepartementet kartlegg om arbeidsgivarane følgjer pålegget om å kalle inn minst ein kvalifisert søkjar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn til jobbintervju, om kor mange av desse søkjarane som får jobben, og om verksemdene oppmodar søkjarar med innvandrarbakgrunn om å søkje på ledige stillingar.

Kartlegginga (2006–2007) syner at 94 pst. av dei statlege verksemdene følgjer pålegget. Vidare viste det seg at 32 pst. av personane med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn som vart kalla inn til intervju fekk jobben. Denne prosentdelen var i 2004/2005 på 28 pst. og i 2005/2006 på 22 pst.

Årlege undersøkingar gjennomført av Statistisk Sentralbyrå viser at det er ein auke i prosentdelen tilsette med innvandrarbakgrunn i statsadministrasjonen. I oktober 2007 hadde 3,2 pst. av dei tilsette i statsadministrasjonen ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn. I 2007 var det 3,5 pst. kvinner og 3,0 pst. menn med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn i den statlege sentralforvaltninga. På same tid i 2004 hadde 2,3 pst. av dei tilsette slik bakgrunn.

Arbeidstid 2009

Regjeringa har vedteke å medverke til forsøk med 6-timers dag/arbeidstidsreformer. Det er sett av midlar til å gjennomføre prosjektet «Arbeidstid 2009». Prosjektet omfattar både ei brei forskning på arbeidstid og eit forsøk i Skatteetaten, Statens Vegvesen, fylkesmannsembeta og to bispedømme. Totalt 277 tilsette over 62 år har delteke i forsøket og har 80 pst. stilling og 100 pst. løn. Statistisk Sentralbyrå fekk eitt av forskingsoppdragane som omfattar makroøkonomiske analysar av redusert arbeidstid. Denne vart levert til Fornyings- og administrasjonsdepartementet i juni 2008 og viste

fire former for arbeidstidsreduksjon. I alle tilfella gir redusert arbeidstid noko mindre produksjon, men veksten i verdiskapinga aukar, om enn noko saktare enn vanleg. Analysen viser at dersom vi jobbar like mykje som i dag i 2050, vil veksten i verdiskapinga vere på 124 pst., mens den vil vere på 118 pst. dersom vi reduserer arbeidstida med 10 pst. frå 2010.

Klimakvotar – endring av statlege løns- og reiseadministrasjonssystem

Regjeringa vedtok i 2007 at staten skal kjøpe klimagasskvotar for å dekkje CO₂-utslepp ved statstilsettes tenestereiser med fly internasjonalt. For å samle inn data for å berekne statstilsette sine tenestereiser med fly internasjonalt som grunnlag for kvotekjøp, har det vore trong for å leggje om statlege løns- og reiseadministrasjonssystem. For dette føremålet vart det gitt ei tilleggsøyving på 3 mill. kroner i samband med handsaming av revidert nasjonalbudsjett 2007. I tillegg har Fornyings- og administrasjonsdepartementet støtta arbeidet med midlar. Naudsynte endringar i systema vart sette i verk i løpet av 1. halvår 2008. I ein del verksemdar kom endringane seint i gang slik at dei ikkje har greidd å rapportere om reiseaktiviteten sin for 1. halvår 2008. Rapporten for 2. halvår 2008 vil vere klar i januar 2009, og er venta å vere meir omfattande og basere seg på faktisk reiseaktivitet. Basert på innrapporterte data for om lag 79 pst. av statstilsette har Fornyings- og administrasjonsdepartementet rekna ut reiseaktiviteten for alle tilsette i staten til 86 000 reiser og 161 000 000 km reist distanse i 1. halvår 2008. Finansdepartementet vil bruke denne informasjonen som grunnlag for utrekning av kjøp av klimagasskvotar for 2008, jf. omtale under kap. 1638 Kjøp av klimakvotar.

Nytt Statens Sentrale Tenestemannsregister

I 2007 og 2008 er det brukt til saman vel 5,2 mill. kroner for innkjøp og utvikling av eit nytt tenestemannsregister og ei ny lønsforhandlingsløyving. Det nye registeret skal erstatte dagens register over statstilsette i det statlege tariffområdet. Registeret omfattar ei rekkje data om alle statstilsette. Informasjon frå registeret vert primært nytta i samband med dei sentrale lønsforhandlingane og som grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet. I tillegg er tenestemennenes hovudsamanslutningar, andre statlege instansar og forskingsmiljø brukarar av data.

IKT-tryggleik og sårbarheit

Forskningsrådets innsats finansiert av Fornyings- og administrasjonsdepartementet har i 2007 vore innanfor fagområdet IKT-tryggleik og sårbarheit. Det overordna målet med departementet si løyving til forskingsprogrammet har vore å styrkje den norske kompetanse innanfor IKT-tryggleiksforskning.

Forskningsprogrammet «IKT Sikkerhet og Sårbarheit» (www.forskningsradet.no/iktsos) hadde opphavleg ei planlagd lengd på fem år (2003–2007). Basert på utlysingane i 2003 og 2004 vart det bygd opp ein prosjektportefølje for programmet ut programperioden. Fem mindre prosjekt vart sette i gang etter programstyrets ønske om å fokusere på informasjonstiltak og nettverksbygging. I tillegg medverka desse prosjekta til auka internasjonalt samarbeid.

Programmet skulle etter planen vore avslutta i 2007, men grunna sein oppstart vart programmet forseinka i høve til den opphavlege tidsramma. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har derfor vedteke å utvide levetida for programmet med eitt år. I 2008 har Fornyings- og administrasjonsdepartementet gitt tilskot til avslutningsaktivitetar og sluttrapportering for programmet. Ein avslutningskonferanse vil bli halden i november 2008.

Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar

I september 2002 vart det vedtatt å gjennomføre eit prosjekt, Statens kulturhistoriske eigedomar, med formål å skaffe ei samla oversikt over statlege bygningar med kulturhistorisk verdi, jf. omtale i statsbudsjettet for åra 2002 til og med 2008, årlege rapportar frå prosjektet og forprosjektrapport frå mars 2002 (www.statenskulturhistoriskeeiendomer.no).

Med bakgrunn i Fornyings- og administrasjonsdepartementets rolle som eigedomsdepartementet i statleg sivil sektor, har Fornyings- og administrasjonsdepartementet leidd prosjektet. Det har vore ei referansegruppe med deltaking frå Miljøverndepartementet, Kunnskapsdepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet, Forsvarsdepartementet, Riksantikvaren, Statsbygg og Statens senter for arkiv, bibliotek og museum. Prosjektet har eige sekretariat som yter støtte til departement og statlege verksemdar som deltek i prosjektet. Sekretariatet har òg bygd opp og ajourført eit eige eigedomsregister til bruk for formålet. Dette registeret inneheld fleire tusen statlege bygningar med bilete og beskrivingar. Registeret er konstruert slik at det kan nyttast direkte i produksjonen av

landsverneplanane. Dette effektiviserer arbeidet vesentleg. Etter at Riksantikvaren har handsama landsverneplanane, vert relevante eigedomar overførde til kulturminneregisteret Askeladden, som Riksantikvaren har ansvaret for.

Prosjektet skulle vore avslutta i 2008. Det viser seg likevel at det òg vil verte arbeidd med nokre landsverneplanar i 2009. I og med at landsverneplanane no etter kvart vert sende over til Riksantikvaren til handsaming, og at eigedomsregisteret etter kvart skal samkøyrast og integrerast i kulturminneregisteret Askeladden, er Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Miljøverndepartementet samde om at Miljøverndepartementet får ansvaret for å slutføre prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar i 2009.

Mål og prioriteringar for 2009

OEP (Offentleg elektronisk postjournal)

I 2009 skal ei ny publiseringsteneste på Internett setjast i drift og gi allmenn tilgang til offentleg elektronisk postjournal. Den elektroniske postjournalen skal medverke til å effektivisere gjennomføringa av offentlegprinsippet i forvaltninga og gjere forvaltninga meir demokratisk tilgjengeleg. Ein ny felles nettportal skal gjere det lettare for allmenta å få tilgang til journalane til alle verksemdene som tenesta omfattar, og slik sikre openheit og innsyn i statsforvaltninga.

Alle departementa, Statsministerens kontor og fylkesmennene vil vere med i den nye tenesta frå starten. Det er òg eit mål at denne tenesta med elektroniske postjournalar seinare skal kunne omfatte store delar av offentleg sektor. Direktoratet for forvaltning og IKT vil få administrasjons- og forvaltningsansvaret for tenesta etter lansering.

Dokumentasjon om statleg ressursbruk og resultat (StatRes)

I 2009 skal ytterlegare fleire delar av statsforvaltninga inkluderast i StatRes. Samstundes skal dei eksisterande pilotane få betre indikatorar og tal, og den tekniske løysinga skal òg utviklast vidare.

Brukarretting og deltaking

Det er eit mål for Regjeringa å auke den demokratiske deltakinga blant innbyggjarane, ikkje minst når det gjeld å kunne påverke innhaldet i og utforminga av dei offentlege tenestene. Eit anna viktig mål for Regjeringa er at alle publikumsretta statlege etatar skal gjennomføre brukarundersøkingar og at resultatata som hovudregel skal offentleggjerast.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil arbeide for å auke den demokratiske deltakinga i utviklinga av offentlig sektor. I tillegg vil Fornyings- og administrasjonsdepartementet i samarbeid med fleire departement og etatar setje i verk ei ny, større undersøking av kor nøgde folk er med offentlege tenester. Denne skal gi tenesteytarar og styresmakter betre føresetnader for å vidareutvikle kvaliteten på tenestene. Undersøkinga vil medverke til at viktig kunnskap om tenestekvalitet og brukartilfredsheit vert betre kjend og sikre at offentlege tenester vert utvikla i tråd med dei forventningane innbyggjarane har.

Departementet vil, mellom anna gjennom informasjon og rådgiving, arbeide for at forvaltninga utviklar nye møteplassar, mellom anna elektroniske, for auka demokratisk deltaking i utviklinga av offentlege tenester. Fornyings- og administrasjonsdepartementet kjem i 2009 med ein rettleiar som skal styrkje etatane sitt arbeid med brukar-medverknad og brukarretting av tenestene.

Undersøkinga vert sett i gang hausten 2008 i regi av Direktoratet for forvaltning og IKT og dei første resultatata vil bli presenterte våren 2009. I løpet av 2009 vil dei fleste samfunnsområde og offentlege tenester bli dekte.

Kommunikasjonspolitik

Ny kommunikasjonspolitik vert klar våren 2009. Den statlege kommunikasjonspolitikken må leggje vekt på openheit og på medverknad. Likeeins må statlege verksemdar freiste å nå alle med sin informasjon og kommunikasjon. Statlege verksemdar skal vere aktive med å informere og kommunisere, og dei skal samordne seg med andre verksemdar. Offentlege styresmakter må i større og større grad sjå på innbyggjarane som likeverdige partar i si kommunikasjonsverksemd. Dette vil seie at styresmaktene må gi større innsyn i verksemda, ta betre omsyn til ei meir samansett befolkning og bruke eit enkelt og forståeleg språk.

Evaluerings av statlege utflyttingar

Ei interdepartemental arbeidsgruppe under leiing av Fornyings- og administrasjonsdepartementet har arbeidd fram felles retningslinjer for evaluering av kva slags verknader flytting av statlege verksemdar ut frå Oslo har hatt for dei stadene verksemdene er flytta til, for organisasjonen og dei tilsette og for etaten si evne til å løyse oppgåvene sine. Desse retningslinjene er lagde til grunn for ei evaluering av dei tilsyna som vart flytta frå Oslo i førre periode og av Kystverket. Arbeidet er starta i 2008 og sluttrapport skal vere klar våren 2009.

Retningslinjene skal gjere det mogleg å samanlikne erfaringar frå flytting av ulike statlege verksemder. Dette skal gje betre kunnskap om kva slags effektar flytting frå Oslo og lokalisering av statlege arbeidsplassar har. Den evalueringa som no er sett i gang, skal gi innsikt i kva slags verknader slike verkemiddel har for organisasjonen og oppgåveløysinga og for dei stadene verksemdene flytter til. I tillegg vil ei felles evaluering kunne seie noko meir allment om kva for effektar flytting har som verkemiddel.

Klart språk i staten

Eit av innspela på innbyggjarkonferansen som Fornyings- og administrasjonsdepartementet arrangerte våren 2007, var at språket i offentleg sektor bør bli enklare og tydelegare. Byråkratisk og vanskeleg språk skaper mistydingar og avstand mellom det offentlege og innbyggjarane. Regjeringa ønskjer derfor å starte eit omfattande arbeid for at statlege verksemder skal bli betre til å skrive eit klart og lett forståeleg språk. Ingen skal lure på om ein har fått ja eller nei på ein søknad på grunn av uklart språk. Krevjande fagstoff skal skrivast enkelt og greitt i brev og skjema. Med klart språk skal staten gjere sitt til at innbyggjarane får enkel informasjon om sine rettar og plikter, og dessutan gi folk eit betre grunnlag for å delta i samfunnet.

Tiltaka er primært retta mot statlege verksemder og tilsette, og er sette saman slik at dei skal understøtte kvarandre:

- språkverktøykasse på nett for statstilsette (verktøy for å skrive enklare)
- prosjekt i statlege verksemder med stort samfunnsansvar (standardbrev, skjema osv.)
- spreie erfaringane til alle statlege verksemder frå språkforbetringsprosjekt i NAV, Fylkesmennene og Statens Pensjonskasse
- kurs i klarspråk for tilsette (Språkrådet arrangerer)
- «Klart språk»- pris i statsforvaltninga
- eige forum for leiarar der klarspråk er tema

Regjeringa ønskjer òg at innbyggjarane tek del i arbeidet. Prosjektet vil starte nettdebattar, mellom anna ei eiga spalte der ein kan melde inn dårlege erfaringar med brev frå staten o.a. Prosjektet vil òg finne meir ut om innbyggjaranes syn på dette temaet ved å spørje eit representativt utval om erfaringar med språket i staten.

Å arbeide med betre språk vil krevje tiltak over tid. Prosjektet går difor vidare i 2010.

Rekruttering

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har mellom anna sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe på sentralt nivå som skal sjå nærare på korleis statlege verksemder møter utfordringane med å rekruttere og halde på kvalifisert arbeidskraft. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil arbeide vidare med analyse av datamaterialet, og trekkje kunnskapen inn i arbeidet med å forbetre staten som arbeidsplass.

Inkluderande arbeidsliv

Dei statlege verksemdene skal framleis setje mål, følgje opp og styrkje det kontinuerlege arbeidet med å redusere sjukefråværet. Aktiv tilrettelegging av arbeidet, oppfølgingssamtalar og oppfølgingsplanar skal gjennomførast. Informasjon om dei konkrete, gode røynslene og samarbeid i nettverk vil auke sjansen for resultatoppnåing. Ordninga med kjøp av helse- og rehabiliteringstenester («Raskare attende») er ei ny ordning som statlege verksemder no har fått høve til å nytte seg av. Arbeidet med ny tenestepensjonsordning skal styrkje arbeidslinja ved at det skal lønne seg å arbeide lenger.

Staten har òg utfordringar når det gjeld oppfølginga av tiltaksplanen for å rekruttere fleire personar med nedsett funksjonsevne. Departementet vil hente inn synspunkt frå kompetansemiljøa på resultatene frå evalueringsrapportane, slik at arbeidet med å utforme nye tiltak får eit godt kunnskapsgrunnlag.

Inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

For Regjeringa er det viktig at alle arbeidstakarar, uavhengig av bakgrunn, har dei same sjansane på arbeidsmarknaden. Arbeid har stor innverknad på den einskilde sine levekår og økonomiske situasjon. For å lukkast med integrering, er tiltak med omsyn til arbeid noko av det viktigaste. Staten har som arbeidsgivar eit særleg ansvar for å gå føre og rekruttere fleire personar med innvandrarbakgrunn. Større mangfald er naudsynt for å løyse oppgåvene i eit meir samansett samfunn med større kompleksitet. Det er òg viktig for staten sin legitimitet at forvaltninga så langt som mogleg speglar mangfaldet i befolkninga. Elles viser ein til resultatområde 6, delmål 2.2 i St. prp. nr 1 (2008–2009) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

I 2008 starta eit toårig forsøk med moderat kvotering for personar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn i 12 statlege verksemder. Direktoratet

for forvaltning og IKT er prosjektleiar og følgjer opp dei verksemdene som tek del i forsøket. Det skal mellom anna leggjast til rette for opplæring i mangfald i leiargruppene, i tillegg til at det skal etablerast eit kunnskapsnettverk. I tilknytning til forsøket gjennomfører Institutt for samfunnsforskning ei evaluering, både undervegs og når forsøket er sluttført.

Forsøksordninga skal òg fange opp arbeidsgivarane sin bruk av § 9 i forskrifta til tenestemannslova, som opnar for at arbeidsgivarane kan velje å sjå bort frå kvalifikasjonsprinsippet - om at den best kvalifiserte søkeren skal tilsetjast - om det er ein søkjar med nedsett funksjonsevne som er kvalifisert for stillinga.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil følgje opp dette på tre måtar:

- gjennomføre ei ny kartlegging av korleis arbeidsgivarane følgjer opp plikta til å kalle inn kvalifiserte innvandrarar til intervju ved tilsetjingar
- ved å følgje med på kor stor del av dei tilsette i staten som har innvandrarakgrunn slik det kjem fram i Statistisk sentralbyrå sin årlege statistikk
- ved å følgje med i utviklinga av forsøket med kvotering i statlege verksemdar

Budsjett 2009

Post 01 Driftsutgifter

Løyvingsforslaget dekkjer mellom anna departementet sine løns- og driftsutgifter.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvingsforslaget skal mellom anna dekkje utgifter til fornyingsarbeidet i departementet, sikring av regjeringsbygningane og områda rundt og gjennomføring av større analysar.

Post 22 Forsking, kan overførast

Departementet sin forskingsinnsats vil i særleg grad vere innretta mot område som medverkar til ny kunnskap om korleis offentleg sektor kan fornyast utan å svekkje dei verdiane som utgjer grunnlaget for den norske velferdsstatsmodellen. Eit viktig siktemål er at forskinga skal gi eit betre kunnskapsgrunnlag for å treffe gode avgjerder og medverke til å auke kvaliteten og effektiviteten innanfor ramma av ein sterk og god offentleg sektor.

Fornyings- og administrasjonsdepartementets forskning vil i hovudsak vere innretta mot desse politikkområda:

- IKT som verkemiddel i fornyingsarbeidet
- staten - ein kompetent, inkluderande og attraktiv arbeidsgivar
- organisering, samordning og styring
- forholdet mellom innbyggjarane og forvaltninga

Departementet sitt forskingsarbeid skal leggje stor vekt på formidling av forskingsresultat slik at desse medverkar til at forvaltninga samla sett utviklar evne til læring og systematisk forbetring innan og mellom sektorar.

Kap. 1503 Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskot	90 328	91 219	86 141
71	Bidrag frå arbeidstakarane	24 129	24 129	26 945
	Sum kap. 1503	114 457	115 348	113 086

Allmenn omtale

Staten og organisasjonane har i Hovudtariffavtala 2008 – 2010 avtale om at staten skal løyve tilskot til tenestemannsorganisasjonane sine opplærings- og utviklingstiltak. Avtalen vart oppretta etter mønster av tilsvarende avtale mellom LO og NHO, og vidareført i seinare oppgjer. Ordninga er òg eta-

blerte i andre tariffområde i privat og i kommunesektoren.

Rapport 2007

Midlane er nytta i samsvar med målsetjinga.

Mål og prioriteringar 2009

Etter gjeldande tariffavtale 2008–2010 skal midlane nyttast på same måte som i førre tariffperiode. Stønad til organisasjonane si opplæring av tillitsvalde i staten, mellom anna i organisasjons- og tillitsvaldarbeid, miljø- og vernearbeid, sjukefråvær, medraderett, personalpolitiske spørsmål, omstilling, effektivisering og samfunnsøkonomi m.m.

Budsjett 2009

Etter gjeldande tariffavtale er prosentsatsen for tilskotet fastsett til totalt 0,24 pst. av årleg utbetalt løn

etter hovudregulativet (A-tabell). Summen vert rekna ut når løns- og sysselsetjingsstatistikken per 01.10.2008 ligg føre våren 2009. Justering av løyvinga fremjast i eigen proposisjon.

Arbeidstakarane medverkar til finansieringa med 200 kroner per år av bruttoløn etter A-tabellen. Arbeidstakarane sine tilskot kjem fram under post 71, og vert budsjetterte i ein eigen proposisjon. Staten er pliktig til å følgje opp avtalen med tilsvarende opplærings- og informasjonstiltak på arbeidsgivarsida. Desse utgiftene må dekkjast av budsjettet til kvar einskild verksemd.

Kap. 1506 Noreg.no

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag
				2009Forslag 2009
01	Driftsutgifter	24 537		
21	Miside, <i>kan overførast</i>	16 143		
	Sum kap. 1506	40 680		

Allmenn omtale

Frå 01.01.2008 er verksemda Noreg.no ein del av Direktoratet for Forvaltning og IKT, sjå kap. 1521 Direktoratet for forvaltning og IKT. Under kap. 1506 vert det rapportert om verksemda i 2007.

Rapport 2007

Noreg.no har som oppgåve mellom anna å leggje til rette for at brukarane lett kan finne fram til offentlege tenester og offentleg informasjon, og medverke til auka kvalitet og betre samordning av offentlege tenester på Internett. Ei sentral oppgåve er forvaltningsansvaret og ansvaret for vidareutvikling av Miside.

Bruken av informasjonsportalen Noreg.no varierer mykje gjennom året. Noreg.no målar bruken av nettportalane noreg.no, norge.no og norway.no mellom anna gjennom talet på sidevisingar. I 2007 hadde Noreg.no 4,3 millionar besøk i løpet av året, og i gjennomsnitt 51 319 sidevisingar dagleg.

Noreg.no har eit pådrivaransvar for å oppnå auka kvalitet på offentlege nettstader. Noreg.no vurderer årleg om lag 700 nettstader etter kriterium for tilgjengelegheit, brukartilpassing og nyttig innhald. Vurderinga skal medverke til utvikling og forbetring av kvaliteten på offentlege nettstader. I 2007 vart kriteriesettet revidert, og krava til offentlege nettstader vart skjerpa.

Miside vart lansert 18.12.2006 som ein del av nettstaden Noreg.no. Forvaltning, drift og utvikling av Miside og innloggingsløysinga Minid har vore sentrale arbeidsoppgåver i 2007. I september vann Miside den europeiske prisen for framståande e-forvaltningsløysingar, European eGovernment Awards. Kåringa av Miside i klassen for Participation and transparency (deltaking og openheit) viser at Noreg er i front i utviklinga av innbyggjarretta tenester. Vel 1½ år etter lanseringa har Miside-tenesta over 450 000 registrerte brukarar, og Minid som vart lansert samstundes, har passert 670 000 registrerte brukarar. Meir enn 65 offentlege verksemder tilbyr no til saman over 400 elektroniske tenester til innbyggjarane.

Programkategori 01.10 Fylkesmannsembeta

Utgifter under programkategori 01.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1510	Fylkesmannsembeta	1 355 503	1 113 506	1 343 379	20,6
	Sum kategori 01.10	1 355 503	1 113 506	1 343 379	20,6

Inntekter under programkategori 01.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4510	Fylkesmannsembeta	267 526	15 361	149 961	876,2
	Sum kategori 01.10	267 526	15 361	149 961	876,2

Hovudmål for fylkesmannsembeta


Fylkesmannen er statens fremste representant i fylket. Fylkesmannen skal setje i verk statleg sektorpolitikk lokalt og regionalt - rettsleg korrekt, heilskapleg og samordna. For å nå dette målet har Fylkesmannen myndigheit på fleire sentrale politikkområde som skal sjåast i samanheng. Fylkesmannen har ein særleg viktig funksjon i grenseflata mellom statleg sektorpolitikk og kommunalt sjølvstyre, og mellom kommunane og innbyggjarane.

Politikkområda omfattar oppgåver frå til saman 12 departement. Fagområda er nærare omtalte i fagproposisjonane til dei respektive departementa. Kvart fagdepartement er fagleg overordna embeta på det aktuelle fagområdet, medan Fornyings- og administrasjonsdepartementet er administrativt overordna fylkesmannsembeta. Ansvar for Fylkesmannens verksemd er dermed delt mellom statsrådene.

I arbeidet med å setje i verk politikken til regjeringa, tek Fylkesmannen hand om fleire funksjonar:

- er bindeledd og samordnar mellom stat, kommune og innbyggjarar
- utøver myndigheit, rettstryggleiks- og kontrollfunksjon
- tek hand om fornyings- og utviklingsverksemd

Regjeringa arbeider med ei forvaltningsreform som vil få innverknad for Fylkesmannen si rolle og oppgåver frå 2010, jf. St.meld. nr. 12 (2006–2007) «Regionale fortrinn - regional framtid» og Innst.S. nr. 166 (2006–2007). Forslag frå Regjeringa var på høyring våren 2008. Regjeringa tek sikte på å fremje ei samleproposisjon for Stortinget hausten 2008. Hovudmåla for Fylkesmannen ligg fast i 2009.



Figur 2.1 Årsverk fordelt etter departementsområde.

Kjelde: Fylkesmannsembeta. Data gjeld 2007. I kategorien «andre departement» inngår Kultur- og kyrkjedepartementet, Samferdselsdepartementet og Utanriksdepartementet. Fornyings- og administrasjonsdepartementet sin del er i all hovudsak dei administrative årsverka.

Boks 2.1 Fylkesmannsembeta

- utfører oppgåver for 12 departement og 8 direktorat/tilsyn.
- har 2244 tilsette som utfører 2093 årsverk (Kjelde: Statens Sentrale Tenestemannsregister 03. 2008).
- 6 av 18 fylkesmenn er kvinner, mens 40 % av anna leing i fylkesmannsembeta er kvinner.
- har ei gjennomsnittleg sakshandsamings-tid for klagesaker etter sosialtenestelova på 1,8 månader i 2007, som er det same som i 2006.
- har ei gjennomsnittleg sakshandsamings-tid for klagesaker etter plan- og bygnings-lova på 3 månader i 2007, same som i 2006.

Riksrevisjonen kritiserte styringa og finansieringa av fylkesmannsembeta i Dokument nr. 3:14 (2006–2007). Fornyings- og administrasjonsdepartementet har kartlagt tidsbruk og måloppnåing på alle resultatområda i fylkesmannsembeta i 2007 og drøfta ressursituasjonen med ansvarlege fagdepartement. Regjeringa er oppteken av å sikre rettstrygggleiken for svake grupper i samfunnet. Regjeringa har derfor foreslått å auke løyvinga til fylkesmannsembeta med 25 mill. kroner for å styrkje arbeidet med tilsyn og klagesakshandsaming innan barnevernsområdet, helse- og sosialområdet og utdanningsområdet. Styrkinga gjeld òg arealplanlegging og arbeidet med natur- og miljøvern, og den vil betre forholdet for lokalt næringsliv gjennom raskare sakshandsaming i byggjesaker. Det er òg prioritert å arbeide for ein betra kontroll med m.a. tilskotsordningane for landbruket. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil i samarbeid med ansvarlege departement vidareutvikle eit finansieringssystem med sikte på at både departementa og det einskilte embetet skal kunne følgje utvikling av forholdet mellom oppgåver og ressurar på fagområda på ein betre måte.

Bindeledd og samordnar mellom stat, kommune og innbyggjarar

Fylkesmannen har ei viktig rolle i å formidle heilskapleg statleg politikk og forventingar til kommunane, på tvers av alle politikkområda. I den samanhengen er Fylkesmannen bindeledd og samordnar mellom staten og kommunane og skal òg vere meklar mellom ulike statlege sektorar, kommunar og fylkeskommunar.

Fylkesmannen medverkar til samordning av kommuneretta verksemd i regionale statsetatar. Fylkesmannen arbeider for å vidareutvikle møteplassar der Fylkesmannen, fylkeskommunane, kommunane, kommunesektorens interesse- og arbeidsgivarorganisasjon og andre regionale aktørar kan møtast og gjensidig utveksle erfaringar, tilbakemeldingar og formidle forventingar. Fylkesmannen er ein sentral informasjonskanal frå kommunane og innbyggjarane attende til staten og departementa.

Fylkesmannen har ansvar for å hjelpe til med kunnskap om bruk av lover og gir rettleiing om generell sakshandsaming i kommunane slik at kvaliteten vert sikra. Fylkesmannen førebur saker for direktorat og departement, har oppgåver knytte til innsamling og samordning av data og gir fagleg rettleiing.

På miljø- og landbruksområdet varetek Fylkesmannen nasjonal politikk og målsetjingar som er fastsette av Stortinget og regjeringa, og medverkar til å omsetje desse til regionale og lokale mål og tiltak. Fylkesmannen gjennomfører nasjonal miljøpolitikk der staten er forplikta etter internasjonale avtarar.

Fylkesmannen medverkar til utveksling av røynsler med samhandling mellom kommunale helse- og sosialtenester og dei andre helsetenestene (spesialisttenester og tannhelsetenesta). Fylkesmannen medverkar til at gode løysingar vert gjort kjende, og skaper møteplassar som stimulerer til auka samarbeid på tvers av sektorar og fagområde.

Oppvekst og levekår for barn og unge har stor innverknad på deira fysiske, psykiske og sosiale utvikling. Gjennom ansvaret for samordning gir Fylkesmannen råd til og motiverer kommunane til samarbeid mellom tenester og ulike institusjonar som arbeider for og med barn og unge og deira familiar. Dette gjeld mellom anna helsestasjonar, barnehagar, skular, barnevern og ulike frivillige organisasjonar.

Fylkesmannen sine oppgåver i samband med kommune- og fylkesplanlegginga er sentrale verkemiddel for formidling av statleg sektorpolitikk på viktige område. Samstundes fremjar Fylkesmannen heilskapleg statleg politikk i planleggingsarbeidet og medverkar med heilskapleg formidling av statleg arealpolitikk slik at dei nasjonale måla for lokal og regional omstilling og utvikling på kvart område er i samsvar med andre nasjonale mål. I høve til innbyggjarane og næringslivet sikrar Fylkesmannen som klageinstans at kommunale planvedtak prosessuelt og innholdsmessig er i samsvar med plan- og bygningslovgivinga og nasjonale interesser.

Fylkesmannen har ei viktig rolle ved kriser og katastrofar i fred, som samordnar av samfunns-tryggjleiksarbeidet i fylket. Fylkesmannen rettleier kommunane, og arbeider nært med Forsvaret og andre statsetatar i dette.

Utøving av myndigheit, rettstryggjleiks- og kontrollfunksjonen

Fylkesmannen er forvaltnings- og tilsynsmyndigheit etter fleire lover. Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane og andre offentlege og private verksemdar etterlever nasjonalt regelverk. Fylkesmannen er òg ein viktig rettstryggjleiksinnsans for innbyggjarane i klagesaker der kommunane fattar rettsleg bindande vedtak. Innbyggjarane skal oppleve Fylkesmannen som ein uhilda instans, som vektlegg rettstryggjleik som grunnlag for vedtaka sine. Ved handsaminga av søknader om fri saksførsel og fritt rettsråd sikrar Fylkesmannen innbyggjarar med mindre god økonomi naudsynt juridisk hjelp i saker som har mykje å seie for dei personleg eller for velferda deira. Fylkesmannens oppgåver knytte til overformynderia si verksemd er òg med på å sikre hjelp til dei som treng det for å ivareta interessene sine på det økonomiske og/eller det personlege området.

Fylkesmannen rettleier kommunane i økonomisk planlegging og forvaltning, og fokuserer på at kommunane føretek ein gjennomgang av finansforvaltninga si. Fylkesmannen rettleier og formidlar kunnskap om regelverk på økonomi, planlegging og rapportering til kommunane. Fylkesmannen gjennomfører lovlegkontroll av budsjett og godkjenner vedtak om låneopptak i kommunar som er under vilkårsbunden kontroll (ROBEK).

Fylkesmannen har ei omfattande og viktig oppgåve med å føre tilsyn på ulike samfunnsområde som er viktige for velferd, utdanning, helse og tryggjleik for innbyggjarane og for miljøtilhøva i fylket. For å utøve tilsyn og kontroll med at verksemdene følgjer lover og reglar, nyttar Fylkesmannen seg av ulike metodar i høve til ulike tilsynsobjekt og tenesteområde. Det er eit mål at Fylkesmannen skal utvikle ei størst mogleg samordna tilsynsverksemd og -metodikk. I kapittel 10A i kommunelova er Fylkesmannen gitt ei lovfesta rolle som samordnar av statleg tilsynsverksemd retta mot kommunane. Samordninga skal medverke til at staten sitt tilsyn med kommunane vert oversiktleg, einskapleg og føreseieleg.

Fylkesmannen har i 2008 arbeidd med risikobaserte kontrollplanar knytte til tilskotsordningane i landbruket og lagt desse til grunn for si kontrollverksemd. Fylkesmannen sin kontrollfunksjon knytt til tilskotsordningane i landbruket skal vida-

reutviklast i 2009. I arbeidet vert det lagt særskilt vekt på forvaltningskontroll i kommunane, slik at ordningar vert forvalta einskapleg samtidig som rettstryggjleiken vert teken vare på.

Fornyings- og utviklingsverksemd

Fylkesmennene stimulerer til lokalt omstillings- og fornyingsarbeid. Fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying må òg sjåast i samband med arbeidet knytt til rettleiing, samordning og skjønstilldeling, og med regjeringa sitt arbeid med fornying i kommunesektoren, der Kvalitetskommune-programmet inngår som ei viktig satsing, jf. St.prp. nr. 57 (2007–2008) «Kommuneproposisjonen 2009».

Arbeidet med styrking av lokalt miljøvern skal vidareførast. Regjeringa ser dette i samband med fornyingsarbeidet i kommunal sektor med sterkare fokus på kommunane si rolle som samfunnsutviklarar. Fylkesmannen medverkar i gjennomføringa med fagleg støtte og deltaking i nettverksamarbeid, rettleiing og kompetanseutvikling. Arbeidet vert samordna med det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet.

Som eit ledd i regjeringa sitt arbeid med klima- og miljøutfordringane, er det etablert eit nasjonalt utviklingsprogram for klimatiltak i landbruket for å styrkje landbruksområdet sitt arbeid med klimagassar. Fylkesmannen er ein viktig aktør i dette arbeidet i samband med kompetanseinnhenting, kompetanseoppbygging og som medspelar til kommunane som arbeider med klima- og energiplanar. Fylkesmannen medverkar vidare til at måla i Landbruks- og matdepartementet sin miljøstrategi 2008–2015 vert nådde gjennom rolla som pådrivar overfor kommunar, landbruksnæringa og andre relevante aktørar.

Handlingsplan for auka tilgjenge gjennom universell utforming gjeld for perioden 2005–2009. Fylkesmannen integrerer universell utforming som strategi i verksemda si og legg særleg vekt på å rettleie kommunane om universell utforming på alle relevante politikkområde.

Barnehagesektoren står framfor monalege strukturendringar ettersom regjeringa tek sikte på at retten til barnehageplass vert innført i 2009 og tilskotta til barnehagar vert innlemma i rammetilskottet til kommunane i 2011. Fylkesmannen si rolle som formidlar av nasjonale styringssignal vil bli svært viktig dei nærmaste åra.

Regjeringa legg vekt på å betre barnevernstenesta si evne til å setje inn eigna hjelpe- og omsorgstiltak for barn som vert utsette for omsorgssvikt og mishandling. Gjennom sin kontakt med kommunane stimulerer Fylkesmannen til

nytenking, organisasjons- og tiltaksutvikling og kompetanseutvikling i barnevernstenesta.

Dei neste tiåra vil Noreg oppleve demografiske endringar med ei gradvis aldrande befolkning. Gruppa eldre blant ikkje-vestlege innvandrarar vil òg auke i åra som kjem. Fylkesmannen medverkar til å førebu kommunane på dei auka oppgåvene dette kan føre til på helse- og sosialtenesteområdet og sørgjer for at dette vert sett på dagsordenen i kommunal planlegging. Fylkesmannen gir råd og stimulerer til auka brukarstyring og aktiv deltaking frå dei eldre. Den kommunale omsorgstenesta dekkjer etter kvart heile livsløpet, og har dei siste åra fått mange nye brukargrupper med langvarige og samansette problem og lidningar, som krev anna fagleg kompetanse enn heimetenestene tradisjonelt har rådd over. Fylkesmannen hjelper kommunane i det utviklings- og omstillingsarbeidet desse nye utfordringane krev, spesielt i høve til kompetanse og fagleg breidd.

Oppgåver på dei einskilde politikkområda

Velferd, helse og personleg tenesteyting

Fylkesmannen fører tilsyn med at innbyggjarane får den handsaminga av kommunane som dei etter lov og andre føresegner har krav på innan sosialtenester, barnevern, rustenester, utdanning og verjemål. Helsetilsynet i fylka fører tilsyn med at innbyggjarane får det same tilbodet når det gjeld helsetenester. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylka fører tilsyn med at både kommunale og andre verksemder, mellom anna helseføretaka, rettar seg etter dei plikter som følgjer av lovene. Dette er ikkje minst viktig når det gjeld likeverdige tenester for personar med minoritetsbakgrunn.

Fylkesmannen har ei viktig rolle i å setje i verk tiltak i handlingsplanen mot kjønnslemlesting. Fylkesmannen syter for kurs/seminar for å heve kompetansen hos helsepersonell, og stimulerer til tiltak i regi av helsestasjons- og skolehelsetenesta i kommunane for å førebyggje kjønnslemlesting. Vidare kartlegg Fylkesmannen omfanget av saker, erfaringar og kompetansebehov knytt til kjønnslemlesting i det kommunale barnevernet. Kartlegginga og anbefalingane frå Fylkesmannen om kompetansetiltak utgjer grunnlaget for vidare satsing på kompetansestyrking i det kommunale barnevernet og i helsestasjons- og skolehelsetenesta.

I 2009 vil Fylkesmannen saman med Helsetilsynet i fylka gjennomføre landsomfattande tilsyn med kommunale helse- og sosialtenester til barn i barnebustader og avlastningsbustader. Helsetilsynet i fylka vil i 2009 slutføre det toårige landsom-

fattande tilsynet med spesialisthelsetenester til vaksne med psykiske lidningar.

Fylkesmannen medverkar til å setje i verk Opptrappingsplan for rusfeltet overfor kommunane. I samarbeid med Helsedirektoratet og dei regionale kompetansesentra for rusmiddelspørsmål, hjelper Fylkesmannen kommunane med å betre kvaliteten på rusarbeidet. Fylkesmannen sitt arbeid med rusrådgiving vert finansiert over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet.

Stortinget har vedteke at Opptrappingsplanen for psykisk helse skal avsluttast i 2008. I 2009 medverkar Fylkesmannen til at tiltak og arbeidsmåtar som er sette i verk i planperioden vert vidareførte, og følgjer opp og kvalitetssikrar kommunane si rapportering om utviklinga av det psykiske helsearbeidet. Embeta sine rådgivarar innan det psykiske helsefeltet er finansierte over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet. Arbeidet med psykisk helse vert sett i samanheng med Fylkesmannen sitt arbeid på rusfeltet.

Stortinget har vedteke eit nytt kapittel 4A i lova om pasientrettar om helsehjelp til personar utan samtykkekompetanse som motset seg helsehjelpa, jf. Ot.prp. nr. 64 (2005–2006) og Innst.O. nr. 11 (2006–2007). Lova trer i kraft 01.01.2009. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylket er tillagde oppgåver knytte til klagesakshandsaming, overprøving og kontroll av einskildvedtak, pluss tilsynsoppgåver. Embeta vert styrkte over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett til oppgåva.

Fylkesmannen formidlar nasjonale satsingar i folkehelsepolitikken, deltek i det regionale partnerskapet for folkehelse og medverkar til samordning av ulike politikkområde som har innverknad på folkehelsa. Fylkesmannen syter for helsefagleg kunnskap, rådgiving og rettleiing i folkehelse spørsmål regionalt og lokalt, og medverkar i arbeidet for ei jamnare sosial fordeling av helse i befolkninga. Når det gjeld tverrdepartementale handlingsplanar innan mellom anna betre kosthald i befolkninga, fysisk aktivitet og tobakksførebyggjande arbeid, medverkar Fylkesmannen til at tiltaka innan dei einskilde sektorane vert gjennomførte og sette i samanheng. Dette gjeld til dømes helse-, miljø-, landbruks-, sosial- og utdanningssektoren. Fylkesmannen legg til rette for lokale lågterskeltilbod på livsstilsområdet, mellom anna med bakgrunn i Helsedirektoratet si kartlegging av status i sjukeheimar og nye nasjonale retningslinjer for førebygging og handsaming av underernæring.

I tråd med St.meld. nr. 25 (2005–2006) «Mestring, muligheter og mening» vil Fylkesmannen framleis syte for at dei komande omsorgsutfordringane vert sette på dagsorden i kommunane, og vil initiere og følgje opp planarbeidet i kommunane

for å møte desse utfordringane. Fylkesmannen medverkar i arbeidet med å utvikle både institusjonstenestene og heimetenestene i tråd med krava til framtidens omsorgsteneste. Omsorgsplan 2015 lyfter fram fire store prosjekt: 10 000 nye årsverk i pleie- og omsorgstenesta, 12 000 nye omsorgsplassar, Demensplan 2015 og Kompetanseløftet 2015. I samarbeid med mellom anna KS og Husbanken, sikrar Fylkesmannen at alle tiltaka og delplanane i Omsorgsplan 2015 vert følgde opp som ein heilskapleg plan. Embeta vert tilførde ressursar over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett for å følgje opp Omsorgsplan 2015.

Fylkesmannen er med i utviklinga av kompetanse og kvalitet i sosialtenesta og legg til rette for utvikling av bustadsosialt arbeid, rettleiing i personleg økonomi og andre oppgåver i kommunane knytte til innsatsen mot fattigdom. Fylkesmannen deltek i NAV-reforma i samarbeid med Arbeids- og velferdsetaten og representantar frå kommunane i fylket. Fylkesmannen si rolle er særleg knytt til kompetanseutvikling i sosialtenesta, deltaking i den regionale samordninga av reforma, og dessutan å gi råd til kommunane i arbeidet med å etablere ei felles statleg og kommunal arbeids- og velferdsforvaltning (NAV-kontor).

Regjeringa vil styrkje rettstryggleiken for brukarane av sosialtenesta og førebur eit lovforslag som vil utvide Fylkesmannen sitt tilsyn til å omfatte kommunane si forvaltning av økonomisk stønad, kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad. Ein odelstingsproposisjon er planlagt fremja for Stortinget våren 2009, og regjeringa tek sikte på at lova skal kunne tre i kraft medio 2009.

Fylkesmannen meklar i tvistar som hindrar Arbeids- og velferdsetaten og kommunane i å inngå avtale om felles, lokale NAV-kontor, jf. forskrift til arbeids- og velferdsforvaltningslova av 12. mars 2007. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylka følgjer omorganiseringa når det gjeld integrering av andre sosialtenester med tanke på å identifisere område med fare for svikt.

Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

Fylkesmannen følgjer opp alle kommunane i arbeidet med å dimensjonere for ein lovfesta rett til barnehageplass. Fylkesmannen har særleg fokus på dei kommunane som har vanskar med å nå målet om full barnehagedekning, men vil òg gjere sitt til at dei kommunane som har nådd full barnehagedekning held denne oppe. Fylkesmannen medverkar i oppfølginga av barnehagelova, rammeplanen for barnehagar og kompetansestrategien for barnehagesektoren, og forvaltar dei statlege midlane til lokale kompetansetiltak. Tilsyn med kommunen

som barnehagemyndigheit er ei prioritert oppgåve. Føremålet med tilsynet er å sikre at krava i barnehagelova vert oppfylte og å medverke til å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet.

På utdanningsområdet vil tilsyn vere hovudoppgåva for Fylkesmannen i 2009. Tilsynet medverkar til at grunnopplæringa vert gjennomført i samsvar med opplæringslova og privatskolelova med tilhøyrande forskrifter. Fylkesmannen rettar særleg merksemd mot skular og skuleeigarar der det er grunn til å tru at rettane til elevane ikkje er oppfylte. Fylkesmannen gjennomfører nasjonalt tilsyn med felles metodikk (systemrevisjon) på utvalde område innanfor utdanningssektoren. Fylkesmannen vil òg følgje opp tiltak for auka kvalitet i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) «Kvalitet i skolen». Embeta vert tilførde ressursar over Kunnskapsdepartementets budsjett til dette.

Tilsyn er hovudoppgåva til Fylkesmannen på barnevernsområdet. Fylkesmannen vil oppfylle krava i lovverket om individretta og systemretta tilsyn i offentlege og private barnevernsinstitusjonar. I 2009 vil arbeid knytt til meldingar til barnevernet og oppfølging av mottekne meldingar få særleg merksemd. Fylkesmennene held naudsynt oversikt over, og fører tilsyn med, utviklinga i barnevernstenesta i kommunane, og syter for at feil og manglar vert retta opp. Fylkesmannen rettleier og følgjer opp kommunane i arbeidet deira på barnevernsområdet.

Fleire fylkesmannsembete vil i løpet av 2009 få meir arbeid med å føre tilsyn med omsorgsenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar under 15 år fordi talet på einslege har auka. Fylkesmannen er klagemyndigheit på einskildvedtak fatta overfor denne gruppa.

Fylkesmannen har sakshandsamings- og informasjonsoppgåver etter ekteskapslova og barnelova, og fører tilsyn med familievernkontora. Fylkesmannen arbeider aktivt og målretta for å fremje likestilling gjennom å påverke og rettleie kommunane på alle politikkområda.

Arealdisponering og byggjesaker

Fylkesmannen har ansvar for at nasjonal politikk vert formidla og teke vare på i handsaminga av kommunale og regionale planar. Fylkesmannen har ei viktig rolle i høve til å gjennomføre nasjonale mål, setje i verk ny plan- og bygningslov og til å synleggjere kommunane sitt handlingsrom på plan- og miljøområdet. Fylkesmannen legg til rette for ein differensiert arealpolitikk for å oppretthalde og auke busetjinga i distrikta.

Fylkesmannen samordnar statlege forventningar og interesser i høve til kommunar og fylkes-

kommunar, og er ansvarleg for at regionale stat medverkar i regionale planprosessar og i gjennomføring av godkjende planar, mellom anna ved å følge opp godkjende fylkesplanar og fylkesdelplanar for kjøpesentra. Fylkesmannen og regionale statsetatar deltek òg i ulike partnerskap for å stimulere den regionale utviklinga.

Reglane om bygging i 100-metersbeltet langs sjøen er stramma inn. Fylkesmannen har særleg merksemd på at kommunane held fram med ein streng praksis ved handsaming av plansaker i strandsona og i fjellområda. Fylkesmannen har òg ei viktig oppgåve i å sjå til at kommunane sikrar miljøverdiar og friluftsliv i vassdragsnaturen, mellom anna gjennom innføring av byggjeforbod nærmare innsjøar og vassdrag enn 50–100 meter.

Fylkesmannen medverkar til at det vert teke omsyn til å oppretthalde eigna avstand mellom verksemdar som handterer farlege stoff og bustadområde, bygningar og område med offentleg ferdsel, jf. St.meld. nr. 22 (2007–2008) «Samfunnssikkerhet».

Fylkesmannen medverkar i arbeidet med å sikre grønstruktur og friområde i byar og tettstader, mellom anna gjennom rettleiing og strengare handheving av Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge. Ved handsaming av plansaker medverkar Fylkesmannen til at kommunane tek omsyn til truga artar, mellom anna i arbeidet med å sikre villreinen sine leveområde gjennom regionale planprosessar.

Det er regjeringa sitt mål å halvere den årlege omdisponeringa av jordressursar innan 2010 i forhold til den gjennomsnittlege omdisponeringa dei siste 10 åra. Fylkesmannen medverkar til at ivaretaking av viktige landbruksområde vert sett på den politiske dagsorden i kommunane. Regjeringa har lagt opp til ei meir restriktiv linje når det gjeld omdisponering av dyrka og dyrkbar mark, og Fylkesmannen har ei viktig rolle i å følgje opp dei nasjonale føringane når det gjeld jordvern. Fylkesmannen følgjer òg med på kommunane si praktisering av reglane i jord- og konsesjonslovgivinga, mellom anna i saker om deling, omdisponering og buplikt. I sin dialog med kommunane vil Fylkesmannen auke fokuset på priskontroll i konsesjonsaker, slik at prisane på landbrukseigedomar vert haldne på eit nivå som tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.

Fylkesmannen medverkar til å sikre landbruket sitt kulturlandskap i heile landet ved å stimulere kommunane til å peike ut kjerneområde for landbruk. I løpet av 2009 skal forvaltninga av om lag 20 utvalde kulturlandskap i jordbruket fordelt over heile landet vere sikra. Fylkesmannen har, saman med aktuelle kommunar, ei sentral rolle i å

følgje opp og sikre skjøtsel og vedlikehald av desse områda. Setring er ein viktig del av kulturarven, og Fylkesmannen medverkar til at Noreg framleis tek vare på ein kultur som elles i Europa er i tilbakegang. Særskilde tiltak i verdsarvområda vil òg halde fram i dei fylka der dette er aktuelt.

Dei nasjonale måla for bygningspolitikken skal takast vare på og formidlast. Fylkesmannen arbeider med sikte på god kvalitet i det bygde miljø og for ein god og effektiv byggjeprosess både når det gjeld si eiga handsaming av klager og når det gjeld sakshandsaminga i kommunane.

Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Regjeringa har som mål å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010, og Fylkesmannen sitt arbeid for å sikre leveområde, naturressursar og artar er ein føresetnad for å nå dette målet. Fylkesmannen vert styrka over Miljøverndepartementet sitt budsjett for arbeidet med å sikre naturmangfaldet.

Det er ei målsetjing å få til eit taktskifte innan næringsutvikling og innovasjon i landbruket. På bakgrunn av dei nasjonale strategiane for landbruksbasert næringsutvikling og for forskning og forskingsbasert innovasjon, vil Fylkesmannen i samspel med kommunar og det regionale partnerskapet arbeide med næringsutvikling og innovasjon. Fylkesmannen vil vere i dialog med Innovasjon Norge om roller og samarbeidsflater mot kommunane når det gjeld styrking av det kommunale næringsapparatet, særskilt gjennom Innovasjon Norge sitt kommuneprosjekt. I høve til det kommuneretta arbeidet, vert Fylkesmannen styrkt over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

I samband med rulleringa av regionale miljøprogram i jordbruket (RMP) med verknad frå 2009 vil Fylkesmannen følgje opp ei auka målretting av ordninga. Fylkesmannen arbeider òg med tiltak for å redusere forureininga frå landbruket.

Regjeringa har sett som mål at 15 pst. av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk innan 2015. Fylkesmannen medverkar i regjeringa si satsing på dette området mellom anna gjennom å følgje opp tiltak i dei fylkesvise handlingsplanane på økologisk landbruk.

Fylkesmannen medverkar i regjeringa sitt arbeid med berekraftig forvaltning og auka utnytting av skogressursane med sikte på verdiskaping og miljø- og energigevinstar. Fylkesmannen er ein pådrivar overfor kommunar og skognæring i arbeidet med auka bruk av trevirke og treprodukt, og av biomasse til bioenergi.

Fylkesmannen har ei viktig rolle i å sikre truga, sårbare og spesielt verdifulle naturtypar. Det arbeidet som Fylkesmannen utfører legg grunnlaget for å halde oppe tempoet i verneplanarbeidet, både i nasjonalparkplanen, skogvernet og i marin verneplan. Dei siste åra har forvaltning og skjøtsel av verneområda fått auka fokus, og Fylkesmannen sin innsats er avgjerande for å utvikle ei forvaltning slik at verneverdiane kan haldast oppe. Fylkesmannen vert styrka over Miljøverndepartementet sitt budsjett for arbeidet med vern og forvaltning av verneområda. I verneplanarbeidet har Fylkesmannen òg fokus på mogleg tilrettelegging for næringsutvikling.

Innanfor artsforvaltning er arbeid for å ta vare på villaksen, rovviltforvaltning og betre villreinforvaltning viktige oppgåver for Fylkesmannen. Fylkesmannen medverkar til samordning av landbrukspolitiske og miljøpolitiske verkemiddel i område der det kan oppstå konflikt mellom beiteinteresser og vern av rovvilt, og arbeider for å sikre god oppfølging og eit godt samarbeid med rovviltmyndene i regionen. I område der det vert utøvd reindrift ser Fylkesmannen til at reindriften sine interesser vert vurderte og ivaretekne.

Fylkesmannen medverkar til å betre kunnskapen om dei truga artane i sitt fylke, og til utarbeiding og gjennomføring av handlingsplanar for truga artar.

Arbeidet med å følgje opp vassforvaltningsforskrifta (oppfølging av EU sitt vassrammedirektiv) er no inne i ein fase der hovuddelen av arbeidet ligg hos Fylkesmannen. Embeta vert tilførte auka ressursar over Miljøverndepartementets budsjett til dette. Fylkesmannen sitt arbeid knytt til kartlegging av biologisk mangfald og kvalitetssikring av data gir viktig informasjon til nasjonale databasar og grunnlag for meir effektiv og målretta forvaltning av artar og naturtypar.

Regjeringa har i St.meld. nr. 14 (2006–2007) «Sammen for et giftfritt miljø» sett som mål at utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar ikkje skal føre til helseskade eller skader på naturens evne til produksjon og sjølvfornyng. Fylkesmannen har ei rekkje oppgåver knytte til dei nasjonale måla i meldinga, mellom anna tilsyn, sanksjonar og oppfølging av industriverksemder og avfallsanlegg. Fylkesmannen medverkar til å løyse avfallsproblema slik at det vert minst mogleg ulempe for menneske og miljø. Arbeidet med grunnforureining og nedlagde avfallsdeponi skal vidareførast. Fylkesmannen syter for at utslepp frå kommunal avløpssektor er i samsvar med nye avløpsreglar i forureiningsforskrifta og medverkar til å redusere utslepp ytterlegare for å sikre god

økologisk tilstand for vassførekomstane innan 2021, jf. vassforvaltningsforskrifta.

I St.meld. nr. 34 (2006–2007) «Norsk klimapolitik», foreslår regjeringa mellom anna sektorvise klimahandlingsplanar der òg kommunesektoren inngår. Fylkesmannen rettleier kommunane og syter for at arealplanar tek klimaomsyn i høve til busetjings- og utbyggingsmønster, transport, energibehov og tilrettelegging for ny fornybar energi. Fylkesmannen formidlar data for tilstand og utvikling av miljøet gjennom Miljøstatus i sitt fylke.

Samfunnstryggleik og beredskap

Regjeringa legg vekt på samarbeid og samvirke for å sikre heilskapeleg og samordna krisehandtering på sentralt, regionalt og lokalt nivå, jf. St.meld. nr. 22 (2007–2008) «Samfunnssikkerhet». Fylkesmannen vil i 2009 medverke til at den nasjonale satsinga på tilpassing til klimaendringar vert reflektert i regional og lokal beredskapsførebuing og krisehandtering. Fylkesmannen ser til at analysar av risiko og sårbarheit vert gjennomførte, beredskapsplanar vert vidareutvikla og øvingar og opplæring vert sett i verk. Rett dimensjonerte og øvde rednings- og beredskapsorganisasjonar er viktige føresetnader for god handtering.

Overordna nasjonal helse- og sosialberedskapsplan vart revidert av Helse- og omsorgsdepartementet i 2008. Fylkesmannen vil, i tråd med planen, vidareutvikle og øve sitt eige apparat for å ivareta si rolle ved kriser innan helse- og sosialberedskapsområdet. Fylkesmennene medverkar til at kommunar, helseføretak og vassverk vidareutviklar beredskapsplanane sine, utviklar avtalar og prosedyrar for samhandling i sektoren ved kriser, og gjennomfører øvingar og andre nødvendige kompetansetiltak i tråd med lov om helsemessig og sosial beredskap og anna helse- og sosiallovgiving.

Rapport 2007

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Fylkesmennene har i 2007:

- gitt rettleiing og informasjon til sosialtenesta i kommunane
- arbeidd med oppfølginga av Handlingsplan mot fattigdom
- arbeidd med nedbygging av hinder for personar med nedsett funksjonsevne mellom anna gjennom å sjå til at universell utforming vert nytta som strategisk verkemiddel for betre tilgjenge til helse- og omsorgstenester

- arbeid med gjennomføringa av NAV-reforma på fylkesnivå
- arbeid med å setje i verk nytt kvalifiseringsprogram
- informert om dei økonomiske og juridiske rammevilkåra for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og introduksjonsordninga
- For fyrste gong vart det i 2007 gjennomført statsborgarseremoniar i alle fylka. Totalt vart det gjennomført 27 seremoniar for meir enn 1000 nye statsborgarar. Oppslutninga om ordninga var på om lag 20 pst. av dei som vart inviterte til seremoni

Barne- og likestillingsdepartementet

Fylkesmennene har i 2007:

- ført tilsyn med barnevernsinstitusjonane og barnevernstenesta i kommunane. Kompetansen og kvaliteten i tilsynsarbeidet har betra seg mellom anna gjennom fleire landsomfattande tilsyn og større merksemd på risiko- og sårbarheitsanalysar. I det individretta tilsynet i institusjonane er måloppnåinga nær 100 pst. Fylkesmennene har òg følgd godt opp systemrevisjonar i institusjonane, og i 2007 er dei kvantitative måla med få unnatak nådde i fylka
- i tråd med trongen for nytenking og organisasjonsutvikling, har embeta i 2007 gitt naudsynt rettleiing til kommunar m.a. om forsøk om interkommunalt samarbeid i barnevernstenesta og etablering av internkontroll
- gjennom kurs og møte arbeid med likestillingslova sin aktivitetsplikt med sikte på å styrkje embetas kunnskap og rettleiingsrolle i høve til kommunane
- handsama søknader om separasjon og skilsmisse. I 2007 vart det innvilga 11 413 separasjonar og 10 280 skilsmisser. Berre eit fåtal embete har ført tilsyn med familievernkontora i 2007. Det er utarbeidd nye retningslinjer for dette tilsynet, som tok til å gjelde frå 01.01.2008

Helse- og omsorgsdepartementet

Fylkesmennene har i 2007:

- gjennomført 181 tilsyn som systemrevisjon med sosiale tenester. Av desse var 176 retta mot kommunar og bydelar, og fem mot andre verksemder. Av dei 181 tilsyna var 134 systemrevisjonar ledd i landsomfattande tilsyn. I alt 68 av desse var ledd i det felles tilsynet som vart gjennomført saman med Helsetilsynet i fylka retta mot kommunale helse- og sosialtenester til vaksne med psykiske lidingar. Dei andre sys-

temrevisjonane var retta mot avlastnings- og støttekontakttjenester etter sosialtenestelova. Dei 47 systemrevisjonane som ikkje var ein del av dei landsomfattande tilsyna vart gjennomførte på bakgrunn av informasjon som Fylkesmannen hadde om mellom anna risiko og sårbarheit i eige fylke. Desse tilsyna omfattar:

- 3 om rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor utviklingshemma
- 11 om helse- og sosialtenester til heimebuande
- 7 om tenester til rusavhengige, i eller utanfor institusjon
- Dei andre gjaldt kommunale tenester til barn, tenester til utviklingshemma og helse- og sosialberedskap
- gjennomførte til saman 246 stadlege tilsyn knytte til bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming. Dette er ei auking frå året før. Det er ført tilsyn med om lag 1/3 av dei utviklingshemma som har tvangstiltak
- handsama til saman 4 980 klagesaker etter sosialtenestelova i 2007. I alt 76 pst. av sakene vart handsama innan tre månader. Ni embete oppfylte kravet om at 90 pst. av klagesakene skulle handsamast innan tre månader. Talet på klagesaker etter sosialtenestelova er noko lågare enn tidlegare år
- medverka til ei styrking av folkehelsearbeidet i fylke og kommunar gjennom fagleg rådgiving og rettleiing på ulike nasjonale tematiske innsatsområde
- drive rådgiving og rettleiing om alkohollova til kommunane, og handsama klagesaker etter same lov
- drive rådgiving og informasjonsverksemd overfor helsetenesta, sosialtenesta og pleie- og omsorgstenesta
- medverka i arbeidet med Omsorgsplan 2015
- medverka i arbeidet med Opptappingsplan for psykisk helse gjennom rådgiving til kommunane, og medverka til god samhandling på individ- og systemnivå. Fylkesmannen har formidla oversikt og status på feltet til sentrale styresmakter
- gjennom rådgiving og rettleiing til kommunane hatt eit tydeleg fokus på tenester til eldre
- gjennomført opplærings- og informasjonstiltak på rusfeltet, medverka til at kunnskaps- og kompetansetiltaka på fagområdet er forankra i kommunane sine planar, og at kommunal kompetanseheving vert organisert som ein kontinuerleg prosess. Fylkesmannen har òg etablert faglege fora for kommunar med fokus på tverrfagleg tenesteutvikling

Helsetilsynet i fylka har i 2007:

- gjennomført 247 tilsyn som systemrevisjonar med helsetenester. Desse tilsyna fordelte seg med 168 tilsyn i kommunehelsetenesta, 72 tilsyn i spesialisthelsetenesta og 7 tilsyn retta mot andre tenester. Av dei 247 var 68 del av det landsomfattande tilsynet med kommunale helse- og sosialtenester til vaksne med psykiske lidningar. Tilsynet har undersøkt om tenestene er tilstrekkelege og tilgjengelege for alle som treng dei, om tilbod er tilpassa den einskildes behov og ønske, og om ulike deltenester har samordna sine tilbod. 27 tilsyn vart del av det landsomfattande tilsynet med kvalitet og forsvarleg tenesteyting i akuttinntak i somatiske sjukehus
- avslutta 1 727 tilsynssaker (enkeltsaker om mogeleg svikt i helsetenesta). Det er framleis store forskjellar i sakshandsamingstidene mellom embeta
- avslutta 887 klagesaker om manglande oppfylging av rettskrav på helsetenester. Meir enn 40 pst. av sakene er knytte til dekning av nødvendige reiseutgifter mellom heim og behandlingsstad (pasientrettsloven § 2–6)

For ein nærmare presentasjon av tilsynsresultata viser ein til St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Helse- og omsorgsdepartementet, omtale knytt til kap. 721 Statens helsetilsyn.

Justisdepartementet

Fylkesmennene har i 2007:

- handsama til saman 242 klagesaker etter verjemålslova
- ført tilsyn med og halde kurs for overformynderia i kommunane
- handsama om lag 20 000 saker om fritt rettsråd. Dei fleste av desse sakene er rett nok innvilga av advokat. Fylkesmannen har handsama om lag 140 saker om fri saksførsel
- utarbeidd eigen fylkes-ROS med oversikt over situasjonen for risiko og sårbarheit i fylket, med unnatak av tre embete som er i ferd med å utarbeide dette
- gjennomført tilsyn (105 kommunar) og øvingar (152 kommunar) i kommunane når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap
- gjennomført møte i fylkesberedskapsråda

Kommunal- og regionaldepartementet

Fylkesmennene har i 2007:

- arbeidd for at statleg forvaltning fungerer mest mogleg samordna i sin dialog med kommunane

- stimulert kommunane i omstillings- og fornyingsarbeidet deira, og medverka til å skape kultur for omstilling i kommunane. Fylkesmannen har i 2007 gitt om lag 97,1 mill. kroner i skjønnsmidlar til 360 utviklingsprosjekt. Prosjekta har vore gjennomførte i einskildkommunar og interkommunale samarbeid, og har mellom anna omhandla politiske og administrative endringar, utvikling av serviceerklæringar og brukarundersøkingar og prosjekt med arbeidsmiljø- og personalforvaltningstiltak
- rettleidd kommunane i økonomiforvaltninga. Fylkesmennene kontrollerte og godkjende budsjett og låneopptak for kommunar som er førde opp i Register for vilkårsbunden godkjenning og kontroll (ROBEK). I 2007 vart det sett i verk 75 lovlegkontrollar av budsjett, der 8 ikkje vart godkjende. Av 148 søknader om låneopptak frå ROBEK-kommunane vart 146 godkjende. Embeta følgde òg opp arbeidet med forpliktande plan for omstilling og kostnadsreduksjonar i ROBEK-kommunane
- hatt fokus på finansforvaltning i kommunane. Fire av embeta gjennomførte lovlegkontroll av kommunale vedtak i til saman 8 kommunar der det var tvil om kommunelova sine reglar om finansielle plasseringar var overhaldne
- godkjent til saman 125 kommunale garantiar av dei 127 som det vart fatta vedtak om
- rettleidd kommunane om rapportering av KOSTRA-data
- utført lovlegkontroll av kommunale vedtak. I 2007 vart til saman 97 saker handsama. 30 kommunale vedtak vart kjende ugyldige i 2007
- handsama 4 440 klagesaker etter plan- og bygningslova i 2007. Dette talet har auka noko sidan 2006. Sakshandsamingstida er på gjennomsnittleg 3 månader, same som i 2006

Kunnskapsdepartementet

Fylkesmennene har i 2007:

- arbeidd med full barnehagedekning gjennom møte og samlingar med kommunane og informasjons- og rettleiingsarbeid. Embeta har hatt særleg fokus på kommunane med lengst ventelister
- gjennomført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit. Det er variasjonar mellom embeta i kvaliteten på og omfanget av tilsynet, men mange embete har arbeidd grundig og målretta med tilsyn
- følgd opp Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007–2010) gjennom å forvalte statlege midlar til lokale kompetansetiltak

- gitt informasjon og rettleiing om lover og anna regelverk til mellom anna lokale skuleeigarar
- ført tilsyn og kontroll med at lover og anna regelverk vert følgde. Rapporteringa viser store variasjonar mellom embeta i kvaliteten på tilsynet
- gjennomført felles nasjonalt tilsyn på utdanningsområdet med systemrevisjon som metode. Temaet var om skuleeigar oppfyller kravet i opplæringslova om tilpassa opplæring og spesialundervisning, og i tillegg om skuleeigar i samband med dette har eit forsvarleg system for vurdering av om krava i lov og forskrift vert oppfylde. Resultata viste at det var avvik i 80 av dei 90 kommunane det vart ført tilsyn med (om lag 90 pst.). Det var avvik i 17 av 18 fylkeskommunar. Utdanningsdirektoratet følgjer opp resultata
- medverka til oppfølging av reforma Kunnskapsløftet, mellom anna gjennom informasjonsarbeid, oppfølging av læreplangrupper og innføring av nye læreplanar i grunnopplæringa. Vidare har fylkesmennene medverka til gjennomføring av Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008
- følgd opp nasjonale strategiplanar knytte til mellom anna lesing og rekning
- utført faste oppgåver knytte til eksamen, klagehandsaming (2 989 klagesaker, ein auke på 9,4 pst. frå 2006) og tilskottsforvaltning

Landbruks- og matdepartementet

Fylkesmennene har i 2007:

- arbeid for å ivareta dei nasjonale måla i landbrukspolitikken og vore ansvarlege for gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken på regionalt nivå
- vore utviklings- og kompetanseorgan på landbruksområdet generelt, og vidareutvikla kompetansesenterfunksjonen overfor kommunane gjennom rettleiing, kompetansehevingstiltak og møteverksemd
- styrkt dialogen med rådmenn og ordførarar og såleis medverka til at landbrukspolitikken i større grad vert sett på den politiske dagsorden i kommunane
- revidert og følgd opp dei regionale strategiane for landbruksbasert næringsutvikling og gitt innspel til evalueringa av regionale miljøprogram. Næringsorganisasjonane og det regionale partnerskapet har delteke i arbeidet
- stimulert til samarbeid og fellestiltak, innovasjon og verdiskaping gjennom nasjonale satsingar som verdiskapingsprogrammet for matpro-

duksjon, trebasert innovasjonsprogram og bioenergiprogrammet

- følgd opp regjeringa si satsing på skogbruk og bioenergi ved å utarbeide regionale strategiar for auka avverking og auka verdiskaping i samarbeid med næringa og kommunale og regionale partnerskap
- medverka i regjeringa si satsing på økologisk landbruk gjennom revidering av fylkesvise handlingsplanar for økologisk landbruk
- stimulert arbeidet med Grønt reiseliv og utmarksbaserte næringar i samarbeid med Innovasjon Norge, og med stønad til lokale prosjekt
- utarbeidd tiltak for å redusere forureininga i landbruket, medverka til auka samordning av landbrukspolitiske og miljøpolitiske verkemiddel i område der det har oppstått konflikt mellom beiteinteresser og vern av rovvilt, mellom anna gjennom oppfølging av rovviltneemdene
- samarbeidd med statleg forvaltning, fylkeskommunar, kommunar og anna statleg forvaltning om utviklingsprosjekt, fylkesplanar, kommuneplanar, og andre strategiske næringsplanar
- arbeid for å hindre at kulturlandskap gror igjen og at dyrka jord vert bygd ned, mellom anna gjennom dialog med kommunane og deltaking i planprosessar. Arbeidet er gjort i tråd med målsetjinga om å halvere den årlege omdisponeringa av viktige jordressursar og å vareta spesielt verdifulle kulturlandskap innan 2010
- starta opp ei særskilt satsing på kontroll av dei direkte tilskota i jord- og skogbruket. Ordningane er ein del av det totale verkemiddelapparatet

Miljøverndepartementet

Fylkesmennene har i 2007:

- arbeid med gjennomføring av verneplanar, mellom anna nasjonalparkplanen og utvida skogvern, og med forvaltning av verneområda
- medverka i arbeidet med gjennomføring av statleg rovviltpolitikk og -forvaltning m.a. gjennom å sikre bestandar av bjørn, jerv, ulv, gaupe og kongeørn i tråd med etablerte bestandsmål i regionen, og ved å medverke til å minimere dei skadar desse rovviltartane har valda husdyr og tamrein. Arbeidet har vore i tråd med føringar frå rovviltneemnda i kvar einskild region
- medverka i arbeidet med å utrydde lakseparasitten Gyrodactylus salaris i aktuelle fylke
- arbeid med kartlegging av biologisk mangfald i kommunane, m.a. fordelt tilskot og gitt fagleg rettleiing med spesiell fokus på kvalitetssikring og at nasjonale standardar er følgde. Fylkesmannen har oppdatert og kvalitetssikra databa-

- sar som Naturbase, Rovbase, INON, Vanninfo og Hjorteviltregisteret
- formidla og handsama nasjonal miljøpolitikk i høve til sektormyndigheiter og kommunar, og medverka til samordning av statlege interesser i handsaming av kommunale og fylkeskommunale planar
 - i tråd med regjeringas politikk ført ein streng praksis ved handsaming av plansaker i stranda og fjellområda
 - medverka i gjennomføring av det femårige utviklingsprogrammet på lokalt miljøvern og samfunnsutvikling
 - hatt fokus på universell utforming i høve til planlegging og har rettleidd kommunane om dette i samband med kommuneplanar og reguleringsplanar
 - teke hand om rolla som forureiningsmyndigheit, både mot næringsliv og kommunale verksemdar
 - delteke i tre landsdekkjande og tre regionale kontrollaksjonar på forureiningsområdet.

- Aksjonane har vist at det framleis er stor trong for meir tilsyn, særleg knytt til miljøgifter og farleg avfall
- gjennomført grovkarakterisering av vassdrag og kystområde, arbeid med å få vassregionmyndigheit og vassregionutval operative, utarbeidd utkast til overvåkingsprogram og førebudd arbeid med forvaltningsplan og tiltaksprogram for dei første 30 vassområda i Noreg
 - arbeid med å følgje opp kommunane i å etterkomme krava i nytt avløpsregelverk, mellom anna kursa kommunane i det nye regelverket
 - sett i verk arbeidet med å gjennomføre tiltaksplanar for forureina sediment i dei prioriterte fjordområda
 - arbeid med å gi nye løyver til dei avfallsdeponia som skal oppretthalde drifta etter 2009 og vidareført arbeidet med å avslutte dei deponia som ikkje skal drive vidare
 - arbeid med å hente inn miljødata og formidle miljøtilstand og utvikling

Budsjett 2009

Kap. 1510 Fylkesmannsembeta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	1 131 534	1 098 108	1 193 379
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	223 969	15 398	150 000
	Sum kap. 1510	1 355 503	1 113 506	1 343 379

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje ordinære løns- og driftsutgifter for fylkesmannsembeta.

Det vert foreslått å auke løyvinga med 25 mill. kroner for mellom anna å styrkje arbeidet knytt til tilsyn og klagesakshandsaming på barnevernsområdet, innan helse- og sosialområdet og utdanningsområdet. Vidare skal løyvinga dekkje auka ressursinnsats innan arealplanlegging, natur- og miljøvern, klagesakshandsaming i byggjesaker og tilskotsforvaltning på landbruksområdet.

Det vert foreslått å auke løyvinga med 4,7 mill. kroner til Fylkesmannen sitt tilsyn med omsorgsenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år, samt klagesakshandsaming på einskildvedtak fatta overfor denne gruppa. Løyvinga tek utgangspunkt i at det vil vere etablert sju omsorgsenter i 2009.

Det vert foreslått å overføre 1 mill. kroner frå Miljøverndepartementet sitt kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter til kap. 1510 post 01 for å styrkje embeta sitt arbeid knytt til handheving av regelverket for mottak av avfall i norske hamner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

I løpet av året får Fylkesmannen ekstra oppdrag frå andre departement og direktorat/tilsyn som det ikkje er avsett ressursar til innanfor kap. 1510 post 01. Oppdraga er knytte til mellom anna handlingsplanar og prosjekt, eller det vert gjort ei førebels styrking av eit fagområde gjennom overføring av midlar frå budsjettet til det ansvarlege fagdepartementet. Tilleggsfinansieringa frå andre departement vert ført på kap. 4510 post 01 Inntekter ved oppdrag. Det vert foreslått meirinntektsfullmakt til

å overskride løyvinga under post 21 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4510 post 01.

Det vert vidare foreslått å auke løyvinga parallelt på post 21 og kap. 4510 post 01. Bakgrunnen er

at i dei seinare år har rekneskapen vist store meirutgifter på post 21 og meirinntekter på kap. 4510.

Kap. 4510 Fylkesmannsembeta

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Inntekter ved oppdrag	33 827	2 360	149 961
02	Ymse inntekter	202 693	13 001	
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	1 448		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	9 749		
17	Refusjon lærlingar	730		
18	Refusjon sjukepengar	19 079		
	Sum kap. 4510	267 526	15 361	149 961

Post 01 Inntekter ved oppdrag

Det vert vist til omtale under kap. 1510 post 21

Post 02 Ymse inntekter

Det vert foreslått å overføre heile løyvinga frå post 02 Ymse inntekter til post 01 Inntekter ved oppdrag.

Post 02 skal berre nyttast til å inntektsføre refusjonar m.m. knytte til ordinære driftsutgifter under kap. 1510 post 01.

Programkategori 01.20 Forvaltnings- og IKT-utvikling

Utgifter under programkategori 01.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1521	Direktoratet for forvaltning og IKT		112 943	252 825	123,9
1522	Servicesenteret for departementa	469 363	436 247	455 932	4,5
1523	Tilskott til kompetanseutvikling	18 292	20 000	14 000	-30,0
	Sum kategori 01.20	487 655	569 190	722 757	27,0

Inntekter under programkategori 01.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4521	Direktoratet for forvaltning og IKT		5 022	7 620	51,7
4522	Servicesenteret for departementa	182 452	135 584	90 887	-33,0
	Sum kategori 01.20	182 452	140 606	98 507	-29,9

Interimsorganisasjon for nytt forvaltningsorgan (tidlegare kap. 1523)

Rapport 2007

Interimsorganisasjonen for nytt forvaltningsorgan vart oppretta 01.07.2007 og var i arbeid fram til 31.12.2007 som ordinært forvaltningsorgan underlagt Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Samstundes med at interimsorganisasjonen vart oppretta, vart aksjeselskapet Statskonsult avvikla. Arbeidet i aksjeselskapet vart heilt innlemma i forvaltningsorganet med dei arbeidstakarrettane som følgde av dette. Samtidig vart inngåtte avtalar og skyldnader overførte til staten. Interimsorganisasjonen la grunnlaget for det nye forvaltningsorganet som vart oppretta 01.01.2008, Direktoratet for forvaltning og IKT.

Hovudoppgåva i interimsorganisasjonen var i tillegg til å førebu etableringa av Direktoratet for forvaltning og IKT å arbeide med dokumentasjon og analyse, rettleiing og rådgiving. Den utførte òg administrative og operative oppgåver innanfor Fornyings- og administrasjonsdepartementet sitt ansvarsområde i forvaltningspolitikken, irekna organisering og fornying av offentleg sektor, per-

sonalpolitikk og leiing, kompetanseutvikling, IKT og innkjøpspolitikk.

Interimsorganisasjonen brukte i hovudsak sine ressursar i andre halvår 2007 til oppdrag som Statskonsult AS hadde vunne i konkurranse før 01.07.2007 og til å gjennomføre ei rekkje nye oppdrag frå departement og underliggjande verksemdar i interimsperioden. I tillegg førebudde interimsorganisasjonen etableringa av Direktoratet for forvaltning og IKT, der òg Noreg.no, Ehandelssekretariatet og tilsette frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet skulle inngå.

Interimsorganisasjonen var med på arbeid for å forbetre planlegging og oppstart av store og viktige IKT-prosjekt. Interimsorganisasjonen var sekretariat for arbeidsgruppa som utgreidde felles IKT-arkitektur og felleskomponentar for offentleg sektor.

Interimsorganisasjonen la vekt på å gjennomføre oppgåver som medverkar til ein god offentleg sektor. Særleg var det viktig å støtte arbeidet i departementa på ulike område. Interimsorganisasjonen støtta mellom anna Arbeids- og inkluderingsdepartementet i arbeidet med å gjennomgå utlendingsforvaltninga, Fornyings- og administra-

sjonsdepartementet sitt arbeid med å ferdigstille utvalsarbeidet om innkrevjing og Utanriksdepartementet sitt arbeid med bruk av nasjonale eksperter. I samarbeid med mellom anna Fornyings- og administrasjonsdepartementet har det vore arbeidd med ei nasjonal innbyggjarundersøking om offentlege tenester. Interimsorganisasjonen har dessutan assistert Utlendingsdirektoratet, Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, Husbanken, Statens forureiningstilsyn, Politiets utlendingsmyndigheit, Kripos, Arbeidstilsynet, Noregs Forskingsråd og Helse Øst RHF.

Interimsorganisasjonen gjennomførte 41 opne kurs og program og ni nettbaserte kurs. I tillegg

kom verksemdsinterne opplæringstiltak. På rådgi-
vingssida har det særleg vore etterspurnad etter
leiarutviklingstiltak.

Resultatvurdering

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vurderer resultata for interimsorganisasjonen som tilfredsstillande. Bidraga til departementa sitt utviklingsarbeid har gitt ein god start for eit nyoppretta direktorat, særleg når ein tek i vurdering at interimsorganisasjonen har vore i ei krevjande omstilling. Administrativt vart det etablert eit tilfredsstillande grunnlag for det nye direktoratet.

Kap. 1521 Direktoratet for forvaltning og IKT

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter		90 660	116 354
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		9 283	42 899
22	Miside, <i>kan overførast</i>		13 000	13 572
23	Elektronisk ID, <i>kan overførast</i>			80 000
	Sum kap. 1521		112 943	252 825

Allmenn omtale

Det overordna målet for Direktoratet for forvaltning og IKT er å sikre ei systematisk og kontinuerleg utvikling av statleg sektor. Direktoratets verksemd skal føre til at statsforvaltninga er kjenne-
teikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad, og til at den er organisert og leidd på ein god og målretta måte.

Direktoratet skal utføre oppgåver for Fornyings- og administrasjonsdepartementet og for andre departement og underliggjande verksemdar. Ei viktig oppgåve for direktoratet er på eige initiativ å ta opp problemstillingar som gjeld forvaltninga.

Direktoratet for forvaltning og IKT tilbyr kompetansetiltak, metodeutvikling, rettleiing, rådgi-
ving, analysar og informasjonsformidling innanfor sitt ansvarsområde. Dette omfattar mellom anna:

- organisering og omstilling i staten
- utvikling av leiarar og medarbeidarar i staten
- styring og samordning av IKT i offentlig sektor, inklusive utvikling og forvaltning av felles IKT-løysingar
- offentlege innkjøp

- statleg kommunikasjon overfor innbyggjarar og andre

Direktoratet må ha nært samarbeid med mellom anna Senter for statleg økonomistyring og miljø innanfor IKT-utvikling for å sørge for at ulike sektorovergripande initiativ utfyller kvarandre og er godt koordinerte.

Direktoratet for forvaltning og IKT vart oppretta 01.01.2008. Direktoratet er ei samanslåing av tidlegare Statskonsult AS, Noreg.no og Ehandelssekretariatet. Somme oppgåver og medarbeidarar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet har òg gått inn i den nye verksemda. Direktoratet er lokalisert i Oslo og Leikanger og har no om lag 120 tilsette.

Mål og prioriteringar 2009

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har fastsett at hovudmåla for Direktoratet for forvaltning og IKT er å:

- ha ei sentral rolle i arbeidet med å utvikle ein betre og meir effektiv offentlig sektor
- vere ein pådrivar i utvikling av leiarar og medarbeidarar i staten

- leggje til rette for koordinert, brukarretta og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor
- etablere og drive ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor
- leggje til rette for samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp

Det nye direktoratet er under oppbygging. Måla for Direktoratet for forvaltning og IKT kan bli justerte i tilknytning til ein pågåande strategiprosess, kor det òg er lagt opp til å overføre nokre oppgåver og medarbeidarar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, jf forslag til vedtak IV.

Direktoratet for forvaltning og IKT skal ha ei sentral rolle i arbeidet med å utvikle ein betre og meir effektiv offentleg sektor

Som ledd i arbeidet med å fornye og effektivisere statsforvaltninga, er det viktig å utvikle, systematisere og formidle kunnskap om organisering, leing og andre verkemiddel. Direktoratet skal utvikle og formidle kunnskap om kva effektar ulike endringar har på sektorpolitikken og korleis alternativ organisering og andre verkemiddel fungerer for å nå tverrgåande og overordna politiske mål. Direktoratet skal medverke til gode omstillingsprosessar i staten. Direktoratet skal stå for den praktiske oppfølginga av staten sin kommunikasjonspolitikk og må sikre at brukarorientering får ein sentral plass i utviklingsarbeidet.

Direktoratet skal i 2009:

- hjelpe departement og direktorat i utviklingsarbeidet deira, særleg med problemstillingar som er viktige for erfaringsoverføring til andre delar av forvaltninga
- gjennomføre områdegjennomgangar i offentleg sektor ved å analysere sider av utviklinga av statleg sektor
- utvikle metodar for å gjere statsforvaltninga meir brukarvennleg
- utvikle innbyggjarundersøkingar som reiskap for mellom anna å sikre betre kvalitet og rettstryggleik i statlege verksemder
- gjennomføre og følgje opp staten sin kommunikasjonspolitikk
- gi innbyggjarane rettleiing og råd i kontakten med offentleg sektor gjennom brukarkontakten og tenestene knytte til Noreg.no og Miside
- medverke til at offentleg informasjon vert tilgjengeleg og universelt utforma

Direktoratet for forvaltning og IKT skal vere ein pådrivar i utvikling av leiarar og medarbeidarar i staten

Utvikling av leiarar og medarbeidarar er avgjerande for å sikre ei god utvikling av forvaltninga. Ansvar for forvaltning og utvikling av dei tilsette ligg i den enskilte verksemda. Direktoratet skal vere pådrivar og støtte for departement, direktorat og andre statlege verksemder i arbeidet deira med å utvikle dei tilsette ved å gi kunnskap og formidle røynslar. Direktoratet skal òg utfordre etablert praksis gjennom analysar og ved å trekkje fram døme på interessante arbeidsformer og metodar for kompetanseutvikling.

Direktoratet skal i 2009:

- forvalte og gjennomføre tiltak på grunnlag av ny plattform for leing i staten
- gjennomføre enskilte større prosjekt knytte til mål om mangfald og inkluderande arbeidsliv i staten
- gjennomføre tiltak som sikrar solid felles kompetanse og forankring av felles verdiar i staten gjennom kurs og andre aktivitetar
- gjennomføre tiltak overfor statlege leiarar på ulike nivå for å vidareutvikle leiarkompetansen
- hjelpe til med informasjonsgrunnlag for rapporteringar på område som inkluderande arbeidsliv i staten og i arbeidet mot diskriminering i arbeidslivet

Direktoratet for forvaltning og IKT skal leggje til rette for koordinert, brukarretta og kostnadseffektiv IKT-bruk i offentleg sektor

IKT er eit viktig verkemiddel for å nå målet om ei samordna forvaltning som er kjenneteikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit, medverknad og rettstryggleik. I St.meld. nr. 17 (2006–2007) «Eit informasjonssamfunn for alle» er det varsla ei sterkare samordning og styring av IKT i offentleg sektor.

Direktoratet skal ha ei sentral rolle i å medverke til god utnytting av IKT i forvaltninga og til effektiv elektronisk samhandling med innbyggjarar, næringsliv og internt i forvaltninga. Direktoratet skal vere ansvarleg for å utvikle og gjennomføre viktige IKT-prosjekt, og for å gi departementet faglege innspel til strategiutvikling og politikkutforming.

Direktoratet skal i 2009:

- forvalte og vidareutvikle portalane Noreg.no og Miside
- vidareføre arbeidet med å etablere nye og vidareutvikle noverande fellesløysingar og felleskomponentar, og stimulere til at verksemdene

- utviklar ein IKT-arkitektur som gir grunnlag for elektronisk samhandling på tvers av sektorar
- vidareføre arbeidet med informasjonstryggleik for å støtte opp om sikker eForvaltning
- vere sekretariat for Standardiseringsrådet og hjelpe til med mellom anna å utarbeide rettleingsmateriale til referanse katalogen over forvaltningsstandardar
- ha ei sentral rolle i Noregs deltaking i internasjonalt samarbeid overfor EU på IKT-området
- forvalte Offentleg elektronisk postjournal og den historiske basen Elektronisk postjournal
- arbeide med utvikling av IKT-standard for universell utforming
- gjennomføre analysar og utgreiingar innanfor IKT-området

Direktoratet for forvaltning og IKT skal etablere og drive ein felles infrastruktur for eID i offentleg sektor

Etablering av ein robust og framtidssretta infrastruktur på eID-området fell saman med arbeidet med å realisere ei elektronisk forvaltning i samsvar med St.meld. nr. 17 (2006–2007). eID er naudsynt for at offentleg sektor i stor skala skal kunne leggje om tenesteytinga frå papirbaserte til elektroniske kanalar og utvikle meir avanserte tenester. Innbyggjarane skal kunne logge seg på offentlege tenester med same elektroniske identifikasjon uavhengig av kor tenestene kjem frå. Vidare kan eID og e-signatur opne opp for papirlaus kommunikasjon internt i staten. Desse tiltaka vil byggje opp under utviklinga av elektronisk forvaltning, som er eit av regjeringas viktigaste tiltak for fornying av offentleg sektor.

Direktoratet skal i 2009:

- utvikle eit opplegg for distribusjon av ein felles offentleg eID på mellomhøgt tryggleiksnivå til innbyggjarane. Eit tilbod om slik eID skal vere på plass i løpet av 2009. Det vert tatt sikte på å samarbeide med Skattedirektoratet om denne oppgåva
- vidareutvikle og drifte eit samtrafikknave for eID som kan stadfeste felles offentleg eID og aktuelle eID frå marknaden som oppfyller offentlege krav til tryggleik. Samtrafikknave skal òg tilby felles pålogging til fleire tenester. Nave vil bli utvida med ein stadfestingsfunksjon for eID frå nasjonalt ID-kort når dette er på plass. Ein første versjon av den felles infrastrukturen for eID skal vere tilgjengeleg i løpet av 2009. Direktoratet vil òg førebu ei samordna innføring av eID på høgt tryggleiksnivå
- vidareutvikle og oppdatere Kravspesifikasjon for PKI i offentleg sektor med tanke på å styrkje

- tryggleiken til eID til bruk i det offentlege. Likeeins skal Direktoratet vidareutvikle og halde vedlike kravspesifikasjonar for eID på andre tryggleiksnivå
- drive rådgiving og kompetansetiltak om innføring og bruk av eID for offentlege etatar som tilbyr tenester på nett til innbyggjarane eller næringslivet

Direktoratet for forvaltning og IKT skal leggje til rette for samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta innkjøp

Direktoratet skal medverke til auka verdiskaping gjennom mest mogeleg effektiv ressursbruk ved offentlege innkjøp. Direktoratet skal òg medverke til at offentlege innkjøp skjer på ein ryddig og samfunnsstenleg måte, og arbeide for at miljøbelastninga knytt til offentlege innkjøp vert minimert. Gjennom arbeidet med innføring av heilskaplege elektroniske innkjøpsprosessar i offentleg sektor vil direktoratet medverke til betre, enklare og sikrere offentlege innkjøp.

Direktoratet skal i 2009:

- leggje til rette for at offentlege innkjøparar har føremålstenlege innkjøpsprosessar
- utvikle og vedlikehalde rettleiingstilbod og verktøy som kan gjere innkjøpsprosessen betre, enklare og sikrere
- forvalte og vidareutvikle gjeldande tenestetilbod på Ehandel.no og Doffin
- leggje til rette for auka bruk av elektroniske verktøy ved offentlege innkjøp
- hjelpe departementet i politikkutforming om offentlege innkjøp
- leie PEPPOL-prosjektet om tilrettelegging for offentlege innkjøp på tvers av landegrenser i tråd med avtale med EU
- følgje opp Regjeringa sin handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp
- styrkje det nettbaserte rettleiingstilbodet om offentlege innkjøp

Budsjett 2009

Post 01 Driftsutgifter

Posten skal mellom anna dekkje lønns- og driftsutgifter, kurs- og kompetansetiltak, områdegjennomgangar og prioriterte prosjekt som vert fastsette i tildelingsbrev. Det er òg lagt inn 3 mill. kroner knytte til internasjonalt samarbeid innan forvaltningsutvikling og institusjonsbygging i samarbeid med Utanriksdepartementet og Norad. Kostnadene vert dekte ved tilsvarande inntekter under ny inntekstpost 04 Internasjonale oppdrag.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Posten dekkjer mellom anna IKT-prosjekta i direktoratet, driftsutgifter knytte opp mot Ehandelsekretariatet og EU-prosjektet Pan-European Public Procurement Online (PEPPOL).

Post 22 Miside, kan overføres

Posten dekkjer utgifter knytte til forvaltning og vidareutvikling av Miside.

Post 23 Elektronisk ID, kan overføres (ny)

Posten skal dekkje utgiftene til arbeidet med å innføre og ta i bruk eID på eit samordna vis i offentleg sektor. Posten skal nyttast til å vidareutvikle samtrafikknavet for eID og utvikle eit opplegg for distribusjon av ein felles offentleg eID på mellomhøgt tryggleiksnivå til innbyggjarane, og i tillegg førebu ei samordna innføring av eID på høgt tryggleiksnivå. Posten skal òg nyttast til å vidareutvikle og oppdatere «Kravspesifikasjon for PKI i offentleg sektor» og utvikle nye felles kravspesifikasjonar. Posten skal òg dekkje rådgiving og kompetansetiltak om innføring og bruk av eID for offentlege etatar som tilbyr tenester på nett til innbyggjarane eller næringslivet.

Kap. 4521 Direktoratet for forvaltning og IKT

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Salg av informasjonstjenester		22	
02	Andre inntekter		5 000	
03	Diverse inntekter			4 620
04	Internasjonale oppdrag			3 000
	Sum kap. 4521		5 022	7 620

Post 01 Sal av informasjonstenester

Sal av informasjonstenester vert frå og med 2009 budsjettert under post 03 Diverse inntekter.

Post 02 Andre inntekter

Kurs- og kompetansetiltaka skal underbygge hovudmåla for direktoratet, og er som hovudregel dekte gjennom ordinær rammefinansiering. Direktoratet kan likevel krevje inn dekking av reise og opphaldsutgifter. Dekking av verksemda sine kostnader knytte til store konferansar og liknande kan førast under posten.

Post 03 Diverse inntekter

Direktoratet for forvaltning og IKT er prosjektkoordinator for EU-prosjektet Pan-European Public

Procurement Online (PEPPOL). Direktoratet skal mellom anna fordele og refundere midlar som deltarlanda har nytta i prosjektdeltakinga. Det er budsjettert med 4,5 mill. kroner i utgifter under post 21 Spesielle driftsutgifter og tilsvarende inntekter under post 03. Inntekter frå sal av informasjonstenester er budsjetterte med 0,1 mill. kroner.

Post 04 Internasjonale oppdrag (ny)

Forslaget er knytt til direktoratet sitt arbeid med internasjonalt samarbeid innan forvaltningsutvikling og institusjonsbygging i samarbeid med Utanriksdepartementet og Norad, i tillegg til assistanse til dei andre departementa og direktorata sitt internasjonale arbeid. Samla utgifter i direktoratet til internasjonale oppdrag skal ikkje overstige inntektene under denne posten.

Kap. 1522 Servicesenteret for departementa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	368 551	318 840	339 366
21	Spesielle driftsutgifter	9 133		
22	Fellesutgifter for R-kvartalet	72 931	77 119	80 512
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	18 748	40 288	36 054
	Sum kap. 1522	469 363	436 247	455 932

Allmenn omtale

Det overordna målet til Servicesenteret for departementa er å levere føremålstenlege og kostnadseffektive fellestenester til Statsministerens kontor og departementa. Verksemda utfører eit mangfald av oppgåver, mellom anna:

- teknisk og fysisk trygging av typen tilgangskontroll og vakt- og resepsjonsteneste
- sentralbord og basis infrastruktur for data-nettverk og telefoni
- utvikling og drift av regjeringa.no, dessutan interne web-tenester
- IKT (inkludert tryggleik)
- økonomitenester
- reinhald, intern postfordeling og kopiteneste
- produksjon og utsending av publikasjonar i tråd med designprogrammet for departementa
- bedriftshelseteneste
- fellesbibliotek

Servicesenteret for departementa legg stor vekt på brukarorientering og kvalitetsutvikling på alle tenesteområda, og det vert regelmessig gjennomført brukarundersøkingar og referansemålingar. Vidare legg verksemda stor vekt på å ha eit kompetent fagmiljø på sine tenesteområde.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg til rette for at departementa gjennom brukarrådet kan drøfte generelle og konkrete saker som er viktige for tenesteytinga. Brukarrådet skal vidare hjelpe til med strategiar for standardisering og samordning av administrative fellestenester i departementsfellesskapet og medverke til at tenestene er kostnadseffektive og har tilfredsstillande kvalitet.

Finansieringsmodellen til Servicesenteret for departementa er ei blanding av brukar- og løyingsfinansiering. Hovuddelen er finansiert gjennom løyvinga. Det har vore gjennomført eit arbeid for å få på plass ein ny finansieringsmodell som skal sørge for ei effektiv styring og bruk av ressur-

sane. Den nye modellen skal nyttast frå 2009 og inneber at ein endå større del av tenestene vert finansiert gjennom løyvinga. Verksemda sine tenester har vorte delt inn i standardytingar og tilleggssytingar der berre tilleggssytingane skal vere brukarbetalte.

Rapport 2007

I 2007 var det ei prioritert oppgåve å arbeide vidare med å styrkje brukarorienteringa og kvalitetsutviklinga på dei ulike tenesteområda. I tillegg har det vore ei viktig oppgåve å fase inn systema til departementa i eit nytt driftsmiljø.

- Servicesenteret for departementa har i samarbeid med departementa etablert ein ny struktur for kunde- og brukarfora
- Servicesenteret for departementa gjennomførte ei referansemåling innan økonomitenester. Referansemålinga gav innspel til forbetringar på lønns- og rekneskapsområdet. Mellom anna kom det fram at handtering av reiserekningar hadde eit effektivitetspotensial
- hausten 2007 vart det gjennomført ei stor brukarundersøking. Føremålet var mellom anna å avdekkje oppfatningane til dei tilsette i departementa på ulike tenesteområde, slik at verksemda kan få innspel til forbetringar. I tillegg nyttar verksemda resultata frå undersøkingane til å vidareutvikle fellestenestene. Målinga i 2007 viste at brukarane stort sett var nøgde
- etableringa av ei felles departementsplattform har kravd noko meir ressursar enn det ein tidlegare gjekk ut frå. Det har vore nokre forseinkingar, men departementa vert no fasa inn på den nye IKT tenesta i tråd med fastlagde planar. Prosjektet vert endeleg avslutta i første kvartal 2009

I perioden har følgjande fellestenester stått i fokus:

- nivået på vakthald og tryggleik har vore i samsvar med dei gjeldande trusselvurderingane,

irekna IKT-tryggleik der ei ny elektronisk teneste for handsaming av gradert informasjon vart ferdigutvikla

- innan IKT vert det i større grad enn tidlegare satsa på systemutvikling og standardisering. Det gjeld både IKT-infrastruktur og sluttbrukar-tenester. I samband med IKT-prosjektet er det oppretta ei standardplattform for departementa
- verksemda har i samarbeid med brukarane vurdert framtidig trong for system på lønns- og personalområdet. I den samanheng vart det rådd til å gå vidare med ei ny løysing for elektronisk sakshandsaming av reiserekningar
- Servicesenteret for departementa har arbeidd vidare med å gjere regjeringa.no endå meir tilgjengeleg for brukarane. Mellom anna vert det satsa på lyd og visuell design. Det er utvikla ny felles plattform for interne webløysingar

Mål og prioriteringar 2009

Servicesenteret for departementa er organisert slik at tenesteleveransane er delte inn i fem hovudområde: IKT, sikring og trygging, kontortenester, informasjonsforvaltning og fellestenester.

Ei oppgåve for Servicesenteret for departementa er å styrkje støttefunksjonane til Statsministerens kontor og departementa. I 2009 skal verksemda prioritere:

- utforme ein strategi for basistjenester innan IKT
- setje i drift ein ny telefonsentral
- tilby ei ny løysing for elektronisk arkiv- og sakshandsamingssystem
- tilby ei ny løysing for elektronisk sakshandsaming av reiserekningar
- vidareutvikle regjeringa.no, med særskild vekt på video og interaktive tenester
- vidareutvikle felles interne webløysingar for departementa
- skaffe eit nytt sikringsanlegg og tilgangskontrollsystem. Etter planane skal det innan 2010 gjerast ei komplett utskifting av dagens system for kontroll av tilgangen i regjeringsskvartalet, Miljøverndepartementet, Utanriksdepartementet og Statsministerbustaden
- vidareutvikle opplegg for referansemålingar på aktuelle tenestemålingar og gjere styringsinformasjon enklare og meir tilgjengeleg for brukarane

Vidareutvikling av regjeringa.no

Regjeringa.no skal styrkjast som den offisielle hovudkanalen på Internett for kommunikasjon mellom befolkninga og Regjeringa. Det er viktig å utvikle vidare dialogen med innbyggjarane ved å ta

i bruk dei løysingane som dagens teknologi tilbyr. Det er særleg trong for vidareutvikling av nettstaden med betre løysingar for video, bilete og lyd.

DepSak II - Ny løysing for elektronisk sakshandsaming

Departementa har i dag valt ulike løysingar for elektronisk sakshandsaming. Siktemålet er å få eit felles system som alle departementa kan bruke og som kan leggje til rette for ytterlegare grad av elektronisk sakshandsaming mellom departementa. I spesifikasjonen for ei ny løysing er krav om opne standardar innarbeidd der det er mogleg.

Det statlege servicesenteret i Engerdal

Servicesenteret for departementa skal leggje til rette for pålitelege og kostnadseffektive tenester ved Det statlege servicesenteret i Engerdal. Ti statlege verksemdar nyttar no servicesenteret.

Miljø

Før sommaren 2008 ferdigstilte Servicesenteret for departementa eit prosjekt som legg til rette for at arbeidet med miljøleing vert integrert i HMS-arbeidet.

Servicesenteret for departementa arbeider for minst mogeleg klimabelastning. Dette skjer mellom anna gjennom

- å utøve pådrivarrolle for meir miljøvennleg drift i departementa
- aukande satsing på elektronisk publisering
- utvikle systema for web-kommunikasjon og elektronisk sakshandsaming
- auke bruken av videokonferansar
- betre kjeldesortering
- styrkje verksemda sitt system for miljøleing

Budsjett 2009

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer mellom anna utgifter til løn og drift av verksemda. Posten utgjer òg alle utgifter til prisa tenester og løyvingsfinansierte tenester. Inntekter frå dei prisa tenestene vert førte på kap. 4522 post 06.

Per 01.03.2008 hadde verksemda 480 årsverk.

Post 22 Fellesutgifter for R-kvartalet

Løyvinga dekkjer fellesutgifter for Regjeringsskvartalet, medrekna husleige for fellesareal og statsforvaltninga sin avtale med Kopinor samt drifts- og utviklingskostnader knytte til regjeringa.no.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overførast

Løyvinga på posten dekkjer mellom anna ny telefonsentral og sikringsanlegg. Telefonsentralen

vert skaffa i budsjetterminen, mens sikringsanlegget etter planen skal slutførast i 2010. I tillegg er det på posten avsett 5 mill. kroner til å dekkje vidareutvikling av regjeringa.no og 4 mill. kroner til å dekkje ny løysing for elektronisk sakshandsaming.

Kap. 4522 Servicesenteret for departementa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Diverse inntekter	4 205	2 469	2 578
06	Brukarfinansierte tenester	167 324	131 701	86 833
07	Parkeringsinntekter	1 365	1 414	1 476
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	75		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	2 046		
18	Refusjon sjukepengar	7 437		
	Sum kap. 4522	182 452	135 584	90 887

Post 02 Diverse inntekter

På posten vert det ført inntekter frå publikasjonar og vederlag for drift av Akademika.

Som følgje av den nye finansieringsmodellen er post 06 redusert med om lag 50,7 mill. kroner.

Post 06 Brukarfinansierte tenester

På posten vert det ført brukarbetaling for tilleggssyttingar til departementa og Statsministerens kontor.

Post 07 Parkeringsinntekter

På posten vert det ført inntekter frå avgift på parkeringsplassar i Regjeringskvartalet.

Kap. 1523 Tilskott til kompetanseutvikling

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskott, <i>kan overførast</i>	18 292	20 000	14 000
	Sum kap. 1523	18 292	20 000	14 000

Allmenn omtale

Staten og hovudsamanslutningane sette i lønnsoppgjeret 2008 av til saman 28 mill. kroner til kompetanseutvikling for tariffperioden, jf. Hovudtariffavtalen i staten og St.prp. nr. 68 (2007–2008).

Avsetninga er følgd opp med ei løyving på 14 mill. kroner i 2008 og framlegg om 14 mill. kroner i 2009.

Rapport 2007

Dei avsette midlane frå førre tariffperiode er fordelte etter utlysing til ei rekkje prosjekt i ulike statlege verksemdar, og til felles opplærings- og utviklingstiltak.

Mål og prioriteringar 2009

Av midlane er det sett av 25 mill. kroner til å stimulere til forsøks- og utviklingsprosjekt med ulike kompetansetiltak retta mot større mangfald og

oppfølging av intensjonsavtalen om eit inkluderande arbeidsliv og betre nyttiggjering av kompetansen til personar med etnisk minoritetsbakgrunn. I tillegg kjem organisasjons- og leiarutvikling, metodar og verktøy for kompetanse- og karriereutvikling og kompetanseutvikling for å hindre utstøying mellom anna ved omstillingar.

Det er sett av 3 mill. kroner til vidareføring av felles opplærings- og utviklingstiltak i samarbeidskompetanse og medverknad for leiing og til-litsvalde, med særleg utgangspunkt i Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen i staten.

Departementet og hovudsamanslutningane fastset retningsliner for avsetninga.

Programkategori 01.30 Partistøtte

Kap. 1530 Tilskot til dei politiske partia

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	253	960	990
70	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjonar	197 257	211 200	220 493
71	Tilskot til dei politiske partia sine kommunale organisasjonar	24 361	27 457	28 665
73	Tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar	58 602	59 970	62 609
75	Tilskot til partia sine fylkesungdomsorganisasjoner	16 556	17 047	17 797
76	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjonar	6 051	6 369	6 649
	Sum kap. 1530	303 080	323 003	337 203

Allmenn omtale

Lov om visse forhold vedrørende de politiske partiene (partiloven) og tilhøyrande føresegner

Partilova (lov 17.6.2005 nr. 102) trådte i kraft 01.01.2006. Dei administrative oppgåvene i tilknytning til lova ligg til Fornyings- og administrasjonsdepartementet og fylkesmennene. Statistisk sentralbyrå skal hente inn, stille saman og offentliggjere informasjon om partia sine inntekter.

Departementet har med grunnlag i partilova § 9, § 22 tredje ledd og § 27 fastsett «Forskrift om visse forhold vedrørende de politiske partiene (Partilovforskriften – FOR-2006-03-16-321)». Føresegnene har reglar om registrering av politiske parti, innrapportering av partiinntekter, tilbakeholding av partistøtte og dessutan reglar om Partilovnemnda.

Departementet har skipa eit eige domene (partifinansiering.no) for offentliggjerding av inntektsrekneskap. Websida vert drifta av Statistisk Sentralbyrå.

Elektronisk system for handtering av søknader

Departementet har i samband med Statistisk sentralbyrå og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skipa eit prosjekt for å utvikle ei elektronisk søknads- og rapporteringsordning for alle registrerte politiske parti og partilag. Systemet vart teke i bruk 01.01.2008 og gjer det enklare for partia å søkje om stønad. Systemet har òg gjort administreringa av partilova meir effektiv for fylkesmannsembeta, Statistisk Sentralbyrå og departementet. Systemet vert ført vidare i 2009 og vil bli utvida til òg å omfatte stortingspartia og dei sentrale ungdomsorganisasjonane.

Partilovnemndas handheving av partilova

Partilovnemnda har for 2007 lagt til grunn ei streng handheving av partia si plikt til å innrapportere inntektsrekneskap etter kap. 4 i partilova. Nemnda har i om lag 120 tilfelle halde tilbake stønad for eit år der rapporteringa ikkje har vore i samsvar med lova.

Europarådet si evaluering av den norske partifinansieringa

GRECO (Group of States against Corruption) vart etablert i 1999 som ein internasjonal samarbeidsavtale og eit verktøy for oppfølging under Europarådet. GRECO skal styrkje medlemslanda si evne til å kjempe mot korrupsjon gjennom oppsyn med og oppfølging av at medlemslanda set i verk dei rettslege instrumenta. Dei aller fleste landa i Europa tek del i GRECO-samarbeidet. USA er òg med i dette samarbeidet. Noreg har vore medlem av GRECO sidan 2001. Medlemskapen inneber ei plikt til å delta i evalueringa av medlemslanda og å la seg evaluere på det strafferettslege så vel som det sivilrettslege området.

Frå 01.01.2007 sette GRECO i gang ein tredje evalueringsrunde som dekkjer regulering av openheit rundt finansiering av politiske parti, med referanse til Ministerkomiteens rekommandasjon 2003/4. «Felles reglar mot korrupsjon i finansieringa av dei politiske partia og valkampanjar». Noreg skal evaluerast hausten 2008. Evalueringane munnar ut i ein rapport som skal handsamast og vedtakast i plenums møte i GRECO. Her kan det verte gitt tilrådingar om nye tiltak til medlemslandet. Tilrådingar må følgjast opp, og medlemslandet må rapportere tilbake til GRECO innan ein gitt dato om kva som er gjort for å følgje opp tilrådingane.

Informasjon om GRECO finn ein på:

http://www.coe.int/t/dg1/Greco/Default_en.asp

Budsjett 2009

All statleg partistøtte vert løyvd over kap. 1530. Stønaden til folkevalde organ på lokalt og regionalt plan har sidan 01.01.2006 gått inn i rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer mellom anna utgifter til drift av Partilovnemnda, den elektroniske søknadsordninga (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) og Partiregisteret (Brønnøysund).

Post 70 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjonar

Løyvinga er, som tidlegare, øyremerkt registrerte politiske parti og er delt mellom underpostane 1 Stemmestønad (9/10) og 2 Grunnstønad (1/10).

Underpost 1 Stemmestønad

Stemmestønad vert fordelt som ein fast sats per stemme rekna ut på grunnlag av dei årlege løyvingane og resultatet frå siste stortingsval.

Underpost 2 Grunnstønad

Grunnstønad vert betalt ut til partiet sin hovudorganisasjon dersom partiet fekk minst 2,5 pst. oppslutning på landsbasis eller vann minst éin stortingsrepresentant ved siste stortingsval. Grunnstønad vert fordelt likt mellom desse partia.

Post 71 Tilskot til dei politiske partia sine kommunale organisasjonar

Løyvinga er, som tidlegare, øyremerkt registrerte politiske parti og vert delt mellom underpostane 1 Stemmestønad (9/10) og 2 Grunnstønad (1/10). Det er eit krav om at kommunepartia må ha ein organisasjon i den respektive kommunen for å få stemmestønad og grunnstønad. Fylkesmannen gjer utbetalingane.

Underpost 1 Stemmestønad

Stemmestønad vert betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen vert rekna ut på grunnlag av dei årlege løyvingane og resultatet frå siste kommunestyreval.

Underpost 2 Grunnstønad

Grunnstønad vert løyvd til partia sine kommuneorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4,0 pst. oppslutning i kommunen eller vann minst éin representant ved kommunestyrevalet. Grunnstønad vert fordelt likt mellom desse partia.

Post 73 Tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar

Løyvinga er, som tidlegare, øyremerkt registrerte politiske parti og vert delt mellom underpostane 1 Stemmestønad (9/10) og 2 Grunnstønad (1/10). Det er eit krav om at fylkespartia må ha ein organisasjon i gjeldande fylke for å få stemmestønad og grunnstønad. Fylkesmannen gjer utbetalingane.

Underpost 1 Stemmestønad

Stemmestønad vert betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen vert rekna ut på grunnlag av dei årlege løyvingane og resultatet frå siste fylkestingsval.

Underpost 2 Grunnstønad

Grunnstønad vert løyvd til partia sine fylkesorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4,0 pst. oppslutning i kommunen eller vann minst éin representant ved fylkestingsvalet. Grunnstønad vert fordelt likt mellom desse partia.

Post 75 Tilskot til dei politiske partia sine fylkesungdomsorganisasjonar

Løyvinga vert delt i samsvar med morpartiet sin del av det totale talet på stemmer som gjekk til

parti med fylkesungdomsorganisasjon. Fylkesmannen gjer utbetalingane.

Post 76 Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjonar

Løyvinga vert delt i samsvar med morpartiet sin del av det totale talet på stemmer som gjekk til parti med sentral ungdomsorganisasjon. Departementet gjer utbetalingane.

Programkategori 01.40 Pensjonar m.m.

Utgifter under programkategori 01.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1541	Pensjonar av statskassa	22 349	23 800	21 700	-8,8
1542	Tilskot til Statens Pensjonskasse	7 837 849	9 443 000	8 357 000	-11,5
1543	Arbeidsgivaravgift til folketrygda	823 000	852 000	921 000	8,1
1544	Bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse	2 989 429	1 300 000	3 400 000	161,5
1546	Yrkesskadeforsikring	79 743	85 000	94 000	10,6
1547	Gruppelivsforsikring	84 327	84 000	126 000	50,0
2470	Statens Pensjonskasse	3 099	31 465	315 910	904,0
	Sum kategori 01.40	11 839 796	11 819 265	13 235 610	12,0

Inntekter under programkategori 01.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4546	Yrkesskadeforsikring	126 488	116 000	127 000	9,5
4547	Gruppelivsforsikring	46 497	43 000	47 000	9,3
5470	Statens Pensjonskasse	40 898	17 059	17 059	0,0
5607	Renter av bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse	643 701	772 000	1 223 000	58,4
	Sum kategori 01.40	857 584	948 059	1 414 059	49,2

Allmenn omtale

Kategorien omhandlar både den administrative drifta av Statens Pensjonskasse og dei ytingane som ordningane til Statens Pensjonskasse gir rett til. Statens Pensjonskasse forvaltar Noregs største tenestepensjonsordning, og er ein statsgarantert pensjonskasse. Dette gir staten ansvaret for å finansiere dei pensjonane som vert tente opp. Verdien av desse rettane er om lag 300 mrd. kroner.

Medlemer og regelverk

Staten har sidan 1917 hatt ei lovheimla tenestepensjonsordning for sine embets- og tenestemenn og

for skuleverket. Per 31.12.2007 var om lag 970 000 medlemer knytte til pensjonsordningane som Statens Pensjonskasse administrerer. Av desse er det om lag 230 000 pensjonistar og 290 000 yrkesaktive medlemer, mens 450 000 har rett til såkalla oppsett pensjon, dvs. at dei tidlegare har opparbeidd pensjonsrettar i Statens Pensjonskasse, men at dei for tida ikkje er tilsette i ei medlemsverksemd.

Medlemskap er obligatorisk for statstilsette (tilsette i staten som juridisk eining), som utgjer om lag halvparten av dei 290 000 yrkesaktive medlemene. Dei yrkesaktive medlemene kan delast inn i fire hovudgrupper med omsyn til arbeidsgivar:

- statsforvaltninga, Stortingets organ og domstolane (51 pst.)
- skuleverket i kommunal og fylkeskommunal sektor (36 pst.)
- selskap/føretak (9 pst.)
- stiftingar/organisasjonar mv. (4 pst.)

Ytingane frå Statens Pensjonskasse omfattar:

- alderspensjon
- uførepensjon
- enkje- og enkjemannspensjon
- barnepensjon

I tillegg administrerer Statens Pensjonskasse:

- gruppelivsforsikring
- erstatning ved yrkesskade
- vartpengar
- pensjonar av statskassen
- førtidspensjon
- avtalefesta pensjon (AFP)
- bustadlån

Statens Pensjonskasse administrerer òg eigne pensjonsordningar for mellom anna apotekverksemd, statsrådar, stortingsrepresentantar, kunstnarleg personale ved Den norske opera og følgjepersonar i utanrikstenesta.

Pensjonsytingane vert samordna med ytingane frå folketrygda og andre offentlege tenestepensjonsordningar. Samordninga med dei andre offentlege tenestepensjonsordningane skjer gjennom Overføringsavtalen. Overføringsavtalen er inngått mellom Statens Pensjonskasse og andre leverandørar av offentlege tenestepensjonsordningar i kommunale pensjonskassar, livforsikringsselskap og lovfesta pensjonsordningar, og skal sikre at medlemene sin pensjon ikkje vert påverka når dei skiftar arbeidsgivar i offentlig sektor. Overføringsavtalen stiller mellom anna krav om at det skal vere eit felles pensjonsprodukt, og at pensjonane skal regulerast på same måten som i Statens Pensjonskasse. Dette sikrar dei tilsette årleg regulering av opptente pensjonsrettar òg etter eit skifte frå statleg til privat sektor. Statens Pensjonskasse er koordinerande organ for Overføringsavtalen, og handhevar mellom anna regelverket for oppgjør mellom pensjonsordningane.

Premiebetaling i Statens Pensjonskasse

Hovudprinsippet for dei statlege verksemdene er at det ikkje vert betalt pensjonspremie. For om lag 3 av 5 statstilsette vert det ikkje betalt premie. Som hovudprinsipp betaler nettobudsjetterte statlege verksemdar premie, medan dei bruttobudsjetterte ikkje betaler premie. Blant dei ikkje-statlege med-

lemsverksemdene er premiebetaling eit hovudprinsipp. Ei rekkje ideelle organisasjonar, religiøse organisasjonar og arbeidslivorganisasjonar utgjer likevel eit unntak frå hovudregelen, då dei berre betaler medlemsinnskot.

Samla sett vert det ikkje betalt premie (korkje arbeidsgivarpremie eller medlemsinnskot) for om lag 28 pst. av dei yrkesaktive medlemene. Dei resterande 72 pst. som det vert betalt premie for, kan delast inn i fire hovudkategoriar:

- berre medlemsavgift (1,5 pst.)
- berre medlemsavgift og AFP-ordning (0,5 pst.)
- full premiebetaling utan bruk av fiktive fond/forsikringstekniske oppgjør (58,5 pst.). Gruppebasert oppfølging som hovudprinsipp
- full premiebetaling med bruk av fiktive fond/forsikringstekniske oppgjør (11,5 pst.). Individuell oppfølging

Oppfølging med bruk av fiktive fond inneber at ein simulerer avsetning av pensjonsmidlar. Bakgrunnen for denne ordninga er ønsket om å kunne få ei mest mogleg korrekt aktuariell premieoppfølging av medlemsverksemdene, slik at desse til kvar tid betaler det pensjonsordninga kostar. Ei slik målsetting er mellom anna uttrykt i St.meld. nr. 33 (1993–1994) «Om medlemskap i Statens Pensjonskasse», jf. Innst. S. nr. 159 (1993–1994). Ordninga mogleggjer at Statens Pensjonskasse kan gjere forsikringstekniske oppgjør.

Ordninga med fiktive fond har til no berre vert nytta til å følgje opp om lag 100 verksemdar. Dette skuldast mellom anna at det er meir ressurskrevjande å følgje opp verksemdene med slike fond. Ein har derfor mellom anna prioritert denne typen oppfølging særskilt der dette har vore sett på som viktig ut frå konkurranseomsyn. Den nye forsikringstekniske systemløysinga til Statens Pensjonskasse (jf. omtale nedanfor) gjer det mogleg med ei meir effektiv og automatisert oppfølging av dei fiktive fonda. Departementet vil derfor vurdere nærmare om fleire premiebetalande verksemdar bør følgjast opp på denne måten i framtida. I denne samanheng vil departementet òg vurdere ei eventuell endring av avkastningsmodellen.

Det nye forsikringstekniske systemet gjer det òg mogleg å følgje opp verksemdene på andre måtar enn tidlegare. Fram til no har ein berre nytta premiar som er fastsette på førehand, men frå 2009 vert det lagt opp til å innføre såkalla hendingsbaserte premiar for alle aksjeselskap som har eigne fiktive fond, jf. omtale nedanfor. Departementet vil vurdere nærmare om bruken av hendingsbasert premie bør utvidast òg til andre medlemsverksemdar.

Hovudutfordringar og utviklingstrekk


Statens Pensjonskasse vil få ein markert auke i arbeidsmengda framover. Det er to hovudårsaker til dette:

- pensjonsreforma og Statens Pensjonskasse sitt arbeid med å tilpasse system og prosessar til det nye regelverket vil gi store investeringskostnader og driftskostnader for at Statens Pensjonskasse skal kunne halde fram med å utbetale rett pensjon til rett tid

- talet på pensjonar vil auke frå om lag 230 000 til om lag 310 000 i løpet av dei neste 10 åra

Veksten i talet på pensjonistar

Talet på pensjonistar i Statens Pensjonskasse har auka kraftig frå 1980 og fram til i dag. Veksten vil truleg skyte fart i tida framover. Talet på alderspensjonistar auka frå om lag 50 000 i 1980 til om lag 110 000 i 2007. Som tabellen nedanfor viser, kan talet på alderspensjonistar kome opp i om lag 200 000 i år 2020 og 350 000 i år 2050.



Figur 2.2 Antatt utvikling i antall pensjonister i SPK

Pensjonsreforma

Stortinget har gjennom vedtak i mai 2005 og april 2007 klargjort hovutrekka i eit nytt pensjonssystem. Alderspensionen skal framleis vere grunnpilaren i pensjonssystemet. Ny alderspensjon skal sikre ein pensjon rekna ut frå inntekta gjennom heile livet. Samstundes skal alderspensjonen sikre ei minsteinntekt (garantipensjon) i alderdommen for alle.

Stortinget har vedteke at ein kan ta ut fleksibel alderspensjon frå 62 år. Det er òg opna for å kombinere uttak av alderspensjon og arbeid, utan avkorting av pensjonen. Opparbeida pensjonsrettar skal regulerast i tråd med lønene, medan pensjonar under utbetaling skal regulerast med eit gjennomsnitt av løns- og prisveksten. Stortinget har òg vedteke å innføre ei ordning med levealdersjustering i alderspensjonen i folketrygda, som inneber at ein

må arbeide noko lengre for same pensjon når levealdren i folkesetnaden aukar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sende 28. januar 2008 på høyring forslag til ny alderspensjon i folketrygda med utkast til lovføresegner. Arbeids- og inkluderingsdepartementet arbeider med oppfølging av høyringa og tek sikte på i fremje ein lovproposisjon for Stortinget i fjerde kvartal 2008 (jf. omtale i Arbeids- og inkluderingsdepartementets fagproposisjon).

Pensjonsreforma famnar heile pensjonssystemet. Parallelt med utforming av lovreglane for ny alderspensjon i folketrygda må andre delar av pensjonssystemet tilpassast, medrekna folketrygdas ytingar til uføre og etterlatne, tenestepensjonsordningane i privat og offentlig sektor og avtalefesta pensjon (AFP). Arbeidet med utforming av regelverket for ny alderspensjon og relaterte ytingar er

svært omfattande og har teke noko lengre tid enn opphavleg rekna med. Det er dessutan viktig at pensjonsleverandørane i både privat og offentleg sektor får tilstrekkeleg tid til administrative førebuingar frå endelege vedtak er fatta til dei nye reglane kan setjast i verk. Desse har i samband med høyringsrunden for ny alderspensjon i folketrygda uttalt at det vil vere vanskeleg å gjennomføre fleksibelt uttak allereie frå 2010.

Det er avgjerande at pensjonane kan utbetalast til rett tid og med korrekt beløp til den enkelte. Regjeringa vil medverke til å sikre at pensjonsreforma vert sett i verk på forsvarleg vis med tilstrekkeleg tid til å gjennomføre dei nye løysingane. Regjeringa vil difor foreslå at iverksettinga av fleksibelt uttak av ny alderspensjon og innføring av ny regulering av laupande pensjonar forskuvast til 2011. Samtidig legg ein opp til å forskuве innføringa av ny regulering av laupande pensjonar til 2011. Laupande pensjonar vil dermed framleis verte regulerte med lønnsvekst fram til 2011. Ein viser til Arbeids- og inkluderingsdepartementet sin fagproposisjon for nærmare omtale av saka.

Endringane i folketrygda som følgje av pensjonsreforma gjer at det er trong for tilpassingar i pensjonsordningane for offentleg tilsette. I årets lønnsoppgjer vart det avtalt at det skal forhandlast om dette i tariffoppgjeret i 2009. Eit partssamansett utval leidd av arbeids- og inkluderingsministeren skal utarbeide eit vedtaksgrunnlag for forhandlingane. Arbeidet inkluderer utgreiing av ei ny tenestepensjonsordning, medrekna korleis uføredekninga i dei offentlege ordningane skal tilpassast dei kommande endringane i folketrygda. Utvalet skal òg greie ut den endelege tilpassinga av den nye AFP-ordninga og vurdere særaldersgrensene i offentleg sektor. Utvalet har fått frist til slutten av februar 2009.

Meirutbetalingar til alderspensjon frå Statens Pensjonskasse ved ei utsetjing av fleksibel alderspensjon i folketrygda er anslått til 48 mill. kroner i 2010 og 68 mill. kroner i 2011. Delar av dette vil verte dekt inn gjennom premiebetaling.

Pensjonsreforma fører til at det må gjerast omfattande endringar i Statens Pensjonskasse sine arbeidsprosessar og pensjonssystem. På same måte som NAV gjennomfører sitt pensjonsprogram, har Statens Pensjonskasse starta opp sitt pensjonsprosjekt (PERFORM). Prosjektet starta opp i fyrste halvdel av 2008. Hovudfokus for PERFORM vil vere å støtte nytt regelverk som følgje av Pensjonsreforma, og å sikre den daglege drifta. Det er løyvd 29,4 mill. kroner spesielt til prosjektet i 2008. For 2009 er løyvingsframlegget på 300 mill. kroner, jf. kap. 2470, post 45.

Ein vesentleg del av dei endringane som må gjerast, skuldast at Statens Pensjonskasse må tilpasse seg systemtekniske endringar som NAV implementerer i sitt pensjonsprogram. Eit eksempel er utbetalingsløysinga. Sidan Statens Pensjonskasse utbetaler pensjonar gjennom NAV, må løysingane hos NAV og Statens Pensjonskasse vere samkjørte.

Statens Pensjonskasse må skifte ut pensjonssystemet sitt for i vere i stand til å halde fram med den daglege drifta og implementere maskinell støtte for endringane i pensjonsreforma. Det må òg gjerast ein del naudsynte endringar i Statens Pensjonskasse sin IT-infrastruktur som følgje av nytt pensjonssystem, irekna produksjons-, drifts-, test- og sikringsystem. Ved ombygging av pensjonssystemet vil det verte lagt vekt på å leggje til rette for digitalisering av arbeidsprosessane, elektronisk utveksling av data med Statens Pensjonskasse sine samarbeidspartnarar, og å tilby fleire og betre elektroniske tenester til Statens Pensjonskasses personlege medlemmer og medlemsverksemdar. Det er såleis ikkje berre pensjonsreforma i seg sjølv som gjer det naudsynt med ei modernisering av systema.

Departementet har gjennomført ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet. Kostnadsramma vert på grunnlag av denne kvalitetssikringa foreslått til 874 mill. kroner i 2009-prisar, jf. forslag til romartalsfullmakt. Styringsramma er på 656 mill. kroner. Fordi ein på dette tidspunkt ikkje veit korleis det konkrete regelverket vil komme til i sjå ut, er uvisse om omfanget stort. Dette vert reflektert i den store uvisseavsetninga (dvs. differansen mellom styringsramma og kostnadsramma, som er på 218 mill. kroner).

Det står att ei rekkje regelverksavklaringar som vil kunne verke inn på kostnadene ved prosjektet. Departementet vil følgje prosjektet tett og vurdere om styringsramma bør oppdaterast når dei endelege vedtaka om regelverket er lagde fram. I denne samanheng vil departementet òg vurdere om det er naudsynt å kome tilbake til Stortinget med forslag til justert kostnadsramme.

Statens Pensjonskasse vil nytte store linjeresursar i prosjektet, og denne kostnaden er òg ein del av prosjektkostnaden. Dette skaper trong for å erstatte dei linjeresursane som vert borte i prosjektperioden. Statens Pensjonskasse må i prosjektperioden medverke i utforminga av nytt regelverk og nye arbeidsprosessar samtidig som den jamlege sakshandsaminga vert utfordrande som følgje av innføring av nytt regelverk. Linjekostnader utgjer om lag 218 mill. kroner av styringsramma på 656 mill. kroner.

Pensjonsreforma og pensjonsprosjektet (PERFORM) vil auke verksemda sine driftskostnader.

Statens Pensjonskasse skal i lengre tid handtere to regelverk på ein gong, og kompliserte overgangsordningar. I tillegg vil det verte driftskostnader til dei omfattande systemtekniske endringane som må utførast.

Synleggjering av pensjonskostnader

I Statens Pensjonskasse sin medlemsdatabase finst detaljert informasjon om dei opptente pensjonsrettane til kvart medlem. Det nye systemet for premieutrekning (utrekning av forsikringstekniske avsetningar) som vert implementert av Statens Pensjonskasse, vil kunne gi eit nytt og betre grunnlag for å få fram systematisk kostnadsinformasjon for analyse, planleggings- og styringsmål innanfor statsforvaltninga. Statens Pensjonskasse og Fornyings- og administrasjonsdepartementet greier derfor ut korleis denne typen kostnadsinformasjon

kan distribuerast til verksemdene på ein meningsfylt måte.

Forskrift til § 18 i Lov om Statens Pensjonskasse

Fornyings- og administrasjonsdepartementet sette i 2007 ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Finansdepartementet og Statens Pensjonskasse for å utarbeide eit utkast til forskrift til lov om Statens Pensjonskasse § 18. Dette arbeidet er no i slutfasen, og departementet tek sikte på å sende utkast til forskrift ut på høyring hausten 2008. Bakgrunnen for arbeidet har vore eit ønske om å få på plass eit formelt regelverk knytt til premiebetaling og premieberekning for dei premiebetalande medlemsverksemdene i Statens Pensjonskasse. Forskrifta vil i all hovudsak vere ei formalisering av gjeldande praksis på dette området i Statens Pensjonskasse.

Kap. 1541 Pensjonar av statskassa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	22 349	23 800	21 700
	Sum kap. 1541	22 349	23 800	21 700

Allmenn omtale

Pensjonar av statskassen er heimla i Grunnlova § 75 bokstav i. Ordninga omfattar visse grupper som ikkje har opptente pensjonsrettar i Statens Pensjonskasse, men likevel får utbetalt pensjonar. Det er særleg to hovudgrupper som er omfatta av ordninga:

1. arbeidstakarar som har hatt statlege tenesteforhold utan høve til å verte medlemmer av Statens Pensjonskasse, kan ytast tilleggspensjon når dei seinare har vorte medlemmer og har rett til pensjon derifrå. Det finst særlege retningslinjer om pensjon for krigsteneste
2. stadleg tilsette arbeidstakarar ved norske utanriksstasjonar kan givast vederlagspensjon av statskassen ut frå tilhøva på staden. Denne ord-

ninga vert administrert i samarbeid med Utanriksdepartementet, og pensjonen vert utbetalt gjennom utanrikstenesta

Rapport 2007

Fornyings- og administrasjonsdepartementet gir tilsegn om Pensjonar av statskassen etter søknad. Det har over tid stadig vorte gitt tilsegn om færre nye pensjoner. Det vart gitt tilsegn om 10 nye Pensjonar av statskassen i 2007.

Budsjett 2009

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje forventa utbetalningar til pensjonar av statskassen.

Kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	7 462 350	8 794 000	8 265 000
22	Sluttoppgjer, <i>overslagsløyving</i>	292 500	545 000	
70	For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	82 999	104 000	92 000
	Sum kap. 1542	7 837 849	9 443 000	8 357 000

Allmenn omtale

Kapitlet er nettobudsjettert. Dei årlege pensjonsutbetalingane vert delvis dekte av Statens Pensjonskasse sine jamlege inntekter. Dette er regulert i lov om Statens Pensjonskasse § 41, der det òg går fram at den delen av netto pensjonsutgifter som ikkje vert dekt av pensjonsinnskot og fondsavkastning, skal dekkjast av staten ved årlege tilskot. Inntektssida er mellom anna regulert i § 16, som seier at alle medlemmer skal betale innskot med 2 pst. av pensjonsgrunnlaget. Vidare er ei rekkje verksemdar pålagde å yte ein del frå arbeidsgivar. Det vert betalt arbeidsgivardel for om lag 72 pst. av alle medlemmer, mellom anna for nesten alle som ikkje er statstilsette.

Inntektssida utgjer i første rekkje medlemssinnskot og arbeidsgivarpremie frå dei av medlemsverksemdene som er premiebetalande. Dette er innskot for pensjonsrettar som skal utbetalast langt fram i tid, mens utbetalingane er til dei som tidlegare har vore yrkesaktive. Det er derfor ikkje nokon direkte samanheng mellom utgiftene og inntektene på kapitlet i det einskilde budsjettåret.

Arbeidsgivardelen vert i dei fleste tilfelle berekna som ein fellessats for grupper av verksemdar. Ein del verksemdar får likevel premien berekna individuelt, mellom anna dei fleste aksjeselskapa. Arbeidsgivardelen vil derfor variere frå verksemd til verksemd, eller for ulike grupper av verksemdar, avhengig av til dømes lønnsnivå, aldersfordeling og pensjonsalder. I tillegg vert inntekter førte frå kapitalavkastning, frå gebyr i låneordninga for statstilsette, og frå refusjon for mellom anna yrkesskadeutbetalingar og førtidspensjonar.

Utgiftssida utgjer i første rekkje utbetalingar til alderspensjon, uførepensjon, enkje- og enkjemannspensjon, barnepensjon og avtalefesta førtidspensjon (AFP). I tillegg vert det budsjettert avskrivningar, administrasjonsutgifter, renter av lån av statskassen, pensjonsutbetalingar og refusjons-

pensjonar. Det vert òg budsjettert utbetalingar til yrkesskedeforsikring som ikkje vert dekte av det nye premiesystemet frå 1996.

Rapport 2007

Netto auke i talet på pensjonar var på 6 305 i 2007, frå 222 570 per 31.12.2006 til 228 875 per 31.12.2007.

Budsjett 2009

Det er berekna at netto utbetalingar i 2009 vil bli på 8 357 mill. kroner, fordelt med 8 265 mill. kroner på post 01 og 92 mill. kroner på post 70. Dette er 519 mill. kroner høgare enn rekneskap 2007, men 1 086 mill. kroner lågare enn saldert budsjett 2008. Reduksjonen i 2009 i forhold til saldert budsjett 2008 skuldast i første rekkje auka premieinntekter og at det i 2008-budsjettet vert budsjettert med utbetalingar på 545 mill. kroner i samband med sluttoppgjer for Mesta AS.

Utbetalingane for årene 2010–2012 er anslått til 9 131, 9 778 og 10 461 mill. kroner. Det er i desse tala lagt til grunn ein årleg vekst på 3,1 pst. når det gjeld pensjonar eksklusive AFP og førtidspensjon.

Pensjonsutbetalingar

Kategorien «pensjonsutbetalingar» i tabellen nedanfor inkluderer alderspensjon, enkje- og enkjemannspensjon, barnepensjon, uførepensjon og vartpengar. Utbetalingane er berekna å utgjere 15 378 mill. kroner i 2009. Dette er ein auke på 1 979 mill. kroner samanlikna med rekneskap 2007 og 1 083 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2008. Av denne differansen er trygdeoppgjæret i 2008 berekna å medføre auka utbetalingar i 2009 med 754 mill. kroner. Veksten i utbetalingane er berekna å bli på om lag 3,1 pst. årleg i perioden 2010–2012, slik at desse vil utgjere om lag 16,7 mrd. kroner i 2012 i 2009-kroner.

Når det gjeld handsaminga av statsarbeidersakene, jf. St.prp. nr. 39 (2007–2008), er det gått ut frå at Statens Pensjonskasse slutfører handsaminga av desse sakene i 2009. Det er teke omsyn til utbetalingar til statsarbeidarar med 52 mill. kroner i 2009-budsjettet. Når det gjeld manglande utbetalingar til personar med oppsette pensjonsrettar, er det førebels lagt til grunn at utbetalingar til desse vil slutførast i 2008, jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008).

AFP-pensjonar

Utbetalingane er berekna til 2 822 mill. kroner i 2009. Dette er ein auke på 594 mill. kroner samanlikna med rekneskap 2007, og 34 mill. kroner samanlikna med det som er lagt til grunn i saldert budsjett 2008. Trygdeoppgjeret i 2008 er berekna å medføre ein auke i utbetalingane i 2009 på 138 mill. kroner.

Førtidspensjonar

Utbetalingane til førtidspensjonar er berekna til 273 mill. kroner i 2009. Dette er ein nedgang med 91 mill. kroner samanlikna med rekneskap 2007 og ein nedgang med 19 mill. kroner samanlikna med det som vart lagt til grunn i saldert budsjett 2008.

Fordi utgiftene til førtidspensjoner vert refunderte frå verksemdene, er nettoeffekten på kap. 1542 tilnærma budsjettneøytral. Samla sett er det budsjetttert med ei netto innbetaling på 2 mill. kroner i 2009 på kap. 1542.

Premieinntekter - medlemsinnskot

Overslaget for medlemsinnskot er på 1 504 mill. kroner. Dette er 135 mill. kroner høgare enn rekneskap 2007 og 166 mill. kroner høgare enn sal-

dert budsjett 2008. Av dette medfører lønnsoppgjeret i 2008 ein auke i utbetalingane med 112 mill. kroner.

Premieinntekter - arbeidsgivardel

Overslaget for innbetaling av arbeidsgivardel er 8 566. Dette er 1 616 mill. kroner høgare enn rekneskap 2007 og 1 508 mill. kroner høgare enn i saldert budsjett 2008. Auken samanlikna med saldert budsjett skuldast fleire forhold. For det første vert det for 2009 nytta ein ny premietariff ved utrekning av premiesatsane. Tariffen som har vorte nytta fram til no er frå 1963. Den nye tariffen er frå 2005 og inneber justeringar av ei rekkje føresetnader, mellom anna estimat for levealder. Dette elementet inneber ei meirinntekt på om lag 300 mill. kroner. Den nye tariffen har vorte teken i bruk av marknaden.

For det andre vert det i 2009 lagt opp til at om lag 60 ikkje-statlege medlemsverksemdar skal innbetale ein pensjonspremie som er hendingsbasert. Fram til no har alle premiesatsar berre vore fastsette på førehand (akonto), og dei har ikkje vore endra gjennom året. Hendingsbaserte premiar gjer at hendingar som finn stad, og som verkar inn på framtidige pensjonsutbetalingar, vert fanga opp og fører med seg endringar i premiesatsen jamleg gjennom året. Innføring av denne typen premie føreset ei forskyving i premieinnbetalinga som gir ein samla eingongseffekt på om lag 300 mill. kroner i auka premieinntekter i 2009.

For det tredje er effekten av lønnsoppgjeret i 2008 venta å gi ein auke i premieinntekter i 2009 på 597 mill. kroner. Av andre endringar kan det nemnast at administrasjonspremien er auka frå 0,27 pst. til 0,31 pst. av premiegrunnlaget.

Tabell 2.1 Inntekter og utgifter til Statens Pensjonskasse

	(i 1000 kroner)		
	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
Sluttoppgjer	308 600	545 000	0
Pensjonsutbetalingar	13 399 112	14 294 853	15 377 678
AFP-pensjonar	2 228 013	2 787 691	2 822 105
Førtidspensjonar	364 290	292 290	272 656
Yrkesskadeforsikring	5 402	8 899	8 412
Renter pensjonsutbetalingar	5 905	7 224	5 493
Renter refusjonspensjonar	404	1 101	1 158
Avskrivingar	29 710	22 946	35 696
Renter av lån av statskassen	643 701	772 000	1 223 000
Administrasjonsutgifter	322 302	345 000	359 000

Tabell 2.1 Inntekter og utgifter til Statens Pensjonskasse

	(i 1000 kroner)		
	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
Utgifter i alt	17 307 440	19 077 983	20 105 198
Medlemsinnskott	1 368 546	1 337 983	1 503 898
Arbeidsgivarinnskott inkl. AFP	6 949 831	7 057 643	8 565 792
Refusjon yrkesskade	12 807	11 091	9 215
Kapitalavkastning	622 177	765 000	1 195 000
Refusjon førtidspensjonar	347 467	294 764	275 238
Refusjonspensjonar andre ordningar	150 379	152 614	181 512
Gebyr Lån	18 384	15 000	18 000
Inntekter i alt	9 469 591	9 634 076	11 748 655
Samla tilskott (utgifter-inntekter)	7 837 849	9 442 928	8 356 543

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje differansen mellom premieinntekter og pensjonar utbetalte for tidlegare opp-tente rettar for medlemmer i Statens Pensjonskasse. Ein forventet auke av utbetalte pensjonar i 2009 og heilårseffekten av lønns- og trygdeoppgjering i 2008 (medrekna G-regulering av pensjonsyttingane) påverkar det berekna tilskottet.

Post 22 Sluttoppgjer, overslagsløyving

Det er ikkje budsjetttert med utbetalningar eller inn-betalningar til sluttoppgjer i 2009.

Post 70 For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje differansen mellom premieinntekter og pensjonar utbetalte for tilsette i ikkje-statlege sosiale og humanitære institusjonar som er medlemmer av Statens Pensjonskasse.

Kap. 1543 Arbeidsgivaravgift til folketrygda

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	814 000	843 000	911 000
70	For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	9 000	9 000	10 000
	Sum kap. 1543	823 000	852 000	921 000

Allmenn omtale

Postane omfattar arbeidsgivaravgift til folketrygda av berekna arbeidsgivardel og medlemsinnskott for verksemdar som ikkje er pålagde å betale arbeidsgivardel og medlemsinnskott til Statens Pensjonskasse. Dette omfattar arbeidsgivaravgift for statsforvaltninga og for andre medlemmer i Statens Pen-

sjonskasse som ikkje betaler premie til Pensjonskassen.

Endringa i berekna tilskott i forhold til føregåande år kjem av oppdatert berekna premiegrunnlag for dei ikkje-premiebetalande medlemsverksemdene i Statens Pensjonskasse. Kapitlet utgjer ei teknisk utrekning av arbeidsgivaravgifta.

Budsjett 2009**Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving**

Posten gjeld berekna arbeidsgivaravgift for arbeidsgivardelen av pensjonsinnskottet og for medlemsinnskottet for statsforvaltninga, for verksemder som ikkje er pålagde å betale arbeidsgivardel og medlemsinnskott direkte til Statens Pensjonskasse.

Post 70 For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, overslagsløyving

Posten gjeld berekna arbeidsgivaravgift for arbeidsgivardelen av pensjonsinnskottet og for medlemsinnskottet for andre medlemmer i Statens Pensjonskasse som ikkje betaler slikt innskott direkte til Statens Pensjonskasse.

Kap. 1544 Bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
90	Lån, <i>overslagsløyving</i>	2 989 429	1 300 000	3 400 000
	Sum kap. 1544	2 989 429	1 300 000	3 400 000

Allmenn omtale

I hovudtariffavtalen i staten går det fram at bustadlån med trygd kan ystast med inntil 1,5 mill. kroner, og etter reglar fastsette av Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Lån kan givast til pensjonistar og yrkesaktive medlemmer av Statens Pensjonskasse etter Lov om Statens Pensjonskasse med tilleggslover. Dersom det ligg føre særskilde grunnar, kan Statens Pensjonskasse òg gi lån til barn som grunna begge foreldra sin død må flytte frå tenestebustad. Statsrådar og stortingsrepresentantar kan òg få lån.

Ordninga vert finansiert ved hjelp av fondet til Statens Pensjonskasse og ved løyvingar over statsbudsjettet når midlane i fondet ikkje strekk til. Lån vert gitt for å skaffe bustad eller for å refinansiere bustadlån. Lån vert gitt mot trygd innanfor 80 pst. av marknadsverdien til bustaden. Lånet har ei maksimal nedbetalingstid på 30 år, der fem år kan vere avdragsfrie.

Renta på bustadlån i Statens Pensjonskasse følger normalrenta for rimelege lån i arbeidsforhold (normrenta). Rentesatsen kan endrast inntil 6 gonger per år.

Rapport 2007

År	Tal på lån			(i mill. kr)		
	Nye lån	Talet på lån totalt	Total utlånsportef. 31.12.	Brutto utlån	Avdrag	Kapitalbehov
1998	1 639	17 941	1 425	473	200	273
1999	9 424	23 970	4 075	2 970	325	2 645
2000	7 411	26 566	6 038	2 768	812	1 956
2001	13 713	34 069	10 624	6 227	1 633	4 594
2002	10 581	38 181	14 293	6 159	2 499	3 660
2003	4 296	33 640	13 108	2 710	3 895	-1 185
2004	2 320	30 467	11 935	1 447	2 620	-1 173
2005	3 947	29 985	12 205	2 529	2 259	270
2006	4 620	29 368	13 100	3 859	2 964	895
2007	6 564	30 206	16 100	6 395	3 395	3 000

I 2007 utbetalte Statens Pensjonskasse 6 564 nye lån. Den totale porteføljen av utlån var ved utgangen av 2007 på 16,1 mrd. kroner, noko som utgjør ein auke på 22,9 pst. frå 2006. Talet på lån er auka med 2,8 pst., frå 29 368 til 30 206. Resultatkravet for 2007 var ei sakshandsamingstid på ein månad for søknader om nye lån og refinansiering. Ved utgangen av 2007 var Statens Pensjonskasses sakshandsamingstid under ein månad både for søknader om nye lån og refinansiering.

Mål og prioriteringar 2009

Statens Pensjonskasse skal handsame søknader om nye lån og refinansiering innan éin månad.

Kap. 1546 Yrkesskedeforsikring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	79 743	85 000	94 000
	Sum kap. 1546	79 743	85 000	94 000

Allmenn omtale

Alle som gjer arbeid i teneste for arbeidsgivar er omfatta av lov av 16. juni 1989 nr. 65 om yrkesskedeforsikring. Staten som arbeidsgivar er sjølvassurandør, men arbeidstakarar i staten har dei same rettane etter lova som andre arbeidstakarar. Arbeidstakarar som er omfatta av Hovudtariffavtalen i staten er i tillegg dekte av reglane i avtalen om ytingar ved yrkesskadar. Yrkesskadeordninga omfattar personskadar som kjem av arbeidsulykker og sjukdomar som kjem av påverknad frå skadelege stoff eller arbeidsprosessar. Erstatning skal ytast utan omsyn til om nokon har skuld i skaden. Vilåret er at skaden/sjukdomen skjer i arbeid på arbeidsstaden og i arbeidstida.

Frå 01.01.1996 er yrkesskedeforsikringa i staten basert på eit premiesystem. Dette inneber at det vert kravd ein premie av arbeidsgivarar kvart år som skal dekkje kostnadene for dei skadane som vert konstaterte dette året, òg om skaden vert meld og gjord opp fleire år seinare. Når Statens Pensjonskasse handsamar saker der skaden vart konstatert før 01.01.1996, utbetaler Statens Pensjonskasse erstatninga for deretter å krevje summen refundert frå den aktuelle arbeidsgivaren, med tillegg av eit administrasjonsgebyr. Skadar

Budsjett 2009

Post 90 Lån, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje venta utlån til bustadlån til statstilsette utover det som vert dekt av innbetalte avdrag og fondet til Statens Pensjonskasse.

Utlånsveksten er forventet å bli høgare enn føresett i saldert budsjett 2008, jf. òg at løyvinga for 2008 vart sett opp med 400 mill. kroner til 1 700 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett.

konstaterte etter 01.01.1996 vert dekte av innbetalt premie.

Etter lov om yrkesskedeforsikring er staten som sjølvassurandør ansvarleg for ei rekkje andre grupper som er definerte som arbeidstakarar. Dette er grupper som er sysselsette av staten, men som likevel fell utanom tenestemannslova og hovudtariffavtalen.

For nokre grupper av arbeidstakarar, eller personar i arbeidsliknande tilhøve, har krav om yrkesskadeerstatning vorte handsama av dei ulike fagdepartementa. Frå 01.01.2004 skal alle krav om erstatning etter yrkesskedeforsikringslova handsamast av Statens Pensjonskasse.

Skadeomfanget for gruppene er enno ikkje heilt kjent. Overføringa vil for 2009 få administrative og økonomiske verknader både for Statens Pensjonskasse og for dei departementa saker vert overførte frå.

Rapport 2007

I 2007 hadde Statens Pensjonskasse 198 utbetalningar i yrkesskadesaker. I omlag 85 pst. av sakene vart erstatningane utbetalte innan fire veker etter at naudsynt dokumentasjon låg føre. Resultatkravet for 2007 var at minst 80 pst. av erstatningane skulle utbetalast innan fire veker.

Mål og prioriteringar 2009

Statens Pensjonskasse skal utbetale minst 80 pst. av forsikringsbeløpa under yrkesskadeforsikringa innan fire veker etter at naudsynt dokumentasjon er motteken.

Budsjett 2009**Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving**

Framlegget til løyving på denne posten skal dekkje utgiftene til yrkesskadeutbetalingane i 2009. Løyvinga skal òg dekkje kostnadene til Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift for å administrere yrkesskadeordninga, jf. omtalen under kap. 2470.

Kap. 4546 Yrkesskadeforsikring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Premieinntekter	126 488	116 000	127 000
	Sum kap. 4546	126 488	116 000	127 000

Post 01 Premieinntekter

Framlegget til løyving gjeld innbetaling av yrkesskadeforsikringspremie frå alle arbeidsgivarane som er omfatta av ordninga. Berekna innbetalt pre-

mie er monaleg høgare enn berekna utbetalt erstatning i 2009. Dette har samanheng med at det ofte kan ta fleire år før skadetidspunktet vert konstatert, og utbetalingane kjem dermed ofte fleire år etter at premien er innbetalt.

Kap. 1547 Gruppelivsforsikring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	84 327	84 000	126 000
	Sum kap. 1547	84 327	84 000	126 000

Allmenn omtale

Løyvinga gjeld § 23 i hovudtariffavtalen.

Rapport 2007

I 2007 vart det utbetalt forsikring etter 213 personar med til saman 84,3 mill. kroner. Resultatkra-
vet for 2007 var at eingongsbeløpa etter gruppelivs-
ordninga skulle utbetalast innan 7 dagar etter at
alle opplysningane vert mottekne. 14 saker av 213
vart utbetalt meir enn 7 dagar etter at alle opplys-
ningar var mottekne. I snitt vart eingongsbeløpa
utbetalte etter fire dagar.

Mål og prioriteringar 2009

Statens Pensjonskasse skal utbetale forsikringsbe-
løpa under gruppelivsforsikring innan éi veke etter
at naudsynt dokumentasjon er motteken.

Budsjett 2009**Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving**

Løyvinga gjeld erstatningsutbetalingar og kostna-
dene til Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift
for å administrere gruppelivsordninga, jf. omtale
under kap. 2470.

Kap. 4547 Gruppelivsforsikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Premieinntekter	46 497	43 000	47 000
	Sum kap. 4547	46 497	43 000	47 000

Post 01 Premieinntekter

Posten gjeld dei verksemdar som betaler gruppe-
livspremie direkte til Statens Pensjonskasse.

Kap. 2470 Statens Pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
24	Driftsresultat	-34 826	-18 896	-11 532
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	37 925	50 361	327 442
	Sum kap. 2470	3 099	31 465	315 910

Allmenn omtale

Statens Pensjonskasse er ei forvaltningsbedrift. Det går eit klart skilje mellom pensjons- og forsikringsordningane og det administrative apparatet i verksemda som forvaltar og administrerer ordningane. Rekneskapsmessig er det skipa ei eining for pensjons- og forsikringsordningane (Statens Pensjonskasse Forsikring) og ei anna eining for administrasjonsapparatet (Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift). Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift har ein aktivitetsbasert økonomimodell der verksemda får betalt for dei einskilde tenestene som vert utførte for pensjonsordningane. Fornyings- og administrasjonsdepartementet fastset prisane for tenestene.

Rapport 2007

Statens Pensjonskasse skal utbetale korrekt berekna pensjon til rett tid. I 2007 vart alle nye pensjonar som er omfatta av utbetalingsgarantien til pensjonskassen, utbetalte til rett tid. Utbetalingsgarantien seier at dersom ein søker om pensjon i tide, skal pensjonen utbetalast første månad etter lønsopphøyr. Dette gjeld alderspensjonar, uførepensjonar og etterlattepensjonar.

Statens Pensjonskasse har prioritert arbeidet med å auke kvaliteten i pensjonsutrekninga, dvs.

sørge for korrekt utrekning og utbetaling av pensjon. Resultatmålet for 2007 var at minst 96 pst. av nye pensjonar skal utbetalast riktig ved første gongs utbetaling. Resultatet vart 95,3 pst. Generelt skuldast slike feilutbetalningar i hovudsak feilkjelder innan grunnlagsdata og samordning av pensjonar. For 2007 kan ein òg vise til høg turnover og dermed utfordringar knytte til å oppretthalde kompetanse. Statens Pensjonskasse har stort fokus på kvaliteten i pensjonsutbetalingane, og det vert arbeidd jamleg med å analysere avvik og setje i verk tiltak for å stabilisere kvaliteten.

I 2007 vart det utbetalt renter for til saman 6,3 mill. kroner. Av dei totale pensjonsutbetalingane på 15,6 mrd. kroner tilsvarer dette 0,4 promille, noko som er 1,2 promillepoeng betre enn resultatkravet.

For dei andre ordningane som Statens Pensjonskasse administrerer, vert det vist til rapportdelen under dei respektive kapitla.

Statens Pensjonskasse har gjennomført forsikringstekniske oppgjer innan fastsett frist for verksemdar med fiktive fond i pensjonskassen.

Informasjon og service

Kundesenteret i Statens Pensjonskasse svarte på om lag 86 500 telefonar og 2 150 brev i 2007. I tillegg kom det 6 600 e-postmeldingar mot 7 700 i

2006. Gjennom utvikling av internettløyningar arbeider Statens Pensjonskasse med å betre tilgang til og flyt av informasjon. Somme arbeidsgivarar har direkte tilgang til å kontrollere og rette opp eigne data i systemet til Statens Pensjonskasse. Medlemene har høve til å kontrollere si eiga pensjonsopptening, og alle lånesøknader kan sendast elektronisk til Statens Pensjonskasse.

Om lag 93,7 pst. av alle telefonar vart svarte på ved førstegongs oppringing, mot 96,8 pst. i 2006. Dette kjem i hovudsak av høg turnover og høgt sjukefråvær og ein auke i talet på førespurnader. Brev vart i hovudsak svarte på innan fire veker, eller med førebels svar innan fire veker.

Statens Pensjonskasse har prioritert ulike informasjonstiltak knytte til utvikling i pensjonsordninga til dei ulike medlemsverksemdene. Verksender med tildelte fond får no betre oppfølging og informasjon enn tidlegare.

Kvalitetssikring av medlemsdata

Ei viktig oppgåve for Statens Pensjonskasse er å ta i mot medlemsdata for alle medlemene. Kvar ein-skild arbeidsgivar har plikt til å sende inn naudsynte medlemsdata til Statens Pensjonskasse. Totalt omfattar dette i overkant av 1 600 arbeidsgivarar.

Medlemsdata vert nytta til fleire formål. Dei vert brukte til å rekne ut korrekt pensjonspremie for arbeidsgivarane, rekne ut korrekt pensjon for pensjonistane og gi informasjon om framtidig pensjon til medlemene. Vidare er medlemsdata kritisk for utrekning av forpliktingane og andre analyseformål. Kvaliteten på medlemsdata er heilt sentral for at Statens Pensjonskasse skal kunne vere ein profesjonell, brukarretta aktør.

Kvaliteten på medlemsdata er framleis ikkje god nok. Statens Pensjonskasse har i fleire år arbeidd med å betre kvaliteten på historiske data. I tillegg til det interne arbeidet med å rette opp data, arbeider Statens Pensjonskasse saman med kundane for å betre rutiane for innrapportering.

Prosjektet i Statens Pensjonskasse for kvalitetssikring av historiske medlemsdata har vorte gradvis utvida dei seinare åra, og planen for dette arbeidet omfattar no alle medlemmer (aktive og oppsette) i pensjonskassen. Aktive medlemmer er no i hovudsak ferdig kvalitetssikra. Det gjenståande kvalitetssikringsarbeidet er då i hovudsak retta mot oppsette medlemmer, der Statens Pensjonskasse prioriterer etter alder og har teke dei eldste medlemene først. Så langt er det om lag 500 000 medlemmer som har vore gjennom kvalitetssikringsprosessen. Det står att om lag 230 000 oppsette medlemmer som

ikkje har vorte kvalitetssikra. Kvalitetssikringa av medlemsdata er venta slutført seinast i 2011.

Driftsstabilitet

Statens Pensjonskasse sitt pensjonssystem har i 2007 hatt ei driftstilgjengelegheit på 99,34 pst. I 2006 var tilsvarande driftstilgjengelegheit på 98,81 pst. Målsetjinga er å ha ei tilgjengelegheit på minst 99,5 pst. Statens Pensjonskasse har i 2007 hatt fokus på å leggje eit driftsmessig fundament som i framtida vil gi betre stabilitet og tilgjengelegheit til Statens Pensjonskasse sitt pensjonssystem. Dette fokuset har inkludert opprydding i basis infrastruktur og etablering av eit verktøy for overvaking av drifta. I tillegg har Statens Pensjonskasse lagt eit grunnlag for ei betre strukturering av forvaltninga av infrastrukturen i åra framover gjennom ei kategorisering av systema i forhold til driftskritikalitet og gjennom å etablere driftsmessige rammer for å gjere naudsynte reinvesteringar på infrastrukturen. Statens Pensjonskasse har i 2007 òg gjennomført eit forprosjekt for å førebu oppgraderinga av Windows-plattformen som skal gjerast i 2008.

Implementering av ny systemteknisk løysing for premieberekning

Statens Pensjonskasse har slutført det såkalla SFINX-prosjektet, som inneber implementering av ei ny forsikringsteknisk systemløyning (premieutrekningssystem). I samband med dette kan det nemnast at Statens Pensjonskasse har gjennomført det forsikringstekniske oppgjeret for 2007 for dei om lag 100 medlemsverksemdene som har fiktive fond, og berekna premiereservar for dei om lag 900 000 medlemene med det nye systemet. Med den nye løysinga kan Statens Pensjonskasse i større grad enn i dag automatisere premiebereknings- og reserveberekningssystemet. Dette vil medverke til å rasjonalisere premieberekningsarbeidet, og til at systemet vert meir robust og nøyaktig.

Mål og prioriteringar 2009

Statens Pensjonskasse skal:

- utbetale korrekt pensjon til rett tid. Av nye pensjonar skal minst 96 pst. vere korrekte ved første gongs utbetaling. Vidare skal Statens Pensjonskasse ha eit auka fokus på kvalitetskontroll av løpande pensjonar og endringar i pensjonsutbetalingane, i tillegg til å betre dokumentasjonen av rettidige pensjonsutbetalningar

- drive målretta informasjon med særleg vekt på dei rettar og oppgåver/plikter som medlemene og arbeidsgivarane har
- vidareføre arbeidet med å sikre driftsstabilitet ved kjerneverksemdas datasystem og med det redusere risikoen for problem i samband med tenesteproduksjonen
- vidareføre arbeidet med å betre kvaliteten i medlemsdatabasen. Statens Pensjonskasse skal sørge for at medlemsopplysningane som vert henta inn og lagde i medlemsdatabasen, er av tilfredsstillande kvalitet. Statens Pensjonskasse skal òg arbeide vidare med å rydde opp i gamle medlemsdata
- prioritere arbeidet med informasjon retta mot den premiebetalande delen av kundemassen, spesielt knytt til utviklinga i pensjonsordninga for kvar einskild medlemsverksemd
- prioritere arbeidet med forsikringstekniske utrekningar. Det skal gjennomførast årlege forsikringstekniske oppgjer innan 1. juni for verksemdar med fiktive fond
- vidareføre arbeidet med service mot medlemene og generelt yte god service overfor kundane målt i forhold til å vere tilgjengeleg, ha låge restansar og høg brukartrivsel
- vidareutvikle informasjonsteknisk verktøy for å effektivisere drifta og yte tenester av høg kvalitet til medlemene
- implementere pensjonsreforma og synleggjere utfordringar og vilkår knytte til denne. Statens Pensjonskasse skal i særleg grad syte for effektiv og god styring og kostnadskontroll av PERFORM-prosjektet.

Budsjett 2009

Post 24 Driftsresultat

(i 1 000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
24.1	Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-362 626	-388 253	-400 253
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	276 008	314 498	325 498
24.3	Avskrivingar	19 006	37 800	46 164
24.4	Renter av staten sin kapital	-1 659		
24.5	Til investeringsformål	40 898	17 059	17 059
24.6	Til reguleringsfond	-6 453		
	Sum post 24	-34 826	-18 896	-11 532

Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving

Inntekta til Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift er knytt til betaling for dei administrative tenestene som vert utførte for pensjonsordningar og andre produkt i Statens Pensjonskasse Forsikring.

Om lag 90 pst. av inntekta kjem frå administrasjon av dei ulike pensjonsordningane, der inntekt knytt til den statlege pensjonsordninga etter lov om Statens Pensjonskasse utgjer det aller meste.

Inntektsauken kjem i hovudsak av auka volum og av at dei administrative prisane for 2009 er justerte opp som følge av kostnadsutviklinga.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Per 31.12.2007 hadde Statens Pensjonskasse Forvaltningsbedrift om lag 305 årsverk. Lønskostna-

der utgjer omlag halvparten av verksemdas driftskostnader.

Dei auka driftsutgiftene kjem i hovudsak av venta pris- og lønsvekst. Inkludert i driftsutgiftene er kostnader knytte til investeringsprosjekta som ikkje kan aktiverast.

Underpost 24.3 Avskrivingar

Statens Pensjonskasse gjer avskrivingar av aktiverte driftsmidlar. Avskrivingane startar året etter kjøpsåret. Det vert nytta lineære avskrivingar der historisk kostpris på aktiverte driftsmidlar vert avskriven med satsar på 15 pst. for inventar og 25 pst. for kontormaskinar (inkludert IKT-utstyr og programvare).

Underpost 24.4 Renter

I samsvar med reglane for forvaltningsbedrifter skal det svarast rente for den kapital som er investert i bedrifta.

Underpost 24.5 Til investeringsformål

Posten omfattar avsetning til eigenfinansierte investeringar, jf. kap. 5470, post 30.

Underpost 24.6 Til reguleringsfondet

Reguleringsfondet skal nyttast til å dekkje svingingar i verksemda sin økonomi mellom ulike år, og til å dekkje effektane av lønsoppgjer og uføresette utgifter i det einskilde budsjettåret. Fondet er ein del av eigenkapitalen til forvaltningsbedrifta. Ein

legg til grunn at reguleringsfondet kan brukast til gjenkjøp av mellom anna systemløysingar. Det vert gjort framlegg om at det vert gitt høve til å omdisponere inntil 10 mill. kroner frå reguleringsfondet til investeringsformål, jf. forslag til romartalsfullmakt.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingsforslaget under posten skal gå til investeringar knytte til pensjonsreforma og dei tre strategiske utviklingsprogramma for kvalitet og prosess, IKT og elektronisk samhandling.

Det er i forslaget til løyving sett av 300 mill. kroner til Statens Pensjonskasses pensjonsprosjekt (PERFORM) i 2009. Ein viser til omtale av prosjektet under kategoriomtalen.

Tabell 2.2 Balanse Statens Pensjonskasse

	(i 1000 kr)	
	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007
Eigedelar		
<i>Anleggsmidlar</i>		
Driftsmidlar, eigedommar	90 984 638	109 904 038
Sum anleggsmidlar	90 984 638	109 904 038
<i>Omløpsmidlar</i>		
Varebeholdningar, varer i arbeid	0	0
Kortsiktige fordringar	199 371	102 468
Kortsiktige plasseringar	0	0
Mellomvære med statskassen	27 670 286	18 181 120
Sum omløpsmidlar	27 869 657	18 283 588
Sum eigedelar	118 854 295	128 187 626

Eigenkapital og gjeld**Eigenkapital**

Eigenkapital utan reguleringsfond	79 123 113	120 021 113
Reguleringsfondet	16 160 613	9 707 138
Sum eigenkapital	95 283 726	129 728 251

Langsiktig gjeld

Statens renteberande kapital	11 861 525	-10 117 075
Anna langsiktig gjeld	0	0

Tabell 2.2 Balanse Statens Pensjonskasse

	(i 1000 kr)	
	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007
Sum langsiktig gjeld	11 861 525	-10117 075
<i>Kortsiktig gjeld</i>		
Kortsiktig gjeld	11 709 044	8 576 450
Sum kortsiktig gjeld	11 709 044	8 576 450
Sum egenkapital og gjeld	118 854 295	128 187 626

Kap. 5470 Statens Pensjonskasse

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
30	Avsetning til investeringsformål	40 898	17 059	17 059
	Sum kap. 5470	40 898	17 059	17 059

Post 30 Avsetning til investeringsformål

Løyvinga gjeld avsetningar til investeringsformål til inntekt i statsrekneskapen, jf. omtale under kap. 2470, underpost 24.5.

Kap. 5607 Renter av bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
80	Renter	643 701	772 000	1 223 000
	Sum kap. 5607	643 701	772 000	1 223 000

Allmenn omtale

På kapitlet er budsjettering av renteinntekter knytte til bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse, jf. kap. 1544. Renta på bustadlån i Statens Pensjonskasse følgjer normalrenta for skattlegging av fordel av rimelege lån i arbeidsforhold, òg kalla normrenta. Det er Finansdepartementet som fast-set normrenta. Renta kan justerast inntil seks gonger i året.

Budsjett 2009**Post 80 Renter**

Posten gjeld renteinntekter knytte til bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse, jf. kap. 1544. Auken i berekna renteinntekter i 2009 i forhold til saldert budsjett 2008, kjem mellom anna av oppdaterte prognoser for utlånsveksten i 2008 og rente-auke. I berekna inntekt for 2009 er det lagt til grunn ein vekst i utlånsporteføljen, jf. kap. 1544, og ei utlånsrente på 6,25 pst.

Programkategori 01.50 Konkurransopolitikk

Utgifter under programkategori 01.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1550	Konkurransetilsynet	92 413	84 209	85 277	1,3
	Sum kategori 01.50	92 413	84 209	85 277	1,3

Inntekter under programkategori 01.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4550	Konkurransetilsynet	5 222	201	210	4,5
	Sum kategori 01.50	5 222	201	210	4,5

Allmenn omtale

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har det overordna ansvaret for gjennomføringa av dei sektorovergripande verkemidla i konkurransepolitikken. Dette inneber mellom anna eit ansvar for:

- utforming og forvaltning av den norske konkurranselover, pristiltakslover, EØS-konkurranselover, lov om offentlege innkjøp og lov om offentlig støtte med føreseigner m.m.
- gjennomføring av konkurransereglane i EØS-avtalen i norsk rett
- styring av Konkurransetilsynet, inkludert sekretariatet til Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA)
- å syte for at det vert lagt tilstrekkeleg vekt på konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde

Det er i hovudsak Konkurransetilsynet som står for den daglege utøvinga av konkurransepolitikken gjennom handheving av konkurranselover og andre føreseigner. I det følgjande er det i all hovudsak departementet sitt arbeid på det konkurransepolitiske området som skal omtalast. Verksemda til Konkurransetilsynet vert omtalt under kap. 1550.

Føreseigner på konkurranseområdet:

Konkurranselova

Føremålet med konkurranselover er å fremje konkurranse for å få effektiv bruk av ressursane i samfunnet, med særleg vekt på forbrukarane sine interesser. Viktige trekk ved konkurranselover er:

- lover forbyr samarbeid som avgrensar konkurransen mellom føretak og forbyr føretak å utnytte ei dominerande stilling på ein utilbørleg måte
- lover gir Konkurransetilsynet høve til å gi pålegg om gebyr for brot på lover. Gebyret vert rekna ut etter dei tilnærma same prinsippa som dei tilsvarende bøtene EU-kommisjonen kan gi. Perioden frå brotet vert avdekt til reaksjon er korta ned ved at Konkurransetilsynet ikkje lenger må melde brota til påtalemakta
- lover opnar for å redusere gebyret for dei som melder frå om brot på konkurranselover og samarbeider med Konkurransetilsynet om oppklaring av brota
- lover pålegg Konkurransetilsynet å gripe inn mot føretakssamanslutningar som vil føre til eller forsterke ei vesentleg innskrenking av konkurransen. Meldeplikta for føretakssamanslutningar gir Konkurransetilsynet høve til å overvake endringar i dei ulike marknadene gjennom fusjonar og oppkjøp av føretak

EØS-konkurranselova

Konkurransetilsynet skal handheve forboda i EØS-avtalen mot samarbeid som minskar konkurransen mellom føretak og mot utilbørleg utnytting av eit føretak sin dominerande posisjon. Konkurransereglane i EØS og Noreg svarer til konkurransereglane i EU.

Reglane om offentlege innkjøp

Offentlege innkjøp spelar ei stor rolle for ressursbruken i offentleg sektor, og er ein viktig marknad for næringsdrivande. I 2006 utgjorde samla innkjøp av varer og tenester i offentleg sektor om lag 250 mrd. kroner (ekskl. oljesektoren). Reglane om offentlege innkjøp har som hovudmål å sikre at offentlege midlar vert utnytta best mogeleg gjennom kostnadseffektive innkjøp samstundes som allmenta har tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte. Det gjeld mellom anna krav til konkurranse, god forretningsskikk, at innkjøpa er forholdsmessige, at leverandørar vert handsama likt, og at oppdrag er føreseielege, transparente og kan etterprøvast.

Reglane om offentleg støtte

Hovudregelen i EØS-avtalen er at offentleg støtte til næringsverksemd ikkje er tillate. Det er likevel gjort ei rekkje unntak frå hovudregelen. I 2006 vart det totalt tildelt om lag 9,2 mrd. kroner i statsstøtte. Det finst ulike retningslinjer som nedfeller unntak frå støtteforbodet, mellom anna kan støtte til formål som forskning, utvikling og innovasjon, miljø, kompetanseheving og regionalstøtte vere tillate dersom den er notifisert til og godkjend av ESA.

Dessutan finst det såkalla gruppeunntak for støttetiltak som generelt vert sette på som i tråd med EØS-avtalen. For slike tiltak gjeld ikkje notifikasjonsplikta, men støtta må meldast til ESA innan ein bestemt frist etter at den er sett i verk.

Støttegivar, det vil seie departement, fylkeskommune eller kommune, har ansvar for at støtte vert gitt i samsvar med reglane, og for at støtte vert godkjend av ESA når det er påkravd. Departementet sikrar norske interesser i saker (notifikasjons- og klagesaker) mellom norske styresmakter og ESA på området og samordnar sakshandsaminga og korrespondansen med ESA. I samband med dette hjelper departementet støttegivarar ved utarbeidinga av nye støtteordningar og notifikasjonar.

Sommaren 2008 hadde ESA 18 norske notifikasjonar og 37 norske klagesaker til behandling.

Departementet har dessutan ansvar for å sikre at norske interesser vert ivaretekne ved utforminga av nye reglar i EU-kommisjonen.

Hovudlinjer i konkurransepolitikken

Styresmaktene legg rammene for kvar det skal vere konkurranse og korleis konkurransen skal verke på ulike område ved utforming og handheving av konkurranseregelverket og ved utforming av andre offentlege reglar og tiltak som påverkar konkurransen.

Konkurranse gir i hovudsak positive verknader. Ressursane vert utnytta godt, marknadsaktørane vert meir effektive og vert dermed meir konkurransedugande på internasjonale marknader. Konkurranse gir forbrukarane tilbod om varer og tenester av god kvalitet til rett pris.

Samstundes er det viktig å hugse på at konkurranse ikkje alltid er eit riktig verkemiddel for å nå viktige samfunns mål. For å løyse problem knytte til marknadssvikt som til dømes forureiningar, naturlege monopol som i kraftnettet og tilverking av kollektive gode som vegar, er det òg påkravd med anna offentleg styring og kontroll enn tilsyn med marknadene. Marknaden åleine tek heller ikkje tilstrekkeleg omsyn til fordeling av velferd. Derfor har Regjeringa slått fast at ein innan viktige område som helse, omsorg og utdanning, og tryggleik mellom anna i jernbanesektoren, skal byggje på fellesskapsløysingar og styrkje ansvaret til det offentlege.

I mange marknader treng ein ikkje å setje i verk særskilde tiltak for å nå særlege samfunns mål. I slike marknader vert konkurransen regulert gjennom konkurranselova. I tillegg gjer reglane for offentlege innkjøp sitt til å stimulere konkurransen.

I omregulerte marknader, som til dømes i telesektoren, er det særlege konkurransereglar som vert handsama av sektormyndigheitene, i tillegg til reglane i konkurranselova som er Konkurransetilsynet sitt ansvar. Når marknader vert omregulerte og opna for konkurranse, inneber det ei utviding av det praktiske verkeområdet til konkurranselova. Då er det viktig med ei god samordning mellom sektormyndigheiter og konkurransemyndigheitene for å unngå motstridande politiske signal og motstridande verknader av handheving av regelverket.

På ein del område er det påkravd å setje i verk offentlege tiltak for å fremje ulike samfunns mål. Offentlege tiltak kan gjennomførast for å korrigere marknadssvikt utan stor innverknad på konkurransen. Avgift på forureiningar er eit døme på korrigerende av marknadssvikt. I andre høve vert det sett i

verk tiltak som grip inn i marknads- og konkurranse-tilhøva. Det kan til dømes vere konsesjonsordningar som skal sikre at marknadsaktørane har tilstrekkelege kvalifikasjonar, men som gjer det vanskelegare å etablere seg for nye konkurrentar. Her set både konkurranselova og dei offentlege reguleringane rammer for konkurransen.

Konkurransestyresmaktene skal peike på konkurranseskadelege verknader av offentlege reguleringar og foreslå tiltak som kan avgrense dei skadelege verknadene. I mange konkurransesaker vil verknadene vere små for den einskilde forbrukar og større for den næringsdrivande. Dei sistnemnde vil òg drive meir aktiv lobbyverksemd. I utøvinga av konkurransepolitikken må vi derfor vere særleg merksame på veginga av omsyn til forbrukarane opp mot næringsomsyn. Dei offentlege tiltaka må òg liggje innanfor rammene av konkurransereglane i EØS-avtalen og EØS-regelverket om offentlege innkjøp og offentlig støtte.

Sunne konkurransemarknader vert best sikra gjennom ei streng konkurranselov og eit effektivt tilsyn frå konkurransestyresmaktene. Konkurranselova og EØS-konkurranselova skal motverke handlingar som hindrar marknadsmekanismane i å fungere, slik som misbruk av marknadsmakt og konkurranseavgrensande avtalar mellom føretak. Saman med regelverket for offentlig støtte til næringslivet og regelverket for offentlege innkjøp skaper dette ein heilskapleg konkurransepolitikk.

Hovudmål og strategiar

I dei marknadene der Regjeringa ønskjer konkurranse, skal konkurransestyresmaktene føre ein aktiv konkurransepolitikk for å sikre gode og rimelege varer og tenester til forbrukarane og fremje effektivitet i desse marknadene.

For å oppnå dette, arbeider departementet mot desse hovudmåla på det konkurransepolitiske området:

- konkurranselova, EØS-konkurranselova, regelverket om offentlege innkjøp og regelverket om offentlig støtte skal utviklast i samsvar med internasjonale reglar og plikter og vere effektive verkemiddel for å fremje konkurranse
- regelverket om offentlege innkjøp skal sikre at offentlege midlar vert utnytta best mogeleg gjennom kostnadseffektive innkjøp samstundes som allmenta har tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnsstenleg måte, mellom anna ved at ein tek miljø- og samfunnsansvar
- etatsstyringa av Konkurransetilsynet skal ha klare mål, ei tydeleg oppfatning av rollefordelinga mellom departement og tilsyn, og resultatoppfølging som sikrar ei effektiv utøving av

konkurransepolitikken og handheving av lovene

- norske interesser skal takast omsyn til når ESA handsamar klager og notifikasjonar etter regelverket om offentlig støtte
- departementet og Konkurransetilsynet skal saman syte for at det vert lagt vekt på konkurranseomsyn der Regjeringa ønskjer konkurranse. Mellom anna skal departementet:
 - stimulere til konkurranse og grunnlag for nyetablering ved offentlege innkjøp
 - hindre tildeling av ulovleg offentlig støtte og motverke skadeleg støtte
 - synleggjere omsynet til konkurransen ved offentlege tiltak

Vidareutvikling av lover og føresegner

Konkurranselov

Våren 2008 gjorde Regjeringa framlegg om endringar i konkurranselova, jf. Ot.prp. nr. 35 (2007–2008), som vart vedteke av Stortinget, jf. Innst.O. nr. 62 (2007–2008) og Besl.O. nr. 87 (2007–2008). Lovendringane gjeld frå 01.07.2008.

Konkurranselova § 21 er endra slik at plikta til å avvente klagehandsaminga i departementet før Kongen i statsråd kan gi løyve til ein fusjon er fjerna. Med dette treng ei omgjerding av Kongen i statsråd, i saker som har prinsipiell eller stor samfunnsmessig verdi, ikkje vente på klagehandsaminga i departementet slik ordninga var tidlegare. Dersom det er ønskeleg i den konkrete saka, kan ein likevel avvente utfallet av klagehandsaminga i departementet før politisk løyve vert gitt av Kongen i statsråd. Endringa skal forenkle og effektivisere handsaminga av klager i fusjonssaker.

I tillegg er konkurranselova § 20 endra slik at partane i saker om føretakssamanslutningar skal gi Konkurransetilsynet informasjon om marknader der marknadsdelen er under 20 pst. Tidlegare har reglane ført til at tilsynet ikkje får viktig informasjon frå partane i fusjonar mellom konkurrentar i desse marknadene. Endringa skal sikre at Konkurransetilsynet får naudsynt og viktig informasjon frå partane i ei føretakssamanslutning allereie i den alminnelege meldinga, og såleis syte for ein meir effektiv fusjonskontroll. Konkurranselova § 19 er òg endra slik at forbodet mot å gjennomføre ei føretakssamanslutning skal gjelde for alle meldepiktige. Endringa fører til at tidspunktet for gjennomføringsforbodet startar tidlegare enn før, og skal sikre ein effektiv fusjonskontroll.

Vidare er konkurranselova § 20 endra slik at dersom partane i ei føretakssamanslutning fremjar forslag om tiltak for å få løyve til å gjennomføre ein fusjon, så kan Konkurransetilsynet forlengje fris-

ten med 25 dagar utan at partane har kravd dette. Tidlegare kunne ikkje tilsynet åleine forlengje fristen, sjølv om dei trong meir tid til å teste ut forslaga. Endringa skal sikre ein effektiv og forsvarleg fusjonskontroll i desse sakene.

Det er òg gjort språklege/redaksjonelle endringar i konkurranselovera §§ 26 og 27 om innsyn i dokument, for å gjere bruksområdet til desse tidlegare. Realiteten i føresegna er ikkje endra.

Frå 01.01.2007 vart tersklane som utløyser meldeplikt for føretakssamanslutningar heva ved ei endring i forskrift om meldeplikt. Basert på statistiske undersøkingar reknar departementet med at endringa vil føre til ein reduksjon av meldepliktige føretakssamanslutningar med om lag 30 pst.

Departementet sende sommaren 2007 på høyring eit framlegg om forskrift i medhald av konkurranselovera § 16 om verksemda til ein forvaltar. Etter § 16 har Konkurransetilsynet rett til å peike ut ein forvaltar til å hjelpe til ved gjennomføringa av inngrep mot føretakssamanslutningar. Bakgrunnen for føresegna var mellom anna eit ønske om å konsentrere ressursane til tilsynet om kjerneverksemda.

Våren 2008 vart det gitt forskrift om mellombels unntak frå konkurranselovera for veterinære vakttenester. Bakgrunnen er ei endring i lover om dyrehelsepersonell som fører til at kommunane tek over ansvaret for veterinære vaktordningar frå staten, og skal lette overgangen mellom ny og gammal vaktordning. Unntaket gjeld ut 2008, men Fornyings- og administrasjonsdepartementet skal greie ut om det er naudsynt med unntak utover dette.

Våren 2008 vart unntaket for prissamarbeid om lærebøker til høgskule og universitet på nytt forlengd ut levetida til den gjeldande bokavtalen, til 31.12.2010. Ei evaluering av bokavtalen skal vere ferdig i tide til å inngå i førebuinga til eventuelle forhandlingar i bokbransjen om ein ny avtale frå 2011.

Departementet har òg bede Konkurransetilsynet greie ut om det skal verte gitt ei føresegn om unntak frå konkurranselovera § 10, slik at busselskap kan samarbeide om fylkeskryssande ekspressbussruter. Eit forslag vart sendt på allmenn høyring sommaren 2008 med frist 01.10.2008.

Reglane om offentlege innkjøp

Regjeringa vil setje ned eit offentleg utval som skal utgreie og tilretteleggje korleis ein best kan gjennomføre nye EØS-reglar for handheving av reglane om offentlege innkjøp. Føremålet med reglane er at ein skal etterleve innkjøpsreglane betre, mellom anna ved å sikre leverandørar betre høve til inn-

grep før ein inngår offentlege kontraktar. Reglane har særleg fokus på handheving av ulovlege direkteinnkjøp.

Den nasjonale terskelverdien markerer kor store innkjøp ein offentleg innkjøpar kan gjere utan å ha plikt til å kunngjere ein tilbodskonkurranse og følgje fastsette prosedyrereglar. For mindre kjøp kan kostnadene ved å følgje prosedyrane ved tilbodskonkurranse i mange tilfelle utlikne ei eventuell kostnadsnedskjering som følgje av billigare og betre tilbod. I 2005 vart den nasjonale terskelverdien heva frå 200 000 til 500 000 kroner. I 2007 vart ei evaluering av hevinga sett i gang, og rapporten «Offentlige anskaffelser - terskelverdien med mer» vart overlevert sommaren 2008.

Rapporten inneheld ein analyse av konsekvensane av ei eventuell ytterlegare heving, ei vurdering av eit system for forenkla kunngjering og andre kostnadsreduserande tiltak, og dessutan ei identifisering av andre tiltak som kan hjelpe til å redusere kostnadene i konkurransefasen. Rapporten er ein del av det faglege grunnlaget for å vurdere om det skal gjerast endringar i terskelverdien. Regjeringa vil ta stilling til spørsmålet i samband med stortingsmeldinga om offentlege innkjøp som skal leggjast fram i 2009.

Reglane om offentleg støtte

Våren 2008 vart nye retningslinjer for offentleg støtte til miljøtiltak vedtekne av EU-kommisjonen og i juli vart retningslinjene innlemma i ESAs retningslinjer for statsstøtte. Retningslinjene opnar for forskjellige typar miljøstøtte, mellom anna støtte til karbonfangst og lagring (carbon capture and storage, CCS), støtte for tilpassing til framtidige regelendringar på miljøområdet, fritak frå miljøskattar og avgifter m.m. Retningslinjene inneheld eit kapittel om formålstenlege tiltak, som inneber at eksisterande støtteordningar på miljøområdet må tilpassast det nye regelverket innan ein nærmar bestemt frist.

Sommaren 2008 vedtok EU-kommisjonen ei ny kommisjonsforordning om eitt stort gruppeunntak for forskjellige typar støtte, det såkalla supergruppeunntaket. Forordninga vil bli innlemma i EØS-avtalen og deretter òg i norsk rett i løpet av hausten 2008. Supergruppeunntaket samlar eksisterande, og inkluderer nokre nye gruppeunntak i ei felles forordning som omfattar visse typar regionalstøtte, støtte til små og mellomstore bedrifter, miljøstøtte, støtte i form av risikokapital, av forskings-, utviklings- og innovasjonsstøtte, opplæringsstøtte og sysselsetjingsstøtte. Regelverket skal nyttast på alle sektorar av næringslivet og skal sikre at støtta er transparent og har ein insentiveffekt.

Internasjonalt arbeid

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har, som vist ovanfor, det samla ansvaret for dei sektorovergripande verkemidla i konkurransepolitikken. Det omfattar konkurranselovgevinga for føretak, regelverket om offentleg støtte og regelverket om offentlege innkjøp.

Som følgje av Noregs plikter og rettar etter EØS-avtalen er departementet såleis ansvarleg for saksførebuing, utforming av norske posisjonar og gjennomføring av avgjerder i EØS-organ på konkurranseområdet. Derfor er det viktig og naudsynt for konkurransemyndigheitene å delta både i EU- og EØS- fora for å vareta Noregs interesser, både direkte i enkeltsaker og ved utvikling av regelverk av EØS-relevans. Avgjerder og regelverk gir rammer for norske politikarar, forvaltninga og norsk næringsliv.

I samband med utforminga av nye reglar i EU-kommisjonen inneber departementet sitt arbeid med å sikre norske interesser i prosessen, både at departementet syter for å klargjere og samordne norske interesser internt i den norske forvaltninga og freistar å påverke regelverksutforminga i Kommisjonen. Det skjer ved høyringar og møte med norske føretak og styresmakter, deltaking i Kommisjonens og ESAs rådgivande komitear og arbeidsgrupper, samarbeid med andre nordiske styresmakter og gjennom skriftlege kommentarar. Departementet har òg ansvar for at reglane vert innlemma i EØS-avtalen og vert gjennomførte i norsk rett.

Europakommisjonen vedtok i april 2008 ei kvitbok om søksmål om skadebot ved brot på artikkel 81 og 82 i EF-traktaten. Artikkel 81 og 82, som svarer til artikkel 53 og 54 i EØS-avtalen, kan handsamast av konkurransestyresmaktene og av nasjonale domstolar. Domstolane kan gi skadebot for økonomisk skade som er valda av brot på traktatens antitrustreglar. Slik privat handsaming er eit viktig tillegg til den offentlege handsaminga av konkurransereglane. Føremålet med kvitboka er å gjere naudsynte endringar i nasjonal lovgiving om skadebot og sivilprosess for å lette tilgjenget til slike søksmål i konkurransesaker. Noreg har uttalt seg om forslaga i kvitboka.

Vidare er konkurransestyresmaktene sentrale i arbeidet med å sikre norske interesser i einskildsaker (notifikasjons- og klagesaker) mellom norske styresmakter og ESA /Kommisjonen på området og samordning av sakshandsaminga.

Konkurransestyresmaktene deltek òg i OECD. Men deltaking her har ein heilt annan karakter enn i EØS-samanheng. Diskusjonar føregår i større

grad på premissane til dei nasjonale fagmyndigheitene og munnar ikkje ut i bindande normer eller vedtak som vert handheva overfor statar og føretak i etterkant av diskusjonar og konklusjonar i dei forskjellige møtefora. Likevel har såkalla OECD-rekommandasjonar ei viss vekt, og erfaringsmessig er det ofte parallelle drøftingar av problemstillingar i OECD og EU/EØS. Deltaking i OECD gir norske konkurransemyndigheiter ein ytterlegare sjanse til å påverke regelverks- og policyarbeid i EØS. Eksempel på tema som har vore handsama i 2008, er samspelet mellom konkurranse og arealplanlegging, konkurranse og krysseigarskap, økonomiske modellar som bevis i konkurransesaker, bruk av sektorstudiar i konkurransepolitikken og tiltak mot brot på konkurransereglane ved offentlege innkjøp.

Dei nordiske konkurransestyresmaktene har årlege konferansar og drøftar saker av felles interesse.

Prioriterte område

Auka innsats mot konkurransekriminalitet

Brot på konkurranselova (konkurransekriminalitet) fører med seg omfattande kostnader for samfunnet, men er vanskelege å avdekkje. Konkurranssekriminalitet vert kjenneteikna ved at seljarane på ulike måtar koordinerer åtferda si med sikte på å lure kjøparane, som er innbyggjarar, offentlege innkjøparar eller private føretak. Typiske eksempel på dette er at konkurrentar avtaler å ikkje konkurrere på pris, eller deler marknader eller kundar mellom seg.

Regjeringa har styrkt innsatsen for å kjempe mot kartell og motverke konkurransekriminalitet. Konkurransetilsynet er i 2008 tilført 4,4 mill. kroner ekstra for å styrkje dette arbeidet. Auka kapasitet til etterforsking, betre analysar og oppbygging av nye avanserte IKT-system står sentralt i Konkurransetilsynet sitt arbeid med å motarbeide denne typen kriminalitet.

Departementet har vidare bedt Konkurransetilsynet om forslag til eventuelle lovendringstiltak som tilsynet meiner trengst for å styrkje handhevinga av konkurranselova. Tilsynet foreslår at lempingsprogrammet i konkurranselova vert styrkt, slik at deltakarar i eit ulovleg konkurransereduserande samarbeid kan vere endå sikrare på at samarbeid med myndigheitene reduserer sanksjonsrisikoen. Tilsynet foreslår òg at anonymiteten til dei som tipsar tilsynet vert styrkt. Slike tipsarar kan vere tilsette, tidlegare tilsette og kundar. Departementet handsamar no tilsynets forslag til lovendringstiltak

Grøne innkjøp

Lova om offentlege innkjøp krev at det ved planlegginga av innkjøp vert teke omsyn til dei miljømessige konsekvensane av innkjøpet. Regjeringa har i 2007 vedteke ein eigen handlingsplan om miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Der vert det peikt ut konkrete tiltak som skal medverke til at det offentlege ber om produkt med høg standard knytt til miljø og etikk. Miljøbelastninga knytt til offentlege innkjøp skal reduserast. Dette er følgd vidare opp ved at det er laga miljøkriterium for innkjøp innanfor ulike kategoriar. Dette vil gjere det enklare for offentlege verksemdar å vere miljømedvitne ved innkjøp.

Behandling av brot på innkjøpsregelverket

Riksrevisjonen har ved fleire høve påvist brot på reglane for offentlege innkjøp. Gjennom etableringa av Direktoratet for forvaltning og IKT, med ei eiga avdeling for offentlege innkjøp, har Regjeringa lagt grunnlaget for eit nasjonalt kompetansesenter for offentlege innkjøp og intensivt arbeid sitt med å sikre betre, enklare og sikrare offentlege innkjøp. Direktoratet for forvaltning og IKT skal ha ei heilskapleg tilnærming til å forbetre og effektivisere offentlege innkjøp. Dette skal mellom anna gjerast gjennom å gi rettleiing og kurs, gjennom å ha fokus på å leggje til rette for samfunnsnyttige innkjøp og ved å gjere innkjøpsverktøy og elektroniske handelsløysingar tilgjengelege.

Regjeringa vil i 2009 leggje fram ei stortingsmelding om offentlege innkjøp. Meldinga skal medverke til at det offentlege etterlever innkjøpsreglane og at arbeidet med innkjøp i det offentlege vert ytterlegare profesjonalisert.

Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA) er eit uavhengig organ med 10 medlemmer som er oppnemnde av Kongen i statsråd. Sekretariatet for klagenemnda er administrativt underlagt Konkurransetilsynet. Nemnda handsamar klager om brot på lov om offentlege innkjøp med forskrifter. Leverandørar som har delteke eller ønskt å delta i ein tilbodskonkurranse, kan klage inn bl.a. statlege, fylkeskommunale og kommunale organ til Klagenemnda for offentlege innkjøp. Sidan 01.01.2007 har klagenemnda hatt fullmakt til å fastsetje gebyr ved ulovlege direkteinnkjøp. Nemnda skal sikre eit raskt og rimeleg klagealternativ på eit lågt konflikt-

nivå og medverke til auka kompetanse og rettsavklaringar på området. Då sakshandsamingstida i ein periode var for lang, fekk nemnda i 2007 auka budsjettrammer, og det vart sett som mål at frå hausten 2007 skulle den gjennomsnittlege sakshandsamingstida ikkje overskride 3 månader i saker som ikkje gjeld gebyr. Ved utgangen av 2007 var sakshandsamingstida innanfor dette kravet. Sjå elles omtale under kap.1550 Konkurransetilsynet.

Faktabasert gjennomgang av innretninga på konkurransepolitikken

I St.prp. nr. 1 for 2007–2008 varsla Fornyings- og administrasjonsdepartementet ein faktabasert gjennomgang av innretninga på konkurransepolitikken. Departementet ville følgje opp dette med å gjennomføre ei evaluering av heving av nasjonal terskelverdi og ei konsekvensutgreiing av eventuelle ytterlegare terskelverdihevingar, og dessutan innføring av forenkla kunngjeringsplikt for offentlege innkjøp under nasjonal terskelverdi. I tillegg ville departementet gjennomføre ei faktabasert utgreiing av røynsler med konkurranseutsetjing i eit utval av marknader. Departementet har gjennomført ei vurdering av terskelverdiane, men vil ikkje gå vidare med ei faktabasert utgreiing av erfaringar med konkurranseutsetjing.

Styring av Konkurransetilsynet

Departementet har gjennomført ei evaluering av etatsstyringa av Konkurransetilsynet. Evalueringa har lagt til rette for nye rutinar i sakshandsaminga, betra styringsdialogen med Konkurransetilsynet, og styrkt faglege prioriteringar og ressursdisponeringar.

Som eit ledd i evalueringa vil departementet krevje bruk av resultatindikatorar og analysemetodar i resultatrapporteringa til Konkurransetilsynet, og følgje opp dette i utarbeiding av tildelingsbrevet for 2009.

Oppfølging av visse marknader

Konkurranse er eit viktig verkemiddel få å nå sentrale samfunnsmessige mål om effektiv bruk av ressursane i økonomien. Nokre marknader som har fått særleg stor merksemd i 2007 er omtalte i kap. 1550 Konkurransetilsynet.

Kap. 1550 Konkurransetilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	84 661	79 209	80 057
22	Flyttekostnader, <i>kan overførast</i>	1 467		
23	Klagenemnda for offentlege innkjøp	6 285	5 000	5 220
	Sum kap. 1550	92 413	84 209	85 277

Allmenn omtale

Konkurransetilsynet skal føre tilsyn med konkurranseforholda i norsk økonomi. Det rettslege grunnlaget for tilsynet si verksemd er konkurranselova og EØS-konkurranselova. Tilsynet skal blant anna føre kontroll med føretakssamanslutningar og handheve forboda mot misbruk av dominerande stilling og mot konkurransehemmande samarbeid. Konkurransetilsynet skal òg påpeike konkurransehemmande verknader av offentlege tiltak.

Konkurranselova vert handheva av Konkurransetilsynet, men det er dei næringsdrivande sjølve som har ansvar for å sjå til at føresegnene i lova vert følgde. Lova har strenge sanksjonsføresegner mot ulovlege kartellavtalar og misbruk av dominerande stilling, og dette gjer at verksemdene konkurrerer til fordel for forbrukarar og til fremje av eit effektivt næringsliv.

Rapport 2007**Handheving av forboda i konkurranselova**

Konkurranselova forbyr i § 10 samarbeid som avgrensar konkurransen og i § 11 misbruk av dominerande stilling. Avdekking av ulovleg pris-samarbeid, anbudssamarbeid og marknadsdeling er ei høgt prioritert oppgåve for Konkurransetilsynet. Internasjonale studiar tyder på at ulovleg kartellverksemd kan føre til prisar som ligg 15–40 pst. over det nivået ein ville hatt med sunn konkurranse. Kartell fører til auka kostnader, dårlegare produkt og svakare vekst og innovasjonsevne i økonomien på lang sikt.

Forboda i konkurranselova §§ 10 og 11 vert sanksjonerte av Konkurransetilsynet gjennom ilegging av overtredingsgebyr eller ved at forholdet vert meldt til politiet. Eit effektivt og handlekraftig tilsyn gjer det meir sannsynleg at bedriftene etterlever konkurranselovgevinga. Tilsynet arbeider med å auke den førebyggjande og preventive verknaden av arbeidet sitt mellom anna gjennom:

- målretta informasjons- og rettleiingsverksemd om konkurranselovgevinga

- kontinuerleg arbeid for å avdekkje konkurransekriminalitet gjennom ulike metodar for etterforskning og overvaking
- gode samarbeidsrelasjonar med mellom anna offentlege innkjøparar og påtalemyndigheiter
- effektive insentivordningar der mellom anna lempingsordningar står sentralt

Risikoen for å bli avslørt og straffa påverkar marknadsåtferda til bedriftene og fører til at færre tek sjansen på å bryte konkurranselova. Slike allmennpreventive effektar av tilsynets handheving og sanksjonering kan ikkje målast gjennom dei sakene som tilsynet faktisk handsamar. Avdekking av eit kartell i éin marknad verkar avskrekkande på eksisterande kartell i andre marknader, og medverkar til færre kartell i framtida. På bakgrunn av dei store skadeverknadene av brot på forbodsføresegnene er etterforskning av konkurransekriminalitet blitt prioritert ved oppbygginga av tilsynet i Bergen. Avdekking av lovbrota stiller krav til både taktiske og tekniske sider ved etterforskningsfunksjonen i tilsynet. I 2007 starta tilsynet eit arbeid med å styrkje etterforskningsfunksjonen både når det gjeld ressursar og kompetanse. Tilsynet har mellom anna sett i verk følgjande tiltak:

- oppretting av ein eigen etterforskningsseksjon i tilsynet med medarbeidarar med særleg kompetanse innan teknisk og taktisk etterforskning og bruk av tvangsmiddel, som gjennomføring av bevissikring og forklaringsopptak
- skaffa spesialutvikla elektronisk programvare og etablert eit moderne datalaboratorium. Tilsynet er i front blant konkurransemyndigheiter internasjonalt på å sikre elektroniske bevis
- igangsetjing, utvikling og bruk av metodar for å identifisere marknader som er eller kan vere særleg utsette for kartellverksemd
- ei meir systematisk og målretta innsamling og bearbeiding av tips og opplysningar vil kunne medverke til å avsløre fleire kartell. I 2007 mottok Konkurransetilsynet 58 klager og tips om moglege brot på lova. Tilsynet har avslutta eit tips- og kjeldehandteringsprosjekt der det vert

sett opp retningslinjer for å handtere og systematisere denne typen informasjon

Konkurransetilsynet handsama ei rekkje saker etter forbodsføresegnene:

- etter gjennomført bevissikring og forklaringsopptak har Konkurransetilsynet gitt Borregaard AS og Brenntag AS to overtredingsgebyr for brot på konkurranselova § 10 knytte til samarbeid innanfor eddiksyremarknaden. Føretaka godtok gebyra
- Konkurransetilsynet påla i februar 2007 TINE eit overtredingsgebyr på 45 mill. kroner for utilbørleg utnytting av dominerande stilling og konkurranseavgrensande samarbeid. TINE har anka spørsmålet om overtredingsgebyret inn for domstolen
- i 2005 påla Konkurransetilsynet SAS eit overtredingsgebyr på 20 mill. kroner for brot på konkurranselova § 11. SAS tok saka inn for Oslo tingrett som oppheva tilsynet sitt vedtak, men Konkurransetilsynet anka dommen til Borgarting lagmannsrett. I 2007 inngjekk likevel SAS og tilsynet eit forlik. Tilsynet heldt fast ved at SAS har brote konkurranselova, men endra konklusjonen om å gi overtredingsgebyr ettersom overtredinga skjedde kort tid etter at den nye konkurranselova tredde i kraft
- Tilsynets etterforsking av SAS i 2005 avdekte dokumentbevis som stod sentralt i Økokrims etterforsking av SAS-Braathens om misbruk av forretningsløyndomar (Amadeussaka). Rettskraftig dom frå høgsterett vart kunngjort i desember 2007
- Konkurransetilsynet handsama klage frå LinPro AS på Microsofts misbruk av dominerande stilling i samband med Fylkesavtalen. Etter ei omfattande sakshandsaming frå tilsynets side endra Microsoft Fylkesavtalen på vesentlege punkt for å imøtekomme tilsynets innvendingar mot for sterke lisensieringskrav knytte til rabattordningar og bruk av konkurrerende programvare. Med endringane fall tilsynets konkurransemessige innvendingar mot Microsofts Fylkesavtale bort og saka vart avslutta
- Konkurransetilsynets undersøkingar i samband med rapporten «Betaling for hylleplass - virkninger for konkurransen i dagligvaremarkedet i Norge» i 2005 viste at daglegvarekjedene sat på detaljert informasjon om prisar og omsetning hos kvarandre, og at utveksling av informasjon i regi av ACNielsen var ei vesentleg kjelde til dette. Tilsynet meinte informasjonsutvekslinga skadde konkurransen og vurderte på denne bakgrunnen å gripe inn mot den vekentlege prisinformasjonsutvekslinga gjennom ana-

lysebyrået AC Nielsen. Etter å ha blitt orientert om tilsynets vurderingar, valde partane i 2007 sjølve å endre praksis

- Konkurransetilsynet vedtok i mai 2007 at Tide Reiser AS og Veolia Transport ikkje lenger får samarbeide om drifta av ekspressbussruta Kystbussen som trafikkerer strekninga Bergen-Stavanger. Tilsynet påla partane å avslutte samarbeidet innan 01.01.2008. Samarbeidet føregår framleis mens ein ventar på utfallet av ei høyring send ut første del av 2008, der Fornyings- og administrasjonsdepartementet føreslo å unnta drift av ekspressbussruter frå konkurranselova § 10 gjennom ei eiga forskrift. Unntaket skal berre gjelde samarbeid etablert før det vart opna for konkurranse i denne marknaden

I 2007 har tilsynet gjennomført ti omfattande bevissikringar knytte til fem ulike saker. To av desse sakene gjaldt assistanse til EFTAs overvakingssorgan.

Kontroll med føretakssamanslutningar

I Noreg gjeld alminneleg meldeplikt ved føretakssamanslutningar. Det er dei føretak eller næringsdrivande som samla eller kvar for seg varig overtek kontroll over eitt eller fleire føretak, det vere seg ved fusjonar, oppkjøp og avtalar som har plikt til å melde frå til tilsynet dersom dei ved samanslutninga får ein samla omsetnad som overstig visse terskelverdiar.

Frå 01.01.2007 er reglane endra slik at den alminnelege meldeplikta berre gjeld når dei involverte føretaka har ein samla årleg omsetnad i Noreg på minst 50 mill. kroner og begge føretaka omset for meir enn 20 mill. kroner årleg. Hevinga av terskelverdiane for meldeplikta har medført at talet på meldingar for fusjonar og oppkjøp til Konkurransetilsynet vart redusert med 25 pst. i fyrste kvartal 2007 samanlikna med tilsvarende periode i 2006. I 2007 mottok Konkurransetilsynet 561 meldingar om fusjonar og oppkjøp.

Konkurransetilsynet skal gripe inn mot fusjonar og oppkjøp som vil føre til eller forsterke ei vesentleg avgrensing av konkurransen i strid med konkurranselovas mål om effektiv bruk av samfunnets ressursar. Dei aller fleste føretakssamanslutningar som vert melde til Konkurransetilsynet er uproblematisk. Heile 97 pst. av dei 561 mottokne meldingane om fusjonar og oppkjøp i 2007 vart gjennomførte utan innvendingar frå tilsynet. Dette er oppkjøp eller fusjonar som medverkar til omstrukturering i norsk næringsliv utan å ha konsekvensar som strir mot konkurranselova sitt formål. Tilsynets handsaming av fusjonssaker er

effektiv ved at saker som ikkje gir grunn for uro i høve til konkurransen vert lagde til side raskt, og ved at ressursane vert prioriterte til å handsame konkurransemessig viktige saker. Eksempel på saker:

- Konkurransetilsynet vedtok i februar 2007 å forby den planlagde fusjonen mellom Trønder-taxi AS og Sør-Trøndelag Taxi AS. Tilsynet meinte at ein allereie vesentleg avgrensa konkurranse i marknaden for drosjetransport i Sør-Trøndelag ville bli ytterlegare svekt ved ein fusjon
- Konkurransetilsynet godkjende i juni 2007 Media Norge-fusjonen på vilkår som skal sikre at kundar og konkurrentar får naudsynt tilgang til trykkeritenester i åra framover
- Konkurransetilsynet avgjorde i mai 2007 at Findus Norge AS fekk kjøpe Gro Industrier AS på vilkår om at Findus leverer råvarer til konkurrentar i marknaden for blanding og pakking av fryste grønnsaker til daglegvare- og storhushaldsmarknaden. Findus kan ikkje levere til dårlegare vilkår enn det Gro hadde gjort tidlegare. Vilkåra sikrar marknadstilgang
- Konkurransetilsynet greip i juni 2007 inn mot fusjonen mellom Bankenes Betalingssentral (BBS) og Teller. Fusjonen vart godkjend på vilkår som skal sikre tilgang til naudsynt infrastruktur frå BBS i marknaden for innløysing og betalingsterminalar. Tilsynet følgjer opp vedtaket gjennom ein forvaltar som fører jamleg kontroll med at vilkåra vert etterlevde
- Konkurransetilsynet vedtok i november 2007 at Nortura fekk kjøpe Hå Rugeri på vilkår av at alle eksisterande og eventuelle nye slaktekyllingprodusentar får tilgang til slaktekyllingar på like vilkår

På grunn av konkurranselovgevinga, eksistensen av eit Konkurransetilsyn, og den presedens som vert skapt gjennom dei konkurransesakene som vert behandla, vil føretakssamanslutningar som openbert er konkurranseskadelege ikkje bli gjennomførte. Dei føretakssamanslutningane som vert melde til tilsynet vil vere saker som anten er uproblematisk eller saker der det må gjennomførast ei inngåande vurdering for å få klarlagt dei konkurransemessige effektane. For å vurdere dei preventive verknader av Konkurransetilsynets fusjonskontroll, vil Konkurransetilsynet gjennomføre ei spørjeundersøking.

Andre sentrale oppgåver

Etter konkurranselova § 9 c, skal Konkurransetilsynet føre tilsyn med konkurransen i dei forskjel-

lige markedene, «herunder iverksette tiltak for å øke markedenes gjennomsiktighet». I tildelingsbrevet for 2007 presiserte departementet at tilsynet må påleggje prisinformasjon dersom det er naudsynt for å fremje konkurransen i ein marknad. Dette arbeidet er koordinert med Forbrukarombodet som er ansvarleg for tilsynet med prismerkingsføresegnene. Forbrukarrådet, Forbrukarombodet og Konkurransetilsynet har bl.a. etablert eit fast samarbeidsforum.

Konkurransetilsynet har i 2007:

- vidareutvikla si nettbaserte kraftprisoversikt som gjer det enklare for forbrukarane å vurdere byte av kraftleveringsavtale eller kraftleverandør
- medverka til etablering av Finansportalen i januar 2008 som gjer informasjon og samanlikning enklare for forbrukarane i markedene for bank og forsikring
- medverka til rapport om bankbyte som konkluderer med at bransjen skal gjere det enklare for forbrukarane å byte bank
- tilsynet har i samsvar med samarbeidsavtalar gjennomført faste møte og samarbeid med Post- og teletilsynet, NVE og Kredittilsynet

Vidare skal Konkurransetilsynet etter konkurranselova § 9 e påpeike konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak, eventuelt ved å leggje fram forslag med sikte på å styrkje konkurransen og gjere det lettare for nye konkurrentar å kome inn på marknaden. Konkurransetilsynet skal medverke til at offentlege reguleringar eller tiltak vert utforma på ein slik måte at måla ved reguleringane vert ivaretekne samtidig som uheldige verknader ved konkurransen vert minst mogleg. I 2007 har Konkurransetilsynet gitt 58 høyringsfråsegner og påpeikingar med merknader av interesse vedrørande reguleringar som tilsynet meiner kan ha skadelege verknader for konkurransen.

Konkurranselova pålegg Konkurransetilsynet å rettleie føretak vedrørande lovforståing, rekkjevidd og bruk av lova i enkeltsaker. I 2007 har tilsynet følgd opp dette ved at ein har:

- utvida eigne internettsider ytterlegare for å sikre lett tilgang til alle vedtak, fråsegner og rettleiingar for publikum
- gjennomført konferansar og seminar arrangert av Konkurransetilsynet med sikte på å spreie kompetanse på områda kartellbekjemping, innovasjon og konkurranse og vertikale restriksjonar
- gjennomført opne møte i Konkurranseøkonomisk og Konkurransejuridisk forum og halde ei rekkje foredrag om konkurransepolitikk

- hatt kontakt og informasjonsmøte med bl.a. NHO, HSH og FNH og Sparebankforeningen
- publisert ei eiga brosjyre om lempingsføresegnene
- i januar starta tilsynet eit samarbeid med NHO knytt til informasjon til næringsdrivande om konkurranselova

Særskilde bransjar

Departementet bad Konkurransetilsynet om å følge opp særskilde bransjar i 2007:

Luftfart: Konkurransetilsynet har levert ei utgreiing til departementet om verknadene av å innføre eit generelt forbod mot bonusopptening i innanriks luftfart. Med bakgrunn i bl.a. utgreiinga vedtok departementet i juni 2007 ei forskrift om forbod mot bonusprogram i innanriks luftfart.

Bokbransjen: Ved ny bransjeavtale i 2005 vart prissamarbeidet i bokbransjen delvis avvikla. Konkurransetilsynet starta i 2007 arbeidet med ei oppdatert evaluering knytt til verknadene av denne delvise avviklinga. Innsamling og analyse av prisar og omsetningsdata vart avslutta sommaren 2008. Ei tilsvarande undersøking frå 2006 kunne måle den kortsiktige verknaden av den nye bokavtalen. Konklusjonen den gong var at regelverksendringane ser ut til å stimulere boksale. 2008 vil gi ein indikasjon på korleis høgare rabattar gir seg utslag på prisene innanfor dei fleste bokgrupper.

Meierisektoren: I april 2007 oversende Konkurransetilsynet til departementet ei evaluering av verknadene av dei endringane i forsyningsplikta for mjølk som vart gjennomførte i 2004. Rapporten viser at Tine i dei fleste produktmarknader har ei dominerande marknadsstilling, mens konkurrentane berre driv verksemd innan ein eller nokre få produktmarknader. Tilsynet såg trongen for å innføre ei overvåkingsordning for dei viktigaste og mest konkurranseutsette meieriprodukta som kan avdekkje om Tine føreteik marginskvis eller predasjonsprising. Ordninga er no etablert.

Programvaremarknaden: Konkurransetilsynet har i 2007 prioritert oppfølging og gjennomgang av konkurranseforholda i marknadene for programvarer og har utarbeidd rapporten «Konkurranse og innovasjon i programvaremarkedene». Rapporten ser på sentrale forhold ved programvaremarknadene som er viktige for konkurransen og konkurransemyndighetene si rolle i desse marknadene.

Konkurransetilsynet gjennomførte hausten 2007 ein analyse av konkurranseverknader av eksklusivavtalar i TV-marknaden. Kartlegginga av ulike konkurransemessige problemstillingar i marknaden vert følgd opp i 2008 med sikte på å gi Konkurransetilsynet auka kunnskap i ein marknad

med stor teknologisk utvikling og etableringa av bakkenettet som fører til endringar i marknadsstrukturen på TV-marknaden.

Klagenemnda for offentlege innkjøp

Klagenemnda for offentlege innkjøp handsamar klager om brot på lov om offentlege innkjøp med tilhøyrande forskrifter. Leverandørar som har delteke eller ønskt å delta i ein anbodskonkurranse, kan klage inn mellom anna statlege, fylkeskommunale og kommunale organ til Klagenemnda for offentlege innkjøp. 01.01.2007 fekk nemnda myndigheit til å tildømme overtredingsgebyr for ulovlege direkteinnkjøp, dvs innkjøp som ikkje er kunngjorde etter regelverket. Slike brot ser ein på som dei alvorlegaste, ettersom manglande kunngjering held innkjøp unna konkurranse. Klagenemnda for offentlege innkjøp tildømde det første gebyret i 2007 mot Statens vegvesen på 1 mill. kroner.

Klagenemnda for offentlege innkjøp avgjorde 217 saker i 2007. Av desse sakene vart det konstatert brot i 115 saker. Dette er ein markant auke frå tidlegare år. Forklaringa kan vere at leverandørane i større grad enn før har kunnskap om regelverket og klagegrunnlag. Løyvinga til Klagenemnda for offentlege innkjøp vart styrkt med ei ekstraløyving på 1,2 mill. kroner i 2007. Sakshandsamingstida vart monaleg redusert og i oktober 2007 nådde nemnda målet om ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på under 3 månader.

Mål og strategiar 2009

Hovudmåla for Konkurransetilsynets arbeid i 2009 vil vere:

- effektiv handheving av konkurranselova med tilhøyrande forskrifter og oppfølging av EØS-konkurranselova
- tilstrekkeleg vektlegging av konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde der Regjeringa ønskjer konkurranse
- synleggjere resultata av Konkurransetilsynets sitt arbeid
- sikre effektiv sakshandsaming i sekretariatet for Klagenemnda for offentlege innkjøp

Tilsynet fekk i samband med revidert budsjett for 2008 løyvd 4,4 mill. kroner for å styrkje handheving av konkurranselova. Konkurransetilsynets tiltak er konsentrerte om ei styrking av arbeidet med motarbeiding av kartell. Satsinga på motarbeiding av kartell er ei langsiktig strategisk prioritering. Tilsynet vil vidareføre arbeidet med prosjektet om

avdekking av kartellverksemd i bestemte bransjar i 2009.

Konkurransetilsynet vil i 2009 halde fram med arbeidet med å få naudsynte endringar i konkrete saker utan formelle vedtak og halde fram praksisen med å avgrense ressursbruken knytt til behandling av klager over moglege brot på konkurranselover som tilsynet ikkje finn grunnlag for å prioritere.

I 2009 vil Konkurransetilsynet prioritere oppfølginga av konkurransen i utvalde næringar med konkurranseutfordringar.

Budsjett 2009

Post 01 Driftsutgifter

Konkurransetilsynet hadde per 01.07.2008 87 årsverk. Posten dekkjer løns- og driftsutgifter for vanleg drift i Konkurransetilsynet.

Post 23 Klagenemnda for offentlege innkjøp

Posten dekkjer løn og driftsutgifter til sekretariatet for Klagenemnda for offentlege innkjøp. Vidare vert det dekt honorar og andre utgifter for medlemene av nemnda.

Kap. 4550 Konkurransetilsynet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Ymse inntekter	1 135	201	210
03	Lovbrotsgesbyr	935		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	2 046		
18	Refusjon sjukepengar	1 106		
	Sum kap. 4550	5 222	201	210

Post 02 Ymse inntekter

Posten gjeld inntekter for gebyr i tilknytning til Klagenemnda for offentlege innkjøp.

Post 03 Lovbrotsgesbyr

Gebyr kan mellom anna tildømmast ved brot på konkurranselover sitt forbod mot samarbeid som avgrensar konkurransen, utilbørleg utnytting av dominerande stilling og påbodet om alminneleg melding av føretakssamanslutningar. Etter at EØS-konkurranselover av 2004 vart sett i verk, kan Konkurransetilsynet òg tildømme gebyr ved brot på

dei tilsvarende føresegnene i EØS-avtalen artikkel 53 og 54.

Ved dei alvorlegaste brota kan det tildømmast gebyr på inntil 10 pst. av den årlege omsetnaden til eit føretak.

For å tvinge fram oppretthalding av einskiltvedtak etter konkurranselover av 2004, kan Konkurransetilsynet gi tvangsmulkt som går til tilhøvet er retta. Det same gjeld for å sikre at pålegg om å gi opplysingar etter krava i lover vert oppfylte.

Det er uvisst kor stor den samla summen for gebyr og tvangsmulkt kan verte. Det er difor ikkje gjort framlegg om løyving på denne posten.

Programkategori 01.60 IKT-politikk

Utgifter under programkategori 01.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1560	Spesielle IKT-tiltak	244 254	60 899	17 463	-71,3
1561	Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram	14 817	22 500	20 149	-10,4
1562	Tilskot til elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosessar	1 400	1 400	5 238	274,1
1563	IKT-tryggleik	4 000	4 000	4 176	4,4
	Sum kategori 01.60	264 471	88 799	47 026	-47,0

Hovudutfordringar og utviklingstrekk

I april 2007 handsama Stortinget den første heilskaplege stortingsmeldinga om IKT-politikk, St.meld. nr. 17 (2006–2007) «Eit informasjonssamfunn for alle». Meldinga dekkjer emne som digital kompetanse, IKT-forskning, IKT-næringane, døgnopen forvaltning, personvern og IKT-tryggleik. Sentrale tema i meldinga er trongen for fellesløysingar og fellesinnsats, at alle skal kunne delta i informasjonssamfunnet, og realiseringa av gevinstpotensialet som ligg i riktig bruk av IKT. Regjeringa arbeider no etter føringane i meldinga og gjennomfører konkrete tiltak som var presenterte der.

IKT er i dag den viktigaste drivaren for økonomisk vekst generelt, for innovasjon og fornying i offentlig og privat sektor og er såleis sentral for å auke produktiviteten og konkurranseevna. Informasjonsteknologien inngår i dei fleste infrastrukturene i samfunnet, og er ei samfunnsomformande kraft fordi den påverkar sosiale mønster og åtferd. IKT-utviklinga går raskt og ofte i uventa retningar. Statistikk syner at stadig fleire tek teknologien i bruk, og på nye måtar.

Regjeringa vil ha ei aktiv haldning til sosiale medium. Utviklinga og utbreiinga av sosiale medium (Web 2.0) har etter kvart blitt ein stadig viktigare del av informasjonssamfunnet. Medan dei første brukarane av nettsamfunna i hovudsak var ungdom, ser trenden no til å vere at fleire og fleire av den vaksne delen av befolkninga tek i bruk desse kanalane for dialog og kommunikasjon.

Rolla nettsamfunna har som arena for kommunikasjon og dialog, gjer at dei kan ha ein plass i demokratiske prosessar.

Målet er eit informasjonssamfunn for alle med ei brukarvennleg og døgnopen elektronisk forvaltning. Ein viktig føresetnad for dette er innføring av felles eID-løysingar for innbyggjarane. Innbyggjarportalen Miside vann i september 2007 ein EU-pris for framifrå e-forvaltningsløysingar og viser at Noreg er i front i utviklinga av innbyggjarretta elektroniske tenester. Det er òg arbeidd vidare med å etablere felles arkitekturprinsipp for offentlig sektor.

Tilgang til elektronisk infrastruktur er naudsynt i eit informasjonssamfunn for alle. Regjeringa vil derfor sikre tilbod om breiband til heile landet, og ved utgangen av 2008 er det venta at breibandsdekninga omfattar om lag 99,8 pst av husstandane. Effekten av om lag 190 mill. kroner til breiband over budsjettet for 2008 er forventa å kome først i 2009. Målet om breiband til alle er då innan rekkjeverd. Det inneber at Regjeringa si satsing på å gi tilbod om breiband til alle har vore vellukka.

I dag har om lag 73 pst. av dei som har tilbod kopla seg på breiband. Regjeringa arbeider for at fleire skal ta i bruk breiband.

Det trengst auka kapasitet blant dei som alleie har breiband. Tilbydarane i marknaden vil i mange tilfelle levere den kapasiteten brukarane etterspør, men kanskje særleg i griskrendte områ-

de er det ein risiko for at det ikkje skjer. Regjeringa følgjer denne utviklinga nøye.

Digital deltaking og inkludering er ei overordna målsetting. Vi er mellom dei fremste landa i verda når det gjeld folks tilgang til og bruk av IKT. Når heile samfunnet er retta mot bruk av IKT-løysingar, er det vanskeleg å stå utanfor. Digital inkludering er derfor stadig viktigare, til dømes når det gjeld eldre og funksjonshemma. Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova vart vedteken av Stortinget i vår. Eit viktig element i lova er krav om at IKT-løysingar, til dømes nettløysingar eller automatar retta mot allmenta, skal vere universelt utforma. Krava gjeld frå 01.07.2011 for nye IKT-løysingar. Det er òg sett i gang aktivitetar for å auke den digitale kompetansen slik at flest mogeleg skal kunne delta i informasjonssamfunnet.

Regjeringa har sett i gang eit langsiktig arbeid med å fastsetje IKT- standardar som skal nyttast i forvaltninga. Bruk av opne standardar vil kunne fremje samhandlinga internt i forvaltninga, samstundes som publikum vil kunne få tilgang til offentleg informasjon utan å måtte nytte program frå ein einskild leverandør. Standardane vert samla i ein referanse katalog. Første versjon av Referanse katalogen vart publisert i desember 2007, og omfattar tilrådingar og obligatoriske krav om bruk av standardar i samband med publisering av dokument på offentlege internetsider. Det er under vurdering å utarbeide forskrift om bruk av dei obligatoriske forvaltningsstandardane. I løpet av 2009 vil Referanse katalogen verte utvida til standardar som dekkjer fleire formål og fagområde innan offentleg sektor.

Regjeringa ønskjer at fri programvare i større grad vert teken i bruk i offentleg sektor der den er eigna. Auka bruk av fri programvare kan opne for gjenbruk av løysningar på tvers av offentlege verksemder og kan danne grunnlag for auka kompetanseutvikling i samfunnet. Regjeringa vurderer å innføre ein preferansepolitikk for fri programvare, og på annan måte stimulere til meir deling av programvare. Hausten 2007 vart eit nasjonalt kompetansesenter for fri programvare etablert med støtte frå Kunnskapsdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Kompetansesenteret skal vere ein ressurs for offentlege verksemder som ønskjer å ta i bruk fri programvare. Det er òg løyvd midlar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet til einskilte utviklingsprosjekt som vil kunne ha ein positiv verknad på utbreiinga av fri programvare i forvaltninga.

Internasjonalt peikar stadig fleire på korleis IKT kan vere med på å løyse miljøutfordringane. IKT kan til dømes gi utsleppsreduksjonar gjennom redusert transportbehov ved elektronisk samhand-

ling (jf. videokonferansar og fjernarbeid), meir effektiv produksjon og energibruk (jf. intelligent styring) og overgang frå fysiske til digitale varer og tenester (jf. musikk, film, aviser, elektroniske betalingsløysingar over nett). Regjeringa legg derfor vekt på å oppnå miljøgevinstar ved bruk av IKT i offentleg sektor.

Ei akselererande teknologisk utvikling og aukande bruk av IKT både privat og i arbeidslivet fører med seg nye kommunikasjonsformer og interaktive tenester. Det gir mange nye moglegheiter, men det oppstår òg utfordringar i heile samfunnet, til dømes knytte til personvern og misbruk av identitet. Samfunnet har vorte meir sårbart for driftsavbrot i system og nett. Dette heng saman med at Internett er eit ope system. Kompleksiteten i system og nett har auka, og det er meir organisert kriminalitet som utnyttar dei svake delane i nettet. Nye bruksmåtar kan vise seg å ha svake sider som det ikkje er teke nok omsyn til. Desse utviklingstrekk viser at ein må gi akt på informasjonstryggleiken.

Hovudmål og strategiar

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ansvaret for å utforme IKT-politikken og leggje til rette for at ein skal kunne handtere dei tverrsektorielle utfordringane informasjonssamfunnet står framfor. Fagdepartementa er ansvarlege for å nå mål innanfor sine fagområde.

Direktoratet for forvaltning og IKT vart oppretta 01.01.2008 for å styrkje gjennomføringskrafta mellom anna innanfor arbeidet med IKT i offentleg sektor. Direktoratet for forvaltning og IKT har ansvar for å følgje opp fleire tiltak innanfor IKT-området, til dømes innbyggjarportalen Miside, jf. kap.1521. Hovudmåla for IKT-politikken ligg fast og er nedfelte i St.meld. nr. 17 (2006–2007) og eNorge-planane. Oppfølging av meldinga så langt syner at det trengst betre koordinering på tvers av sektorar og område. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil arbeide for:

- auka bruk av opne standardar
- auka bruk av fri programvare i offentleg sektor og å stimulere framvekst av løysingar baserte på fri programvare
- å etablere ein offentleg infrastruktur for elektronisk ID og elektroniske signaturar
- å utvikle gode offentlege elektroniske tenester
- digital inkludering gjennom blant anna kompetanseløft for å redusere digitale skilje
- å samordne IKT-arkitekturen i offentleg sektor
- å etablere universelt utforma IKT-løysingar i samfunnet

- å følgje opp Nasjonale retningslinjer for informasjonstryggleik
- at fleire tek i bruk breiband
- å skape miljøvinstar ved bruk av IKT i offentleg sektor
- styrkt samordning av IKT-politikken gjennom koordinering og deltaking i relevante aktivitetar nasjonalt og internasjonalt.

Kap. 1560 Spesielle IKT-tiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
22	Samordning av IKT-politikken, <i>kan overførast</i>	23 031	50 899	17 463
50	Breiband, <i>kan overførast</i>	221 223	10 000	
	Sum kap. 1560	244 254	60 899	17 463

Post 22 Samordning av IKT-politikken, kan overførast

Allmenn omtale

Ein aktiv offentleg IKT-politikk trengst for å møte utfordringar knytte til samanhengande offentlege løysingar, klimautfordringane, datatryggleik, personvern, identitetsmisbruk, digital kompetanse og digital inkludering

Måla i IKT-politikken er lagde fram i St.meld. nr. 17 (2006–2007) om eit informasjonssamfunn for alle.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet er ansvarleg for å utforme og sørge for gjennomføringa av IKT-politikken. Dette inneber ansvar for å samordne og leggje premissar for innsats og prioriteringar innan utvikling og bruk av IKT på alle samfunnsområde. Løyvinga dekkjer utgifter til samordning av IKT-politikken.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet er pådrivar i høve til andre departement på IKT-området. Departementet skal identifisere, koordinere og følgje opp område der tverrgåande initiativ er nødvendig. IKT-politikken er grenseoverskridande og inngår i dei fleste av dei tradisjonelle politikkområda. Det er såleis trong for tverrgåande initiativ. Døme på sektorovergripande spørsmål er felles infrastruktur for elektronisk ID i samfunnet, personvern, informasjonstryggleik, og trygg og etisk forsvarleg bruk av internett. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har derfor òg eit overordna gjennomføringsansvar på det tverrsektorielle IKT-området. Samordningsansvaret omfattar òg koordinering av norsk internasjonal deltaking på IKT-området, i tillegg til utarbeiding av gevinstanalysar, oversikter og statistikk for utvikling og bruk av IKT i Noreg.

Direktoratet for forvaltning og IKT skal gjennomføre sentrale mål gjennom oppfølging av stortingsmeldinga når det gjeld effektivisering, kvalitetsforbetring og brukarretting av offentleg forvaltning med IKT, i tillegg til ein del andre tiltak. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har i 2008 gjort ei omfordeling av samordningsmidlar frå kap. 1560 post 22 til Direktoratet for forvaltning og IKT på kap. 1521. Dette gjer direktoratet i stand til å gjennomføre sin del av oppgåvene innanfor IKT-politikken.

Rapport 2007

St.meld. nr.17 (2006 –2007) og eNorge 2009

St.meld. nr. 17 (2006–2007) «Eit informasjonssamfunn for alle», har eit breitt perspektiv på utfordringane. Regjeringa sitt hovudmål er eit informasjonssamfunn for alle, og meldinga skisserer ei rekkje tiltak for å nå hovudmålet. eNoreg-planane la grunnlag for ei offensiv tilnærming til IKT-utfordringane som samfunnet stod overfor.

Mange av problemstillingane har ei kompleks innretning som krev godt samarbeid og samordning på tvers av sektorar. Døme på tiltak der ein er komen eit godt stykke på veg er tiltak retta mot elektroniske tenester, breiband, opne standardar, fri programvare og deltaking i handlingsprogram på IKT-området i EU. Døme på område der ein er komen godt i gang med arbeidet, men kor det kan ta tid før ein kan vurdere resultat, er digitale skilje og elektronisk ID og signatur.

Opne standardar

Departementet arbeider for at offentleg sektor på ein systematisk måte nyttar opne standardar i IKT-systema. På denne måten kan vi få betre elektro-

nisk samhandling, både internt i offentlig sektor og i kommunikasjonen med innbyggjarar og næringsliv. Opne standardar vil gi lik tilgang til offentlege tenester, uavhengig av kva slags datautstyr den einskilde har. Ved å basere seg på opne standardar kan offentlege verksemder òg redusere bindingane sine til einskilde IKT-leverandørar, (jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007), tiltak 7.5, 7.11)

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har etablert eit breitt samansett Standardiseringsråd som gir departementet tilrådingar om bruk av opne standardar i det offentlege, såkalla forvaltningsstandardar. Vedtekne retningslinjer om konkrete standardar som offentlege verksemder skal eller bør leggje til grunn i IKT-systema sine, vert samla i referanse katalogen som er tilgjengeleg på regjeringa.no. Første versjon av Referanse katalog for IT-standardar i offentlig sektor vart publisert i desember 2007. Den omfattar anbefalingar og obligatoriske krav om bruk av dei opne standardane HTML, PDF og ODF i samband med publisering av dokumenter på offentlege internettsider. Direktoratet for forvaltning og IKT er frå 01.08.2008 sekretariat for Standardiseringsrådet.

Elektronisk ID og signatur i offentlig sektor (eID)

Målet for arbeidet er å innføre og ta i bruk eID på ein kostnadseffektiv og enkel måte for offentlege verksemder, innbyggjarane og næringslivet. Samordna bruk av eID er naudsynt for at offentlig sektor i stor skala skal kunne leggje om tenesteytinga frå papirbaserte kanalar til elektroniske (jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007), tiltak 7.6).

Ein strategi for eID i offentlig sektor er lagd fram og handsama i ei omfattande høyring. Departementet vil mellom anna etablere ei felles løysing for handsaming av eID. Direktoratet for forvaltning og IKT har ansvaret for den praktiske gjennomføringa, jf. ny post 23 under kap 1521.

Fri programvare

Regjeringa arbeider for at fri programvare i større grad vert teken i bruk i offentlig sektor. Ein kultur for å dele eigenutvikla programvare vil kunne kome organisasjonar, verksemder og innbyggjarar til gode. Bruk av fri programvare kan gjere det mogleg med gjenbruk av løysingar på tvers av offentlege verksemder. For kommunar, som i stor grad tilbyr same type tenester til brukarane sine, vil dette kunne føre til lågare utgifter til innkjøp og utvikling av programvare. Også innbyggjarar og verksemder kan med fri programvare få lågare kostnader for både eingongsinvesteringar på lisensar og jamlege utgifter til vedlikehald, feilretting og

oppgraderingar. Auka bruk av fri programvare i offentlig sektor vil kunne minske leverandørbindingar som kan vere usunne for konkurransen i programvaremarknaden, og kan òg skape grunnlag for auka kompetanseutvikling og innovasjon i samfunnet.

Hausten 2007 vart eit nasjonalt kompetansesenter for fri programvare etablert med støtte frå Kunnskapsdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Same haust vart det løyvd støtte til fleire utviklingsprosjekt med ein positiv verknad på utbreiinga av fri programvare og opne standardar i forvaltninga. Regjeringa vurderer å innføre ein preferansepolitikk for fri programvare, og på annan måte stimulere til meir deling av programvare innan det offentlege.

Digital deltaking og inkludering

Målet er å skape ein politikk som legg til rette for at så mange som mogleg kan delta i informasjonssamfunnet. Kompetanse, tilgang og generell tilgjengelegheit må vere nøkkelfaktorar (sjå òg omtale av universell utforming, jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007), kap. 4)

Arbeidet for digital deltaking og inkludering følgjer to overordna hovudlinjer:

- medverke til at ulike grupper ikkje vert hengjande etter når det gjeld tilgang og bruk
- vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget på feltet og fylgje utviklingstrekk og trendar med tanke på IKT- og samfunnsutviklinga generelt

Departementet gir støtte til initiativ retta mot eldre (til dømes Seniornett). Senter for seniorpolitikk har, i samarbeid med andre aktørar, leidd eit prosjekt støtta av Fornyings- og administrasjonsdepartementet med fokus på arbeidsplassen som læringsarena. Departementet har òg støtta opplæringstiltak retta mot kvinner med minoritetsbakgrunn (Oslo kommune). I tillegg har departementet, i samarbeid med Kunnskapsdepartementet, teke initiativ til eit prosjekt i regi av Høgskolen i Oslo, som har fokus på barn og barnehagar sin bruk av IKT og digitale medium.

I 2007 sette Fornyings- og administrasjonsdepartementet i gang studiar, utført av Universitetet i Oslo og Sintef IKT, for å få eit betre kunnskapsgrunnlag om utviklingstrekk ved tenester og bruk av Web 2.0-teknologi eller sosial web (facebook, YouTube, Nettby osv). Studien utført av Universitetet i Oslo peikar på at staten i større grad bør gjere informasjonen meir delbar. Ein delrapport om sosiale nettstader og brukarskap innhald, utført av SINTEF IKT, vil òg sjå nærare på dette, og samle røynsle og døme frå andre land, mellom

anna Storbritannia og USA. Rapporten vert offentleggjort i løpet av hausten 2008.

Departementet har òg initiert ein studie av kven som ikkje kjøper breiband og kvifor, og kva som kan gjerast for å få fleire på nett. Departementet gir òg støtte til Statistisk Sentralbyrå sin dokumentasjon av IKT-utviklinga.

Universell utforming

Det er eit mål at IKT-løysingar vert utforma universelt (jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007), tiltak 4.5, 4.7).

I tråd med den nye diskriminerings- og tilgjengelegheitslova skal IKT retta mot publikum utformast universelt. For ny IKT vil dette kravet gjelde frå 01.07.2011 og for eksisterande IKT vil kravet gjelde frå 01.01.2021. Fornyings- og administrasjonsdepartementet er i gang med å forme ut funksjonelle krav og retningslinjer.

IKT-arkitektur

Departementet arbeider for at IKT-utviklinga i offentleg sektor skal skje innan ei felles overordna ramme. Realiseringa av ei døgnopen elektronisk forvaltning krev at det vert etablert overordna prinsipp som skal regulere korleis offentlege verksemder utviklar sine IKT-system. Etableringa av ein felles overordna IKT-arkitektur i offentleg sektor vil sikre ei meir koordinert utvikling av offentleg IKT-infrastruktur. (jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007), tiltak 7.4, 7.13)

Ei arbeidsgruppe som er nedsett av departementet leverte i desember 2007 eit forslag til eit arkitektur-rammeverk. Gruppa har lagt fram forslag til prinsipp som skal ligge til grunn for utvikling av offentlege IKT-system, forslag til korleis IKT-løysingar bør utviklast sentralt for heile offentleg sektor, og tilrådingar om styring og finansiering av ein felles offentleg IKT-arkitektur.

Nasjonale retningslinjer for å styrkje informasjonstryggleik i Noreg

I desember 2007 lanserte regjeringa Nasjonale retningslinjer for å styrkje informasjonstryggleiken i Noreg. Koordineringsutvalet for førebyggjande IKT-tryggleik vil ha eit ansvar for å halde oversikt over tiltak på innsatsområda, og vil via Fornyings- og administrasjonsdepartementet rapportere til regjeringa om samla status når det trengst.

Føremålet med retningslinjene er å skape ei felles forståing av tryggleiksutfordringar på IKT-området, og identifisere kor det trengst å styrkje informasjonstryggleiken i Noreg. Retningslinjene er innretta mot statlege myndigheiter. Gjennomfø-

ringa av retningslinjene kan òg vedgå kommunar, fylkeskommunar, næringsliv, private organisasjonar, husstandar og einskildpersonar. Retningslinjene skal medverke til god trygging av kritisk infrastruktur og støttesystem for kritiske samfunnsfunksjonar, høg kompetanse og fokus på forskning og informasjonstryggleik, og dessutan utvikling av ein tryggleikskultur ved bruk av informasjonssystem og ved elektronisk informasjonsutvikling (jf. St.meld. nr 17 (2006–2007), kap. 9).

Informasjonstryggingsmiljøet i innlandet har i løpet av dei siste seks åra vorte eit av dei mest komplette og kompetente i Noreg. Fagmiljøet har inntil april 2008 bestått av fleire mindre fagmiljø som kvart på sitt vis har gitt sine tilskot i ein heilskap som spenner frå utdanning, forskning, haldningsskapande arbeid, næringslivssamarbeid til innovasjon og inkubatorverksemd. I april 2008 vart dette samarbeidet formalisert gjennom etableringa av Security Valley™ som er tildelt 0,5 mill. kroner i tilskott til verksemda i 2008. Samarbeidet skal, med innovasjon og FoU som verktøy, styrke nasjonal og internasjonal utvikling av kompetanse og utvikling av nye forretningsområde innan tryggleik.

Koordineringsutvalet for førebyggjande informasjonstryggleik

Koordineringsutvalet for førebyggjande informasjonstryggleik vart stifta i mai 2004. Utvalet har representantar frå seks departement, Statsministerens kontor og ti direktorat. Utvalet sitt arbeid omfattar alt frå alminneleg førebyggjande IKT-tryggleik til spørsmål kring tryggleiken i riket, vitale nasjonale tryggingsinteresser og kritiske samfunnsfunksjonar. Utvalet skal koordinere vida-reutvikling av tryggingsregelverket på IKT-området, få fram felles standardar, normer, metodar og verktøy for IKT-tryggleik og skape betre samordning av tilsynspraksisen. Utvalet skal òg drøfte aktuelle spørsmål om risiko og fare for misbruk og mellom anna medverke til koordinering av informasjonstiltak og planlegging av tryggingstiltak. Utvalet har ingen operative funksjonar.

eNoreg-forum

e-Noreg-forum er ein arena der ulike aktørar skal kunne gi innspel til utviklinga av IKT-politikken. Forumet er ein møteplass for uformell og open dialog mellom politisk leiing i departementet og viktige eksterne aktørar. Det eksisterande eNoreg-forumet vart oppretta medio 2007 og har funksjonstid fram til sommaren 2009. I møta har tema som digital inkludering, digitale forbrukarrettar, IKT-forsking og nye brukarmønster og tenester på nett

vore diskutert. Medlemene i forumet er personleg oppnemnde og representerer eit breitt spekter av brukarinteresser og verksemdar.

Koordineringsorganet for eForvaltning

Koordineringsorganet for eForvaltning vart etablert som eit rådgivande organ i 2004. Koordineringsorganet består av 19 representantar på høgt nivå (etatsleiarar) frå statleg og kommunal sektor. Statsråden leier møta. Koordineringsorganet gir tilrådingar på områda elektroniske tenester, IKT-arkitektur, elektronisk autentisering/signatur og IKT-tryggleik i offentleg sektor. Koordineringsorganet spelar mellom anna ei viktig rolle i arbeidet med å skape aksept for felles standardar og IKT-arkitektur.

Mål og prioriteringar 2009

St.meld. nr.17 (2006–2007) og eNorge 2009

Oppfølging av meldinga så langt syner at det trengst betre koordinering på tvers av sektorar og område. Det er framleis naudsynt med høg aktivitet for å realisere målsetjingane i St.meld. nr. 17 og IKT-politikken generelt.

Opne standardar

Første versjon av referansekatalog for IT-standardar i offentleg sektor vart publisert i desember 2007. Den omfattar tilrådingar og obligatoriske krav om bruk av dei opne standardane HTML, PDF og ODF i samband med publisering av dokument på offentlege internettsider. Ein tek sikte på å leggje fram ein ny versjon av referansekatalogen i 2009.

IKT som drivar for ein lågutslepp-økonomi

IKT kan vere eit sentralt verktøy i arbeidet med å løyse klimautfordringane. Noreg har kompetanse i verdstoppen innan teknologiløysingar som gjer det mogleg å redusere utslepp av klimagassar. Til dømes medverkar IKT til utsleppsreduksjonar gjennom redusert transportbehov ved elektronisk samhandling og nye arbeidsformer, meir effektiv produksjon og energieffektivisering og overgang til nye elektroniske tenester. Slike teknologiløysingar skapar økonomisk vekst og klimagevinst på same tid.

Samstundes er IKT-sektoren sjølv ein del av problemet, mellom anna knytt til energiforbruk og til miljøbelastningar ved utvikling, produksjon og avfallshandtering av IKT-produkter. Det er aukande merksemd om dette temaet. Slik må ein

politikk for grøn IKT handle om både dei negative og positive effektane IKT har på miljøet.

Med ei samla satsing kan Noreg leie an i utviklinga av grøne teknologiløysingar. Ein klimavennleg teknologi som ein ny økonomi vil byggje på, treng aktiv stimulering, og det offentlege må gå føre. Regjeringa ønskjer å sikre at det offentlege viser veg i arbeidet med nye løysingar.

Departementet vil i 2009 vidareutvikle politikk og tiltak for IKT som legg til rette for ein lågutslepp-økonomi, slik at det offentlege kan gå føre i dette arbeidet.

Satsing på elektronisk samhandling

Det vert stadig meir elektronisk samhandling i offentleg sektor og kompleksiteten i samhandlinga er stor. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har starta utviklingstiltak som skal betre den elektroniske samhandlinga i offentleg sektor. Målet er å hjelpe til med etablering av elektroniske tenester og innføring av fellesløysingar gjennom å:

- identifisere eksisterande løysingar som er eigna for overføring til andre verksemdar (irekna løysingar frå Høykom-programmet)
- etablere kontakt med utvalde verksemdar som løysingane kan overførast til
- medverke til erfaringsoverføring til verksemdene for dei aktuelle løysingane
- utarbeide rettleiingar slik at nye verksemdar kan ta i bruk løysingane

Det vil bli gjennomført nokre utvalde prosjekt for å ta i bruk eksisterande løysingar i nye verksemdar. Direktoratet for forvaltning og IKT vil arbeide med desse prosjekta.

Elektronisk ID og signatur i offentleg sektor (eID)

Elektronisk ID er naudsynt for at offentleg sektor i stor skala skal kunne leggje om tenesteytinga frå papirbaserte til elektroniske kanalar og utvikle meir avanserte tenester. Innbyggjarane skal kunne logge seg på offentlege tenester med same elektroniske identifikasjon uavhengig av kvar tenestene kjem frå. Vidare kan eID og e-signatur opne opp for papirlaus kommunikasjon internt i staten. Desse tiltaka vil byggje opp under utviklinga av elektronisk forvaltning, som er eit av regjeringas viktigaste tiltak for fornying av offentleg sektor, jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007). Gode elektroniske løysingar er svaret på mange utfordringar i den offentlege tenesteytinga. Sikker og brukarvennleg infrastruktur for elektronisk identifikasjon er ein føresetnad for å lukkast med å tilpasse utviklinga av

elektronisk forvaltning til det innbyggjarane treng på ein best mogleg måte.

Direktoratet for forvaltning og IKT skal gjennomføre tiltak for å få på plass ein felles infrastruktur, jf ny post 23 under kap. 1521. Det vert teke sikte på at arbeidet skjer saman med Skattedirektoratet og Politidirektoratet som begge har roller i arbeidet med ein felles eID i offentleg sektor.

Departementet skal òg setje i verk tiltak for å leggje til rette for trygg utveksling av elektroniske dokument mellom verksemdar.

eFaktura

Ei arbeidsgruppe sett ned av Fornyings- og administrasjonsdepartementet har våren 2008 vurdert eit pålegg om obligatorisk elektronisk faktura til staten. Det er berekna eit stort effektiviseringspotensial for staten og næringslivet ved å innføre elektronisk fakturautveksling. Danmark og Sverige har innført bruk av elektronisk faktura i stor skala i samfunnet, mens Noreg heng etter.

Tiltak for å gjennomføre ei nasjonal satsing på dette området kan vere ein felles offentleg standard, pålegg til statlege verksemdar og helsesektoren om å ta i mot elektronisk faktura og pålegg til bedriftene om å levere elektronisk faktura til staten. Tilrettelegging av ein infrastruktur som gjer slik samhandling mogleg vil òg medverke til rask gjennomføring. Departementet vil i 2008 starte arbeidet saman med Finansdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet for å vurdere og leggje til rette tiltak.

Vidarebruk av offentleg informasjon

Ny offentleglov med forskrifter vil tre i kraft 01.01.2009. Føremålet med EU-direktiv 2003/98/EF er å leggje tilrette for vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor. Eit grunnprinsipp er at ein ikkje skal diskriminere mellom ulike aktørar som ønskjer å vidarebruke offentleg informasjon. Mellom anna er det fastsett ein hovudregel om forbod mot einerettsavtalar, og eit øvre pristak. (jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007), tiltak 6.6). EU-direktiv 2003/98/EF om vidarebruk av offentleg informasjon er gjennomført i norsk lovgiving gjennom føresegnar i ny offentleglov med forskrifter.

Digital deltaking og inkludering

Regjeringa vil vidareføre satsingar og dra nytte av dokumentasjon og kunnskap på feltet. Eit døme er ein studie, som vart finansiert av Fornyings- og administrasjonsdepartementet, som har sett nærare på kvifor så mange ikkje har skaffa seg brei-

bandsinfrastruktur, trass i god tilgang. Vidare vil departementet i større grad stimulere til auka fokus på arbeidsplassen som læringsarena. Departementet har òg i samarbeid med Kultur- og kyrkjedepartementet gitt stønad til eit prosjekt koordinert av ABM-utvikling for å utarbeide ein nasjonal modell for biblioteka som digital læringsarena. Når det gjeld digital kompetanse og inkludering i skulen vil Fornyings- og administrasjonsdepartementet følgje med på det som vert gjort i regi av Kunnskapsdepartementet, jf. stortingsmeldinga om kvalitet i opplæringa.

Når det gjeld trendar og utvikling innan web 2.0-teknologi, vil Regjeringa jamleg vurdere å følgje opp funn i rapportar frå mellom anna Universitetet i Oslo og Sintef IKT. Døme er trongen for opne/felles standardar, auka fokus på deling og gjenbruk av informasjon, og behovet for å tenkje nytt når det gjeld utvikling av digitale tenester generelt og brukarmedverknad i samband med dette. Den store interessa og engasjementet som denne type kunnskap og analysar har stimulert i mange eksterne miljø, er òg av stor verdi for den vidare politikktutviklinga på feltet.

Universell utforming

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil i samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT arbeide vidare med å operasjonalisere krava til universelt utforma løysingar. Det vil òg bli utvikla indikatorar for å kunne måle kor langt ein har kome i arbeidet med universell utforming.

IKT-arkitektur

Departementet vil arbeide vidare med å etablere ein overordna IKT-arkitektur i offentleg sektor. Dette er naudsynt for å sikre utviklinga av ei koordinert elektronisk tenesteyting frå offentleg sektor. Ein IKT-arkitektur skal vere eit rammeverk for å byggje opp IKT-system og samhandle mellom slike system i offentleg sektor. Rammeverket skal bestå av tre ulike delar. Den første delen skal vere eit sett med prinsipp som skal gi føringar på korleis offentlege verksemdar byggjer og vidareutviklar IKT-system. Den andre delen skal vere utvikling av felles IKT-komponentar for offentleg sektor. Desse komponentane skal understøtte elektronisk tenesteutvikling i offentlege verksemdar. Departementet tek sikte på å få avklart omfanget av felleskomponentar i 2009. Den tredje delen gjeld styring og finansiering av tversgåande IKT-tiltak. Ei arbeidsgruppe la i 2007 fram ulike modellar for korleis dette bør gjerast. Departementet vil arbeide vidare

med å avklare styring og finansiering av tversgåande felles IKT-infrastruktur og IKT-arkitektur.

Nasjonale retningslinjer for å styrkje informasjonstryggleik i Noreg og Koordineringsutvalet for førebyggjande informasjonstryggleik

Forsynings- og administrasjonsdepartementet vil i 2009 følgje opp Nasjonale retningslinjer for å styrkje informasjonstryggleiken 2007–2010. Kvart departement vil ha ansvar for å følgje opp retningslinjene på sitt ansvarsområde. Departementa skal i samarbeid med underlagde verksemder sørge for sektorvis oppfølging, og at tiltak vert koordinerte med andre departement. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har overordna samordningsansvar for oppfølging og vil nytte Koordineringsutvalet for førebyggjande informasjonstryggleik i den samanheng.

Post 50 Breiband, kan overførast

Allmenn omtale

Siste ordinære programperiode for Høykom-programmet var 2005–2007, men for å følgje opp prosjekt som ikkje var avslutta vart programmet vidareført ut 2008. Hausten 2008 skal Høykom fordele om lag 35 mill. kroner til breibandsprosjekt. Desse prosjekta vert følgde opp av Forskingsrådet i 2009. Det er rekna med at breibandsdekninga vil liggje på 99,8 pst. ved utgangen av 2008 dersom ein ikkje tek omsyn til 35 mill. kroner frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet og om lag 158 mill. kroner frå Kommunal- og regionaldepartementet til breiband i 2008. Med denne satsinga er det sannsynleg at målet om full breibandsdekning vil verte nådd. Post 50 Breiband vert ikkje vidareført i 2009 budsjettet, og Høykom-sekretariatet vert avvikla i løpet av 2008.

Det er sett i gang eit opplegg for overføring av kompetanse frå Høykom til Direktoratet for forvaltning og IKT for å ta vare på aktuelle lærdommar ein har skaffa seg gjennom Høykom-programmet.

Rapport 2007

Gjennom programperioden 2005–2007 har ein støtta breibandsutviklinga fleire stader i Noreg. Det vart i 2007 løyvd totalt 221,6 mill. kroner til breiband gjennom Høykom-programmet, 100 mill. kroner av desse i revidert nasjonalbudsjett. 44 breibandsprosjekt vart støtta gjennom Høykom i 2007. Det vart òg gitt stønad til prosjekt som fekk løyvingar før hausten 2006. Mange av desse prosjekta har fokus på å innføre breibandsbaserte tenester.

Arbeidet med kunnskapsdanning og dokumentasjon av erfaringar er vidareført. Det er innanfor programmet gitt stønad til utvikling av effektive rettleiingstenester og formidling av røynsler og resultat, medrekna gevinstar. Programmet har hatt stor utløysande effekt, god geografisk spreiding og har ført til omfattande samarbeid i det offentlege og i nokon grad med private.

For meir om status for utbygging av breiband, sjå omtale av oppmodingsvedtak nr. 247 under del III.

Elektroniske publikumstenester

33 av dei 45 bruksorienterte prosjekta som vart førte vidare i 2007 inkluderer implementering av elektroniske publikumstenester. Dei fleste av desse prosjekta har fokus på offentleg tenesteyting. I tillegg til å implementere tenester retta mot publikum har mange av prosjekta òg eit internt effektiviseringsaspekt.

Utvikling av samarbeidsrelasjonar

I alt var meir enn 650 ulike aktørar frå offentleg og privat sektor involverte i Høykom-prosjekta. Om lag 270 av aktørane var samarbeidspartnarar i prosjekt som var nye i 2007. Om lag 88 pst. av prosjekta hadde ein eller fleire samarbeidspartnarar. Om lag 54 pst. av prosjekta hadde fem eller fleire partnarar. Om lag 25 pst. av prosjekta hadde ti eller fleire partnarar og om lag 16 pst. hadde 15 eller fleire partnarar. I breibandprosjekta var det i gjennomsnitt åtte partnarar per prosjekt.

Prosjekt der private verksemder er involverte

Høykom rettar seg først og fremst mot offentleg sektor, men i dei fleste prosjekta er det private underleverandørar som til dømes leverer IKT-løysingar og ulike konsulenttenester. Fleire prosjekt innanfor offentleg tenesteyting etablerer tenester som i tillegg til innbyggjarar òg er retta mot bedrifter. For breibandsprosjekta er nytte for lokal næringsverksemd eit kriterium ved tildeling av støtte.

Geografisk spreiding

Prosjekt i 13 fylke har motteke løyvingar i 2007.

Prosjekt med forventa kvantitative nytteeffektar

For å dokumentere effektar av prosjekta og tilby støtte til gjennomføring vart det etablert ei satsing på gevinstrealisering i 2004. 48 prosjekt har rappor-

tert sine forventede gevinster. Det er forventet større gevinster innen område som kan reknast som forvaltningsinterne enn område som mer direkte fører til meirverdi for innbyggjarar og næringsliv. Dei fleste prosjekta forventar redusert tidsbruk. Heile 63 pst. av prosjekta forventar reduserte timeverk. Redusert manuell publikumskontakt ved innføring av digital serviceportal gir størst forventet innsparing, men òg elektronisk sakshandsaming og postmottak er venta å gi høg reduksjon i timeverk. Omlag halvparten av prosjektleiarane forventar redusert sakshandsamingstid i sine prosjekt. Dei største gevinstane er ikkje relaterte til personell. Over halvparten av prosjekta forventar reduserte driftskostnader.

Spreiing av røynslar

Programmet sitt informasjonsarbeid er i stor grad basert på å spreie røynslar og god praksis frå programporteføljen. I 2007 vart det publisert rapportar og ulikt informasjonsmaterieil. Det vart mellom anna laga ein film i samband med ein erfaringskonferanse. Høykom var representert på ei rekkje nasjonale og internasjonale konferansar. Høykomporteføljen er eineståande, òg i internasjonal samanheng. Det vert formidla erfaringar direkte frå prosjekta. Høyvis - Kompetansesenteret for breibandsbruk, har òg hatt i oppdrag å informere om prosjekta og aktuelle problemstillingar og å

retteleie kommunar og andre offentlege verksemdar.

Særskilde resultatindikatorar for Høykom Distrikt

Tal på nye breibandslinjer

Løyvingar til 25 prosjekt i 2007 skal ifølgje tal frå søkjarane gi breiband til om lag 60 000 husstandar. Prosjekt med oppstart i 2006 har gitt breiband til om lag 30 000 husstandar. Det er rekna med at løyvingane til breiband i 2006 og 2007 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet vil gi ei meirdekning på 4,7 pst. Dette inneber breiband til 96 000 nye husstandar som elles ikkje ville ha fått eit breibandstilbod. Totalt omfang av desse prosjekta er om lag 850 mill. kroner.

Koordinering av fylkeskommune og involvering frå kommunar

Dei flest infrastrukturprosjekta er koordinerte av fylkeskommunane. Eit kriterium var at prosjekt som var koordinerte av fylkeskommunar skulle prioriterast. I 2007 var fylkeskommunen søkjar for 21 prosjekt, to prosjekt kom frå regionråd og to frå einskildståande kommunar. I prosjekta med oppstart i starten av året var det 82 kommunar, i prosjekt som starta i september var 211 kommunar involverte.

Kap. 1561 Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskot til internasjonale program, <i>kan overførast</i>	14 817	22 500	20 149
	Sum kap. 1561	14 817	22 500	20 149

Allmenn omtale

IKT-politikken er i høg grad internasjonalt orientert og utgjør eit av dei viktigaste områda for internasjonalt samarbeid og koordinering. Noregs innsats er særleg retta mot arbeidet som skjer i EU og OECD. Utfordringane ligg mellom anna i å tilpasse regelverk til allmenne utviklingar som konvergens, framveksten av nye tenester, og det at tenester, næringar og innbyggjarar vert stadig mer grensekryssande. Vidare er arbeidsplassane i stigande grad kunnskapsintensive og baserte på IKT. Infor-

masjonsteknologien har òg ei rolle i å møte miljøutfordringa.

EU legg sterk vekt på verdien av IKT i fornying av offentlig sektor og som drivar for økonomisk vekst. EU sin overordna plan for IKT-politikk er i2010, A European Information Society for Growth and Employment. Planen er ein sentral del av den «nye Lisboa-strategien». Noreg deltek aktivt i vida-reutvikling og implementering gjennom ulike fora knytte til i2010-initiativet.

Forslaget til løyving gjeld program i regi av EU som Noreg tek del i etter EØS-avtalen, og som er knytte til utvikling av informasjonssamfunnet og

elektronisk forvaltning. Løyvingsforslaget dekkjer programkontingentar og andre utgifter til følgjande EU-program:

- CIP (rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon)
- IDABC (elektroniske tenester mellom forvaltning, næringsliv og innbyggjarar)
- ENISA (europeisk nettverks- og informasjons-tryggleiksbyrå)

Noregs deltaking i det omfattande europeiske samarbeidet på IKT-området, irekna statistisk samarbeid og politiske samarbeidsarenaer, er i hovudsak knytt til desse programma og forankra i i2010-strategien. Løyvinga dekkjer òg tilskot til andre IKT-relaterte aktivitetar og samarbeidsområde og dekning av utgifter til nasjonale ekspertar i EU-kommisjonen og nasjonale oppfølgingsaktivitetar.

For å medverke til at aktuelle norske miljø kan dra nytte av EU-programma IDABC og CIP og medverke til norsk utteljing i prosjektløyvingar, vil Direktoratet for forvaltning og IKT vere nasjonalt kontaktpunkt for CIP- og IDABC-programmet i 2009.

OECD er ein arena for globalt samarbeid om viktige prinsipp i IKT-politikken. I 2008 heldt OECD ein ministerkonferanse om framtida for internettøkonomien. Konferansen vedtok ein deklarasjon for utvikling av policy for bruk og utvikling av Internett til å møte framtidas sosiale behov, berekraftig økonomisk vekst og tryggleik og personvern ved kommunikasjon over nettet. Noreg deltek aktivt i OECDs arbeid med å utforme politikk.

Rapport 2007

CIP – EUs rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon – IKT-politisk støtteprogram (2007–2013)

CIP er eit omfattande program som legg til rette for nye IKT-satsingar og stimulerer til brei bruk av IKT blant innbyggjarar, næringsliv og styresmakter. Fokus for programmet er i første rekkje pilotprosjekt med sikte på å utvikle pan-europeiske elektroniske løysingar. I 2007 var pilotane særleg retta mot offentlege elektroniske tenester, digital inkludering og elektroniske helsetenester. I samband med referansetesting i tilknytning til i2010, vart det gjennomført nasjonale undersøkingar om IKT-utviklinga i Noreg samanlikna med landa i EU.

Resultatet frå 2007-utlysingane var positive for Noreg. Noreg fekk mellom anna i oppdrag å leie eit prosjekt som skal gjere det enklare for offentleg sektor i alle europeiske land å gjere innkjøp på tvers av landegrensene. Prosjektet - Pan European

Public Procurement OnLine (PEPPOL) er eit nøkkelprosjekt for å byggje den indre marknaden i EU. Vidare kom Noreg med i fleire tematiske nettverk og prosjekt. Samla fekk Noreg ein vesentleg høgare retur i form av midlar enn kva Noreg betalte i kontingent for IKT-delen av CIP.

Elektroniske tenester mellom forvaltning, næringsliv og innbyggjarar (IDABC-programmet – 2005–2009)

Noreg har teke del i tidlegare IDA-program sidan 1997. Det var i 2007 stor aktivitet både innan dei horisontale aktivitetane og innan dei særskilte sektorprosjekta.

Særleg viktig for Noreg var førebuingane til overgangen til ei ny sikker plattform for elektronisk kommunikasjon, det såkalla sTESTA-nettverket. sTESTA er ein horisontal aktivitet innan IDABC som har som målsetjing å etablere eit sikkert nettverk mellom administrasjonar i deltakarlana. I 2008 vart det etablert eit felles aksesspunkt til kvart land, og dette er avgjerande for den kommunikasjonen ei rekkje statlege verksemdar har med EU-land. Ei rekkje offentlege verksemdar, mellom anna Politiet, NAV, Utlendingsdirektoratet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, kommuniserer med EU gjennom dette nettverket.

ENISA

I 2007 var ENISA engasjert i eit mangfald av aktivitetar. Det er utforma rettleiing om korleis skape medvit om informasjonstryggleik, i tillegg til rapportar mellom anna om korleis sertifiseringsopplegg kan hjelpe til å informere, utvikle kunnskap og skape tillit hos brukarane. ENISA har arrangert konferansar og workshops blant anna om økonomiske aspekt ved informasjonstryggleik og om etablering av CERT-organ i landa. ENISA har produsert tre rapportar om nye tryggleikstruslar.

NorSIS og NorCERT er kopla opp mot det europeiske tryggingssamarbeidet, og fleire norske ekspertar har delteke i det faglege arbeidet i ENISA.

Mål og prioriteringar 2009

CIP – EUs rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon – IKT-politisk støtteprogram (2007–2013)

CIP-programmet omfattar fleire politikkområde og omfattar tre sjølvstendige delprogram med eigne budsjettlinjer og styringsgrupper:

- entreprenørskaps- og innovasjonsprogrammet (hovudansvar Nærings- og handelsdepartementet)
- energiprogrammet (hovudansvar Olje- og energidepartementet)
- IKT-programmet (hovudansvar Fornyings- og administrasjonsdepartementet).

Regjeringa er oppteken av å sikre at det vert etablert ordningar for samarbeid og integrering slik at dei nasjonale initiativa er best mogleg samordna, ikkje minst fordi bruk av IKT står sentralt i alle delprogramma.

IKT-programmet har eit særleg fokus på finansiering av større pilotprosjekt med sikte på å utvikle paneuropeiske elektroniske løysingar. I tillegg til dei større transnasjonale pilotane, vil ei rekkje tematiske nettverk verte etablert innan ulike IKT-politiske fagområde. Programmet vil òg finansiere samarbeid om statistikk og analysar av IKT-utviklinga.

Frå 2009 vil den tematiske vidareføringa av EU-programmet eContent (Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjettkapittel, jf. St.prp. nr. 61 (2004–2005)) bli innlemma i IKT-programmet. Ansvaret for nasjonal oppfølging vert overført til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Politikk for elektronisk innhald vil få større merksemd i 2009.

Gjennom deltaking i programmet ønskjer Regjeringa mellom anna å få til ei meir strategisk tilnærming til IKT- og forvaltningsutvikling. For næringslivet gir deltaking høve til å vise produkta sine i ein europeisk samanheng og etablere nye marknader.

Programdeltakinga fører òg med seg dekning av tre nasjonale ekspertar i Europakommisjonens generaldirektorat for informasjonssamfunnet (DG INFSO) og dekning av oppfølgingsaktivitetar nasjonalt.

Elektroniske tenester mellom forvaltning, næringsliv og innbyggjarar – IDABC-programmet (2005–2009)

EU-programmet IDABC (Interoperable Delivery of European eGovernment Services to public Administrations, Businesses and Citizens) skal fremje elektroniske tenester mellom forvaltningane, næringsliv og innbyggjarar. Programmet er det tredje i rekkja og skal vare ut 2009. Noreg har teke del i programmet frå og med 2006, jf. St.prp. nr. 54 (2005–2006). Det er under førebuing eit oppfølgingsprogram frå 2010.

IDABC tek hand om infrastruktur og standardar for utveksling av informasjon innan offent-

leg forvaltning og med næringsliv og innbyggjarar. Programmet set normer for samhandlinga innan EU/EØS og medverkar til fellesløysingar på fleire sektorar.

IDABC-programmet støttar utviklinga av e-forvaltningstenester og underliggjande infrastruktur på to måtar:

- programmet utviklar og implementerer prosjekt innan elektroniske tenester som er vedtekne av dei ulike fagsektorane og som skal gjennomførast av EU og medlemslanda i samarbeid. I arbeidsprogrammet for 2007 var det 41 konkrete prosjekt
- programmet utviklar òg ei rekkje tverrgåande prosjekt til felles nytte for medlemslanda. I 2007 var det 25 slike horisontale prosjekt, til dømes informasjonsportalen Your Europe, etablering av eit sikkert elektronisk nettverk (TESTA) mellom administrasjonane i medlemslanda, etablering av standardar for felles dokumentformat i Europa o.a.

Finansiering av den norske deltakinga går fram av omtalen i St.prp. nr. 1 (2006–2007) Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

ENISA

Det europeiske nettverks- og informasjonstryggleiksbyrået (ENISA) vart formelt oppretta i mars 2004. ENISA har som føremål å betre EU si evne til å adressere og respondere på nettverks- og informasjonstryggleiksproblem. Noreg deltek i ENISA sitt Management Board med representantar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Samferdselsdepartementet. Dei årlege kostnadene for deltaking i ENISA vert delte likt mellom dei to departementa.

I 2009 og i åra framover vil ENISA prioritere arbeid med å gjere europeiske elektroniske kommunikasjonsnettverk meir robuste, utvikle og forbedre modellar for samarbeid mellom landa, identifisere risikomoment og styrkje informasjonsaktiviteten mot små og mellomstore bedrifter.

Budsjett 2009

Post 70 Tilskot til internasjonale program, kan overførast

Løyvinga skal dekkje norsk deltaking i IKT-delen av CIP-programmet pluss norsk deltaking i EU-programmet IDABC og EU-byrået ENISA. Løyvinga vil dekkje estimert årskontingent for norsk deltaking, utgifter til nasjonale ekspertar ved Europakommisjonen og nasjonal oppfølging.

Kap. 1562 Tilskot til elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosessar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskot NorStella	1 400	1 400	1 062
71	Tilskot til Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare			4 176
	Sum kap. 1562	1 400	1 400	5 238

Allmenn omtale**NorStella**

NorStella arbeider som pådrivar for standardisert elektronisk samhandling i og med offentlig sektor, og for forenkling av forretningsprosessar i næringslivet nasjonalt og på tvers av grensene.

NorStella har ei tredelt oppgåve:

- å mobilisere norsk næringsliv og offentlig sektor til å påverke utviklinga av relevante standardar internasjonalt
- å ta vare på norske interesser og formidle norske synspunkt i ulike typar standardiseringsarbeid internasjonalt
- å oppmode til at nye felles standardar vert tekne i bruk i næringslivet og offentlig sektor

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare

Regjeringa ønskjer at offentlege verksemder i større grad tek i bruk løysingar baserte på fri programvare. Grunnen til dette er mellom anna at bruk av fri programvare kan gjere det mogleg med gjenbruk av løysingar på tvers av offentlege verksemder. Den største barrieren for auka bruk av fri programvare i offentlege verksemder knyter seg til kompetanse. Det er derfor trong for å styrkje kunnskapen om fri programvare hos avgjerdestakrar og IKT-fagfolk i offentlege verksemder, (jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007), tiltak 7.10, 7.12).

Rapport 2007**NorStella**

NorStella har i 2007 vidareført sekretariatsoppgåva for e2b Forumet og for Samtrafikkgruppa for utveksling av standardiserte e-handelsmeldingar. NorStella deltok vidare i internasjonale fora som driv med standardisering av e-handelsmeldingar, og i nasjonale grupper for standardisering av elektronisk samhandling og tilknytt programvare.

NorStella har frå og med 2008 endra strategi ved at verksemda fokuserer meir på etablering og gjennomføring av konkrete, eksternt finansierte prosjekt. Formålet med det er å vise korleis opne

internasjonale standardar for elektronisk samhandling kan brukast i praksis og med høg verdi for deltakarane.

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare vart etablert sommaren 2007. Initiativtakarane bak senteret er Buskerud fylkeskommune, Rådet for Drammensregionen, Høgskulen i Buskerud, Troms fylkeskommune, KS og IKT-Noreg. Målgruppa for kompetansesenteret er hovudsakleg offentlig sektor, men senteret skal òg vere ei drivande kraft for heile nasjonen. Fornyings- og administrasjonsdepartementet gav ei løyving i 2007 på 2 mill. kroner til senteret. Senteret har sidan oppstarten arbeidd aktivt med å betre kompetanse knytt til fri programvare i offentlig sektor.

Mål og prioriteringar 2009**NorStella**

Målet for arbeidet i 2009 er å vidareføre arbeidet med å representere norske interesser i internasjonal standardisering og å demonstrere nytten av opne standardar for elektronisk samhandling i praktiske prosjekt med eksterne deltakarar.

For 2009 skal tilskotet mellom anna nyttast til:

- deltaking i eit stort EU-prosjekt for standardiserte meldingar gjennom heile transportkjeda
- deltaking i det internasjonale organet UN/CEFACT for å sikre at standardar for e-handelsmeldingar utvikla mellom anna i Noreg blir globale
- kunnskapsspreiing om verdien av standardar for elektronisk samhandling og elektroniske forretningsprosessar

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare

Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare har som mål å betre kompetanse og informasjon om fri programvare, for slik å fremje bruken av fri programvare. Nasjonalt kompetansesenter for fri

programvare skal mellom anna ha ei rolle som tilretteleggjar og pådrivar for

- å kvalitetssikre fri programvare og gjere den tilgjengeleg for alle
- rettleiing og informasjonstenester om fri programvare
- internasjonale, nasjonale og regionale konferansar og seminar
- bygging og drifting av kompetansenettverk
- å etablere kurs og studietilbod innanfor fri programvare
- å utvikle, finansiere og realisere innovasjonsprosjekt
- å initiere nyskaping og bedriftsetablering
- at senteret skal arbeide i lag med tilsvarende senter i andre land, relevante utdannings- og forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt, verksemdar som har spisskompetanse innanfor fri programvare, og dessutan med lokale næringsshagar, kunnskaps- og forskingsparkar

Post 70 Tilskot NorStella

Løyvinga skal nyttast til deltaking i internasjonal standardisering av elektroniske handelsmeldingar og elektroniske forretningsprosessar, med mål om å fremje norske synspunkt og interesser. Vidare skal løyvinga dekkje arbeidet med å leggje til rette for nasjonal standardisering av utveksling av elektroniske handelsmeldingar, med samhandling mellom næringslivet og forvaltninga som fokus.

I lys av at Direktoratet for forvaltning og IKT skal arbeide med standardar i forvaltninga vert løyvinga trappa ned frå og med 2009 og avvikla i 2012.

Post 71 Tilskot til Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare (ny)

Løyvinga skal nyttast til å fremje kompetanse og informasjon om fri programvare i offentleg sektor, for slik å auke bruken av fri programvare. Blant aktivitetane skal ein mellom anna rettleie og syte for informasjonstenester om fri programvare ut mot offentlege verksemdar.

Kap. 1563 IKT-tryggleik

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskot til Norsk senter for informasjonssikring (NORSIS)	4 000	4 000	4 176
	Sum kap. 1563	4 000	4 000	4 176

Allmenn omtale

Norsk senter for informasjonssikring

Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS) på Gjøvik har som overordna mål å betre tryggleiken og gjere informasjons- og kommunikasjonsteknologi i samfunnet mindre sårbar. NorSIS skal gjere brukarane medvitne om truslar og sårbare punkt. NorSIS skal òg opplyse om sikringstiltak og påverke til gode haldningar gjennom kompetanseutvikling, informasjonsutveksling og rådgiving av førebyggjande art. NorSIS si målgruppe er norske verksemdar i privat sektor og offentleg sektor inkludert kommunane. Dei små og mellomstore verksemdene skal prioriterast. NorSIS skal så langt som mogleg møte innbyggjarane med hjelp når det trengst. Informasjon frå NorSIS skal vere «open», og alle samfunnsgrupper skal kunne dra nytte av NorSIS sine tenester (web, rettleiingar, rapportar, kurs, konferansar o.a.). NorSIS samar-

beider med og nyttar media i stor grad for å nå målgruppa. NorSIS arbeider òg for å auke tryggleiks-kompetansen hos innbyggjarane generelt.

Rapport 2007

Senteret har i perioden vore ein aktiv deltakar i mediebiletet og på denne måten målretta auka kompetansen i målgruppene. Det er gjennomført ei rekkje tiltak for å betre tryggleiken og gjere informasjons- og kommunikasjonsteknologi i samfunnet mindre sårbar. Verksemda har utvikla fleire haldningsskapande produkt som filmar, foredrag og kurs. Saman med private og offentlege verksemdar er det gjennomført aktivitetar for å auke kompetansen på informasjonstryggleik. «Sikkerhetsdagen» og informasjonstryggleiksseminar for departement, direktorat og tilsyn er eit døme på dette.

Senteret har i perioden hatt omfattande møteverksemd med verksemdar og samarbeidspartnarar i målgruppa. Tema for møta har vore mellom anna finansiering og moglege nye prosjekt for målgruppene. Det har vore stor aktivitet både på www.norsis.no og den nye sida norsis.kfg.no. Sidene korresponderer med TV-programmet Klar-Ferdig-Gå som våren 2008 vart sendt laurdagsmorgon på NRK. Målet har vore å lære framtidens tilsette gode haldningar om informasjonstryggleik.

Mål og prioriteringar 2009

NorSIS har ei plattform som vert utvikla vidare for å bli betre kjend i målgruppa, og for å auke talet på brukarar. NorSIS arbeider målretta for å oppretthalde posisjonen som ein fagleg uhilda aktør. Det er viktig at verksemdar, media og det offentlege har ein nøytral offentleg aktør innan informasjonstryggleik. Stadig fleire verksemdar kontaktar NorSIS om råd og rettleiing. NorSIS må derfor ha tilstrekkeleg spelerom til å møte etterspurnaden og løyse oppgåvene.

NorSIS skal saman med NorCERT (Norwegian Computer Emergency Response Team) i Nasjonalt tryggingssorgan (NSM - Nasjonal sikkerhetsmyndighet) spele ei viktig rolle i samband med nasjonal koordinering av varsling og rådgiving for informasjonstryggleik. NorSIS skal gjennom arbeidet sitt mellom anna:

- fremje ein tryggleikskultur hos brukarar av informasjonssystem og nettverk gjennom å auke merksemda deira kring risikoar og trongen for rutinar, tiltak og prosedyrar
- spreie kunnskap om sårbare IKT-system og risikoar, for å auke medvitet om trongen for god informasjonstryggleik
- etablere og vidareutvikle arenaer for informasjonsutveksling om informasjonstryggleik på tvers av sektorar
- utarbeide råd og rettleiingar og dessutan gi informasjon om konkrete tiltak med tanke på å førebu eller oppdatere system og nett mot ulike truslar
- knyte kontakt med tilsvarande kompetansemiljø nasjonalt og internasjonalt

Programkategori 01.70 Personvern

Utgifter under programkategori 01.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1570	Datatilsynet	27 392	26 443	27 955	5,7
1571	Personvernemnda		1 600	1 650	3,1
	Sum kategori 01.70	27 392	28 043	29 605	5,6

Allmenn omtale

Personvern er å verne om den personlege integriteten og privatlivet til det enkelte menneske. Det er brei semje om at personvern er ein grunnleggjande rett som det er viktig å verne om. Nokre prinsipp står sentralt i oppbygginga av personvernlovgivinga. Prinsippa byggjer på eit grunnleggjande ideal om at alle skal ha råderett over personopplysningar om seg sjølv.

Blant dei sentrale prinsippa er:

- det skal vere saklege grunnar for innsamling og bruk av personopplysningar. Opplysningane skal samlast inn til klåre og legitime føremål og brukast i samsvar med desse
- registrering av personopplysningar skal i størst mogleg grad vere basert på frivillig, tydeleg og informert samtykke. Opplysningar i offentlege register der registrering er pliktig, skal vere lovheimla
- ved innhenting av personopplysningar har alle rett til å få opplyst om det er frivillig eller obligatorisk å gi frå seg personopplysningane, kva føremål opplysningane skal brukast til og om dei vil bli utleverte til andre
- den som er ansvarleg for at data vert registrerte, skal hjelpe den registrerte med å få innsyn i kva for opplysningar som er lagra, kva dei skal brukast til og kvar dei er henta frå
- opplysningar som vert registrerte, skal vere korrekte. Ukorrekte opplysningar skal endrast, slettast eller sperrast. Overskotsinformasjon og opplysningar som ikkje lenger trengst for føremålet med registreringa, skal slettast
- informasjonstryggleik skal sikrast

- innbyggjarane skal kunne ferdast anonymt. Når nye teknologiske løysingar vert tekne i bruk, skal retten til anonym ferdsel innfriast

Utviklingstrekk og hovudutfordringar

Ny teknologi gjer det mogleg å registrere og lagre store mengder personopplysningar, og omfanget aukar. Mellom anna skjer dette i samband med utviklinga av dei offentlege tenestene. Tenester som er tilpassa kvar einskild, effektiv sakshandsaming, innsyn og open forvaltning har ført til meir registrering og lagring av personopplysningar, men praksisen kan kome i konflikt med personvernet. Samstundes kan teknologien òg nyttast til å fremje personvernet. Det er likevel ei stor utfordring å finne fram til rutinar, praktiske løysingar og bruk av teknologi som tek omsyn til personvernet og samstundes medverkar til betre tenester og ein meir effektiv offentlig sektor.

Regjeringa la fram IKT-meldinga hausten 2006, jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007) «Eit informasjonssamfunn for alle» (IKT-meldinga). Meldinga peiker på dei mange personvernutfordringane, og viser til ei rekkje tiltak Regjeringa vil setje i verk for å sikre personvernet. Støtte til arbeid med å utvikle og ta i bruk personvern fremjande teknologi er eit av satsingsområda. Regjeringa har òg oppretta ein personvernkommisjon. Kommisjonen skal gjere ei samla vurdering av utfordringane personvernet møter i samfunnet, og kartleggje og vurdere verkemidla vi har i dag for å ta vare på personvernet. Kommisjonen kan òg foreslå nye verkemiddel. Personvernkommisjonen skal levere rapporten sin til Fornyings- og administrasjonsdepartementet innan 15.12.2008.

Det er ei utfordring å halde personvernregelverket oppdatert i tråd med den teknologiske utviklinga. I 2009 er den pågåande revisjonen av personopplysningslova og forskrifta derfor eit sentralt arbeid. For å tryggje sentrale personvernom-

syn ved utarbeiding av statlege reformer, regelendringar og andre tiltak, er departementet i ferd med å avslutte arbeidet med ein rettleiar til Utgreiingsinstruksen som gjeld personvernkonsekvensar.

Kap. 1570 Datatilsynet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	27 392	26 443	27 955
	Sum kap. 1570	27 392	26 443	27 955

Allmenn omtale

Gjennom tilsyn og sakshandsaming skal Datatilsynet kontrollere at lover og forskrifter for handsaming av personopplysningar vert følgde, og at feil og manglar vert retta opp. Tilsynet skal halde seg orientert og informere om den nasjonale og internasjonale utviklinga når det gjeld handtering av personopplysningar. Vidare skal Datatilsynet identifisere farar for personvernet og gi råd om korleis ein kan unngå eller motverke desse. Deltaking i nasjonale og internasjonale råd og utval er såleis ein viktig del av arbeidet til Datatilsynet. Datatilsynet er òg høyringsinstans i saker som kan ha konsekvensar for personvernet.

Satsinga på å styrkje informasjonsverksemda i Datatilsynet er særleg retta mot barn og unge og verksemdar. Kampanjen «DuBestemmer» er eit døme på korleis etaten når fram til viktige brukargrupper. Kampanjen er omtalt i rapportdelen. Datatilsynet hjelper òg bransjeorganisasjonar med å utarbeide bransjevise normer for framferd, og gir bransjar og verksemdar råd om sikring av personopplysningar. Datatilsynet motiverer og hjelper verksemdar til dømes til å utnemne eigne personvernombod.

Datatilsynet har òg ei viktig ombudsrolle. Personar som tek kontakt med tilsynet, får råd og informasjon. Publikum vert i første rekkje nådd gjennom aktiv mediekontakt og publisering på eigen nettstad.

Rapport 2007

St.meld. nr. 5 (2007–2008) «Datatilsynet og Personvernemndas årsmeldingar for 2006» gir utfyllande informasjon. Årsmeldingar for 2007 vert lagde fram i ei stortingsmelding hausten 2008.

Tilsynsaktiviteten

Tilsyn er eit verkemiddel for å fremje eit godt personvern i samfunnet. I tillegg til å kontrollere om verksemdene etterlever regelverket, er tilsyn òg ein viktig kanal for dialog og kunnskapsoverføring. Datatilsynet gjennomførte i 2007 kontrollar av eit breitt spekter av verksemdar i ulike sektorar. Tilsyn fører normalt til at 50–60 pst. av verksemdene får pålegg eller varsel om pålegg. Nivået har vore nokså stabilt dei seinare åra. Totalt vart det gjennomført 134 tilsyn i 2007. Datatilsynet registrerer at tilsynsaktiviteten fremjar fokus på regelverket i verksemdene, og gjerne innanfor heile bransjar. Rapportar frå einskilte tilsyn vert lesne av andre verksemdar og fører såleis til at tilsynet sitt arbeid får verdi utover den einskilte verksemda.

Tilsynet har i 2007 hatt eit spesielt fokus på elektroniske spor, korleis desse oppstår og vert handterte i verksemdene. Tilsynet har samstundes sett på korleis pliktene i forhold til sletting vert innfridde. Vidare har kontrollen med elektronisk forvaltning auka. Både statlege og kommunale verksemdar har fått besøk. Mykje av kontrollarbeidet i rapporteringsåret har elles vore retta mot internetbruken blant barn og unge. Datatilsynet har òg auka kontrollen innan rusomsorga. Dei registrerte er ei gruppe som i mindre grad kan vere medvitne om eigne rettar.

Deltaking i råd og utval m.m.

Datatilsynet ser i aukande grad eit internasjonalt engasjement i personvernspørsmål. EU, Europarådet, OECD o.a. set i dag standarden for mykje av den personverntenkinga som vert gjeldande her til lands. Det er derfor viktig for Datatilsynet å kunne delta i internasjonale fora. Fleire av problemstillingane tilsynet arbeider med har generell betyding

for sektorar og bransjar. Slike problemstillingar krev felles tilnærming både på internasjonalt og nasjonalt plan. Internasjonalt har Datatilsynet vore særleg involvert i spørsmål om sosiale nettsamfunn, multinasjonale konsern sine forhold til nasjonalt og regionalt regelverk, søkjemotorar og felles tilnærming i forhold til tilsyn. Nasjonalt deltek Datatilsynet i ei rekkje råd og utval. Mellom anna deltek tilsynet i koordineringsarbeid innan helse-sektoren og kommunal sektor, regelverksarbeid og arbeid med bransjenormer.

Datatilsynet ga 134 høyringsfråsegner med merknader i 2007. I fleire tilfelle var konsekvensar for personvernet mangelfullt utgreidd. I andre tilfelle kjem personvernet i konflikt med andre tungtvegande samfunnsomsyn og må etter ei samla vurdering vike. Datatilsynet meiner det likevel er viktig at personverninteressa blir formidla på ein strukturert måte, slik at det er tydeleg kva for kompromiss som må takast.

Satsing på kommunikasjonstiltak

Kommunikasjon vert vektlagt som verkemiddel, mellom anna via Datatilsynet si heimeside, ei juridisk svarteneste på telefon og e-post og gjennom mediekontakt. Datatilsynet har utvikla ein organisasjon der mange medarbeidarar har god medie-trening og deltek i debattar på radio og tv. På denne måten er Datatilsynet aktiv i den offentlege debatten og har stor kapasitet til å kunne tale personvernet si sak når høvet byr seg.

I 2006 utvikla Datatilsynet i samarbeid med Utdanningsdirektoratet og Teknologirådet eit undervisningsopplegg om personvern kalla «DuBestemmer». Det vart sendt ut materiell til alle ungdomsskular og vidaregåande skular. Opplegget vart godt motteke, og Datatilsynet fekk ein europeisk personvernpris for denne kampanjen. Hausten 2007 vart det lyst ut ein manuskonkurranse med personvern og digitale media som tema. Seks vinnarteam fordelte på vidaregåande skular frå heile landet produserte film. I mars 2008 var filmane ferdige og fekk storstilt premierevising på Filmens hus. Filmane skal nyttast vidare som ein del av undervisningsopplegget «DuBestemmer». Filmane har òg fått engelsk tekst, og kan lastast ned frå nettstaden www.dubestemmer.no. I 2008 er

Datatilsynet tildelt ekstra midlar for å gjennomføre fleire informasjonsprosjekt. Prosjekta handlar om å auke merksemda om personvern gjennom kunstnariske uttrykksformer og å utvide kampanjen «DuBestemmer».

Sakshandsaming

Datatilsynet har hatt 1 928 saker til handsaming i 2007. For ein mindre del av sakene, under 3 pst., var sakshandsamingstida lenger enn målsetjinga for 2007 på maksimalt ti veker. Datatilsynet har teke avvika på alvor og har sett i verk tiltak for å betre situasjonen. For lang sakshandsamingstid kjem av ein kombinasjon av personellmangel og auka kompleksitet i sakene.

Mål og resultatkrav 2009

Datatilsynet skal i 2009:

- styrkje tilsynsverksemda ytterlegare og gjennomføre risikobaserte tilsyn innan prioriterte område. Blant områda som kan bli prioriterte er kontrollar innan ulike delar av justis-, sosial- og helsesektoren, statleg forvaltning, elektronisk kommunikasjon og tenester på internett
- medverke til at personvernet vert tilstrekkeleg vektlagt, mellom anna ved å delta i råd, utval og samarbeidsfora nasjonalt og internasjonalt og gjennom høyringsfråsegner
- vidareføre satsinga på ekstra kommunikasjonstiltak for å skape merksemd om personvernet og auke kunnskapen om plikter og rettar etter lovgivinga og god skikk. Kampanjen «DuBestemmer» skal vidareførast. Det vil òg bli retta eit auka fokus mot verksemdar både i privat og offentleg sektor
- syte for korrekt og effektiv sakshandsaming i samsvar med føremål og krav i forvaltningslova. Som hovudregel skal innkomne saker svarast på innan ti veker

Budsjett 2009

Post 01 Driftsutgifter

Løyvingsforslaget dekkjer løns- og driftsutgifter for Datatilsynet.

Kap. 1571 Personvernemnda

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter		1 600	1 650
	Sum kap. 1571		1 600	1 650

Allmenn omtale

Personvernemnda vart oppretta i 2001 med heimel i personopplysningslova, lov av 14. april 2000 nr. 31. Nemnda har sju medlemmer med personlege varamedlemer. Stortinget utnemner leiar og nestleiar, medan resten av medlemmene vert utnemnde av Kongen i statsråd. Pr. 01.01.2009 vert det eit skifte av leiar og nestleiar, pluss to av dei andre medlemmene i nemnda. Funksjonstida i nemnda er på fire år.

Personvernemnda er klageorgan for vedtak fatta av Datatilsynet og nemnda behandlar klagenes fortløpande. Personvernemnda mottok sju nye

saker i 2007. Av desse vart fem behandla. I tillegg behandla nemnda seks saker frå 2006. Alle vedtak som personvernemnda fattar, vert publiserte på nemnda si heimeside og i ein eigen database i lovdata.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvingsforslaget dekkjer utgifter til sekretariat for nemnda, ei stilling, og godtgjersle for medlemmene. Utgiftene har til og med 2007 vorte dekte over kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet, post 01 Driftsutgifter.

Programkategori 01.80 Statsbygg

Utgifter under programkategori 01.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
1580	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	1 660 483	1 561 616	1 065 490	-31,8
1581	Eigedomar til kongelege føremål	75 051	59 457	61 586	3,6
1582	Utvikling av Fornebuområdet	54 158	44 500	7 000	-84,3
1583	Utvikling av Pilestredet Park	3 451			
2445	Statsbygg	684 290	1 094 404	1 218 531	11,3
	Sum kategori 01.80	2 477 433	2 759 977	2 352 607	-14,8

Inntekter under programkategori 01.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
4581	Eigedomar til kongelege føremål	142	125	131	4,8
5445	Statsbygg	1 041 362	900 000	900 000	0,0
5446	Sal av eigedom, Fornebu	108 847		23 600	
	Sum kategori 01.80	1 150 351	900 125	923 731	2,6

Frå og med 01.01.2009 vert forvaltningsansvaret for fengselseigedomane overført frå Kriminalomsorga til Statsbygg og innlemma i husleigeordninga. Det samla løyvingforslaget for kategori 01.80 inneber samla sett ein reduksjon samanlikna med saldert budsjett for 2008. Dette kjem av at fleire større byggje- og utviklingsprosjekt no er i slutfasen, slik som til dømes Prosjekt Nytt Operahus som vart opna i april i 2008.

Allmenn omtale

Statsbygg si oppgåve er å tilby gode og funksjonelle lokale til statlege verksemder. Statsbygg skal gi råd ved kjøp og leige av lokale, vere byggherre på vegner av departementa, syte for god forvaltning av eigedomane i den statlege husleigeordninga og sikre statlege interesser i større eigedomsutviklingsprosjekt.

Statsbygg skal ta hand om dei ambisiøse måla Regjeringa har innan miljøvenleg bygging, energieffektive løysingar og arkitektonisk kvalitet. Statsbygg skal dessutan vere leiande når det gjeld universell utforming og sikre tilkomst for flest mogleg i bygningane dei forvaltar.

Statsbygg er ei statleg forvaltningsbedrift og har 735 tilsette. Hovudkontoret ligg i Oslo, og regionkontora er lokaliserte i Porsgrunn, Bergen, Trondheim, Tromsø og Oslo. Inntektene til Statsbygg er i hovudsak leigeinntekter frå statlege verksemder og utgjer i 2008 om lag 2,7 mrd. kroner. Investeringsbudsjettet for 2008 var på omlag 2,7 mrd. kroner. Dette omfattar investeringar både på eigedomar Statsbygg forvaltar (innanfor husleigeordninga), jf. kap. 2445, og på eigedomar som vert forvalta av andre statlege verksemder (utanfor husleigeordninga), jf. kap. 1580, 1581 og 1582.

Hovudutfordringar og utviklingstrekk

Statsbygg tek over ansvaret for forvaltninga av fengsla frå og med 2009. Ei viktig oppgåve i 2009 vert å integrere desse bygningane i Statsbygg sine forvaltningssystem og etablere eit godt samarbeid med Kriminalomsorga. Denne eigedomsmassen består av om lag 485 bygningar fordelt på 35 fengselskompleks, til saman 313 000 kvadratmeter. Sjå nærare omtale under kap. 2445 Statsbygg.

Fornyng og omstilling av offentleg sektor kan føre med seg at det trengst nye organisasjonsløyningar og nye lokale. Dette set krav til Statsbygg når det gjeld rask og fleksibel oppfølging av ønske om endringar. Statsbygg må derfor halde fram med å utvikle rådgivingskompetansen overfor departementa og andre statlege verksemdar. Dette gjeld mellom anna assistanse til å vurdere trong for nye lokale, marknadsundersøkingar, alternativvurderingar og kostnadsanalysar. Statsbygg skal òg syte for at staten sine bygg og eigedomar verkar positivt inn på utviklinga av byar og tettstader. I 2009 vil Statsbygg utarbeide ein arkitekturpolitikk i tråd med statlege mål om god stadsutvikling og brukartilpassing.

På byggherresida er den viktigaste utfordringa å sikre god styring av kostnader, kvalitet og framdrift i prosjekta. Marknaden har vore prega av sterkt aukande prisar som følgje av høg aktivitet i byggebransjen. Dette har gitt Statsbygg store utfordringar i gjennomføringa av byggeprosjekta, mellom anna fordi grunnlaget for kostnadsrammene i prosjekta er utarbeidd lenge før arbeida vert kontraherte. Det vert derfor lagt stor vekt på risikostyring i alle fasar av prosjektgjennomføringa.

Innanfor eigedomsforvaltninga er dei sentrale utfordringane å tilpasse eigedomsmassen til det

brukarane treng, syte for effektiv arealbruk, redusere energibruken, utnytte miljøvenlege energibærarar og unngå bruk av miljøfarlege stoff.

Hovudmål og strategiar

Innanfor vedtekne rammer for økonomi, kvalitet og framdrift skal Statsbygg:

- syte for rådgiving og utgreiing i statleg sivil sektor i samband med leige av lokale og planlegging av byggjeprojekt
- utføre byggherretjenester i statleg sivil sektor ved å organisere, planleggje og gjennomføre byggjeprojekt innanfor vedtekne rammer
- sikre kostnadseffektiv drift og eit vedlikehald som tek vare på verdiane av eigedomane
- syte for at universell utforming og omsynet til miljø, arkitektur og kulturhistoriske verdiar vert vurdert og sikra
- syte for miljøriktig materialbruk, som mellom anna inneber å unngå bruk av tropisk tømmer
- syte for effektiv utnytting av dei eigedomane Statsbygg forvaltar, gjennom eigedomsutvikling, kjøp og sal
- ta hand om statlege interesser i større eigedomsutviklingsprosjekt gjennom å gi råd, organisere, planleggje og gjennomføre slike prosjekt, og på denne måten realisere verdiar som vert frigjorde ved ny bruk av statlege eigedomar
- gjennom si verksemd medverke til effektivisering av byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa (BAE-næringa).

Mål og resultatkrav

Fornyings- og administrasjonsdepartementet set følgjande krav til Statsbygg sitt arbeid i 2009:

Mål	Resultatindikatorar	Resultatkrav 2009
God budsjettdisiplin	Sluttkostnad i prosent av styringsramma på byggjeprosjekta under kap. 1580, 1581 og 2445. Overføring av unytta løyvingar til neste budsjettermin under kap. 1580, 1581, 1582 og 2445.	Sluttkostnaden på prosjekta skal samla sett ikkje overskride styringsramma med meir enn 1 pst. Overføringane til neste budsjettermin skal ikkje overstige 7,5 pst. av disponibel løyving.
Tilfredsstillande avkastning på totalkapitalen	Resultat før finanskostnader i prosent av gjennomsnittleg investert kapital for året. Prosentdel utleigde areal i forhold til total arealet.	Minimum 5 pst. rentabilitet av totalkapitalen. 98 pst.
Nøgde leigetakarar	Prosentdel leigetakarar som er nøgde med Statsbyggs eigedomsforvaltning.	95 pst.
Effektiv energibruk i bygningar forvalta av Statsbygg	Klimakorrigert energiforbruk	210 kWh/kvm
Ivaretaking av samfunnsmessige føringar	Rapport om ivaretaking av miljø, arkitektur, kulturminne, universell utforming m.m	Rapport som viser om Statsbygg oppfyller kvalitative føringar

Rapport 2007

Nedanfor følgjer rapportering på dei resultatkrava som vart sette for Statsbygg i perioden 2004–2007:

Mål: God budsjettdisiplin - riktig styring innanfor kostnadsramma

Resultatindikator	Sluttkostnad i prosent av styringsramma (gjeld både kap. 1580 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga og kap. 2445 Statsbygg).		
Resultatkrav 2007	Sluttkostnad på prosjekta skal samla sett ikkje overskride styringsramma med meir enn 1 pst.		
2004	2005	2006	2007
-6,0	-8,7 pst	-4,4 pst	- 4,6 pst

Statsbygg har ferdigstilt 28 bygg i 2007. Av desse er 12 nybygg, 12 ombygde bygg og 4 kombinerte nybygg og ombygde bygg. Samla styringsrammer for desse bygga var på 1 029 mill. kroner. Dei ferdigstilte bygga er gjennomførte 4,6 pst. under

dette beløpet. Den viktigaste forklaringa på dette resultatet er at Musikkhøgskulen vart gjennomført 43 mill. kroner under styringsramma på 305,4 mill. kroner.

Mål: God budsjett disiplin – låge overføringer frå ein termin til den neste

Resultatindikator	Overføring av unyttta løyvingar til neste budsjettermin under kap. 1580, 1581, 1582 og 2445.		
Resultatkrav 2007	Overføringane til neste budsjettermin skal ikkje overstige 7,5 pst av disponibel løyving.		
2004	2005	2006	2007
0,3 pst	6,9 pst	12,9 pst	14,5 pst
Overføring av unyttta løyvingar frå 2007 til 2008 utgjorde 14,5 pst. Målet på 7,5 pst. er dermed ikkje nådd. Årsaka er press i leverandørmarknaden som		har ført til ei seinare framdrift i prosjekta enn først planlagd, og dermed ein auke i overføringane av ubrukte midlar.	

Mål: Tilfredsstillande avkastning på totalkapitalen

Resultatindikator	Resultat før finanskostnader i prosent av gjennomsnittleg investert kapital for året		
Resultatkrav 2007	Minimum 6 pst. rentabilitet av totalkapitalen		
2004	2005	2006	2007
6,3 pst	6,9 pst	6,6 pst	6,7 pst
Rentabiliteten av totalkapitalen er definert som resultat før finanskostnader i prosent av gjennomsnittleg investert kapital for året. Rentabiliteten av		totalkapitalen var i 2007 på 6,7 pst. og målet på 6 pst. er nådd.	

Mål: Høg utleigegrad

Resultatindikator	Prosentdel utleigde areal i forhold til totalarealet/utleigebart areal.		
Resultatkrav 2007	98 pst		
2004	2005	2006	2007
97,6 pst	97,5 pst	98,6 pst	98,8 pst
Statsbygg hadde i 2007 ein utleigegrad på 98,8 pst. Målet er nådd. Resultatet er litt betre enn i 2006, då utleigegraden var på 98,6 pst. Det er god kapasitet		tetsutnytting av eigedomane. Utleigegraden i 2007 er den høgaste Statsbygg har nådd i dei åra det er ført statistikk.	

Mål: Nøgde leigetakarar

Resultatindikator	Prosentdel leigetakarar som er nøgde ¹ med Statsbyggs eigedomsforvaltning		
Resultatkrav 2007	95 pst		
2004	2005	2006	2007
95 pst	*	94	*

¹ Med nøgde meiner ein heilt nøgd, svært nøgd eller ganske nøgd.

I 2006 vart det gjennomført målingar av korleis leigetakarane oppfatta eigedomsforvaltninga til Statsbygg. Resultatet synte at 94 pst. av leigetakarane var nøgde. I 2007 har det blitt gjennomført eit forarbeid når det gjeld metode og grunnlag for

kundemålingane. Opplegget for kundeundersøkingar vil verte betra og nye målingar vert gjennomførte i 2008. Det ligg derfor ikkje føre noko resultat for 2007.

Mål: Effektiv energibruk i bygningar forvalta av Statsbygg

Resultatindikator	Klimakorrigert energiforbruk			
Resultatkrav 2007	210 kWh/kvm.			

Indikator	2004	2005	2006	2007
Talet på eigedomar	167	158	177	164
Brutto golvareal i kvm	1 544 351	1 305 601	1 578 515	1 445 103
Årleg energiforbruk (MWh)	307 539	259 369	308 141	275 800
Klimakorrigert energiforbruk (kWh/ kvm/år)	210,6	212,4	211,4	202,9

Statsbygg hadde i 2007 eit klimakorrigert energiforbruk på 202,9 kWh per kvm. Målet er såleis nådd. For å redusere energibruken i eksisterande bygningsmasse har Statsbygg i 2007 gjennomført 21 tiltak for om lag 3,6 mill. kroner. Dette omfattar fysiske enøk-tiltak, kompetanse og energileiing. Dei fysiske tiltaka har gitt ein energireduksjon som er rekna til omlag 605 000 kWh per år. Det har i 2007 vore fokusert på energileiing og energioppfølging (EOS). Erfaringane viser at eigne miljørevisjonar og revisjonar i samband med miljøsertifiseringa av Statsbygg har ført til større energi- og miljømedvit. Ein nærare analyse av korleis brukstida for bygningane har utvikla seg, er starta opp. Statsbygg vil i løpet av 2008 starte med energinettverk for alle sine bygningar.

Mål: Ivaretaking av samfunnsmessige føringar

Arkitektur

Statsbygg skal leggje til rette for god arkitektur i alle prosjekt, både som byggherre, eigedomsutviklar og forvaltar. Det er lagt vekt på å få auka medvit om samspelet mellom utomhusareal, bygningar og interiør. I 2007 har Statsbygg medverka til utvikling av god norsk arkitektur, arealplanlegging og utvikling av staten sine eigedomar. I 2008 har ferdigstilling av den nye norske operaen vore eit viktig merkepunkt. Med det nye operahuset har staten gitt Noregs hovudstad eit attraktivt nytt landemerke. Operahuset gir òg den nye bydelen i

Bjørvika eit godt utgangspunkt for vekst og verdiskaping.

Kulturminnevern

Kongeleg resolusjon av oktober 2006 slår fast at departementa skal utarbeide landsverneplanar for statlege kulturhistoriske eigedomar og forvaltningsplan for kvar eigedom. Statsbygg har sett i gang arbeid med å lage forvaltningsplanar for sine eigedomar, samtidig som det vert utvikla landsverneplanar i ulike statlege sektorar. Statsbygg arbeider med landsverneplanar på oppdrag frå ulike departement. Planane skal verte ferdige i løpet av 2009. Ei meir utfyllande orientering om arbeidet med kulturminnevern er gitt i kapittelomtalen under kap. 1500.

Universell utforming

Universell utforming vil seie at den fysiske utforminga er slik at flest mogleg får tilgang til bygga som Statsbygg forvaltar, utan spesialtilpassing. Handlingsplan for universell utforming er utarbeidd for perioden 2007–2010. Ein reknar med at om lag 7 pst. av midlane til vedlikehald av eigedomane vert nytta til tiltak for universell utforming. Statsbygg har utvikla nettstaden www.byggforalle.no som opna i august 2008. Nettstaden gir informasjon om kor tilgjengelege offentlege bygningar er for personar med ulike typar av nedsett

funksjonsevne. Statsbygg har så langt lagt inn 200 av dei publikumsrelaterte bygningane sine på nett-staden. Her finst opplysningar om tilretteleggings-tiltak og moglege hinder i publikumsromma i dei utvalde bygningane, detaljar om dei einskilde lokala og informasjon om vegen til besøksmålet. Søka kan òg baserast på ei utvald gruppe av funksjonshemmingar.

Miljø

Statsbygg arbeider aktivt med miljøspørsmål både som byggherre, eigedomsforvaltar, eigedomsutviklar og rådgivar. I 2006 vart verksemda sertifisert etter ISO 14001. Statsbygg er med dette den største offentlege byggherren som er miljøsertifisert etter denne standarden. For å halde på sertifikatet må Statsbygg arbeide aktivt og målretta med miljøaspekta i åra framover.

I kontraktdokumenta er det utarbeidd tydelegare miljøkrav, slik at rådgivarar og entreprenørar som kjem utanfrå tek betre omsyn til Statsbygg sine miljøkrav. Det blir rapportert månadleg frå alle byggjeprojekt om oppnåing av miljømål, bruk av farlege stoff og avfallshandtering. Dette er ein del av miljørekneskapen til Statsbygg, som jamleg vert evaluert.

Det vart i 2007 utarbeidd planar for handtering av miljøkrav og avfall for kvar forvaltningseigedom og eit sentralt register for farlege stoff. Det vart gjennomført kurs for driftspersonell og forvaltarar om reduksjon og handtering av farlege stoff, og om avfallsplanlegging. Det er valt ut regionale miljø-

kontaktar som skal arbeide aktivt med satsinga innan miljø.

Energibruk og klimapåverking har vore viktige tema for Statsbygg det siste året. Statsbygg skal vere i front av krava i ny teknisk forskrift som kom i 2007 og planlegg å ta i bruk den såkalla tiltaksmodellen i forskrifta. Statsbygg har òg teke omsyn til dei signala som styresmaktene har gitt om klimautfordringar. Mellom anna er det utarbeidd eit fagleg grunnlag for å utforme ein eigna klimastrategi og gode klimamål for Statsbygg.

Det er gitt ein meir utfyllande rapport om miljøarbeidet i Statsbygg under del III.

Forsking og utvikling

Statsbygg si FoU-satsing var i 2007 på omlag 15 mill. kroner. Ein del av desse midlane vart nytta på prosjekt som kan vere til hjelp for ei berekraftig utvikling innan byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa. Tyngda av forskings- og utviklingstiltaka i 2007 har vore retta mot fagområda byggjeprosess (inkludert BIM = bygningsinformasjonsmodellar), miljø og energi. Arbeidet med utvikling av BIM har stått for den største FoU-satsinga til Statsbygg i 2007, med omkring halvparten av midlane.

Statsbygg har i 2007 evaluert dei siste åras forskning og utvikling og utarbeidd ny «Strategi for forskning og utvikling i Statsbygg 2008–2012». Statsbygg vil nytte forskning og utvikling til å nå dei strategiske måla for perioden 2007–2010 og FoU-verksemda skal medverke til å betre arbeidsprosessar, produkt og tenester.

Kap. 1580 Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	69 001	15 316	40 000
31	Igangsetjing av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>		15 000	60 000
33	Vidareføring av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	1 556 626	1 443 600	953 000
36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	8 559	12 000	12 490
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	26 297	75 700	
	Sum kap. 1580	1 660 483	1 561 616	1 065 490

Allmenn omtale

Løyvingsforslaga gjeld investeringar i bygg utanfor husleigeordninga der Statsbygg er byggherre, medan oppdragsgivaren sjølv skal forvalte eigedomen etter at prosjektet er ferdig.

Budsjett 2009

Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast

Posten vert nytta til prosjektering av prioriterte byggjesaker som ikkje har øyremerkt prosjekteringsløyving. I 2009 er det mellom anna lagt opp til

å nytte midlane til å vidareføre prosjektering av Universitetet i Tromsø, byggetrinn 2 for medisin og helsefag, Noregs idrettshøgskole, Kulturhistorisk museum og bygningane ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) på Ås. Det er òg avsett midlar til planlegging av nybygg på Ås. Dette som følgje av at Stortinget har vedteke å lokalisere Noregs veterinærhøgskole og Veterinærinstituttet på Ås, og at NVH skal organiserast saman med UMB, jf. Innst. S. nr. 176 (2007–2008) og St.prp. nr. 30 (2007–2008). Byggjeart er venta i 2013–2014. Sjå òg omtale i budsjettproposisjonen for Kunnskapsdepartementet. I tillegg skal det nyttast midlar til prosjekteringa av universitetsutbygginga i Gaustadbekkdalen i Oslo, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008).

Post 31 Igangsetjing av byggjeprojekt, kan overførast

Posten vert nytta til å setje i gang prioriterte byggjeprojekt etter at forprosjektet er fullført. Ein gjer framlegg om å setje i gang eit byggjeprojekt som gjeld nybygg for Odontologisk fakultet ved Universitetet i Bergen. Det er foreslått ei igangsetjingsløyving på 60 mill. kroner.

Odontologisk fakultet ved Universitetet i Bergen

Det Odontologiske fakultetsbygget ved Universitetet i Bergen treng modernisering. Det eksisterande bygget hindrar at undervisning og forskning kan gjennomførast i tråd med nasjonale og internasjonale krav og følgje den faglege utviklinga. Bygget skal derfor erstattast med eit nybygg med brutto areal på 15 000 kvm. Nybygget skal i tillegg til fakultetet sine klinikkar, gi plass til tannlegevakt og sentralklinikk for Bergen by, den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland og eit odontologisk kompetansesenter for Vest-Noreg. Det vert foreslått ei kostnadsramme på 780,4 mill. kroner inklusiv kunstnarisk utsmykking (prisnivå 01.07.2009). Styringsramma er sett til 708,6 mill. kroner. Prosjektet er venta ferdigstilt i løpet av 2012. Sjå òg omtale i budsjettproposisjonen for Kunnskapsdepartementet.

Post 33 Vidareføring av byggjeprojekt, kan overførast

Posten omfattar løyvingar til å vidareføre prosjekt som Stortinget tidlegare har vedteke å starte opp og skal sikre optimal framdrift i desse prosjekta. Oversikta nedanfor viser korleis forslaget til løyving fordeler seg på dei ulike prosjekta.

Tabell 2.3 Oppstarta byggjeprojekt under kap. 1580 (i mill. kr)

Prosjekt	Kostnadsramme per 1.7.2009	Styringsramme per 1.7.2009	Løyvd tidlegare	Forslag 2009
<i>Bygg under KKD:</i>				
Prosjekt Nytt Operahus ¹	4 356,0	4 136	4 127,0	9,0
<i>Bygg under KD:</i>				
UiB, Studentsenter	392,02	322,8	373,3	
UiO, Institutt for informatikk II (IFI II)	1 206,0	1 159,6	659,4	285,0
Plantevernbygningen fase ²	47,6	38,0	15,0	12,0
UiO Domus Media, sentrumsbygg	500,6	442,0	29,8	75,0
<i>Bygg under JD:</i>				
Halden fengsel	1 490,9	1 404,0	744,5	550,0
Prosjekt i reklamasjonsfasen				22,0
Samla forslag post 33				953

¹ Prisnivå per 1.7.2008. Justering av kostnads- og styringsramma er i tråd med føresetnadene i St.prp. nr. 48 (2001–2002).

² Kostnadsramma er inkl. brukarfinansiering på 18,75 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 6 (2007–2008).

Kostnadsrammene for dei ulike prosjekta vert kalkulerte etter at forprosjektet er gjennomført og fastsette slik at det skal vere 85 pst. sannsynleg at

kostnadsrammene vert haldne. Gjennomføringa av prosjekta skal likevel vere basert på ei styringsramme som gir rom for 50 pst. risiko for overskri-

dingar. Differansen mellom kostnadsramma og styringsramma utgjør uvisseavsetjinga i prosjekta.

Prosjekt Nytt Operahus

Det nye huset er no teke i bruk. Prosjektet har vore grensesprengjande på fleire område. Det er montert avansert teaterteknisk utstyr og trearbeida, i foajeen og den store salen, har sett svært høge krav til overflatebehandling og geometrisk utforming. I heile planleggings- og byggjefasen har det vore fokusert på å gi bygget akustiske kvaliteter i verdsklasse.

Kostnadsramma er på 4 356 mill. kroner. I St.prp. nr. 53 (2007–2008) vart styringsramma auka til 4 136 mill. kroner. Gjenståande uvisseavsetjing er såleis på 220 mill. kroner. Med ei løyving på 9 mill. kroner i 2009, er prosjektet finansiert opp til styringsramma. Det er likevel enno usikkert om dette vert den endelege kostnaden, då alle sluttoppgjer enno ikkje er avslutta. Hovudtyngda av utstyret i operahuset skal gjennom ein periode med prøvedrift på 6 månader før arbeida er formelt avslutta. Tidspunktet for fullførde sluttoppgjer vil avhenge av kva feil og manglar som vert avdekte i prøvedriftsperioden.

Prosjektet er elles omtalt i budsjettproposisjon frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Studentsenteret ved Universitetet i Bergen

Studentsenteret i Bergen vart ferdigstilt hausten 2007 og teke i bruk frå semesterstart 2008. Det vart i 2007 gitt løyving opp til den nye kostnadsramma på 392,0 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 6 (2007–2008). Det går no føre seg forhandlingar med leverandørar om sluttoppgjer, og den endelege slutt-kostnaden vil avhenge av desse forhandlingane.

Universitetet i Oslo, Institutt for informatikk (IFI2)

Lokala for informatikkstudentane er for små i høve til studenttalet og vert derfor utvida med nybygg i Gaustadbekkdalen i Oslo. Gjennomføringa av IFI2 vil leggje til rette for å samle fagmiljøa innanfor informatikkstudia. IFI2 har ei brutto arealramme på 28 251 kvm, inkludert parkeringsareal.

Marknadssituasjonen har ført til lengre byggjetid enn planlagt og auka kostnader, jf. St.prp. nr. 90 (2006–2007). Prosjektet er venta ferdig i 3. kvartal 2010. Dette er meir enn eit år seinare enn tidlegare planlagt. Prosjektet har ein krevjande økonomisk situasjon og vert styrt stramt.

Renovering av Plantevernbygningen fase 2

Fase 1 av renoveringa av Plantevernbygningen på Ås vart ferdigstilt i 2004. Fase 2 fekk startløyving i 2008 og omfattar mellom anna nasjonalt plantevernbibliotek, kantine og kontor. Kostnadsramma vart fastsett ved behandlinga av St.prp. nr. 59 (2007–2008). Prosjektet har eit bruttoareal på 1 112 kvm. Byggjestart er planlagt 1. kvartal 2009 og venta ferdigstilling er 1. kvartal 2010.

Universitetet i Oslo, Domus Media

Sentrumsbygningane ved Universitetet i Oslo skal rehabiliterast. Domus Media (Aulaen og Vestfløyen) og Professorbustaden skal totalrenoverast. Prosjektet omfattar òg fasadar, tak og ny fundamentering for Domus Bibliotheca og Gymnastikkbygningen, pluss fasadar og tak for Domus Academica. Rehabiliteringa vil bli gjennomført i to fasar. Fase 1 omfattar istandsetjing av Domus Media (Aulaen og Vestfløyen). Utbygginga for fase 1 fekk oppstartsløyving ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 59 (2007–2008). Målet er å bli ferdig med rehabilitering av Aulaen til universitetet sitt 200-års jubileum i 2011.

Halden fengsel

Halden fengsel er under oppføring på ei 300 mål stor tomt med ein bygningsmasse på 27 500 kvm. Fengselet vil få 251 plassar. Byggjestart var i juni 2007, og fengselet skal vere ferdig i april 2010.

Halden fengsel fekk auka kostnads- og styringsramma i 2007, jf. St.prp. nr. 84 (2006–2007) «Om Halden fengsel». Framdrift og økonomi i prosjektet går no i samsvar med planane. Prosjektet er elles omtalt i budsjettproposisjonen frå Justis- og politidepartementet.

Post 36 Kunstnarisk utsmykking, kan overføres

Løyvinga skal nyttast til kunstnarisk utsmykking av statlege bygg. Ettersom midlar til kunstnarisk utsmykking ikkje vert tekne med ved utrekninga av husleige, gjeld løyvinga òg byggjeprojekt som vert finansierte over kap. 2445 Statsbygg. Tildelinga til kvart prosjekt skjer etter føresegnene som er gitt i kongeleg resolusjon av 05.09.1997, der ulike typar bygg er klassifiserte i fem kategoriar. Løyvingane til kunstnarisk utsmykking til prosjekta varierer mellom 0,5 til 1,5 pst. av kostnadsramma, avhengig av kva kategori bygget tilhøyrrer.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overføres

Dette gjeld brukarutstyr til Prosjekt Nytt Operahus, og sluttløyving vart gitt i 2008.

Kap. 1581 Egedomar til kongelege føremål

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 20077	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	20 740	21 224	22 028
30	Ekstraordinært vedlikehald, Bygdøy Kongsgard, <i>kan overføres</i>	42 935		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	11 376	38 233	39 558
	Sum kap. 1581	75 051	59 457	61 586

Allmenn omtale

Statsbygg tek hand om Stiftsgarden i Trondheim, Gamlehaugen i Bergen, Det Kgl. Slott, Bygdøy Kongsgard og Oscarshall slott i Oslo. For egedomane i Trondheim og Bergen har Statsbygg ansvaret for bygningar, interiør og utomhusareal. For egedomane i Oslo har Statsbygg ansvaret for ytre vedlikehald, tekniske installasjonar og større vedlikehaldsarbeid. Det er inngått skriftlege avtalar mellom Det kongelege hoff og Statsbygg. Avtalane skal sikre klare ansvarstilhøve innanfor egedomsforvaltninga.

Budsjett

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje Statsbygg sine kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald av statlege egedomar som vert nytta til kongelege føremål.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overføres

Løyvinga skal dekkje større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid av investeringsmessig karakter.

Mesteparten av midlane på posten vil bli nytta til rehabiliteringa av Oscarshall slott som er eigd av staten og underlagt H.M. Kongens disposisjons-

rett. Parallelt vert det gjennomført innvendig rehabilitering i regi av Det kongelege hoff, jf. kap. 1 post 51. Rehabiliteringa starta i 2007. Anlegget har svært høg antikvarisk og kulturhistorisk verdi og prosjektet vert utført i nært samarbeid med antikvariske styresmakter.

Av prosjektt tekniske grunnar er arbeida som vert utførte av Statsbygg organiserte i to delprosjekt. Det eine gjeld utvendig rehabilitering av sjølv slottet og paviljongen, der kostnads- og styringsramma er 38,9 mill. kroner og 35,9 mill. kroner, mens det andre delprosjektet gjeld rehabilitering av sidebygningane med ei kostnads- og styringsramme på 27,4 mill. kroner og 25 mill. kroner. Totalkostnaden for rehabiliteringsarbeida er 66,3 mill. kroner, og dette beløpet vert foreslått som kostnadsramme for heile prosjektet. Styringsramma vert sett til 60,9 mill. kroner. Løyvingsforslaget på posten vil gjere det mogleg å fullføre rehabiliteringa i 2009 i samsvar med planlagd framdrift.

I 2009 vil det òg gå føre seg prosjekteringsarbeid knytt til rehabilitering av taket på Det Kgl. Slott. Som det tidlegare er orientert om har takarbeida vorte utsette, jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008). Prosjekteringa er venta ferdig sommaren 2009, slik at sjølv rehabiliteringa kan starte seint i 2009 eller tidleg i 2010.

Kap. 4581 Eigedomar til kongelege føremål

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Ymse inntekter	142	125	131
	Sum kap. 4581	142	125	131

Post 01 Ymse inntekter

Posten omfattar inntekter frå husleige og omvisning ved Stiftsgarden og Gamlehaugen.

Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	545	1 000	
30	Investeringar, Fornebu, <i>kan overførast</i>	53 530	43 500	7 000
70	Erstatningar og oppgjjer, <i>kan overførast</i>	83		
	Sum kap. 1582	54 158	44 500	7 000

Allmenn omtale

Kapitlet omfattar løyvingar til Statsbygg si administrering av prosjektet, investeringar i infrastruktur og opprydding i forureina grunn i samband med utviklinga av dei statlege eigedomane på Fornebu i Bærum kommune.

Rapport 2007

Utviklingsprosjektet på Fornebu vart i hovudsak avslutta i 2007. Opprydding i forureiningar og salet av staten sine tomter er avslutta.

Det meste av utbygginga av vegar, teknisk infrastruktur og grøntområde vart ferdig i 2008, men noko vil stå att til seinare år i påvente av at

andre utbyggjarar får avslutta prosjekta sine. Alle offentlege vegar vert overleverte til Statens vegvesen eller Bærum kommune innan utgangen av 2008. I tillegg har det i 2008 vore aktivitet i samband med frådelling av tomter etter regulering.

Budsjett**Post 30 Investeringar, Fornebu, kan overførast**

Løyvinga skal dekkje Statsbygg sine investeringar i infrastruktur og grøntområde på Fornebu, kostnader for frådelling av tomter etter regulering og moglege utgifter til drift og vedlikehald av statens eigedomar på Fornebu.

Kap. 2445 Statsbygg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
24	Driftsresultat	-346 422	-447 422	-548 456
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	62 123	54 971	71 000
31	Igangsetjing av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>		70 000	227 500
32	Igangsetjing av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	29 217	38 000	82 000
33	Vidareføring av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	261 817	280 000	576 287
34	Vidareføring av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	440 544	909 800	610 200
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	114 198	89 068	100 000
49	Kjøp av eigedomar, <i>kan overførast</i>	122 813	99 987	100 000
	Sum kap. 2445	684 290	1 094 404	1 218 531

Allmenn omtale

Kap. 2445 gjeld Statsbygg sitt driftsbudsjett som mellom anna omfattar administrasjon, drift og vedlikehald av eigedomane. I tillegg inneheld kapitlet investeringsbudsjett med løyvingar til byggjeprojekt som skal inngå i den statlege husleigeordninga. Nytt i 2009 er at fengselseigedomane vert innlemma i denne husleigeordninga.

Statsbygg er i stor grad ein innkjøpsorganisasjon. Dette gjeld særleg i byggjeprojekta, der så godt som alle innsatsfaktorane vert kjøpte etter konkurranse i marknaden. Statsbygg organiserer, planlegg og gjennomfører for tida om lag 200 større og mindre prosjekt i ulike fasar. Innan eigedomsforvaltninga vert om lag 70 pst. av dei utførde tenestene kjøpte. Eigenproduksjonen innanfor eigedomsforvaltninga utgjer med andre ord om lag 30 pst. og omfattar i hovudsak driftspersonell med ansvar for den daglege drifta på eigedomane.

Innlemming av fengselseigedomane i husleigeordninga

Regjeringa foreslår ei omfattande endring og fornying av staten si eigedomsforvaltning ved at ansvaret for å forvalte fengselseigedomane vert lagt til Statsbygg frå og med 2009. I dag ligg ansvaret for eigedomsforvaltninga hos Justisdepartementet og Kriminalomsorga. Statsbygg si primær oppgåve er å forvalte staten sine eigedomar. Gjennom å leggje ansvaret for forvaltninga av fengselseigedomane til Statsbygg, ønskjer Regjeringa å betre eigedomsforvaltninga innanfor krimi-

nalomsorga. Eit anna føremål med omlegginga er å frigjere Kriminalomsorga for desse oppgåvene, slik at fokuset og ressursane deira i endå større grad vert retta inn mot å auke kapasiteten og kvaliteten i straffegjennomføringa. Reforma skal gi ei betre og meir effektiv forvaltning av fengselseigedomane, noko som vil resultere i betre forhold for både tilsette og innsette. Reforma skal òg gi betre oversikt over dei ulike kostnadene knytte til forvaltning og drift av eigedomane. Dette vil gi betre grunnlag for å gjere riktige prioriteringar ved nyinvesteringar i fengsla.

Samla bruttoareal er 312 883 kvadratmeter, fordelt på 35 fengsel med til saman 478 bygningar. Fengselseigedomane slit med eit omfattande vedlikehaldsetterslep, berekna til 3,2 mrd. kroner i mai 2008. Mange av bygga er svært gamle. Gjennomsnittleg alder på bygningane er 61 år. Ei innlemming av fengselseigedomane i staten si husleigeordning skal gi klarare økonomiske rammer for drift og vedlikehald av denne bygningsmassen. Regjeringa foreslår å auke Justisdepartementet sine rammer, slik at dei får kompensert den styrkinga av vedlikehaldet som det er lagt opp til i husleiekontraktane med Statsbygg. Styrkinga av driftsramma for Justisdepartementet er ein kombinasjon av tilførsel av nye midlar og omdisponering frå kap. 430 Kriminalomsorgas sentrale forvaltning, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald. Det er lagt til grunn eit fagleg tilrådd vedlikehaldsnivå som ligg 105 mill. kroner høgare (per år) enn det som i gjennomsnitt er nytta til føremålet dei seinare åra.

Det vert foreslått å overføre 59 mill. kroner frå kap. 430 Kriminalomsorgas sentrale forvaltning, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald til kap. 2445 Statsbygg. Desse midla vil gå til mindre byggjeprojekt som allereie er starta opp. Dette dreier seg om nytt røyranlegg ved Oslo fengsel, diverse strakstiltak ved Ullersmo fengsel, nytt servicebygg ved Vik fengsel og forvaringsbygg ved Trondheim fengsel.

I tillegg til satsinga som er omtalt over, vil Statsbygg kunne gjennomføre rehabiliteringsprosjekt med midlar frå kap. 2445, postane 32 og 34 Igangsetjing/Vidareføring av kuranprosjekt og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald. Dette er prosjekt som vert leigeberekna på vanleg måte, basert på framforhandla leigeavtalar med Justisdepartementet/Kriminalomsorga.

Alle eigedomane er verdivurderte av ekstern konsulent og vert førte inn i Statsbygg sin balanse med ein verdi på 5,1 mrd. kroner. Avskrivingsprinsippa er omtalte under. Den delen av husleiga som

reflekterer balanseført verdi for eigedomene (kapitalelementet i husleiga) vert kompensert på Justisdepartementet sitt budsjett. Over tid er dette å sjå på som ein budsjettneøytral disposisjon, då avskrivningar og renter av staten sin kapital pluss driftsresultat kjem til inntekt i statsrekneskapen. Kapitalelementet i husleiga utgjer 308,9 mill. kroner. Det vert laga leigeavtalar for kvar einskild fengselseigedom der ansvarsforholda mellom Statsbygg som utleigar og Justisdepartementet/Kriminalomsorga som leigetakar, er avklarte. Avtalane skal tilpassast Kriminalomsorga sin trong for å nytte innsette i vedlikehaldsarbeidet som ein del av innhaldet i soninga. Tilsette i Kriminalomsorga som i hovudsak utfører arbeidsoppgåver som Statsbygg skal overta ansvaret for, vil få tilbod om jobb der til same vilkår og med dei same opparbeidde rettane som dei har ved overføringstidspunktet. Dei vil framleis vere tilsette i staten, fordi begge verksemdene er statsetatar.

Post 24 Driftsresultat

(i 1 000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
24.1	Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-2 767 309	-2 719 876	-3 227 519
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	989 182	966 976	1 156 002
24.3	Avskrivningar	423 193	397 399	594 011
24.4	Renter av staten sin kapital	23 120	51 327	52 298
24.5	Til investeringsformål	923 676	900 000	900 000
24.6	Til reguleringsfondet	61 716	-43 248	-23 248
	Sum post 24	-346 422	-447 422	-548 456

Resultatrekneskapen omfattar berre den delen av drifta som kjem inn under Statsbyggs eige kapittel (kap. 2445 Statsbygg) i statsrekneskapen. På same måte omfattar balansen berre dei bygningane som Statsbygg forvaltar, der nesten alle er inntektsgivande eigedomar innanfor statens husleigeordning.

Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving

Inntektene er i hovudsak husleige frå statlege leigetakarar og inntekter frå sal av eigedomar. Auken i inntekter kjem i hovudsak av leigeinntekter frå fengselseigedomane.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Driftsutgiftene dekkjer utgifter til Statsbygg sin administrasjon og drift, planlagt vedlikehald og forvaltning av eigedomsmassen. Statsbygg har òg ansvar for å forvalte einskilde ikkje-inntektsgivande eigedomar utan særskild løyving. Utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av denne eigedomsmassen vert dekte av midlar frå dei inntektsgivande eigedomane. Auken i utgifter kjem i hovudsak av at drift og vedlikehald av fengselseigedomane vert Statsbygg sitt ansvar frå og med 2009.

Underpost 24.3 Avskrivningar

Alle aktiva som kan avskrivast, vert avskrivne lineært, men med ulik avskrivningstid. Avskrivning følgjer den praksisen som er presentert mellom anna i St.prp. nr. 1 (2007–2008). Fengselseigedomane er verdivurderte og vert lagde inn i Statsbygg balanse frå 2009 med ein verdi på 5,1 mrd. kroner. Fengselsbygningar eldre enn 20 år vert avskrivne over 30 år. Bygningar yngre enn 20 år vert avskrivne over 40 år.

Underpost 24.4 Renter

Løyvinga er i samsvar med gjeldande retningslinjer for utrekning av renter i statlege forvaltningsbedrifter.

Underpost 24.5 Til investeringsformål

Posten gjeld avsetning til investeringsføremål, jf. omtale under kap. 5445 post 39. Avsetjinga utgjer Statsbygg si eigenfinansiering av byggjeprojekta. Gevinst ved sal av eigedom vert òg ført på denne posten.

Underpost 24.6 Til reguleringsfondet

I 2009 er det lagt opp til å bruke 23,2 mill. kroner av reguleringsfondet. Fondet vert nytta til å kompensere eventuelle avvik i driftsinntekter og driftsutgifter. Vidare skal fondet dekkje eventuelle skadetilfelle på eigedomane Statsbygg forvaltar. Med heimel i fullmakta som gir Statsbygg løyve til å overskride årlege løyvingar, kan Statsbygg òg nytte midlar frå fondet til å utvide ramma for investeringsbudsjettet under kap. 2445 Statsbygg, jf. framlegg til fullmaktsvedtak VII og XI.

Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast

Løyvinga dekkjer prosjektering av bygg fram til fullført forprosjekt. I tillegg til prosjektering av ulike kurentprosjekt, vil det gå føre seg prosjektering på følgjande ordinære prosjekt i 2009: ny politihøgskole i Oslo, Stavanger tinghus og Regjeringa sitt sikkerheitsanlegg (RSE).

Post 31 Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt, kan overførast

Posten vert nytta til igangsetjing av prosjekt som skal leigast ut og forvaltast av Statsbygg, der leigetakaren må ha heil eller delvis husleigekompensasjon.

I 2009 vert det foreslått å setje i gang to nye ordinære byggjeprojekt. Dette er Gulating lagmannsrett under Justisdepartementet med ei foreslått løyving på 20 mill. kroner og Høgskolen i Oslo, patologibygget i Pilestredet Park (sjukepleieutdanninga) under Kunnskapsdepartementet med ei foreslått løyving på 20 mill. kroner.

I tillegg til desse to prosjekta er det avsett 187,5 mill. kroner til etablering av tre bu- og omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøklarar under 15 år. Barne- og likestillingsdepartementet er oppdragsgivande departement, og det auka behovet for omsorgssenterplassar til denne gruppa asylsøklarar er omtalt i budsjettproposisjonen for Barne- og likestillingsdepartementet. Sentra er så langt ikkje ferdig prosjekterte. Forslaget til løyving er basert på røynslene frå etablering av senter med om lag 30 plassar per senter i lokale som er ombygde. Målet er at omsorgssentera skal stå ferdige i 2009. Vert det trong for nybygg, vil kostnadene kunne auke, og det vil truleg ta lengre tid å ferdigstille prosjekta.

Gulating lagmannsrett

På grunn av utvida arealbehov for tingretten og lagmannsretten i Bergen, vert det lagt fram forslag om lokalisering av Gulating lagmannsrett i eit nytt bygg i Bergen. Nye Gulating lagmannsrett vil bli oppført sentralt i Rådhuskvartalet i Bergen. Det vert foreslått ei kostnadsramme på 410,9 mill. kroner (prisnivå pr. 01.07.2009). Styringsramma er sett til 376 mill. kroner. Etter planen skal prosjektet vere ferdig i 2011. Prosjektet er òg omtalt i budsjettproposisjonen for Justisdepartementet.

Høgskolen i Oslo, patologibygget i Pilestredet Park (sjukepleieutdanninga)

Statsbygg har, på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, prosjektert ombygging og rehabilitering av patologibygget i Pilestredet Park for innpassing av Høgskolen i Oslo, avdeling for sjukepleie. Administrasjon og lokale for Studentsamskipnaden skal òg innpassast i bygget. Forprosjektet var ferdig i mars 2004. Som følge av at det er fleire år sidan kostnadsramma vart utrekna, må grunnlaget for ramma gjennomgåast på nytt. Kostnads- og styringsramma frå 2004 er etter prisomrekning 668,6 og 588,1 mill. kroner (per 01.07.2009). Regjeringa vil etter at grunnlaget er gjennomgått på nytt, komme tilbake med forslag til ei oppdatert kostnadsramme i revidert nasjonalbudsjett for 2009. Bygget er venta ferdigstilt i løpet av 2013. Prosjektet er omtalt i budsjettproposisjonen for Kunnskapsdepartementet.

Post 32 Igangsetjing av kurantprosjekt, kan overførast

Løyvinga omfattar midlar til byggjestart for prosjekt som skal forvaltest av Statsbygg, der leigetakaren eller det ansvarlege fagdepartementet dekkjer den tilhøyrande husleiga innanfor eksisterande økonomiske rammer (kurante byggjeprojekt). Prosjekta vert gjennomførte med bakgrunn i husleigeavtalar mellom Statsbygg og leigetakarane. Ordninga vert regulert i fullmakta som omhandlar gjennomføring av byggjeprojekt utan framlegging

av eiga kostnadsramme for Stortinget (kurantordninga), jf. framlegg til fullmaktsvedtak X.

Post 33 Vidareføring av ordinære byggjeprojekt, kan overførast

Posten inneheld vidareføringsløyvingar til ordinære prosjekt som Stortinget tidlegare har vedteke å setje i gang. Bygga skal leigast ut og forvaltest av Statsbygg. Løyvinga for 2009 skal sikre optimal framdrift i desse prosjekta:

Tabell 2.4 Ordinære byggjeprojekt under kap. 2445

Prosjekt	(i mill. kr)			
	Kostnadsramme per 1.7.2009	Styringsramme per 1.7.2009	Løyvd tidlegare	Forslag 2009
<i>Bygg under KD:</i>				
Høgskolen i Vestfold	760,7	691,4	180,0	316,0
Samisk vitskapsbygg, Kautokeino	445,4	411,7	161,6	105,0
<i>Bygg under FAD:</i>				
Regjeringas representasjonsanlegg	315,4	287,3	273,8	13,5
Regjeringskvartalet, R6	948,3	871,1	88,0	125,0
Regjeringskvartalet fellesarbeid				9,0
Prosjekt i reklamasjonsfase				7,8
Sum samla forslag post 33				576,3

Kostnadsrammene for nye prosjekt vert kalkulerte på bakgrunn av eit gjennomført forprosjekt og fastsette slik at det skal vere 85 pst. sannsynleg at kostnadsrammene vert haldne. Gjennomføringa av prosjekta skal likevel baserast på ei styringsramme som gir rom for 50 pst. risiko for overskriddingar. Differansen mellom kostnadsramma og styringsramma utgjer uvisseavsetninga i prosjektet.

Høgskolen i Vestfold

Høgskolen i Vestfold skal samlast på Bakkenteigen i Horten kommune. Bruttoarealet for nybygget er på 16 626 kvadratmeter og ombygginga er på 2 344 kvadratmeter. Revidert kostnadsramme vart vedteken ved handsaminga av St.prp. nr. 6 (2007–2008). Byggjestart var 1. kvartal 2008 og framdrifta på prosjektet er no i samsvar med planane. Bygget skal stå ferdig til innflytting ved semesterstart hausten 2010.

Samisk vitskapsbygg i Kautokeino

Samisk vitskapsbygg skal romme Samisk høgskole, Nordisk Samisk Institutt, Samisk arkiv, Sametinget sine kontor i Kautokeino, Samisk spesialpedagogisk støtte, Gáldu kompetansesenter for rettane til urfolk og Internasjonalt fag- og formidlingssenter for reindrift. Arealet i bygget er 9 367 kvadratmeter. Prosjektet fekk oppstartsløyving ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 1 (2005–2006). Prosjektet er i byggjefasen med ei venta ferdigstilling våren 2009. Kostnadsramma på prosjektet vart auka i 2008 med 86,3 mill. kroner til 430,5 mill. kroner, og styringsramma vart sett til 398,8 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008).

Regjeringas representasjonsanlegg og statsministerbustad

Regjeringa sitt representasjonsanlegg fekk oppstartsløyving i samband med Stortingets handsaming av St.prp. nr. 65 (2003–2004). Anlegget omfattar eigedomane Inkognitogate 18, Ridder-

voldsgate 2, delar av Parkvegen 45, og i tillegg hagen i Parkvegen 45 og 47 i Oslo. Inkognitogate 18 skal vere bustad for statsministeren. Prosjektet hadde byggjestart i november 2006 og anlegget skal vere ferdig hausten 2008. Kostnads- og styringsramma er 315,4 og 287,3 mill. kroner. Per juni 2008 er 19 mill. kroner av den totale uvisseavsetjinga på 28,1 mill. kroner stilt til disposisjon for Statsbygg.

Utviding av Regjeringskvartalet – R6

Prosjektet fekk oppstartsløyving ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 1 (2007–2008). Prosjektet har eit bruttoareal på 21 162 kvadratmeter og omfattar eigedomane i Keyzers gate 6–8 og Teatergata 9. R6 vil i tillegg til kontorlokale for Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, omfatte datarom for Servicesenteret for departementa som skal tene heile Regjeringskvartalet. Byggjestart er planlagt våren 2009, og R6 vil venteleg stå ferdig 1. kvartal 2012.

Post 34 Vidareføring av kuranprosjekt, kan overførast

Løyvinga vert nytta til vidareføring av kuranprosjekt som er starta opp i tidlegare budsjetterminar. Kuranprosjekta er kjenneteikna ved at brukaren eller det ansvarlege fagdepartementet dekkjer den tilhøyrande husleiga innanfor sine gjeldande økonomiske rammer. Prosjekta inkluderer så vel tilpassing/rehabilitering av eksisterande lokale som tilbygg og nybygg. Det er for tida om lag 50 slike

byggjeprojekt, og i det etterføljande vert tre prosjekt kort omtalte.

Prosjektet Riksarkivet Fjellmagasin har til føremål å sikre ei utviding av magasinkapasiteten for arkivmateriale. Magasina vert bygde i fjellhallar ved administrasjonsbygningen på Kringsjø i Oslo. Prosjektet har ei styringsramme på 182 mill. kroner. Anlegget skal takast i bruk første halvår i 2009.

Fauske fengsel er eit prosjekt som har til føremål å byggje ei open soningsavdeling med 18 rom. Oppdragsgivar er Kriminalomsorga region nord. Prosjektet starta opp i 2007 og vert slutført i 2009. Prosjektet har ei styringsramme på 31,9 mill. kroner og sluttinvesteringa i 2009 er på 6,5 mill. kroner.

Statsbygg har fått i oppdrag av Utanriksdepartementet å utvide og utvikle ambassaden i New Dehli. Det er eit ønske å gjere ambassaden til ein «grøn» ambassade. Arkitekt er vald og skisseprosjektet skal vere ferdig hausten 2008. Styringsramma for prosjektet er på 20 mill. kroner og venta ferdigstilling er medio 2010.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal dekkje kostnader til mindre ombyggingar, utvidingar, brukartilpassingar og installering av tekniske anlegg av investeringsmessig karakter på alle eigedomar som Statsbygg forvaltar.

Post 49 Kjøp av eigedomar, kan overførast

Løyvinga vert nytta til kjøp av eigedomar og tomter i tilknytning til aktuelle byggjeprojekt.

Tabell 2.5 Statsbyggs balanse

	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Overslag 2008	Overslag 2009
Eigedelar:				
Omløpsmidlar	417 243	510 580	463 912	487 246
Sum omløpsmidlar	417 243	510 580	463 912	487 246
<i>Inntektsgivande eigedomar:</i>				
Bygg under arbeid	1 023 761	1 298 159	1 455 834	1 950 321
Ferdigstilte bygg/eigedomar	18 846 509	19 140 741	20 018 440	27 013 912
Sum inntektsgivande eigedomar	19 870 270	20 438 900	21 474 274	28 964 233
<i>Ikkje-inntektsgivande eigedomar:</i>				
Bygg under arbeid	63 837	39 869	39 869	39 869
Ferdigstilte bygg/eigedomar	83 630	83 630	83 630	83 630
Obligasjonar/leigebuarinnskot	30 865	30 865	30 865	30 865
Sum ikkje-inntektsgivande eigedomar	178 332	154 364	154 364	154 364

Tabell 2.5 Statsbyggs balanse

	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Overslag 2008	Overslag 2009
Inventar og utstyr	24 778	32 052	41 117	37 634
Sum anleggsmidler	20 073 380	20 625 316	21 669 755	29 156 231
Sum egedelar	20 490 623	21 135 896	22 133 667	29 643 477
Gjeld og egenkapital:				
Kortsiktig gjeld	175 360	206 980	206 980	206 980
Renteberande gjeld staten	1 132 653	822 122	947 710	1 456 884
Ikkje renteberande gjeld staten	260 889	253 206	253 206	253 206
Sum langsiktig gjeld	1 393 542	1 075 328	1 200 916	1 710 090
Reguleringsfond	241 884	303 600	195 985	161 237
Eigenkapital elles	18 679 837	19 549 988	20 529 786	27 565 170
Sum egenkapital	18 921 721	19 853 588	20 725 771	27 726 407
Sum gjeld og egenkapital	20 490 623	21 135 896	22 133 667	29 643 477

Auken i Statsbygg sin balanse for 2009 skuldast ferdigstilte prosjekt og at fengselsbygningane vert

innlemma. Fengselsbygningane vert førde inn i balansen med ein verdi på 5,1 mrd. kroner.

Kap. 5445 Statsbygg

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
30	Sal av eigedom	117 686		
39	Avsetning til investeringsformål	923 676	900 000	900 000
	Sum kap. 5445	1 041 362	900 000	900 000

Post 39 Avsetning til investeringsformål

Under denne posten er det ført avsetningar til investeringsføremål til inntekt i statsrekneskapen, jf. omtale under kap. 2445 post 24, underpost 24.5.

Kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
40	Salsinntekter, Fornebu	108 847		23 600
	Sum kap. 5446	108 847		23 600

Post 40 Salsinntekter, Fornebu

Alle kjøparar av eigedom på Fornebu skal vere med å betale for utbygginga av infrastruktur etter

ein bestemt fordelingsnøkkel. Inntekter under denne posten vil i 2009 omfatte innbetalingar i samband med infrastrukturbidrag frå tidlegare sal av eigedomar.

Del III
Orienteringar

3 Omtale av særlege emne

Oppmodingsvedtak nr. 247

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for å øke takten i bredbåndsutbyggingen slik at målet om bredbånd til alle husstander, bedrifter og offentlege institusjoner kan nås i løpet av 2007. Regjeringen bes kommentere status for framdrift i budsjettene.»

Konsulentselskapet Teleplan har på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet oppdatert status og prognosar for breibandsutviklinga i Noreg per 31.03.2008. Det er henta inn informasjon frå alle utbyggjarar/tilbydarar som har eigen infrastruktur for breiband. Det er òg henta inn informasjon om dekning og breibandsutbygging frå Høykom-sekretariatet og ansvarlege for forvaltning av statlege midlar knytte til breibandsutbygging i fylke og kommunar. Undersøkinga gir estimat for breibandsdekninga i alle norske kommunar per 31.03.2008 og 31.12.2008. I tillegg gir undersøkinga estimat for kor mange aksessar som er bygde og vil bli bygde med utgangspunkt i dei statlege breibandsløyvingane i perioden 2006–2007.

Teleplan har i undersøkinga definert breiband som kapasitetar over 640 kbit/s. Kapasitetsgrensa er Teleplan si tolking av den bruksorienterte breibandsdefinisjonen Stortinget vedtok i samband med handsaming av breibandsmeldinga (St.meld. nr. 49 (2002–2003) Breiband for kunnskap og vekst). Denne definisjonen stiller krav til høve til å overføre levande bilete, og Teleplan har lagt til grunn den kapasiteten som trengst for å overføre direkte sendingar frå Stortinget – 640 kbit/s.

Rapporten frå Teleplan viser at 99,6 pst. av husstandane i Noreg hadde tilgang til breiband i mars 2008. Dette talet inkluderer òg mobilt breiband. Mobilt breiband gir per i dag ikkje garantert breibandskapasitet etter Teleplan sin definisjon, men som for andre breibandsteknologiar skjer det ei kontinuerleg teknologiutvikling som ifølgje Teleplan vil gi betre kapasitet over tid. Undersøkinga viser òg at 97,8 pst. av husstandane per mars 2008 hadde fast breibandsaksess. I følgje rapporten vil 99,8 pst. av husstandane ha eit breibandstilbod, fast eller mobilt, per 31.12.2008. Talet for faste breibandstilknytingar per 31.12.2008 er estimert til 98,8 pst.

Totalt er det i perioden 2006–2007 løyvt om lag 374 mill. kroner i statleg stønad til breibandsinfrastruktur. I tillegg kjem omfattande eigenfinansiering frå fylke, kommunar og utbyggjarar/tilbydarar. Rapporten viser at det med desse midlane totalt vil bli bygd om lag 96 000 breibandsaksessar til ein total prosjektkostnad av om lag 850 mill. kroner. Dette utgjer om lag 4,7 pst. av husstandane i Noreg. Tabellen under syner korleis desse breibandsaksessane fordeler seg på fylke.

Rapporten inkluderer ikkje effekten av løyvinga til breibandsutbygging over Kommunal- og regionaldepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine budsjett for 2008 etter som desse midlane truleg ikkje vil få effekt før i 2009. Til saman 188 mill. kroner er her øyremerkte breibandsutbygging, noko som vil utløyse ein minst like stor sum frå lokale styresmakter og næringsliv.

Fylke	Antall bredbåndsaksesser, realisert og planlagt realisert, knyttet til prosjekter delfinansiert av bevilgninger fra Høykom/FAD og KRD	Prosentandel husstander, realisert og planlagt realisert, knyttet til prosjekter delfinansiert av bevilgninger fra Høykom/FAD og KRD
Akershus	0	0 %
Aust-Agder	3 400	8 %
Buskerud	5 300	5 %
Finnmark	4 700	15 %
Hedmark	11 950	14 %
Hordaland	5 300	3 %
Møre- og Romsdal	7 000	7 %
Nordland	7 900	8 %
Nord-Trøndelag	4 350	8 %
Oppland	2 200	3 %
Oslo	0	0
Rogaland	6 200	4 %
Sogn- og Fjordane	3 650	9 %
Sør-Trøndelag	2 550	2 %
Telemark	15 800	21 %
Troms	4 800	7 %
Vest Agder	4 400	6 %
Vestfold	0	0 %
Østfold	6 600	6 %
Totalt	96 100	4,7 %

Kjelde: Breibandsaksessar som vil bli realiserte med basis i løyvingar frå staten i 2006–2007 (Kjelde: Teleplan)

Undersøkinga frå Teleplan estimerer at ved utgangen av 2008 kan 94,1 pst. av husstandane få breiband via ADSL, 45 pst. via kabel-TV, 15,1 pst. via fiber, 30,5 pst. via fast radioaksess og 92,3 pst. via mobilt breiband.

Breibandspenetrasjonen (faktiske tilknytningar) i privatmarknaden var i første kvartal 2008 1 364 000 abonnentar eller om lag 65 pst. av hus-

standane (kjelde: Statistisk Sentralbyrå). Sidan fleire kan dele ei tilknytning, og ein del tilknytningar til husstandar kan vere registrerte på firma, slik at dei ikkje inngår i desse tala, er det reelle talet truleg høgare.

Tabellen under viser estimert breibandsdekning per fylke per 30.06.07, 31.03.08 og 31.12.2008.

	Bredbåndsdekning 30.06.2007		Bredbåndsdekning 31.03.2008		Bredbåndsdekning 31.12.2008	
	Ved fast aksess	Inkl. mobilt bredbånd	Ved fast aksess	Inkl. mobilt bredbånd	Ved fast aksess	Inkl. mobilt bredbånd
Akershus	96 %	99 %	97,9 %	≈100,0 %	98,4 %	≈100,0 %
Aust-Agder	96 %	>99,5 %	97,8 %	≈100,0 %	≈100,0 %	≈100,0 %
Buskerud	93 %	97 %	95,3 %	99,2 %	98,4 %	≈100,0 %
Finnmark	90 %	95 %	98,6 %	≈100,0 %	99,1 %	≈100,0 %
Hedmark	94 %	98 %	96,1 %	≈100,0 %	98,5 %	≈100,0 %
Hordaland	96 %	98 %	97,2 %	99,4 %	98,4 %	≈100,0 %
Møre- og Romsdal	97 %	98 %	99,0 %	≈100,0 %	99,3 %	≈100,0 %
Nordland	91 %	96 %	95,2 %	98,8 %	96,5 %	99,2 %
Nord-Trøndelag	94 %	97 %	97,5 %	99,5 %	98,5 %	≈100,0 %
Oppland	93 %	98 %	95,6 %	99,4 %	97,9 %	≈100,0 %
Oslo	99 %	≈100,0 %	≈100,0 %	≈100,0 %	≈100,0 %	≈100,0 %
Rogaland	98 %	99 %	99,2 %	≈100,0 %	≈100,0 %	≈100,0 %
Sogn- og Fjordane	95 %	97 %	96,0 %	98,6 %	97,6 %	99,1 %
Sør-Trøndelag	96 %	98 %	98,8 %	≈100,0 %	99,4 %	≈100,0 %
Telemark	91 %	98 %	96,2 %	99,0 %	99,1 %	≈100,0 %
Troms	91 %	94 %	96,4 %	98,2 %	97,9 %	99,0 %
Vest Agder	96 %	99 %	97,4 %	≈100,0 %	≈100,0 %	≈100,0 %
Vestfold	98 %	>99,5 %	98,9 %	≈100,0 %	99,0 %	≈100,0 %
Østfold	96 %	>99,5 %	98,5 %	≈100,0 %	98,6 %	≈100,0 %
Norge totalt	95,5 %	98,3 %	97,8 %	99,6 %	98,8 %	99,8 %

Kjelde: Estimert fylkesvis dekning for breiband blant husstandar i prosent av totalt tal husstandar (Kjelde: Teleplan)

Sektorovergripande miljøvernpolitikk

Servicesenteret for departementa

Servicesenteret for departementa innførte i 2005 eit system for miljøstyring, og systemet er under kontinuerleg utvikling. Føremålet med utviklingsarbeidet er å betre miljøstyringa internt i verksemda, kvalitetssikre miljødata og gi støtte til miljøstyringa i departementa.

I Servicesenteret for departementa sin handlingsplan for perioden 2008–2010, er det sett som mål at verksemda skal ha minst mogleg miljøpåverknad. For å støtte opp under dette, vil verksemda satse på følgjande miljøtiltak:

- auka satsing på elektronisk web-kommunikasjon og sakshandsaming framfor fysisk distribusjon av informasjon
- auka bruk av videokonferansar
- betre kjeldesortering

Det er eit generelt mål for Servicesenteret for departementa å redusere papirbruken i departementsfellesskapet. For å få til dette vil verksemda stimulere til auka elektronisk publisering av regjeringas publikasjonar, «trykk etter behov» i staden for publikasjonslager, i tillegg til å satse på elektronisk sakshandsaming gjennom utviklingsarbeidet knytt til Depsak. Verksemda vil òg fokusere på kopipapirbruken ved å foreslå endra praksis når det gjeld utskrifter.

Servicesenteret for departementa vil tilby departementsfellesskapet informasjon om sitt eige videokonferansetilbod, og styrkje innsatsen knytt til opplæring i bruken av desse systema. Elles vil ei vidareutvikling av systemet for møteromsreservasjon gjere det enklare å få inn videokonferansar som ein naturleg del av møteverksemda i departementa.

I forhold til kjeldesortering vil verksemda arbeide for å vidareutvikle returpunktta og søkje å

få fleire fraksjonar kjeldesorterte nærare brukarane i departementa.

Servicesenteret for departementa vil i løpet av 2008 ha vidareutvikla systemet for miljøleiving, slik at det vert integrert i det resterande HMS-arbeidet i verksemda.

Statsbygg

Statsbygg arbeider aktivt med miljøspørsmål både som byggherre, eigedomsforvaltar, eigedomsutviklar og rådgivar. Dette gjer at Statsbygg møter miljøutfordringar på mange område i eiga verksemd og i samarbeid med andre aktørar mellom anna byggjenæringa.

Viktige miljøutfordringar

Farlege stoff

Bygg- og anleggsnæringa nyttar rundt 50 000 ulike produkt og 19 pst. av desse er klassifiserte som helse- og miljøskadelege. Styresmaktene har prioritert å redusere eller fase ut bruken av eit utval av desse stoffa.

Energiforbruk

Oppføring av nybygg er ei viktig årsak til auka energibruk i Noreg. Det er utfordringar knytte til utforming og tekniske løysingar for nye bygg, og til energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse. Bruk av fossilt brennstoff som energikjelde for oppvarming i offentlege bygg har ein klimapåverknad.

Material- og ressursforbruk

Byggjenæringa bruker store mengder byggjematerialar og er årleg opphav til over 1,5 mill. tonn byggavfall, eller om lag 15 pst. av dei totale avfallsmengdene i Noreg. Byggavfallet er svært ulikt samansett, noko av dette har ei klart uheldig miljøbelastning om det ikkje vert teke hand om på ein riktig måte. Det beste tiltaket for å redusere avfallsmengdene er å hindre at avfall oppstår. Det kan bli gjort gjennom betre planlegging og prosjektering, betre utføring av arbeid på byggeplass, betre lagring og organisering av byggevarer på byggeplass, o.a.

Frå 01.01.2008 er det krav om minst 60 pst. kjeldesortering ved nybygg og rehabilitering av eldre bygg. Statsbygg har hatt dette som eit internt mål i fleire år, og har også nådd dette målet. Dei tyngste avfallskomponentane er betong, tegl, tre og metall.

Store mengder materialar vert skifta ut etter kort tid som følge av vass- og fuktskadar. Byggjekostnadsprogrammet har vurdert at fukt- og vassrelaterte byggjeskadar årleg kostar 12-15 mrd. kroner. Byggjematerialar med rett kvalitet og innslag av resirkulerte materialar er viktige element for å få ned ressursbruken i byggjenæringa.

Klimaendring

Noreg skal redusere utslepp av klimagassar. Undersøkingar viser at bygg- og anleggsnæringa står for 13,5 pst. av klimapåverknaden i landet, under føresetnad av at ein ikkje reknar utslepp på bruk av elektrisk straum. Om lag 7 pst. av klimagassutsleppa i Noreg kjem frå produksjonen av byggjematerialar. Om lag 4 pst. av klimagassutsleppa kjem frå drift av bygg. Mange offentlege bygg nyttar olje som oppvarmingskjelde. Utbygging av fjernvarme og betre marknadsvilkår for bruk av varmepumper og biobrenselanlegg vil gjere det mogleg å redusere desse utsleppa. Heile 40 pst. av Noregs el-forbruk går til drift av bygningar.

Oppføring av nybygg er ei viktig årsak til auka energibruk i Noreg. Det er utfordringar knytte til utforming og tekniske løysingar for nye bygg, og til energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse. Trass i stort fokus på energibruk i både offentlege og private bygg dei siste 20-30 åra, har utviklinga i hovudsak gått i retning av auka energibruk per kvadratmeter.

Målsetjingar

For perioden 2005–2009 har Statsbygg følgjande mål:

- avgrense miljøbelastning ved val av produkt og materiale
- redusere miljøbelastninga som følge av avfallsproduksjon og -handtering
- redusere energibehov og energibruk i bygg
- implementere eit miljøstyringssystem som er sertifisert etter NS-EN ISO 14001

Resultat i 2007 i høve til fastsette miljømål

Dei fleste av miljømåla til Statsbygg som gjeld for perioden 2005–2009, ser ut til å bli nådde.

Det er utarbeidd ein miljørekneskap for Statsbygg for 2007. Leivinga gjennomfører ei vurdering av dei oppnådde resultata kvart år og tilpassar om det trengst tiltak, mål og styringssystem. Hovudresultata så langt i målperioden er:

FoU-satsing

Statsbygg si FOU-satsing var i 2007 på om lag 15 mill. kroner. Om lag 14 pst. av desse midlane var øyremerkte prosjekt som kan vere til hjelp for ei berekraftig utvikling innan byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa.

- innan miljø har Statsbygg prioritert klimautfordringa. Satsinga i 2007 var knytt til avslutning og bruk av resultatet frå eit toårig FOU-prosjekt, «Klimagassrekneskap for utbyggingsprosjekt. Utvikling av verktøy for utrekning og eksempel på eit klimarekneskap for del av Fornebu»
- i 2007 har også FoU-prosjektet «klimatilpassing av bygg» blitt fullført. Målet med prosjektet var å vidareutvikle utvalde typar av konstruksjonar og bygningsdetaljar, for å optimalisere design som toler klimaendringar. Resultata frå programmet er sentrale i den vidare utviklinga av kvalitetsnorma i Byggforskserien (utgitt av Sintef Byggforsk), som er det mest brukte kunnskapssystemet i byggjenæringa

Kompetanseheving

Det er gjennomført omfattande opplæringstiltak i organisasjonen for å auke kompetansen rundt alle tema i miljømåla.

Avgrensing av miljøbelastning ved val av produkt og materiale

- Statsbygg sine standardkontraktar set no krav til å unngå bruk av farlege stoff som er oppførde på styresmaktene si obs-liste. Det skal rapportereast til Statsbygg dersom leverandørar ønskjer å nytte slike stoff
- Statsbygg har innført forbod mot bruk av tropisk trevirke i bygg og på byggjeplassar for å redusere faren for bruk av trevirke frå regnskog. Resultata frå 2007 viser at dette kravet vert etterlevd

Redusere miljøbelastninga som følgje av avfallsproduksjon og -handtering

- det er utvikla eigne prosjekteringsrettleiingar for riveoppdrag. Desse rettleiingane vert nytta i alle relevante prosjekt
- det er innført krav til kjeldesortering, avfallsmengder og kvartalsvise avfallsrekneskapar i alle byggjeprosjekta. Resultat frå 2007 viser at ein ligg godt an i høve til målsetjinga om 60 pst. kjeldesortering

Redusere energibehov og energibruk i bygg

Statsbygg har gjort vedtak om å ta i bruk ny teknisk forskrift som kom i 2007 før overgangsperioden til juli 2009 er over. Det er også vedteke å bruke tiltaksmetoden i forskrifta som basis for energikrav. Det er innført krav om energimål for alle nye byggjeprosjekt. I snitt ligg måla på 180 kwh/m². Statsbygg har lagt desse krava til grunn i sin miljøhandlingsplan. Statsbygg har også eit resultatkrav for energibruk i heile eigedomsmassen, jf. omtalen under programkategori 01.80 Statsbygg. Energibruken skal vere maksimalt 210 kwh/m². Energiforbruket var i 2007 om lag 202,9 kwh/m², som er lågare enn resultatkravet.

Innføre miljøstyringssystem

Statsbygg er miljøsertifisert etter miljøstandarden ISO 14001 og arbeider kontinuerleg med oppfølging av miljømåla, interne miljørevisjonar, kompetanseoppbygging og ikkje minst med vidareutvikling av prosedyrar, miljøkrav i kontraktar og rapporteringsmalar.

Aktuelle miljøtiltak på kort og lang sikt

I 2009 er følgjande tiltak planlagde:

- styrking av miljøkompetansen internt i organisasjonen, hos eksterne samarbeidspartnarar og leietakarar. Miljøkompetanse i Statsbygg sin eigen organisasjon er viktig, men Statsbygg er òg avhengig av miljøkompetansen i bransjen og hos leverandørar. Utvikling av miljøkompetanse i bransjen er derfor eit fokusområde
- vidareutvikle og vedlikehalde miljøstyringssystemet
- medverke til berekraftig utvikling
- utarbeide og realisere klimastrategi og klimamål for Statsbygg
- vidareutvikle systematikk i høve til miljøvern ved innkjøp av varer og tenester i statlege bygg
- vidareutvikle miljøomsyn i kontraktrutar

Grøn stat

Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg vekt på at alle underliggjande etatar innarbeider system for miljøleing i verksemda og at etatar som gjennom sin aktivitet har vesentleg miljøpåverknad, vert tredjeparts miljøsertifiserte. Per 2008 er Statsbygg og Fylkesmannen i Sør-Trøndelag sertifiserte etter ISO 140001 standarden.

Statsbygg

Statsbygg har innført miljøeiing som ein integrert del av styringssystema i organisasjonen. Prinsippa i miljøstandarden ISO 14001 er nytta som basis for miljøeiingssystemet. Denne standarden krev at organisasjonen gjennomfører ei kartlegging av dei viktigaste miljøpåverknadene og set seg miljømål for å forbetre desse. Vidare krev standarden at organisasjonen vurderer arbeids- og innkjøpsprosedyrane for å sikre viktige miljøomsyn. Statsbygg vil framover ha fokus på å vidareutvikle og vedlikehalde miljøeiingssystemet.

Direktoratet for forvaltning og IKT

Direktoratet for forvaltning og IKT har ansvar for å leggje til rette for utvikling av innkjøpsnettverk i offentlig sektor. Dette skal skje i samarbeid med brukarane og skal styrkje eit heilskapleg nettbasert informasjons- og kommunikasjonstilbod for offentlege innkjøp.

Direktoratet for forvaltning og IKT har vidare ansvar for å setje i verk regjeringa sin politikk på området miljøansvar ved offentlege innkjøp og miljøeiingssystem. I dette arbeidet er det lagt opp til at fylkesmennene rundt om i landet skal ta initiativ til å etablere innkjøpsnettverk. I samband med dette skal det mellom anna givast opplæring i bruk av dei nye kriteria for miljøomsyn ved offentlege innkjøp.

Fylkesmennene

Alle fylkesmennene har innarbeidd system for miljøeiing i verksemda og vidareutviklar arbeidet i samsvar med sentrale retningslinjer.

Konkurransetilsynet

Konkurransetilsynet har innført miljøeiing i verksemda og rapporterer årleg på målområda avfall, transport, energi og innkjøp. Tilsynet har i tillegg etablert ein god infrastruktur for bruk av videokonferanse og har innarbeidd denne arbeidsforma i verksemda si.

Statens pensjonskasse

Statens pensjonskasse er ei rein kontorbasert verksemd, der aktiviteten i liten grad skaper miljømessig risiko. Statens pensjonskasse har likevel gjennomført fleire mindre tiltak på miljøsida, spesielt

knytte til avfallshandtering og energiøkonomisering:

- det er etablert ordningar for forskriftsmessig gjenvinning av PC'ar og elektronisk materiell i tillegg til returpapir
- avfall som inneheld skadelege stoff (mellom anna PCB i lysrøyr) vert deponert på forskriftsmessig måte
- det vert kravd at innkjøp knytte til reinhald, papir o.a. skal vere miljømerkte
- det er etablert døgnstyring på energikrevjande system, som ventilasjon, oppvarming og PC-ar o.a.

Det er gjort justeringar av talet på lyspunkt, slik at straumforbruket vert lågare, mellom anna vert det ikkje nytta utvendig flombelysning

Oppfølging av § 1a i likestillingslova

Nedanfor følgjer ein omtale av arbeidet med likestilling i staten, likestilling internt i departementet og likestilling i Fornyings- og administrasjonsdepartementets underliggjande etatar.

Likestilling i staten

Likestilling mellom kvinner og menn i det statlege tariffområdet

Fornyings- og administrasjonsdepartementet er overordna arbeidsgivar og tariffpart i det statlege tariffområdet. Departementet har som overordna statleg arbeidsgivar eit særleg ansvar for å leggje til rette for at den statlege personalpolitikken fører til likestilling mellom kjønna. Det at arbeidslivet legg til rette for at alle får høve til å utfalde seg, er ein viktig føresetnad for likestilling mellom kvinner og menn.

Likestillingstiltaka innan det statlege området har dei siste åra særleg vore retta mot å fremje likelønn mellom kvinner og menn, og mot målet om 40 pst. representasjon av begge kjønn i leiande stillingar i staten.

Likelønn i staten

Når det gjeld lønn og kjønn, syner tal frå Statens Sentrale Tenestemannsregister (SST) for perioden 01.10.2003 til 01.10.2007 at kvinner har hatt ein høgare vekst enn menn i gjennomsnittleg inntening i månaden. I same periode har kvinnene auka sin del av utførte årsverk frå 42,7 pst. til 46,1 pst. Dette skuldast strukturelle endringar i det statlege tariffområdet.

Tabell 3.1 Tal årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste per årsverk 01.10.2003–01.10.2007

	Tal årsverk		Endring 2003–2007	Gjennomsnittleg mnd.forteneste per årsverk		Endring 2003–2007
	01.10.2003	01.10.2007		01.10.2003	01.10.2007	
Alle	115 679	123 439	6,7%	27 388	32 382	18,2%
Kvinner	49 386	56 960	15,3%	25 395	30 639	20,6%
Menn	66 294	66 478	0,3%	28 873	33 880	17,3%

Det statlege tariffområdet er den sektoren som har minst skilnad i lønn mellom kvinner og menn. Nokre delar av andre sektorar har mindre skilnad, men her er kvinne delen av samla tal tilsette høgare. Rapport frå Teknisk berekningsutval av 04.04.2008 syner at kvinner har ei gjennomsnittleg årslønn på 91,4 pst. av det menn har. Berekningane byggjer på heiltidstilsette/heiltidsekvivalentar.

I hovudtariffoppgjeret for 2008–2010 vart dei sentrale partane i staten einige om å leggje større tyngd på likelønnsutfordringane i samanheng med den lokale lønnsdanninga i tariffområdet. Dette vart gjort i samband med at Likelønnskommisjonen la fram sin rapport (NOU 2008:6 Kjønn og lønn. Fakta, analyser og virkemidler for likelønn). Hovudtariffavtalen har mellom anna denne ordlyden: «den lokale lønnspolitikken utformes slik at likelønn, midlertidige ansatte og ansatte i permisjon skal ivaretas».

I samband med dei lokale forhandlingane skal kvinner ha ein større del av potten enn ei pro rata fordeling vil måtte gi. I forhandlingane bør det leggjast særleg vekt på å vurdere tilhøvet mellom innplassering av kvinner og menn i/og mellom stillingskodar ut frå tilsvarande kvalifikasjonar, oppgåver og ansvar. I tillegg skal arbeidstakarar som har permisjon med løn, kome inn under forhandlingane, og skal vurderast med omsyn til løn. Arbeidstakarar som før verknadstidspunktet har teke til att i tenesta etter foreldrepermisjon utan løn, jf. arbeidsmiljølova § 12–5, eller omsorgspermisjon utan løn, jf. fellesføresegnene § 20 nr. 6, skal vurderast med omsyn til lønn.

Nytt i den nye hovudtariffavtalen er òg at verksemdene skal ta sjølvstendig ansvar med å rette

opp forskjell i løn som har samanheng med kjønn, slik at der dokumenterte lønsskilnader ikkje kan forklarast med anna enn kjønn, skal arbeidsgivaren i samråd med dei tillitsvalde rette opp lønsskilnadene i medhald av likestillingslova § 5.

Innrettinga på oppgjeret gav og ein god kvinneprofil, mellom anna vart grupper på lønsrammer og justering av dei lågaste lønstrinn på alle direkte plasserte stillingar tilgodesett.

Kvinner til leiarstillingar

I det statlege tariffområdet har kvinne delen samla sett vore aukande frå 2001 til 2007, frå 29 pst. i 2001 til 37 pst. ved utgangen av 2007. Det totale talet på kvinner har hatt ein svak auke. Kjønnfordelinga i statleg sektor sett under eitt er tilfredstillande og utviklinga er positiv frå eit likestillingsperspektiv. Det har difor ikkje vore naudsynt å gjere noko for å auke delen av kvinner i statleg forvaltning generelt. Nokre statlege etatar kan likevel ha utfordringar i høve til ei god fordeling mellom kjønna, og tiltak må difor skje på den einskilte arbeidsplass.

Ulike regjeringar har sett det som lite tilfredstillande at kvinne delen i leiande stillingar i statleg sektor har vore for låg. Det har sidan 2001 vore en auke i kvinner i leiande stillingar i staten, og det vert arbeid vidare for å auke prosentandelen. Ved utgangen av 2007 var 37 pst. av dei om lag 10 000 leiarane i staten kvinner. I toppleiarstillingane er kjønnfordelinga dårlegare. Av dei om lag 300 toppleiarane med leiarlønnskontrakt i staten var 27 pst. kvinner ved utgangen av 2007. Innsatsen dei siste åra har derfor særleg vore retta mot å auke kvinne delen i desse viktige stillingane.

Tabell 3.2 Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2004–2007

Leiargrupper	Kjønn	1.1.04	1.1.05	1.1.06	1.1.07
Alle leiarar i staten	Kvinner	34	36	37	38
	Menn	66	64	63	62
Toppleiarar	Kvinner	23	25	27	27
	Menn	77	75	73	73

Kjelde: Statens sentrale tenestemannsregister

Likestilling internt i Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Departementet tilstrevar likestilling gjennom rekrutterings- og lønspolitikk, kompetanseutvikling, og i form av fleksibilitet og tilrettelegging av arbeidssituasjonen.

Per 31.12.2007 var det 221 tilsette, 122 menn og 99 kvinner. I løpet av 2007 vart det tilsett 20 medarbeidarar i faste stillingar, av desse 7 kvinner og 13 menn. Kjønnsfordelinga innåt i dei ulike avdelingane varierer og har eksempelvis ein prosentdel kvinner frå 22,2 pst. til 60 pst.

Kjønn fordelt på ulike stillingskategoriar

Departementet har ei overvekt av menn i dei øvste stillingsgruppene. I toppleiargruppa og blant leiarar på mellomleiar nivå var det per 31.12.2007 høvesvis 62,5 pst. og 77,2 pst. menn. Det var sameleis ei overvekt av menn i gruppa av seniorrådgivarar, mens kjønnsfordelinga i gruppa av rådgivarar var relativt jamn. Det var vidare ei klår overvekt av kvinner i dei lågaste stillingsgruppene.

Løn

Per 31.12.2007 var gjennomsnittsløna for menn 8,4 lønstrinn høgare enn gjennomsnittsløna for kvinner. Forskjellen i gjennomsnittsløn kan i hovudsak forklarast med ei hovudvekt av menn i dei øvste stillingskategoriane og høgare gjennomsnittsalder for menn. Innåt i dei ulike stillingskategoriane der begge kjønn var representerte, hadde menn høgare gjennomsnittsløn i gruppa av seniorrådgivarar og konsulentar og kvinner høgare gjennomsnittsløn i gruppa av rådgivarar og førstekonsulentar.

Dei lokale lønsforhandlingane etter HTA pkt. 2.3.3 medførte lønsopprykk for 29 kvinner og 33 menn. Av dei totale lønsmidlane gjekk 58,3 pst. til kvinner. Det var fleire menn enn kvinner som fekk lønsopprykk etter HTA pkt. 2.3.4. i 2007.

Deltaking i prosjekt og arbeidsgrupper

Fleire tilsette i departementet deltek i ulike interne, interdepartementale, nasjonale og internasjonale arbeidsgrupper og prosjekt. Den samla oversikta for 2007 viser ei overvekt av menn i slike arbeidsgrupper og prosjekt.

Overtid

Menn arbeidde meir overtid enn kvinner, både m.o.t. tal på overtidstimar og tal på medarbeidarar som arbeidde overtid.

Deltid

Ved utgangen av 2007 arbeidde 11 pst. av kvinnene og 4 pst. av mennene deltid.

Likestilling i politikkområda under Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Nedanfor følgjer ei nærmare orientering om arbeidet med likestilling i enkelte av departementets underliggjande etatar.

Datatilsynet/personvernområdet

Personvern handlar om å verne om den personlege integriteten og privatlivet til det einskilde menneske, uavhengig av kjønn. Oppdraget til Datatilsynet er såleis kjønnsnøytralt. Datatilsynet sitt arbeid overfor dei enkelte verksemdene kan likevel ha større personvernverdi for det eine kjønnnet enn det andre, fordi verksemdene enkeltvis rettar seg mest mot det eine kjønnnet. Dette må Datatilsynet vere merksam på i sitt arbeid som dekkjer alle samfunnssektorar, slik at det ikkje oppstår utilsikta kjønnsforskjellar mellom menn og kvinner når det gjeld personvern.

Fylkesmannsembeta

Fylkesmannen arbeider innanfor ei rekkje fagområde som har stor relevans for kommunane sitt arbeid og i høve til tenesteyting til borgarane, til dømes innanfor landbruk, miljø, utdanning, helse og på barne- og familieområdet. Fylkesmannen arbeider aktivt og målretta for å fremje likestilling og påverke kommunane til det same på alle politikkområda.

Opplæringa av embeta når det gjeld aktivitetsplikta, vil bli følgd opp i 2009. Fylkesmannen stimulerer til lokalt omstillings- og fornyingsarbeid. Fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying vert sett i samband med arbeidet knytt til likestilling. Det må gjerast ei særskild vurdering innanfor dei spesifikke fagområda for å sjå om det trengst kjønns spesifikke tiltak. Dette er delegert til fylkesmennene.

Statsbygg

Statsbygg er ein viktig bidragsytar innan statleg tenesteproduksjon og forvaltning, mellom anna gjennom rådgiving, byggherrearbeid, forvaltning av statleg eigedom, utviklingsprosjekt og arealplanlegging. Det er ei sentral utfordring å jamleg tilpasse eigedomsmassen til det brukarane treng, men ivaretaking av likestillingsomsyn er ikkje noka stor problemstilling. Det at eigedomar skal vere lagde til rette for begge kjønn, er sjølvsagt. Derimot rettar etaten no fokus mot ivaretaking av personar med nedsett funksjonsevne og universell utforming av dei bygga som Statsbygg byggjer og/eller forvaltar, og deltaking i prosjekt innan moderat kvotering av innvandrarar.

Statens pensjonskasse

Det er fleire aspekt knytte til kjønnsnøytralitet innanfor pensjon og forsikring. I hovudtrekk går det på to element; kostnader for arbeidsgivar og storleiken på ytinga for mottakar. For at ei ordning skal kunne kallast kjønnsnøytral må:

- dei faste ytingane vere like for begge kjønn
- arbeidsgivar betale lik premie uavhengig av kjønn.

Utfordringa ligg på risikoelementa. Kvinner lever lenger og har høgare risiko for å verte uføre. Dette fører til at krava til forsikringsmessig avsetning til alders- og uførepensjon er høgare for kvinner enn for menn. Når det gjeld etterlatnedekning er situasjonen motsett. Fordi kvinner lever lenger enn menn er kostnaden for etterlatnedekning for ein kvinneleg tilsett lågare enn for ein mannleg tilsett. Dette vert fanga opp forsikringsmessig gjennom bransjetariffen. Ut frå reelle erfaringsbaserte skilnader i risikoelementa mellom kvinner og menn, er det ein motsetnad mellom det å ha like faste ytingar for begge kjønn og det at arbeidsgivar skal betale lik premie uavhengig av kjønn. Skal premien vere lik må krava til dei forsikringsmessige avsetningane vere like. Kvinner vil i så fall få ei lågare fast yting, men over fleire år enn menn. Skal den faste ytinga vere lik, vert premien ulik.

Bruttoordninga i Statens Pensjonskasse er kjønnsnøytral for medlemene fordi den faste pensjonen er lik for kvinner og menn. Det same gjeld for netto ytingsbaserte pensjonar i marknaden elles. Når det gjeld kostnaden for arbeidsgivar er den ikkje kjønnsnøytral. For dei av Statens Pensjonskasse sine kundar som har fiktive fond vil den einskilde kunden kunne påverke premien gjennom å endre kjønnsfordelinga blant dei tilsette. Tilsvarende vil det vere for netto ytingsordningar i marknaden elles. For dei av Statens Pensjonskasse sine kundar som er ein del av eit premiefellesskap, vil ikkje kvar kunde sjølv kunne påverke kostnaden for si verksemd direkte, men for fellesskapet. Kjønnsnøytraliteten ligg i synleggjeringa av tala og kunden sitt høve til å påverke/diskriminere på grunnlag av kjønn. Dei reelle underliggjande skilnadene i levealder og uføreuttak er gjeldande og vert tekne omsyn til, men på eit aggregert nivå.

Nedanfor blir storleikar viste frå Statens Pensjonskasse sin statistikk for 2006, fordelte på kjønn.

Pensjonsart	Brutto utbetalt %	Mengda pensjonar	Mengda pensjonar %
Uførepensjon			
Menn	8,8%	17 854	8,0%
Kvinner	13,1%	37 193	16,7%
Enkje/enkjemannspensjon			
Menn	0,7%	5 700	2,6%
Kvinner	14,2%	40 196	18,1%
Annan pensjon			

Pensjonsart	Brutto utbetalt %	Mengda pensjonar	Mengda pensjonar %
Menn	41,7%	66 598	29,9%
Kvinner	21,5%	55 029	24,7%
Sum			
Menn	51,2%	90 152	40,5%
Kvinner	48,8%	132 418	59,5%
Totalt	100,0%	222 570	100,0%

Annan pensjon består av alderspensjon, avtalefesta pensjon, spesiell førtidspensjon og barnepensjon.

EFTA-domstolen krev i ein dom av 30. oktober 2007 at enkjer og enkjemenn etter medlem i Statens Pensjonskasse vert likestilte. Bakgrunnen for saka er ei endring i lov om Statens Pensjonskasse frå 1. oktober 1976. Då fekk enkjemenn rett til pensjon sjølv om dei var forsørgde av ektemakane. Det vart òg laga ein regel om reduksjon av pensjonane når gjenlevande har inntekt frå arbeid, eller har alders- eller uførepensjon. Reglane om reduksjon

av pensjonane for inntekt vart ikkje gjort gjeldande for kvinner som er gifte med menn med medlemskap i pensjonsordninga før 1. oktober 1976. Disse fekk behalde ein rett til uredusert enkjepensjon. Alle enkjemenn vart omfatta av dei nye reglane, sidan rettane for menn vart styrkte. EFTA-domstolen meiner overgangsordninga for kvinnene strir mot EU sitt likestillingsdirektiv. Dommen gjeld pensjonsrettar opptente etter 1. januar 1994. Regjeringa er einig i dommen, og vil så snart som mogleg fremje eit lovforslag om saka.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2009 vert dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a.	Sum utgifter under kap. 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470	kr	18 673 551 000
b.	Sum inntekter under kap. 4510–4581, 5445–5446, 5470 og 5607	kr	2 586 468 000

**Forslag
til vedtak om løyving for budsjettåret 2009,
kapitla 1–2, 1500–1582, 2445 og 2470, 4510–4581, 5445–5446,
5470 og 5607**

I
Utgifter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Det kongelege hus				
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga			
	01 Apanasje	8 751 000		
	50 Det kongelege hoff	127 778 000		
	51 Særskilde prosjekt ved Det kongelege hoff	15 683 000	152 212 000	
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa			
	01 Apanasje	6 536 000		
	50 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa sin stab mv.	14 753 000	21 289 000	
	Sum Det kongelege hus		173 501 000	
Administrasjon mv.				
1500	Fornyings- og administrasjonsdepartementet			
	01 Driftsutgifter	150 028 000		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	70 472 000		
	22 Forsking, <i>kan overførast</i>	13 000 000	233 500 000	
1503	Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde			
	70 Tilskot	86 141 000		
	71 Bidrag frå arbeidstakarane	26 945 000	113 086 000	
	Sum Administrasjon mv.		346 586 000	
Fylkesmannsembeta				
1510	Fylkesmannsembeta			
	01 Driftsutgifter	1 193 379 000		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	150 000 000	1 343 379 000	
	Sum Fylkesmannsembeta		1 343 379 000	
Forvaltnings- og IKT-utvikling				
1521	Direktoratet for forvaltning og IKT			
	01 Driftsutgifter	116 354 000		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	42 899 000		

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
	22	Miside, <i>kan overførast</i>	13 572 000	
	23	Elektronisk ID, <i>kan overførast</i>	80 000 000	252 825 000
1522		Servicesenteret for departementa		
	01	Driftsutgifter	339 366 000	
	22	Fellesutgifter for R-kvartalet	80 512 000	
	45	Større utstysinnkjøp og vedlike- hald, <i>kan overførast</i>	36 054 000	455 932 000
1523		Tilskott til kompetanseutvikling		
	70	Tilskott, <i>kan overførast</i>	14 000 000	14 000 000
		Sum Forvaltnings- og IKT-utvikling		722 757 000
Partistøtte				
1530		Tilskot til dei politiske partia		
	01	Driftsutgifter	990 000	
	70	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale organisasjonar	220 493 000	
	71	Tilskot til dei politiske partia sine kommunale organisasjonar	28 665 000	
	73	Tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar	62 609 000	
	75	Tilskot til partia sine fylkesungdoms- organisasjoner	17 797 000	
	76	Tilskot til dei politiske partia sine sentrale ungdomsorganisasjonar	6 649 000	337 203 000
		Sum Partistøtte		337 203 000
Pensjonar m.m.				
1541		Pensjonar av statskassa		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	21 700 000	21 700 000
1542		Tilskot til Statens Pensjonskasse		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	8 265 000 000	
	70	For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	92 000 000	8 357 000 000
1543		Arbeidsgivaravgift til folketrygda		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	911 000 000	
	70	For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i>	10 000 000	921 000 000
1544		Bustadlådeordninga i Statens Pensjonskasse		
	90	Lån, <i>overslagsløyving</i>	3 400 000 000	3 400 000 000
1546		Yrkesskadeforsikring		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	94 000 000	94 000 000

Kap.	Post		Kr	Kr	Kr
1547		Gruppelivsforsikring			
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		126 000 000	126 000 000
2470		Statens Pensjonskasse			
	24	Driftsresultat			
		1 Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-400 253 000		
		2 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	325 498 000		
		3 Avskrivningar	46 164 000		
		5 Til investeringsformål	17 059 000	-11 532 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>		327 442 000	315 910 000
		Sum Pensjonar m.m.			13 235 610 000
Konkurransopolitikk					
1550		Konkurransetilsynet			
	01	Driftsutgifter		80 057 000	
	23	Klagenemnda for offentlege innkjøp		5 220 000	85 277 000
		Sum Konkurransopolitikk			85 277 000
IKT-politikk					
1560		Spesielle IKT-tiltak			
	22	Samordning av IKT-politikken, <i>kan overførast</i>		17 463 000	17 463 000
1561		Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram			
	70	Tilskot til internasjonale program, <i>kan overførast</i>		20 149 000	20 149 000
1562		Tilskot til elektronisk samhandling og forenkling av forretningsprosesser			
	70	Tilskot NorStella		1 062 000	
	71	Tilskot til Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare		4 176 000	5 238 000
1563		IKT-tryggleik			
	70	Tilskot til Norsk senter for informasjonssikring (NORSIS)		4 176 000	4 176 000
		Sum IKT-politikk			47 026 000
Personvern					
1570		Datatilsynet			
	01	Driftsutgifter		27 955 000	27 955 000
1571		Personvernnemnda			
	01	Driftsutgifter		1 650 000	1 650 000
		Sum Personvern			29 605 000

Kap.	Post		Kr	Kr	Kr
		Statsbygg			
1580		Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga			
	30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>		40 000 000	
	31	Igangsetjing av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>		60 000 000	
	33	Vidareføring av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>		953 000 000	
	36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>		12 490 000	1 065 490 000
1581		Eigedomar til kongelege føremål			
	01	Driftsutgifter		22 028 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		39 558 000	61 586 000
1582		Utvikling av Fornebuområdet			
	30	Investeringar, Fornebu, <i>kan overførast</i>		7 000 000	7 000 000
2445		Statsbygg			
	24	Driftsresultat			
		1 Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-3 227 519 000		
		2 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	1 156 002 000		
		3 Avskrivningar	594 011 000		
		4 Renter av staten sin kapital	52 298 000		
		5 Til investeringsformål	900 000 000		
		6 Til reguleringsfondet	-23 248 000	-548 456 000	
	30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>		71 000 000	
	31	Igangsetjing av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>		227 500 000	
	32	Igangsetjing av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>		82 000 000	
	33	Vidareføring av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>		576 287 000	
	34	Vidareføring av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>		610 200 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		100 000 000	
	49	Kjøp av eigedomar, <i>kan overførast</i>		100 000 000	1 218 531 000
		Sum Statsbygg			2 352 607 000
		Sum departementets utgifter			18 673 551 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Samlede inntekter				
4510	Fylkesmannsembeta			
	01	Inntekter ved oppdrag	149 961 000	149 961 000
4521	Direktoratet for forvaltning og IKT			
	03	Diverse inntekter	4 620 000	
	04	Internasjonale oppdrag	3 000 000	7 620 000
4522	Servicesenteret for departementa			
	02	Diverse inntekter	2 578 000	
	06	Brukarfinansierte tenester	86 833 000	
	07	Parkeringsinntekter	1 476 000	90 887 000
4546	Yrkesskadeforsikring			
	01	Premieinntekter	127 000 000	127 000 000
4547	Gruppelivsforsikring			
	01	Premieinntekter	47 000 000	47 000 000
4550	Konkurransetilsynet			
	02	Ymse inntekter	210 000	210 000
4581	Eigedomar til kongelege føremål			
	01	Ymse inntekter	131 000	131 000
5445	Statsbygg			
	39	Avsetning til investeringsformål	900 000 000	900 000 000
5446	Sal av eigedom, Fornebu			
	40	Salsinntekter, Fornebu	23 600 000	23 600 000
5470	Statens Pensjonskasse			
	30	Avsetning til investeringsformål	17 059 000	17 059 000
5607	Renter av bustadlåneordninga i Statens Pensjonskasse			
	80	Renter	1 223 000 000	1 223 000 000
		Sum Samlede inntekter		2 586 468 000
		Sum departementets inntekter		2 586 468 000

Fornyings- og administrasjonsdepartementets alminnelege fullmakter

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1510 post 21	kap. 4510 post 01
kap. 1522 post 01	kap. 4522 postane 02 og 06

III

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan overskride løyvinga under kap. 2470 Statens Pensjonskasse, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, med inntil 10 mill. kroner mot dekning i reguleringsfondet.

Andre fullmakter

IV

Fullmakt til nettobudsjettering

Stortinget samtykkjer i at:

1. kvart einskilt departement som eit ledd i ordninga med bonus og rabattar, i 2009 kan nettoføre som utgiftsreduksjon på vedkommande utgiftspost tilbakebetalt bonus og rabatt, òg om tilbakebetalinga refererer seg til kjøp i tidlegare år.
2. Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1510 Fylkesmannsembeta, post 21 Spesielle driftsutgifter, refusjonar av utgifter til fellestenester der fylkesmannen samordnar utgiftene.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

V

Fullmakt til å gjennomføre investeringsprosjektet PERFORM

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan gjennomføre PERFORM-prosjektet i Statens Pensjonskasse, og i samband med dette forplikte staten innanfor ei kostnadsramme på 874 mill. kroner.

Omdisponeringsfullmakter

VI

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan omdisponere løyvingar frå kap. 1500 Fornyings- og administrasjonsdepartementet, post 01 Driftsutgifter og post 21 Spesielle driftsutgifter, kap. 1560 Spesielle IKT-tiltak, post 22 Samordning av IKT-politikken, og kap. 1561 Internasjonalt IKT-samarbeid og utviklingsprogram, post 70 Tilskot til internasjonale program til kap. 1521 Direktoratet for forvaltning og IKT, postane 01 Driftsutgifter, 21 Spesielle driftsutgifter og 23 Elektronisk ID.

Byggje- og eigedomsfullmakter**VII**

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan:

1. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–49, med inntil 175 mill. kroner, mot dekning i reguleringsfondet.
2. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–49, med beløp som tilsvare inntekter frå sal av eigedomar, og medrekne ubrukte inntekter frå sal av eigedom ved berekning av overført beløp.

VIII

Omdisponeringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan omdisponere:

1. under kap. 1580 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga, mellom postane 30 til 45.
2. under kap. 1581 Eigedommar til kongelege føremål, mellom postane 01, 30 og 45.
3. under kap. 2445 Statsbygg, mellom postane 30–49.

*Fullmakter til å setje i gang eller utvide byggjeprosjekt***IX**

Fullmakt til å gjennomføre investeringsprosjekt innanfor gitte kostnadsrammer

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan gjennomføre byggjeprosjekt og andre investeringsprosjekt, mellom anna forplikte staten innanfor dei gitte kostnadsrammene, under følgjande kapittel og postar:

Kap.	Post	Nemning
1580		Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga
	31	Igangsetjing av byggjeprosjekt
	33	Vidareføring av byggjeprosjekt
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald
1581		Eigedomar til kongelege føremål
	30	Ekstraordinært vedlikehald, Bygdø Kongsgard
1582		Utvikling av Fornebuområdet
	30	Investeringar, Fornebu
2445		Statsbygg
	31	Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt
	32	Igangsetjing av kurantprosjekt
	33	Vidareføring av ordinære byggjeprosjekt
	34	Vidareføring av kurantprosjekt

X

Fullmakt til å setje i gang byggjeprosjekt utan å leggje fram eiga kostnadsramme – kurantordninga

Stortinget samtykkjer i at Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan setje i gang nye byggjeprosjekt innanfor husleigeordninga under kap. 2445, post 32, utan å leggje fram kostnadsramme for kvart einskilt prosjekt for Stortinget, på følgjande vilkår:

1. Brukardepartementet/leigetakar har naudsynte husleigemidlar innanfor gjeldande budsjettrammer.
2. Samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar utover gitte løyvingar overstig ikkje 1 500 mill. kroner.

Andre fullmakter

XI

Diverse fullmakter

Stortinget samtykkjer i at:

1. Fornyings- og administrasjonsdepartementet i 2009 kan:

- a) godskrive kvart einskilt byggje- og eigedomsprosjekt med innbetalt dagmulkt, konsjonalsbot og erstatning for misleghalden entreprise, ved at innbetalinga vert postert i statsrekneskapen på vedkommande investeringspost som ein utgiftsreduksjon.
- b) godkjenne sal, makeskifte og bortfeste av statens eigedom på Vestbanetomta i Oslo.
- c) godkjenne sal, makeskifte eller bortfeste av eigedom forvalta av Statsbygg eller av andre statlege verksemdar som ikkje har eiga salsfullmakt, for inntil 500 mill. kroner totalt i budsjettåret.
- d) godkjenne kjøp av eigedom finansiert ved salsinntekter, innsparde midlar eller midlar frå reguleringsfondet for inntil 150 mill. kroner for kvart einskilte tilfelle, og for inntil 300 mill. kroner totalt, utover løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49 Kjøp av eigedom.

- e) overdra statlege spesialskuleeigedomar til underpris eller vederlagsfritt til kommunar og fylkeskommunar, dersom ansvaret for skuledrifta vert overteke av kommunen eller fylkeskommunen.
 - f) gjennomføre bortfeste, sal og makeskifte av eigedomar så langt det er naudsynt ved disponering av statens eigedomar på Fornebu for inntil 500 mill. kroner.
 - g) korrigere Statsbyggs balanse i dei tilfella prosjekterings- og investeringsmidlar førte på kap. 2445 Statsbygg vert overførte til andre budsjettkapittel eller prosjekta ikkje vert realiserte.
 - h) avhende statleg fast eigedom til barnehageformål direkte til kommunar til marknadspris.
2. Kongen i 2009 kan selje statleg eigedom til lågare pris enn marknadspris der særlege omsyn tilseier det.

Vedlegg 1**Tal på arbeidstakarar/årsverk i staten per 01.03.2008****A. Generelt**

Stortinget vedtok 19.06.1997 mellom anna å oppheve § 10 i løyvingisreglementet som omhandlar stillingar som budsjettrettsleg omgrep. Vilåret i Innst.S. nr. 243 (1996–97) frå Stortingets president-skap, er at det i tilknytning til det årlege løyvingis-framlegget vert gjeve ei oversikt over talet på tilsette i statlege verksemdar.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har utarbeidd ei oversikt på grunnlag av data per 01.03.2008 frå Statens Sentrale Tenestemannsregister (SST).

B. Arbeidstakarar som vert lønte etter staten sitt lønsregulativ

Staten sitt sentrale tenestemannsregister (SST) omfatter alle arbeidstakarar som vert lønte etter Lønsregulativ for staten (statleg tariffområde), dvs både faste og kortvarige (engasjerte) heiltids- og deltidstilsette arbeidstakarar. Statsaksjeselskap, statsføretak og statlege verksemdar som er

omgjorde til stiftingar, er ikkje omfatta av dette registeret. Tilsette ved dei statlege grunn- og vidaregåande skulane og spesialpedagogiske kompetansesentra inngår i talmaterialet.

Tilsette i leiarstillingar og tilsette i dommarstillingar er innrapportert til SST, men inngår ikkje i tabellane. Desse er likevel med under pkt. C her.

Statistikken for statleg tariffområde omfatter i alt 135 572 regulativlønte arbeidstakarar per 01.03.2008. Av desse er 111 910 (82,5 pst.) heiltids-tilsette og 23 662 (17,5 pst.) deltidstilsette.

43 pst. av dei tilsette på heiltid er kvinner medan kvinndelen av dei tilsette utgjer 66,3 pst. Ovannemde gruppe utførde 124 742 årsverk, fordelte på 57 771 (46 pst.) årsverk for kvinner og 66 970 (54 pst.) årsverk for menn.

C. Samandrag – talet på tilsette i staten per 01.03.2008 målt i talet på personar og årsverk

Alle som er haldne utanfor datagrunnlaget i dei to siste tabellane, er med i tabellen under.

	Tal	Årsverk
Faste og mellombels tilsette regulativlønte arbeidstakarar	135 572	124 742
Tilsette lønt etter overeinskomst, timelønte, tilsette permitterte med redusert løn og tilsette som staten har arbeidsgjevaransvaret for, men som ikkje får løn gjennom statsbudsjettet ¹	5 406	4 270
Toppleiarar og dommarar på egne kontraktar	875	858
Statlege arbeidstakarar i alt	141 853	129 870

¹ Årsverktalet er eit overslag

D. Tabell 1.1 pr. 1. mars 2008 viser tilsette etter kjønn, tenesteforhold, årsverk og etat/institusjon i tenestemannsregisteret. Utførte årsverk er utrekna på grunnlag av innrapporterte dellønsprosent (stillingsdel) for kvar einskild arbeidstakar

Antall tilsette og antall utførte årsverk etter kjønn, tenesteforhold og etat/virksomhet										
Etat/virksomhet	Pr. 1.3.2008		Menn			Årsverk	Kvinner			
			I alt	Av disse			I alt	Av disse		Årsverk
	Tilsette	Årsverk		Heltid	Deltid	Heltid		Deltid		
<i>I alt</i>	135572	124742,02	71689	63718	7971	66970,68	63883	48192	15691	57771,34
<i>Statsministerens kontor</i>	68	64,3	32	31	1	31,8	36	22	14	32,5
<i>Arbeids- og inkluderings- departementet (AID)</i>	270	260,59	95	95	0	95	175	143	32	165,59
Trygdeetaten	58	57,2	16	16	0	16	42	38	4	41,2
Trygderetten	72	68,1	29	29	0	29	43	33	10	39,1
Pensjonstrygden for sjø- menn	36	33,6	18	16	2	16,8	18	15	3	16,8
Arbeidsretten	2	2	0	0	0	0	2	2	0	2
Riksmeklingsmannen	2	2	0	0	0	0	2	2	0	2
Sametinget	103	99,2	34	33	1	33,4	69	60	9	65,8
Kompetansesenter for urfolks rettigheter	3	3	1	1	0	1	2	2	0	2
Internasjonalt fag- og for- midlingssenter for rein- drift	4	3,2	3	2	1	2,2	1	1	0	1
Utlendingsnemda	182	178,3	50	48	2	49,7	132	116	16	128,6
Utlendingsdirektoratet	864	840,91	254	238	16	249,5	610	534	76	591,41
Integrerings- og mang- foldsdirektoratet	128	120,95	42	40	2	41	86	70	16	79,95
Direktoratet for arbeids- tilsynet	536	515,64	247	232	15	241,05	289	243	46	274,59
Statens arbeidsmiljøinsti- tutt	118	108,2	56	47	9	53,6	62	40	22	54,6
Petroleumstilsynet	156	146,55	84	78	6	80,7	72	51	21	65,85
NAV	13615	12488,6	4133	3679	454	3924,35	9482	7028	2454	8564,25
Arbeids- og velferdsdi- rektoratet	343	335,96	158	155	3	157,23	185	160	25	178,73
Riksrevisjonen	489	474,65	216	204	12	211,6	273	236	37	263,05
<i>Barne- og likestillings- departementet (BLD)</i>	161	154,43	53	50	3	51,6	108	86	22	102,83
Fylkesnemdene for sosi- ale saker	76	71,65	18	16	2	17,6	58	46	12	54,05
Statens institutt for for- bruksforskning (sifo)	48	45,8	17	14	3	15,2	31	29	2	30,6
Nasjonalt dokumenta- sjonssenter for personer med nedsatt funksjons- evne	7	6,1	2	1	1	1,5	5	4	1	4,6

Antall tilsette og antall utførte årsverk etter kjønn, tenesteforhold og etat/virksomhet

Etat/virksomhet	Pr. 1.3.2008		Menn			Årsverk	Kvinner			Årsverk
			Av disse		Av disse					
	Tilsette	Årsverk	I alt	Heltid	Deltid		I alt	Heltid	Deltid	
Sekretariatet for markedsrådet og forbrukertvistutvalget	8	7,8	3	3	0	3	5	4	1	4,8
Barneombudet	14	12,6	3	3	0	3	11	6	5	9,6
Likestillings- og diskrimineringsombudet	36	35,5	10	10	0	10	26	24	2	25,5
Likestillings- og diskrimineringsnemda	3	2,5	1	1	0	1	2	1	1	1,5
Barne- ungdoms- og familiedirektoratet	172	164,21	59	57	2	57,9	113	93	20	106,31
Barne- ungodms- og familieetaten regionene	4226	3686,47	1461	1055	406	1280,65	2765	1875	890	2405,82
Forbrukerombudet	27	26,3	15	14	1	14,5	12	11	1	11,8
Forbrukerrådet	141	128,2	60	53	7	57,4	81	53	28	70,8
<i>Finansdepartementet (FIN)</i>	298	290,45	167	160	7	164,5	131	108	23	125,95
Skatteetaten	6214	5873,04	2332	2221	111	2289,16	3882	2973	909	3583,88
Senter for statlig økonomistyring	343	333,6	134	130	4	132,7	209	179	30	200,9
Toll- og avgiftsetaten	1767	1693,46	925	893	32	913,97	842	638	204	779,49
Statistisk sentralbyrå	1003	941,68	468	425	43	449,4	535	397	138	492,28
Statens innkrevingssentral	343	327,38	94	90	4	93,06	249	193	56	234,32
Kredittilsynet	224	213,8	105	99	6	102,4	119	90	29	111,4
<i>Fiskeri- og kystdepartementet (FID)</i>	107	103,96	49	47	2	48	58	47	11	55,96
Fiskeriadministrasjonen	457	420,81	248	231	17	241,1	209	136	73	179,71
Nifes, nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning	133	124,62	47	41	6	43,2	86	67	19	81,42
Havforskningsinstituttet	320	303,1	210	195	15	203,3	110	81	29	99,8
Kystverket	1012	969,14	853	815	38	835,71	159	110	49	133,43
<i>Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD)</i>	185	177,96	102	96	6	100,63	83	59	24	77,33
Departementenes servicesenter (DSS)	495	478,12	278	266	12	274,2	217	177	40	203,92
Konkurransetilsynet	88	86,5	44	42	2	43,1	44	41	3	43,4
Datatilsynet	33	32,15	14	14	0	14	19	15	4	18,15
Statsbygg	732	709,87	479	455	24	469,7	253	201	52	240,17
Statens pensjonskasse (SPK)	316	306,8	119	116	3	117,3	197	172	25	189,5

Antall tilsette og antall utførte årsverk etter kjønn, tenesteforhold og etat/virksomhet										
Etat/virksomhet	Pr. 1.3.2008		Menn			Årsverk	Kvinner			
			I alt	Av disse			I alt	Av disse		
	Tilsette	Årsverk		Heltid	Deltid	Heltid		Deltid	Årsverk	
Direktoratet for forvaltning og IKT	89	86,24	35	34	1	34,8	54	46	8	51,44
Fylkesmannsembetene	2244	2092,8	951	827	124	893,93	1293	1019	274	1198,87
<i>Forsvarsdepartementet (FD)</i>	323	318,38	216	214	2	215,4	107	89	18	102,98
Forsvaret forsvarets militære organsisasjon fmo	15236	14754,21	12823	12319	504	12468,83	2413	2089	324	2285,38
Nasjonal sikkerhetsmyndighet	128	126,42	93	91	2	92,5	35	28	7	33,92
Forsvarets forskningsinstitutt (FFI)	608	587,15	446	428	18	435,95	162	131	31	151,2
Forsvarsbygg	1367	1303,32	783	763	20	774,31	584	444	140	529,01
<i>Helse og omsorgsdepartementet (HOD)</i>	204	196,18	67	61	6	65,59	137	116	21	130,59
Sosial- og helsedirektoratet	545	517,41	180	168	12	172,9	365	304	61	344,51
Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten	133	117,06	51	36	15	42	82	64	18	75,06
Norsk pasientskadeerstatning	100	93,6	29	25	4	26,9	71	55	16	66,7
Pasientskadenemda	27	25,03	10	8	2	9,13	17	14	3	15,9
Statens helsetilsyn	92	87,18	33	30	3	30,9	59	47	12	56,28
Nasjonalt folkehelseinstitutt	621	565,13	201	155	46	177,02	420	313	107	388,11
Statens strålevern	105	97,3	49	42	7	46,9	56	43	13	50,4
Statens legemiddelverk	210	198,52	58	52	6	55,1	152	120	32	143,42
Bioteknologinemda	6	5,8	2	2	0	2	4	3	1	3,8
Statens helsepersonallnemd	4	4	0	0	0	0	4	4	0	4
Statens institutt for rusmiddelforskning (SIRUS)	43	39,2	13	10	3	11,2	30	22	8	28
Dispensasjons- og klagenemnd for behandling i utlandet	2	1,6	0	0	0	0	2	0	2	1,6
Statens autorisasjonskontor for helsepersonell	30	29,8	7	7	0	7	23	22	1	22,8
<i>Justis- og politidepartementet (JD)</i>	340	329,59	148	142	6	145,8	192	158	34	183,79
Justissekretariatene	42	39,58	4	4	0	4	38	29	9	35,58
Lagmannsrettene	119	109,8	9	9	0	9	110	85	25	100,8
Domstolsadministrasjonen	72	70,2	35	34	1	34,8	37	33	4	35,4
Førsteinstansdomstolene	1236	1140,86	353	331	22	343,5	883	649	234	797,36

Antall tilsette og antall utførte årsverk etter kjønn, tenesteforhold og etat/virksomhet

Etat/virksomhet	Pr. 1.3.2008		Menn			Årsverk	Kvinner			
			I alt	Av disse			I alt	Av disse		
	Tilsette	Årsverk		Heltid	Deltid	Heltid		Deltid	Årsverk	
Kontoret for voldsoffererstatning	25	22,3	7	6	1	6,5	18	13	5	15,8
Den sivile påtalemyndighet	140	132,55	56	54	2	55,6	84	64	20	76,95
Konfliktrådene	67	61,85	18	18	0	18	49	38	11	43,85
Den militære påtale- og disiplinærmyndighet	8	8	8	8	0	8	0	0	0	0
Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	11	10,8	4	4	0	4	7	6	1	6,8
Sysselmannen på Svalbard	28	27	15	15	0	15	13	11	2	12
Namsfogdkontor	164	156,7	43	40	3	40,9	121	103	18	115,8
Det nasjonale statsadvokatembetet for bekjempelse av org./ annen krim	6	5,8	3	3	0	3	3	2	1	2,8
Kriminalomsorgens IT-tjeneste (KITT)	31	30,1	14	14	0	14	17	13	4	16,1
Kriminalomsorgens utdanningscenter	470	468,5	249	248	1	248,8	221	217	4	219,7
Kriminalomsorgen KIA/KIF	3555	3377,83	2127	2002	125	2077,16	1428	1089	339	1300,67
Politidirektoratet	161	158,85	95	95	0	95	66	60	6	63,85
Økokrim (sentr. enhet for e.forskn. og påtale av øk.krim og miljøkrim)	133	130,8	77	75	2	76,5	56	50	6	54,3
Utrykningspolitiet	255	84	209	26	183	62,6	46	13	33	21,4
Spesialenheten for politisaker	25	25	13	13	0	13	12	12	0	12
Politiets data- og materielltjeneste (PDMT)	185	180,47	118	116	2	117,1	67	54	13	63,37
Politihøgskolen	232	222,4	114	110	4	112,5	118	89	29	109,9
Politi- og lensmannsetaten	11998	11452,62	7228	7051	177	7153,75	4770	3554	1216	4298,87
Nye kripes	400	388,44	200	194	6	197,9	200	165	35	190,54
Politiets utlendingsenhet	228	225,71	135	135	0	135	93	82	11	90,71
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	626	587,93	381	359	22	370,7	245	178	67	217,23
Siviltjenesteadministrasjonen og forskolen for sivile vernepliktige	27	25,5	10	9	1	9,5	17	14	3	16
Norges grensekommissær	5	5	3	3	0	3	2	2	0	2
Redningstjenesten	39	39	30	30	0	30	9	9	0	9

Antall tilsette og antall utførte årsverk etter kjønn, tenesteforhold og etat/virksomhet										
Etat/virksomhet	Pr. 1.3.2008		Menn			Årsverk	Kvinner			
			I alt	Av disse			I alt	Av disse		
	Tilsette	Årsverk		Heltid	Deltid			Heltid	Deltid	Årsverk
<i>Kommunal og regionaldepartementet (KRD)</i>	177	170,12	67	64	3	66,1	110	86	24	104,02
Statens bygningstekniske etat	56	55,8	27	27	0	27	29	28	1	28,8
Den norske stats husbank	350	339,06	140	134	6	138,3	210	181	29	200,76
Husleietvistutvalget	6	5,6	1	1	0	1	5	3	2	4,6
<i>Kultur- og kirkedepartementet (KKD)</i>	153	148,13	57	54	3	56,4	96	76	20	91,73
Lotteri- og stiftelsestilsynet	57	55,2	26	25	1	25,4	31	27	4	29,8
Norsk kulturråd	52	47,33	21	18	3	19,9	31	20	11	27,43
Utsmykkingsfondet for off.bygg	14	12,65	3	3	0	3	11	6	5	9,65
Rikskonsertene	64	61,7	28	25	3	27,4	36	32	4	34,3
Riksteateret	32	30,1	5	5	0	5	27	23	4	25,1
Abm-utvikling	65	63,55	25	25	0	25	40	32	8	38,55
Nasjonalbiblioteket	359	334,38	152	137	15	144,98	207	163	44	189,4
Norsk lyd- og bilde- og billedskriftbibliotek	47	43,05	19	18	1	18,27	28	18	10	24,78
Norsk språkråd	31	28,1	14	12	2	13,3	17	12	5	14,8
Arkeologisk museum, Stavanger	69	61,21	21	19	2	20	48	32	16	41,21
Arkivverket	241	223,53	113	103	10	108,9	128	96	32	114,63
Norsk lokalthistorisk institutt	7	6,8	3	3	0	3	4	3	1	3,8
Statens medieforvaltning	44	42,06	19	17	2	18,46	25	22	3	23,6
Norsk filminstitutt	63	60,36	26	25	1	25,76	37	31	6	34,6
Norsk filmfond	23	21,6	9	9	0	9	14	11	3	12,6
Norsk filmutvikling	7	6	1	0	1	0,5	6	5	1	5,5
Bispedømmerådene og kirkerådet	263	226,14	120	97	23	108,35	143	89	54	117,79
Presteskapet	1460	1374,88	1100	1009	91	1052,28	360	272	88	322,6
Det praktisk-teologiske seminar	16	15,18	9	8	1	8,18	7	7	0	7
Nidaros domkirkes restaurerings arbeider	58	49,87	29	28	1	28,21	29	18	11	21,66
Forvaltningsorganet for opplysningsvesenets fond	42	40,65	24	24	0	24	18	13	5	16,65
<i>Kunnskapsdepartementet (KD)</i>	324	306,32	117	109	8	114,6	207	160	47	191,72
Utdanningsdirektoratet	271	262,15	101	97	4	99,4	170	147	23	162,75

Antall tilsette og antall utførte årsverk etter kjønn, tenesteforhold og etat/virksomhet

Etat/virksomhet	Pr. 1.3.2008		Menn			Årsverk	Kvinner			Årsverk
			I alt	Av disse			I alt	Av disse		
	Tilsette	Årsverk			Heltid	Deltid			Heltid	Deltid
Foreldreutvalget for grunnskolen fug	7	6,3	0	0	0	0	7	5	2	6,3
Grunnskolen, kombi- nerte barne- og ung- domsskoler	16	13,19	3	2	1	2,8	13	7	6	10,39
Statlige spesialpedago- giske kompetansesentre	867	773,68	230	187	43	209,13	637	455	182	564,55
Videregående skoler	145	117,37	62	40	22	51,21	83	40	43	66,16
VOX - Nasjonal senter for læring i arbeidslivet	97	91,92	30	27	3	28,55	67	55	12	63,37
Universitetet i Oslo	6948	5771,8	3648	2669	979	2960,49	3300	2400	900	2811,31
Universitetet i Stavanger	1015	896,35	489	393	96	424,32	526	391	135	472,03
Universitetet i Bergen	3732	3178,81	1931	1467	464	1626,62	1801	1270	531	1552,19
Universitetet for miljø- og biovitenskap	998	885,14	541	432	109	478,86	457	326	131	406,28
Norges teknisk vitenska- pelige universitet	5915	4475,37	3593	2252	1341	2599,24	2322	1437	885	1876,13
Universitetet i Tromsø	2337	2018,7	1211	951	260	1028,73	1126	868	258	989,97
Norges handelshøgskole	401	330,77	259	185	74	204,69	142	104	38	126,08
Arkitektur- og designhøg- skolen	123	100,75	69	46	23	56,85	54	35	19	43,9
Norges idrettshøgskole	236	204,95	139	111	28	120,7	97	67	30	84,25
Norges musikkhøgskole	243	169,19	154	73	81	105,73	89	48	41	63,46
Kunsthøgskolen i Oslo	218	171,6	113	65	48	89,17	105	62	43	82,43
Kunsthøgskolen i Bergen	107	77,28	53	24	29	37,5	54	26	28	39,78
Statlige høyskoler	10526	9299,13	4684	3706	978	4125,28	5842	4226	1616	5173,85
Norges veterinærhøg- skole	468	441,36	179	158	21	168,88	289	235	54	272,48
Nasjonalt organ for kvali- tet i utdanningen, NOKUT	49	47,6	17	17	0	17	32	29	3	30,6
Senter for internasjoni- sering av høyere utdan- ning	67	65,7	26	25	1	25,6	41	39	2	40,1
Meteorologiske institutt	291	276,2	188	175	13	184,05	103	75	28	92,15
Norsk utenrikspolitisk institutt, NUPI	69	63	46	35	11	40,9	23	20	3	22,1
Norsk institutt for fors- kning om oppvekst, vel- ferd og aldring, NOVA	94	83,4	38	32	6	34,9	56	41	15	48,5
Statens lånekasse for utdanning	322	301,26	115	110	5	112,5	207	147	60	188,76
Landbruks- og mat- departementet (LMD)	155	148,99	61	59	2	60,6	94	72	22	88,39
Veterinærinstituttet	346	325,63	110	100	10	104,95	236	191	45	220,68

Antall tilsette og antall utførte årsverk etter kjønn, tenesteforhold og etat/virksomhet										
Etat/virksomhet	Pr. 1.3.2008		Menn			Årsverk	Kvinner			
			I alt	Av disse			I alt	Av disse		
	Tilsette	Årsverk		Heltid	Deltid			Heltid	Deltid	Årsverk
Mattilsynet	1418	1301,72	563	491	72	531,28	855	602	253	770,44
Bioforsk	421	379,66	234	184	50	212,05	187	125	62	167,61
Norsk institutt for landbruks økonomisk forskning	74	65,26	44	34	10	38,62	30	22	8	26,64
Norsk institutt for skog og landskap	223	209,77	141	118	23	135,44	82	58	24	74,33
Reindriftsforvaltningen	57	54,44	32	29	3	30,8	25	22	3	23,64
Statens landbruksforvaltning	195	187,48	87	86	1	86,2	108	82	26	101,28
Miljøverndepartementet (MD)	234	223,81	103	93	10	100,6	131	102	29	123,21
Direktoratet for naturforvaltning	239	232,89	148	139	9	146,67	91	71	20	86,22
Statens kartverk	773	725,15	353	317	36	340,23	420	309	111	384,92
Statens forurensningstilsyn (SFT)	284	272,64	117	107	10	114,23	167	130	37	158,41
Norsk polarinstitutt	140	135,5	83	79	4	80,4	57	52	5	55,1
Riksantikvaren	144	137,23	59	50	9	55,83	85	68	17	81,4
Norsk kulturminnefond	7	6,5	4	3	1	3,5	3	3	0	3
Nærings- og handelsdepartementet (NHD)	195	188,57	87	83	4	85,9	108	89	19	102,67
Norsk romsenter	23	21,4	17	14	3	15,6	6	5	1	5,8
Styret for industrielle rettsvern	262	251,15	92	89	3	91,1	170	125	45	160,05
Bergvesenet med bergmesteren for Svalbard	17	17	10	10	0	10	7	7	0	7
Norges geologiske undersøkelse (NGU)	215	203,74	145	131	14	140	70	48	22	63,74
Garanti-instituttet for eksportkreditt (GIEK)	38	36,9	21	21	0	21	17	13	4	15,9
Justervesenet	79	75,59	52	51	1	51,5	27	21	6	24,09
Norsk akkreditering	18	17,8	9	9	0	9	9	8	1	8,8
Sjøfartsdirektoratet	312	301,61	201	195	6	198,5	111	93	18	103,11
Brønnøysundsregistrene	454	435,38	178	171	7	175,25	276	221	55	260,13
Skipsregistrene	17	17	5	5	0	5	12	12	0	12
Olje- og energidepartementet (OED)	130	126,94	61	60	1	60,84	69	60	9	66,1
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	449	436,71	288	276	12	283,15	161	133	28	153,56
Oljedirektoratet	190	184,3	109	103	6	106,8	81	67	14	77,5

Antall tilsette og antall utførte årsverk etter kjønn, tenesteforhold og etat/virksomhet

Etat/virksomhet	Pr. 1.3.2008		Menn			Årsverk	Kvinner			
			Av disse				Av disse			
	Tilsette	Årsverk	I alt	Heltid	Deltid	I alt	Heltid	Deltid	Årsverk	
<i>Samferdsels-</i> <i>departementet (SD)</i>	129	126,86	69	66	3	68,1	60	53	7	58,76
Jernbaneverket	2888	2861,64	2424	2397	27	2413,58	464	421	43	448,06
Vegvesenet	4908	4709,58	3052	2874	178	2984,11	1856	1431	425	1725,47
Post- og teletilsynet	150	146,88	98	96	2	97,4	52	44	8	49,48
Statens jernbanetilsyn	25	24,6	11	11	0	11	14	12	2	13,6
Statens havarikommisjon for transport	35	32,95	25	21	4	23,2	10	9	1	9,75
Luftfartstilsynet	145	143,9	96	95	1	95,8	49	46	3	48,1
<i>Utenriksdepartementet</i> <i>(UD)</i>	772	755,79	335	329	6	333	437	393	44	422,79
Utenriktjenesten	618	616,9	323	322	1	322,75	295	291	4	294,15
Direktoratet for utvik- lingssamarbeid - NORAD	243	234,75	101	93	8	97,45	142	127	15	137,3
Det norske fredskorpset, sekretariatet	29	28,8	12	12	0	12	17	16	1	16,8
<i>Høyesteretts kontor</i>	42	40,93	16	16	0	16	26	21	5	24,93
<i>Regjeringsadvokatamebetet</i>	54	50,88	27	24	3	26,18	27	19	8	24,7

Kjelde: Statens sentrale tjenestemannsregister (SST)

E. Tabell 1.2 viser tilsette etter tenesteforhold, kjønn, fylke og kommune. I denne tabellen er talet på sysselsatte per 4. kvartal 2007, medan talet på statlege arbeidstakarar er registrert per 1. mars 2008

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
<i>Hele landet</i>	2 482 640	135 572	5,46 %	111 910	48 192	63 718	23 662	15 691	7 971
<i>01 Østfold</i>	117 680	3 607	3,07 %	2 915	1 378	1 537	692	551	141
0101 Halden	12 534	670	5,35 %	545	225	320	125	87	38
0104 Moss	14 948	702	4,70 %	568	272	296	134	108	26
0105 Sarpsborg	23 484	928	3,95 %	754	342	412	174	134	40
0106 Fredrikstad	34 993	854	2,44 %	678	380	298	176	147	29
0111 Hvaler	1 131	33	2,92 %	27	1	26	6	5	1
0118 Aremark	367	7	1,91 %	3	1	2	4	3	1
0119 Marker	1 285	53	4,12 %	47	17	30	6	6	
0121 Rømskog	203	1	0,49 %	1	1		0		
0122 Trøgstad	1 470	50	3,40 %	42	12	30	8	6	2
0123 Spydeberg	1 983	15	0,76 %	12	7	5	3	3	
0124 Askim	5 747	113	1,97 %	89	55	34	24	23	1
0125 Eidsberg	5 050	74	1,47 %	64	27	37	10	8	2
0127 Skiptvet	908	9	0,99 %	7	5	2	2	2	
0128 Rakkestad	3 326	33	0,99 %	28	10	18	5	5	
0135 Råde	2 516	16	0,64 %	15	8	7	1	1	
0136 Rygge	5 532	19	0,34 %	17	7	10	2	2	
0137 Våler	1 142	15	1,31 %	7	2	5	8	8	
0138 Hobøl	1 061	15	1,41 %	11	6	5	4	3	1
<i>02 Akerhus</i>	238 476	6 671	2,80 %	5 505	2 559	2 946	1 166	843	323
0211 Vestby	5 150	84	1,63 %	58	44	14	26	19	7
0213 Ski	12 716	404	3,18 %	348	164	184	56	50	6
0214 Ås	7 837	1 543	19,69 %	1 172	518	654	371	207	164
0215 Frogn	4 263	51	1,20 %	43	26	17	8	6	2
0216 Nesodden	4 272	35	0,82 %	28	19	9	7	7	
0217 Oppegård	9 217	52	0,56 %	37	21	16	15	13	2
0219 Bærum	66 530	1 163	1,75 %	969	467	502	194	155	39
0220 Asker	25 088	245	0,98 %	186	91	95	59	51	8
0221 Aurskog- Høland	4 795	71	1,48 %	50	33	17	21	17	4
0226 Sørums	3 910	40	1,02 %	31	20	11	9	8	1
0227 Fet	2 314	35	1,51 %	27	15	12	8	8	
0228 Rælingen	2 595	17	0,66 %	12	12		5	4	1

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
0229 Enebakk	2 549	25	0,98 %	17	8	9	8	7	1
0230 Lørenskog	16 310	82	0,50 %	67	36	31	15	14	1
0231 Skedsmo	25 990	1 907	7,34 %	1 666	716	950	241	181	60
0233 Nittedal	7 496	24	0,32 %	22	9	13	2	2	
0234 Gjerdrum	1 357	7	0,52 %	5	3	2	2	2	
0235 Ullensaker	21 012	630	3,00 %	553	235	318	77	56	21
0236 Nes	5 276	46	0,87 %	40	20	20	6	5	1
0237 Eidsvoll	6 438	150	2,33 %	129	76	53	21	18	3
0238 Nannestad	2 479	56	2,26 %	42	24	18	14	12	2
0239 Hurdal	882	4	0,45 %	3	2	1	1	1	
<i>0301 Oslo</i>	421 430	38 261	9,08 %	32 299	16 113	16 186	5 962	4 020	1 942
<i>04 Hedmark</i>	85 591	3 584	4,19 %	2 874	1 325	1 549	710	535	175
0402 Kongsvinger	8 814	767	8,70 %	608	264	344	159	139	20
0403 Hamar	18 384	1 544	8,40 %	1 270	590	680	274	199	75
0412 Ringsaker	14 031	202	1,44 %	162	89	73	40	32	8
0415 Løten	1 744	16	0,92 %	14	10	4	2	2	
0417 Stange	6 560	109	1,66 %	85	30	55	24	14	10
0418 Nord-Odal	1 594	54	3,39 %	48	21	27	6	3	3
0419 Sør-Odal	2 444	15	0,61 %	14	9	5	1	1	
0420 Eidskog	1 881	18	0,96 %	14	1	13	4	4	
0423 Grue	2 040	44	2,16 %	34	22	12	10	5	5
0425 Åsnes	3 013	31	1,03 %	23	7	16	8	6	2
0426 Våler	1 548	20	1,29 %	16	4	12	4	1	3
0427 Elverum	9 631	449	4,66 %	349	177	172	100	80	20
0428 Trysil	2 923	30	1,03 %	23	9	14	7	2	5
0429 Åmot	1 778	96	5,40 %	70	34	36	26	15	11
0430 Stor-Elvdal	1 096	52	4,74 %	38	9	29	14	7	7
0432 Rendalen	826	6	0,73 %	5	1	4	1	1	
0434 Engerdal	634	18	2,84 %	14	9	5	4	4	
0436 Tolga	634	6	0,95 %	6	5	1	0		
0437 Tynset	3 359	93	2,77 %	70	28	42	23	19	4
0438 Alvdal	1 120	6	0,54 %	6	4	2	0		
0439 Folldal	743	5	0,67 %	2		2	3	1	2
0441 Os	794	3	0,38 %	3	2	1	0		
<i>05 Oppland</i>	87 840	2 814	3,20 %	2 156	926	1 230	658	473	185
0501 Lillehammer	15 704	1 094	6,97 %	858	375	483	236	166	70
0502 Gjøvik	16 111	870	5,40 %	642	300	342	228	144	84

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
		I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn		
0511 Dovre	1 391	23	1,65 %	23	4	19	0		
0512 Lesja	979	17	1,74 %	14	5	9	3	3	
0513 Skjåk	1 119	8	0,71 %	6	3	3	2	2	
0514 Lom	1 255	11	0,88 %	8	3	5	3	3	
0515 Vågå	1 538	20	1,30 %	13	3	10	7	7	
0516 Nord-Fron	2 721	31	1,14 %	24	9	15	7	7	
0517 Sel	3 047	101	3,31 %	88	35	53	13	7	6
0519 Sør-Fron	1 146	7	0,61 %	5	2	3	2	2	
0520 Ringeby	2 357	23	0,98 %	18	4	14	5	5	
0521 Øyer	1 951	13	0,67 %	11	3	8	2	2	
0522 Gausdal	2 371	17	0,72 %	10	3	7	7	7	
0528 Østre Toten	5 084	108	2,12 %	84	31	53	24	12	12
0529 Vestre Toten	6 637	71	1,07 %	53	24	29	18	17	1
0532 Jevnaker	2 261	17	0,75 %	12	7	5	5	3	2
0533 Lunner	2 056	41	1,99 %	35	11	24	6	6	
0534 Gran	5 932	153	2,58 %	116	49	67	37	33	4
0536 Søndre Land	1 980	19	0,96 %	14	6	8	5	5	
0538 Nordre Land	2 922	21	0,72 %	16	7	9	5	5	
0540 Sør-Aurdal	1 370	13	0,95 %	8	3	5	5	5	
0541 Etnedal	550	7	1,27 %	5	3	2	2	2	
0542 Nord-Aurdal	4 173	82	1,97 %	58	26	32	24	20	4
0543 Vestre Slidre	980	21	2,14 %	15	4	11	6	6	
0544 Øystre Slidre	1 420	20	1,41 %	16	6	10	4	2	2
0545 Vang	785	6	0,76 %	4		4	2	2	
06 Buskerud	119 762	3 829	3,20 %	3 132	1 523	1 609	697	535	162
0602 Drammen	34 801	1 687	4,85 %	1 404	716	688	283	224	59
0604 Kongsberg	15 158	343	2,26 %	278	134	144	65	52	13
0605 Ringerike	14 195	1 035	7,29 %	841	393	448	194	131	63
0612 Hole	1 939	18	0,93 %	15	4	11	3	2	1
0615 Flå	392	6	1,53 %	1		1	5	3	2
0616 Nes	1 598	25	1,56 %	16	5	11	9	9	
0617 Gol	3 052	67	2,20 %	52	19	33	15	14	1
0618 Hemsedal	1 092		0,00 %						
0619 Ål	2 410	48	1,99 %	41	3	38	7	6	1
0620 Hol	2 350	20	0,85 %	18	8	10	2	2	
0621 Sigdal	1 571	8	0,51 %	7	3	4	1	1	
0622 Krødsherad	968	7	0,72 %	5	1	4	2	2	
0623 Modum	5 361	98	1,83 %	84	45	39	14	10	4

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
0624 Øvre Eiker	5 574	249	4,47 %	181	93	88	68	56	12
0625 Nedre Eiker	6 839	42	0,61 %	36	16	20	6	6	
0626 Lier	11 747	93	0,79 %	87	46	41	6	4	2
0627 Røyken	5 028	43	0,86 %	32	19	13	11	8	3
0628 Hurum	2 895	21	0,73 %	18	10	8	3	2	1
0631 Flesberg	817	5	0,61 %	5	3	2	0		
0632 Rollag	651	5	0,77 %	4	2	2	1	1	
0633 Nore og Uvdal	1 324	9	0,68 %	7	3	4	2	2	
<i>07 Vestfold</i>	103 791	3 666	3,53 %	2 885	1 341	1 544	781	592	189
0701 Horten	10 621	687	6,47 %	535	198	337	152	111	41
0702 Holmestrand	4 122	150	3,64 %	95	65	30	55	50	5
0704 Tønsberg	27 507	1 824	6,63 %	1 476	729	747	348	267	81
0706 Sandefjord	20 961	414	1,98 %	305	133	172	109	64	45
0709 Larvik	18 501	323	1,75 %	266	129	137	57	48	9
0711 Svelvik	1 661	18	1,08 %	15	8	7	3	3	
0713 Sande	2 103	22	1,05 %	14	7	7	8	7	1
0714 Hof	957	50	5,22 %	40	8	32	10	8	2
0716 Re	2 888	17	0,59 %	13	7	6	4	3	1
0719 Andebu	1 856	9	0,48 %	4		4	5	5	
0720 Stokke	4 939	50	1,01 %	31	22	9	19	16	3
0722 Nøtterøy	5 629	26	0,46 %	23	16	7	3	3	
0723 Tjøme	1 255	48	3,82 %	43	6	37	5	5	
0728 Lardal	791	28	3,54 %	25	13	12	3	2	1
<i>08 Telemark</i>	77 121	2 632	3,41 %	2 063	899	1 164	569	429	140
0805 Porsgrunn	18 236	579	3,18 %	485	198	287	94	76	18
0806 Skien	24 783	1 091	4,40 %	856	404	452	235	179	56
0807 Notodden	5 539	323	5,83 %	235	111	124	88	64	24
0811 Siljan	514	6	1,17 %	5		5	1	1	
0814 Bamble	5 524	53	0,96 %	43	19	24	10	9	1
0815 Kragerø	4 736	94	1,98 %	79	31	48	15	14	1
0817 Drangedal	1 221	21	1,72 %	19	6	13	2	2	
0819 Nome	2 412	24	1,00 %	17	6	11	7	6	1
0821 Bø	2 511	208	8,28 %	156	54	102	52	31	21
0822 Sauherad	1 509	29	1,92 %	28	7	21	1	1	
0826 Tinn	2 966	35	1,18 %	31	15	16	4	2	2
0827 Hjartdal	589	7	1,19 %	6	4	2	1	1	
0828 Seljord	1 529	24	1,57 %	18	9	9	6	6	

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
0829 Kviteseid	1 179	18	1,53 %	16	6	10	2	1	1
0830 Nissedal	583	6	1,03 %	4	2	2	2	2	
0831 Fyresdal	571	22	3,85 %	18	4	14	4	3	1
0833 Tokke	1 029	21	2,04 %	10	6	4	11	9	2
0834 Vinje	1 690	71	4,20 %	37	17	20	34	22	12
09 Aust-Agder	47 126	1 755	3,72 %	1 433	574	859	322	247	75
0901 Risør	2 712	43	1,59 %	32	18	14	11	8	3
0904 Grimstad	8 519	461	5,41 %	392	132	260	69	49	20
0906 Arendal	20 888	872	4,17 %	712	306	406	160	126	34
0911 Gjerstad	954	9	0,94 %	9	4	5	0		
0912 Vegårshei	665	8	1,20 %	5	2	3	3	3	
0914 Tvedestrand	2 518	88	3,49 %	60	29	31	28	17	11
0919 Froland	1 256	17	1,35 %	10	2	8	7	5	2
0926 Lillesand	3 612	163	4,51 %	146	59	87	17	15	2
0928 Birkenes	1 585	18	1,14 %	13	6	7	5	5	
0929 Åmli	786	22	2,80 %	16	3	13	6	4	2
0935 Iveland	326	2	0,61 %	1		1	1	1	
0937 Evje og Horn- nes	1 552	33	2,13 %	21	10	11	12	12	
0938 Bygland	566	7	1,24 %	6	1	5	1		1
0940 Valle	650	10	1,54 %	8	2	6	2	2	
0941 Bykle	537	2	0,37 %	2		2	0		
10 Vest-Agder	84 042	2 890	3,44 %	2 209	911	1 298	681	483	198
1001 Kristiansand	48 325	2 429	5,03 %	1 877	778	1 099	552	373	179
1002 Mandal	6 206	101	1,63 %	74	31	43	27	24	3
1003 Farsund	3 713	33	0,89 %	24	11	13	9	7	2
1004 Flekkefjord	4 207	67	1,59 %	54	19	35	13	11	2
1014 Vennesla	4 164	42	1,01 %	29	11	18	13	10	3
1017 Songdalen	2 049	7	0,34 %	7	5	2	0		
1018 Søgne	3 415	34	1,00 %	23	8	15	11	9	2
1021 Marnardal	793	13	1,64 %	10	3	7	3	2	1
1026 Åseral	527	3	0,57 %	2		2	1	1	
1027 Audnedal	677	8	1,18 %	1		1	7	7	
1029 Lindesnes	1 974	14	0,71 %	12	5	7	2	2	
1032 Lyngdal	3 761	104	2,77 %	71	33	38	33	27	6
1034 Hægebostad	625	7	1,12 %	4		4	3	3	
1037 Kvinesdal	2 513	18	0,72 %	13	4	9	5	5	

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1046 Sirdal	1 093	10	0,91 %	8	3	5	2	2	
<i>11 Rogaland</i>	221 108	6 325	2,86 %	5 129	2 397	2 732	1 196	919	277
1101 Eigersund	6 447	121	1,88 %	94	37	57	27	23	4
1102 Sandnes	31 825	771	2,42 %	615	335	280	156	143	13
1103 Stavanger	77 962	3 489	4,48 %	2 841	1 389	1 452	648	476	172
1106 Haugesund	21 044	847	4,02 %	715	294	421	132	108	24
1111 Sokndal	1 173	27	2,30 %	19	1	18	8	6	2
1112 Lund	1 679	38	2,26 %	26	8	18	12	12	
1114 Bjerkreim	1 096	9	0,82 %	6	2	4	3	3	
1119 Hå	7 076	206	2,91 %	179	54	125	27	15	12
1120 Klepp	6 270	41	0,65 %	33	10	23	8	5	3
1121 Time	7 266	93	1,28 %	69	33	36	24	22	2
1122 Gjesdal	2 908	19	0,65 %	16	6	10	3	3	
1124 Sola	16 176	206	1,27 %	173	103	70	33	28	5
1127 Randaberg	3 596	31	0,86 %	18	12	6	13	11	2
1129 Forsand	527	1	0,19 %	1	1		0		
1130 Strand	4 017	35	0,87 %	29	12	17	6	6	
1133 Hjelmeland	1 524	7	0,46 %	6	3	3	1	1	
1134 Suldal	1 924	12	0,62 %	7	3	4	5	5	
1135 Sauda	2 118	34	1,61 %	28	17	11	6	4	2
1141 Finnøy	1 299	10	0,77 %	7	1	6	3	3	
1142 Rennesøy	1 036	13	1,25 %	10	3	7	3	3	
1144 Kvitsøy	284	101	35,56 %	76	7	69	25	7	18
1145 Bokn	299	2	0,67 %	1	1		1	1	
1146 Tysvær	4 031	51	1,27 %	32	14	18	19	8	11
1149 Karmøy	15 484	91	0,59 %	75	40	35	16	13	3
1151 Utsira	108	1	0,93 %	1	1		0		
1160 Vindafjord	3 939	69	1,75 %	52	10	42	17	13	4
<i>12 Hordaland</i>	239 620	11 540	4,82 %	9 110	4 348	4 762	2 430	1 558	872
1201 Bergen	152 196	10 133	6,66 %	7 988	3 872	4 116	2 145	1 309	836
1211 Etne	1 596	9	0,56 %	7	3	4	2	2	
1216 Sveio	1 300	14	1,08 %	9	3	6	5	5	
1219 Bømlo	4 684	22	0,47 %	14	7	7	8	8	
1221 Stord	9 535	338	3,54 %	260	135	125	78	66	12
1222 Fitjar	1 142	8	0,70 %	6	2	4	2	2	
1223 Tysnes	997	15	1,50 %	7	3	4	8	7	1
1224 Kvinnherad	5 856	37	0,63 %	30	13	17	7	7	

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1227 Jondal	451	4	0,89 %	2		2	2	2	
1228 Odda	3 559	62	1,74 %	45	22	23	17	15	2
1231 Ullensvang	1 397	86	6,16 %	65	38	27	21	18	3
1232 Eidfjord	428	5	1,17 %	4	3	1	1	1	
1233 Ulvik	519	33	6,36 %	30	1	29	3	3	
1234 Granvin	375	1	0,27 %	1		1	0		
1235 Voss	6 397	135	2,11 %	126	29	97	9	7	2
1238 Kvam	4 004	52	1,30 %	38	15	23	14	13	1
1241 Fusa	1 946	15	0,77 %	10	4	6	5	5	
1242 Samnanger	599	9	1,50 %	6	3	3	3	3	
1243 Os	5 551	43	0,77 %	38	18	20	5	4	1
1244 Austevoll	2 318	45	1,94 %	30	13	17	15	12	3
1245 Sund	1 539	7	0,45 %	5	4	1	2	2	
1246 Fjell	9 425	67	0,71 %	54	31	23	13	11	2
1247 Askøy	6 343	59	0,93 %	47	25	22	12	11	1
1251 Vaksdal	1 521	23	1,51 %	20	5	15	3	3	
1252 Modalen	204		0,00 %						
1253 Osterøy	2 542	42	1,65 %	37	16	21	5	4	1
1256 Meland	2 041	5	0,24 %	5	3	2	0		
1259 Øygarden	1 260	54	4,29 %	46	16	30	8	8	
1260 Radøy	1 646	11	0,67 %	9	5	4	2	2	
1263 Lindås	6 345	111	1,75 %	90	47	43	21	18	3
1264 Austrheim	1 061	10	0,94 %	6	3	3	4	4	
1265 Fedje	285	64	22,46 %	57	3	54	7	3	4
1266 Masfjorden	558	21	3,76 %	18	6	12	3	3	
14 Sogn og Fjordane	53 757	1 802	3,35 %	1 405	639	766	397	302	95
1401 Flora	5 577	117	2,10 %	104	54	50	13	12	1
1411 Gulen	1 156	12	1,04 %	5	2	3	7	7	
1412 Solund	422	7	1,66 %	5	3	2	2	2	
1413 Hyllestad	734	7	0,95 %	4	1	3	3	2	1
1416 Høyanger	2 179	22	1,01 %	18	8	10	4	3	1
1417 Vik	1 331	37	2,78 %	33	13	20	4	2	2
1418 Balestrand	612	7	1,14 %	3	1	2	4	3	1
1419 Leikanger	1 364	459	33,65 %	365	153	212	94	67	27
1420 Sogndal	3 984	354	8,89 %	264	121	143	90	61	29
1421 Aurland	813	14	1,72 %	9	1	8	5	4	1
1422 Lærdal	1 062	14	1,32 %	13	4	9	1	1	
1424 Årdal	2 861	19	0,66 %	16	7	9	3	2	1

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1426 Luster	2 037	13	0,64 %	11	5	6	2	2	
1428 Askvoll	1 257	14	1,11 %	8	3	5	6	6	
1429 Fjaler	1 213	30	2,47 %	18	9	9	12	7	5
1430 Gaular	1 029	10	0,97 %	9	3	6	1	1	
1431 Jølster	1 047	9	0,86 %	6	1	5	3	3	
1432 Førde	8 766	410	4,68 %	332	173	159	78	61	17
1433 Naustdal	599	2	0,33 %	2	2		0		
1438 Bremanger	1 600	15	0,94 %	11	5	6	4	4	
1439 Vågsøy	2 976	66	2,22 %	46	17	29	20	18	2
1441 Selje	1 186	11	0,93 %	7	4	3	4	4	
1443 Eid	2 919	76	2,60 %	61	25	36	15	12	3
1444 Hornindal	488	2	0,41 %	2	2		0		
1445 Gloppen	2 756	41	1,49 %	26	9	17	15	12	3
1449 Stryn	3 789	34	0,90 %	27	13	14	7	6	1
<i>15 Møre og Romsdal</i>	125 078	3 494	2,79 %	2 834	1 273	1 561	660	459	201
1502 Molde	15 824	1 030	6,51 %	850	434	416	180	123	57
1504 Ålesund	25 480	1 021	4,01 %	861	315	546	160	103	57
1505 Kristiansund	11 312	282	2,49 %	245	108	137	37	27	10
1511 Vanylven	1 530	18	1,18 %	14	10	4	4	1	3
1514 Sande	1 209	6	0,50 %	4	1	3	2	2	
1515 Herøy	3 863	22	0,57 %	16	8	8	6	6	
1516 Ulstein	4 464	59	1,32 %	40	23	17	19	18	1
1517 Hareid	2 109	10	0,47 %	5	3	2	5	4	1
1519 Volda	4 155	392	9,43 %	290	123	167	102	57	45
1520 Ørsta	4 675	130	2,78 %	100	55	45	30	27	3
1523 Ørskog	910	16	1,76 %	13	5	8	3	3	
1524 Norddal	896	3	0,33 %	3	2	1	0		
1525 Stranda	2 475	32	1,29 %	27	12	15	5	4	1
1526 Stordal	619	1	0,16 %	1		1	0		
1528 Sykkylven	4 005	17	0,42 %	15	8	7	2	2	
1529 Skodje	1 130	5	0,44 %	3	3		2	2	
1531 Sula	2 618	20	0,76 %	17	7	10	3	3	
1532 Giske	2 402	17	0,71 %	13	6	7	4	4	
1534 Haram	4 351	20	0,46 %	17	6	11	3	3	
1535 Vestnes	2 999	72	2,40 %	45	23	22	27	16	11
1539 Rauma	3 641	44	1,21 %	40	17	23	4	4	
1543 Nesset	1 281	10	0,78 %	6	4	2	4	4	
1545 Midsund	862	5	0,58 %	3	1	2	2	2	

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1546 Sandøy	685	3	0,44 %	3	1	2	0		
1547 Aukra	1 423	10	0,70 %	9	1	8	1		1
1548 Fræna	3 518	76	2,16 %	68	39	29	8	5	3
1551 Eide	1 351	5	0,37 %	3	3		2	2	
1554 Averøy	2 160	17	0,79 %	14	6	8	3	3	
1557 Gjemnes	857	10	1,17 %	8	3	5	2	2	
1560 Tingvoll	1 119	36	3,22 %	20	10	10	16	11	5
1563 Sunndal	4 082	31	0,76 %	25	13	12	6	6	
1566 Surnadal	2 877	40	1,39 %	31	12	19	9	6	3
1567 Rindal	937	3	0,32 %	3	2	1	0		
1571 Halså	725	8	1,10 %	7	3	4	1	1	
1573 Smøla	940	11	1,17 %	6	2	4	5	5	
1576 Aure	1 594	12	0,75 %	9	4	5	3	3	
16 Sør-Trøndelag	151 943	11 094	7,30 %	7 992	3 397	4 595	3 102	1 507	1 595
1601 Trondheim	104 403	10 372	9,93 %	7 440	3 171	4 269	2 932	1 373	1 559
1612 Hemne	1 771	19	1,07 %	14	6	8	5	4	1
1613 Snillfjord	371		0,00 %						
1617 Hitra	2 099	19	0,91 %	16	9	7	3	3	
1620 Frøya	2 122	31	1,46 %	24	13	11	7	6	1
1621 Ørland	2 504	44	1,76 %	39	20	19	5	4	1
1622 Agdenes	755	1	0,13 %	1		1	0		
1624 Rissa	2 868	39	1,36 %	27	10	17	12	10	2
1627 Bjugn	1 716	11	0,64 %	9	6	3	2	1	1
1630 Åfjord	1 559	13	0,83 %	8	2	6	5	5	
1632 Roan	411	7	1,70 %	5		5	2	1	1
1633 Osen	455	9	1,98 %	9	2	7	0		
1634 Oppdal	3 355	49	1,46 %	36	11	25	13	6	7
1635 Rennebu	1 188	11	0,93 %	10	3	7	1	1	
1636 Meldal	1 575	33	2,10 %	25	13	12	8	4	4
1638 Orkdal	5 812	86	1,48 %	62	30	32	24	19	5
1640 Røros	3 464	75	2,17 %	63	13	50	12	9	3
1644 Holtålen	734	13	1,77 %	13	4	9	0		
1648 Midtre Gauldal	2 731	68	2,49 %	53	14	39	15	11	4
1653 Melhus	4 472	111	2,48 %	78	41	37	33	28	5
1657 Skaun	1 363	15	1,10 %	12	5	7	3	3	
1662 Klæbu	1 251	20	1,60 %	16	9	7	4	4	
1663 Malvik	2 786	30	1,08 %	20	11	9	10	10	
1664 Selbu	1 780	15	0,84 %	12	4	8	3	2	1

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1665 Tydal	398	3	0,75 %	0			3	3	
<i>17 Nord-Trøndelag</i>	60 822	2 078	3,42 %	1 608	720	888	470	354	116
1702 Steinkjer	10 060	926	9,20 %	720	320	400	206	154	52
1703 Namsos	7 088	215	3,03 %	150	75	75	65	49	16
1711 Meråker	1 015	8	0,79 %	6	2	4	2	1	1
1714 Stjørdal	10 036	218	2,17 %	173	77	96	45	34	11
1717 Frosta	908	7	0,77 %	6	3	3	1	1	
1718 Leksvik	1 531	10	0,65 %	8	6	2	2	2	
1719 Levanger	9 090	445	4,90 %	340	169	171	105	72	33
1721 Verdal	6 382	70	1,10 %	60	22	38	10	10	
1723 Mosvik	299		0,00 %						
1724 Verran	1 214	9	0,74 %	8	3	5	1	1	
1725 Namdalseid	630	6	0,95 %	3	1	2	3	2	1
1729 Inderøy	1 925	16	0,83 %	10	3	7	6	5	1
1736 Snåsa	961	23	2,39 %	20	8	12	3	2	1
1738 Lierne	681	7	1,03 %	5	1	4	2	2	
1739 Røyrvik	212	1	0,47 %	1	1		0		
1740 Namsskogan	397	7	1,76 %	6		6	1	1	
1742 Grong	1 184	37	3,13 %	34	7	27	3	3	
1743 Høylandet	539	1	0,19 %	0			1	1	
1744 Overhalla	1 507	11	0,73 %	10	5	5	1	1	
1748 Fosnes	225	1	0,44 %	0			1	1	
1749 Flatanger	466	7	1,50 %	4	2	2	3	3	
1750 Vikna	2 234	30	1,34 %	25	9	16	5	5	
1751 Nærøy	1 992	19	0,95 %	16	4	12	3	3	
1755 Leka	246	4	1,63 %	3	2	1	1	1	
<i>18 Nordland</i>	114 372	5 623	4,92 %	4 728	2 264	2 464	895	647	248
1804 Bodø	26 669	1 970	7,39 %	1 681	787	894	289	170	119
1805 Narvik	9 489	488	5,14 %	409	145	264	79	42	37
1811 Bindal	615	7	1,14 %	6	2	4	1	1	
1812 Sømna	880	4	0,45 %	4	3	1	0		
1813 Brønnøy	3 675	519	14,12 %	448	243	205	71	64	7
1815 Vega	511	5	0,98 %	3	2	1	2	2	
1816 Vevelstad	195	1	0,51 %	1	1		0		
1818 Herøy	774	9	1,16 %	7	4	3	2	2	
1820 Alstahaug	3 798	143	3,77 %	111	51	60	32	26	6
1822 Leirfjord	740	31	4,19 %	17	12	5	14	9	5

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1824 Vefsn	6 739	247	3,67 %	223	79	144	24	17	7
1825 Grane	585	24	4,10 %	24	6	18	0		
1826 Hattfjelldal	675	21	3,11 %	13	9	4	8	7	1
1827 Dønna	560	4	0,71 %	3	2	1	1	1	
1828 Nesna	843	156	18,51 %	126	62	64	30	23	7
1832 Hemnes	1 539	12	0,78 %	11	5	6	1	1	
1833 Rana	12 318	1 001	8,13 %	851	479	372	150	123	27
1834 Lurøy	846	6	0,71 %	4	2	2	2	2	
1835 Træna	227	2	0,88 %	1		1	1	1	
1836 Rødøy	575	5	0,87 %	3		3	2	2	
1837 Meløy	3 106	22	0,71 %	18	9	9	4	3	1
1838 Gildeskål	806	6	0,74 %	4	2	2	2	2	
1839 Beiarn	483	5	1,04 %	4		4	1	1	
1840 Saltdal	2 157	29	1,34 %	25	8	17	4	4	
1841 Fauske	3 848	191	4,96 %	148	79	69	43	29	14
1845 Sørfold	881	7	0,79 %	6	2	4	1	1	
1848 Steigen	1 059	15	1,42 %	6	2	4	9	6	3
1849 Hamarøy	785	10	1,27 %	7	3	4	3	2	1
1850 Tysfjord	827	16	1,93 %	15	6	9	1	1	
1851 Lødingen	968	53	5,48 %	49	12	37	4	4	
1852 Tjeldsund	474	53	11,18 %	44	13	31	9	9	
1853 Evenes	681	4	0,59 %	2	1	1	2	2	
1854 Ballangen	842	10	1,19 %	9	6	3	1	1	
1856 Røst	321	2	0,62 %	2	2		0		
1857 Værøy	299	7	2,34 %	5	1	4	2	2	
1859 Flakstad	618	2	0,32 %	2	2		0		
1860 Vestvågøy	4 895	77	1,57 %	63	31	32	14	13	1
1865 Vågan	4 301	137	3,19 %	118	48	70	19	14	5
1866 Hadsel	3 637	42	1,15 %	35	20	15	7	6	1
1867 Bø	1 006	16	1,59 %	12	6	6	4	4	
1868 Øksnes	1 951	19	0,97 %	12	8	4	7	6	1
1870 Sortland	5 142	217	4,22 %	175	96	79	42	37	5
1871 Andøy	2 549	24	0,94 %	19	11	8	5	5	
1874 Moskenes	483	4	0,83 %	2	2		2	2	
19 Troms	79 297	5 630	7,10 %	4 561	2 210	2 351	1 069	643	426
1901 Harstad	11 830	574	4,85 %	495	249	246	79	62	17
1902 Tromsø	38 589	4 325	11,21 %	3 459	1 684	1 775	866	475	391
1911 Kvæfjord	1 382	9	0,65 %	8	4	4	1	1	

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1913 Skånland	1 023	16	1,56 %	16	5	11	0		
1915 Bjarkøy	190	2	1,05 %	1		1	1	1	
1917 Ibestad	562	7	1,25 %	6	3	3	1	1	
1919 Gratangen	419	3	0,72 %	3	1	2	0		
1920 Lavangen	347	4	1,15 %	4	1	3	0		
1922 Bardu	1 964	248	12,63 %	215	97	118	33	29	4
1923 Salangen	918	55	5,99 %	43	19	24	12	9	3
1924 Målselv	3 687	48	1,30 %	38	19	19	10	9	1
1925 Sørreisa	1 132	12	1,06 %	8	3	5	4	4	
1926 Dyrøy	386	3	0,78 %	3	2	1	0		
1927 Tranøy	498	5	1,00 %	4	2	2	1	1	
1928 Torsken	428	6	1,40 %	6	3	3	0		
1929 Berg	436	2	0,46 %	2	1	1	0		
1931 Lenvik	5 517	163	2,95 %	129	66	63	34	28	6
1933 Balsfjord	2 295	30	1,31 %	25	13	12	5	4	1
1936 Karlsøy	936	11	1,18 %	9	4	5	2	2	
1938 Lyngen	1 272	8	0,63 %	7	2	5	1	1	
1939 Storfjord	674	21	3,12 %	18	5	13	3	3	
1940 Gáivuotna Kåfjord	740	5	0,68 %	4	3	1	1	1	
1941 Skjervøy	1 388	15	1,08 %	10	3	7	5	4	1
1942 Nordreisa	2 174	54	2,48 %	45	20	25	9	7	2
1943 Kvænangen	510	4	0,78 %	3	1	2	1	1	
<i>20 Finmark</i>	36 193	2 341	6,47 %	1 974	992	982	367	262	105
2002 Vardø	922	77	8,35 %	64	28	36	13	10	3
2003 Vadsø	3 297	460	13,95 %	389	208	181	71	52	19
2004 Hammerfest	5 699	234	4,11 %	212	118	94	22	18	4
2011 Guovdage- aidnu/ Kautokeino	1 362	238	17,47 %	173	104	69	65	39	26
2012 Alta	9 485	501	5,28 %	433	230	203	68	39	29
2014 Loppa	428	8	1,87 %	5	2	3	3	3	
2015 Hasvik	419	8	1,91 %	5	2	3	3	3	
2017 Kvalsund	378	7	1,85 %	4	1	3	3	1	2
2018 Måsøy	567	12	2,12 %	7	2	5	5	5	
2019 Nordkapp	1 490	84	5,64 %	79	23	56	5	3	2
2020 Porsanger – Porsángu Porsanki	2 022	61	3,02 %	57	26	31	4	4	
2021 Kárásjohka – Karásjok	1 427	154	10,79 %	120	58	62	34	24	10

Fylke/kommune	Syssel- sette	Teneste- menn per 01.03.08	Teneste- menn i pst av syssels.	Heltid			Deltid		
				I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
2022 Lebesby	579	17	2,94 %	12	5	7	5	5	
2023 Gamvik	391	6	1,53 %	5	3	2	1	1	
2024 Berlevåg	406	17	4,19 %	12	5	7	5	5	
2025 Deatnu – Tana	1 321	24	1,82 %	20	6	14	4	3	1
2027 Unjárga – Nes- seby	318	13	4,09 %	10	6	4	3	2	1
2028 Båtsfjord	977	15	1,54 %	13	10	3	2	2	
2030 Sør-Varanger	4 705	405	8,61 %	354	155	199	51	43	8
<i>21 Svalbard</i>	1 367	72	5,27 %	67	20	47	5	4	1
2111 Spitsbergen	1 354	59	4,36 %	54	18	36	5	4	1
2121 Bjørnøya	9	9	100,00 %	9	1	8	0		
2131 Hopen	4	4	100,00 %	4	1	3	0		
<i>2211 Jan Mayen</i>	17	10	58,82 %	10	3	7	0		
<i>Utenriks tj.menn</i>		618		613	291	322	5	4	1
<i>Uoppgitt</i>		15 236		14 408	2 089	12 319	828	324	504

Kjelde: Statens sentrale tjenestemannsregister (SST)

Vedlegg 2**Embetsutnemningar**

Embetsutnemningar – fordeling av stillingar i perioden 1. juli 2003 – 30. juni 2008

Område	2003–2004			2004–2005			2005–2006			2006–2007			2007–2008			Heile perioden 2003–2008		
	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn
SMK	0	0	0	2	0	2	1	0	1	0	0	0	4	1	3	7	1	6
AAD	5	1	4	2	1	1	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–
BFD	2	0	2	3	2	1	1	1	0	–	–	–	–	–	–	–	–	–
FIN	17	6	11	17	7	10	22	10	12	11	3	8	17	8	9	84	34	50
FID	3	0	3	0	0	0	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–
FD	66	4	62	47	0	47	28	2	26	27	6	21	30	6	24	198	18	180
JD	52	23	29	103	27	76	108	33	75	106	42	64	112	48	64	481	173	308
KRD	6	2	4	12	4	8	13	8	5	4	1	3	3	2	1	38	17	21
LD	15	6	9	2	0	2	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–
MD	5	3	2	2	1	1	4	3	1	7	5	2	9	6	3	27	18	9
NHD	1	1	0	5	3	2	5	0	5	8	4	4	7	3	4	26	11	15
OED	8	0	8	3	1	2	9	2	7	5	0	5	7	5	2	32	8	24
SD	5	0	5	3	1	2	4	2	2	8	3	5	2	1	1	22	7	15
UD	68	15	53	82	18	64	83	29	54	109	42	67	70	24	46	412	128	284
<i>Departement frå 1. januar 2002:</i>																		
HD	8	3	5	0	0	0	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–
KKD	6	2	4	13	5	8	13	4	9	14	7	7	17	8	9	63	26	37
SOS	5	2	3	1	0	1	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–	–
UFD	8	6	2	10	6	4	10	5	5	–	–	–	–	–	–	–	–	–
<i>Departement frå 1. oktober 2004:</i>																		
ASD				10	3	7	5	0	5	–	–	–	–	–	–	–	–	–
HOD				6	3	3	13	8	5	12	5	7	18	10	8	49	26	23
MOD				6	3	3	3	0	3	–	–	–	–	–	–	–	–	–
FKD				2	2	0	4	1	3	2	1	1	5	2	3	13	6	7
LMD				8	4	4	7	3	4	4	0	4	2	2	0	21	9	12
<i>Departement frå 1. januar 2006:</i>																		
AID							7	3	4	17	10	7	20	11	9	44	24	20
BLD							2	2	0	2	0	2	5	3	2	9	5	4
KD							10	6	4	7	5	2	22	13	9	39	24	15
FAD							3	3	0	5	1	4	10	3	7	18	7	11
Totalt	280	74	206	339	91	248	355	125	230	348	135	213	360	156	204	1583	542	1041

Prosentvis kjønnsfordeling på tilsette

2003–2004		2004–2005		2005–2006		2006–2007		2007–2008	
kvinner	menn	kvinner	menn	kvinner	menn	kvinner	menn	kvinner	menn
26%	74%	27%	73%	35%	65%	39%	61%	43%	57%

Prosentvis kjønnsfordeling på tilsette for heile perioden 2003–2008:

Kvinner 34% Menn 66%
